Endringer saldert budsjett 2014/2015	1 129 000	
Inntektsutjamning	37 847 000	
Ekstra skjønn tildelt av KRD	1 677 000	
Sum rammetilskott	260 079 000	257 786 000
Skatt på inntekt og formue	206 755 000	206 200 000
Sum frie inntekter	466 834 000	463 986 000

Under følgjer omtale av dei mest sentrale punkta:

Brutto innbyggjar- tilskott

Alle kommunar fekk kr 22.668,- pr innbyggjar (etter folketal pr 1 juli 2015), og dette utgjorde 203.290.000 kr for Volda kommune.

Utgiftsutjamning

Skilnadene mellom kommunane i Norge er til dels store når det gjelder kostnadsstruktur og demografisk samansetning. Både etterspørselen etter kommunale tenester og kostnadene ved produksjonen vil difor variere kommunane imellom. Målet med utgiftsutjamninga er å fange opp slike variasjonar. Ein tar frå dei relativt sett lettdrivne kommunane og gir til dei relativt sett tungdrivne. Volda kommune blir definert som ein tungdriven kommune, og fekk kr. 11.293.000,- i netto utgiftsutjamning. Utgiftsindeksen vår var 1,0254. Det vil seie at i 2016 var Volda kommune 2,54% dyrare å drive enn ein gjennomsnittskommune.

INGAR

Føremålet med inntektsgarantiordninga (INGAR) er å gi kommunane ei meir heilskapleg skjerming mot brå nedgang i rammetilskotet, og dermed gjere inntektssystemet meir fleksibelt og føreseieleg. Ordninga sikrar at ingen kommunar har ein berekna vekst i rammetilskotet frå eit år til det neste som er lågare enn 300 kroner per innbyggjar under berekna vekst på landsbasis, før finansiering av sjølve ordninga. Vi fekk kr. 3.562.000 i 2016.

Inntektsutjamning

Kommunar med låg skatteinngang får kompensasjon for dette. Volda kommune sin skatteinngang i 2016 var 79,6 % av landsgjennomsnittet pr innbyggjar. Vi har som eit resultat av dette blitt tilført kr. 37.847.000 netto i inntektsutjamning.

Inntektsutjamninga blir finansiert ved at skattesterke kommunar får eit netto trekk i sine skatteinntekter.

Skjønnskott

Volda kommune mottok kr. 1.677.000 i skjønnskott. Av dette utgjer skjønnskottet knytt til kommunereforma kr. 1.000.000.

Skatt på inntekt og formue

Dess større skatteinntektene er, til mindre vert inntektsutjamninga. Skatteinngangen på 206.754.873,- kr utgjorde 79,6% av landsgjennomsnittet pr innbyggjar. Tilsvarande tal for 2015 var 81,7% av landsgjennomsnittet.

2.3 EIGEDOMSSKATT

Eigedomsskatten vart vidareført på all eigedom i heile kommunen i 2016. Det vart gitt fritak for ideelle organisasjonar og lag. Nyoppførte bustadar fekk også fritak første året etter at dei vart tatt i bruk. Det vart bestemt å framleis nytte seg av bustadverdiar frå Skatteetaten som grunnlag for eigedomsskatten. Arbeidet med eigedomsskatten har periodevis vore tidkrevjande. Det står att noko handsaming av klagene som kom inn i 2016.

Det er inntektsført kr. 17.113.341,- i eigedomsskatt for 2016, som er kr. 113.341,- meir enn budsjettert.

2.4 GENERELLE STATSTILSKOTT

Tabellen under viser dei generelle statstilskotta for 2016:

Andre generelle statstilskott	Rekneskap	Budsjett
Integreringstilskott flyktningar	31 366 125	29 108 000
Grunnskolereform 97/Investering skulebygg	1 392 982	1 311 082
Kompensasjonstilskott omsorgsbygg	2 962 786	3 144 829
Kyrkjebygg	50 890	
Sum	35 772 783	33 254 220

Integreringstilskott flyktningar

Kommunen mottok kr. 31.366.125,- i integreringstilskott for busetting av flyktningar i 2016.

Grunnskolereform 97/Investering i skulebygg

Det er ei statleg finansieringsordning vedkommande investeringane som vart gjort i samband med grunnskolereform 97 (både rente- og avdragskompensasjon). Dette utgjorde kr. 760.980,- i 2016.

I 2001 blei det vedtatt ei ordning med rentekompensasjon for skulebygg, med ei total ramme for heile landet på 15 milliardar over 8 år. Volda kommune investerte for 24,5 millionar, og fekk kr. 632.002,- i rentekompensasjon i 2016.

Sjukeheim/omsorgsbustader

Vi får både avdrag og rentekompensasjon ved bygging av sjukeheim og omsorgsbustader. Dette utgjorde kr. 2.962.786,- i 2016.

Kyrkjebygg

Rentekompensasjonen på kr. 50.890,- inkluderer investeringsprosjekt som :

- er utført av kommunen på vegne av kyrkjeleg fellestråd
- er utført i regi av fellestrådet.

2.5 FINANSOMRÅDET

Volda kommune har ei slik samansetjing av langsiktig gjeld pr 31.12.2016:

Langsiktig gjeld	2016	2015	2014
Pensjonsforpliktingar	889 864 072	848 548 841	839 559 270
Lånegjeld (inklusive sertifikatlån)	904 704 685	779 692 344	762 753 455
Sum langsiktig gjeld	1 794 568 757	1 628 241 185	1 602 312 725

Dei kommunale rekneskapsreglane vedkommande pensjon blei endra i 2002. Som eit resultat av dette er pensjonsforpliktingar nå definert som langsiktig gjeld i balanserekneskapen til kommunen, jamfør tabellen ovanfor.

Ein kan grovt sagt seie at den langsiktige lånegjelda til kommunesektoren kan delast inn i 2 kategoriar, sjå tabellen under. Vi har ordinære lån som vert nytta til å finansiere investeringane til kommunen. Desse utgjer ca 851 mill kr ved slutten av året. Den andre kategorien er Startlån, og er Husbanklån (ca 54 mill kr) som etter bestemte vilkår blir lånt ut vidare til innbyggjarane. Avdrag og renteutgifter som vi betalar til Husbanken, skal i prinsippet vere lik avdrag og renter vi mottar frå låntakarane.

Volda kommune si langsiktige gjeld til låneinstitusjonar er som vist i tabellen under:

Langsiktig lånegjeld	2016	2015	2014
Ordinære lån	851 002 851	724 061 311	697 360 343
Startlån	53 701 834	55 631 033	65 393 112
Sum langsiktig lånegjeld	904 704 685	779 692 344	762 753 455

Kommunen har ein strategi der alle lån vert etablert med flytande rente. I staden for å ha ei pt-rente, der man må følge tett med for å ha ei rente som er god og marknadsriktig (noko som kan være krevjande å gjennomføre over tid), er det valt å knytte renta på låna i porteføljen til 3M nibor. Låna blir då renteregulert kvar 3. månad lik 3M nibor med justering for ein *margin*. Kommunen har valt å leggje rentereguleringsdatoen til IMM (den 3. onsdagen i hhv. mars, juni, september og desember). Kommunen følgjer opp at den til einkvar tid gjeldande margin er god og marknadsriktig .

I 2016 var det gjort vedtak om låneopptak (eks startlån frå Husbanken) på kr. 150.000.000,-.

Finansutgifter

Tabellen under viser finansutgiftene for 2016:

Finansutgifter	Rekneskap 2016	Budsjett 2016	Avvik
Avdragsutgifter	21 490 085	21 500 000	9 915
Renteutgifter startlån	924 211	1 200 000	275 789
Renteutgifter ordinære lån	17 004 355	17 273 000	268 645
Sum finansutgifter	39 418 651	39 973 000	554 349

Vi ser av tabellen ovanfor at finansutgiftene i 2016 vart kr. 554.349,- mindre enn budsjettert. Volda kommune budsjetterer med minimumsavdrag på dei langsiktige låna. Verdien av anleggsmidlane (bygningar, transportmidlar etc) og attverande levetid til desse, er avgjerande for kor mykje vi må betale i årlege avdrag. Minimumsavdrag kan bli rekna ut etter 2 ulike metodar, forenkla metode og avansert metode. Volda kommune nyttar metoden som gir den lågaste avdragsbelastninga pr år (avansert metode). I 2016 vart avdraga på våre lån kr. 21.490.085,-.

Låneporteføljen er bygt opp av lån med flytande rente som er basert på 3M nibor. Denne renta vert lagt til eller trekt frå ein margin etter avtale med långjevar. Ved utgangen av året utgjer denne marginen +0,7% (+70 basispunkt) for alle lån som vi har i Kommunalbanken.

For sertifikatlånet er marginen 0,32%.

Tabellen under korleis låneporteføljen er sett saman:

	Saldo 2016	Utløpsdato
Sertifikatlån	130 136 000	mar.17
Kommunalbanken flytende margin	87 683 000	jun.30
Kommunalbanken flytende margin	170 000 000	des.25
Kommunalbanken flytende margin	175 725 521	des.25
Kommunalbanken flytende margin	56 563 330	des.25
Kommunalbanken flytende margin	61 525 000	mar.31
Kommunalbanken flytende margin	19 370 000	sep.37
Kommunalbanken flytende margin	150 000 000	jun.41
SUM	851 002 851	

Volda kommune har valt å nytte både renteswappar (rentebyteavtaler) og tradisjonelt fastrenteprodukt i Kommunalbanken ved etablering av fastrente. Renteswap/rentebyteavtale er ein kontrakt mellom ein bank og kommunen om byte av rente. Ein slik avtale inneber byte av fast rente mot flytande/kort rente, som i kommunen sitt tilfelle er 3M nibor.

Volda kommune har 2 rentebyteavtalar på til saman 100 mill:

- Volda kommune betaler fast rente på 4,33% til banken (av eit beløp på 50 mill kr). Banken betaler flytande rente (3 mnd Nibor) av eit beløp på 50 mill kr til Volda kommune. Denne rentebyteavtalen har sluttidspunkt desember 2018.
- Volda kommune betaler fast rente på 4,47% til banken (av eit beløp på 50 mill kr). Banken betaler flytande rente (3 mnd Nibor) av eit beløp på 50 mill kr til Volda kommune. Denne rentebyteavtalen har sluttidspunkt juni 2021.

Formannskapet har i tillegg vedtatt å binde renta på 2 av låna (på til saman 320 mill kr) i Kommunalbanken. Dette er eit tradisjonelt fastrenteprodukt. Avtalane tok til å verke frå og med 21.12.2016, og har ei varigheit på 7 år. Rentevilkåra er ei effektiv rente på 2,26%. Volda kommune har dermed rentesikring på til saman 420 mill kr (320+100) av låneporteføljen ved utgangen av 2016. Dette utgjer rentesikring på 49,4% av den ordinære låneporteføljen.


Vi har følgjande nøkkeltal pr 31.12.2016 når det gjeld låneporteføljen:

- Gjennomsnittleg porteføljerente gjennom året var 2,16%.
- Porteføljerenta pr 31.12.2016
- Gjennomsnittleg rentebinding (durasjon) i porteføljen var 2,9 år.
- Største enkelt-lån i porteføljen var 175,7 mill.
- Innløysingsverdi (samla overkurs dersom låna skulle verte innfridde ved årsskiftet) er 12 mill kr. Desse tala er knytt til fastrentedelen av låneporteføljen.
- 18% av låneporteføljen skal refinansierast innan eit år. Dette gjeld sertifikatlånet på kr 130.136.000.
- Volda kommune har ved utgangen av 2016 ei langsiktig lånegjeld tilsvarende kr. 99.396,- per innbyggjar (kr. 86.278,- i 2015).
- Lånegjelda er kr. 93.496,- per innbyggjar (kr. 80.122,- i 2015) dersom vi ser bort frå Startlåna, dvs berre tek med ordinære lån i grunnlaget.
- Det er rentesikring på 49% av låneporteføljen

Det er ikkje heile den ordinære langsiktige lånegjelda som belastar økonomien til kommunen. Vi kan vise det ved å ta utgangspunkt i tabellen under:

Ordinære langsiktig lånegjeld	2016	2015	2014
Omsorgssatsing	39 468 328	41 788 659	44 108 997
Sjølvkost (vatn og avlaup)	78 522 429	65 586 930	58 214 383
Investering i skulebygg	38 826 329	40 465 861	17 763 000
Kyrkjebygg	3 126 827	3 368 787	3 630 959
Grunnskolereform 1997	17 763 000	17 763 000	18 852 392
Lån som belastar kommunen sin økonomi	673 295 938	555 088 074	554 790 613
Sum	851 002 851	724 061 311	697 360 344

Figuren under viser at det er 79% av kommunens i låneportefølje som direkte belaster kommunens økonomi.



Det er abonnentane som gjennom avgiftene betaler finanskostnadene innanfor VAR-området. Ca 78.5 mill kr av den ordinære lånegjelda er knytt til VAR (Vann, Avløp Renovasjon)- lån.

Fram til 2017 vil vi få i rentekompensasjon frå staten vedkomande investeringar (kr 17.763.000) i samband med grunnskulereforma 97.

Dei neste åra vil vi få avdragskompensasjon kr (+ renter) frå staten i samband med investeringar i omsorgsbustader og omsorgssenteret. I 2016 var kompensasjonsgrunnlaget ca 39,5 mill kr.

I tillegg får vi rentekompensasjon vedkomande investeringar i skulebygg (ordninga vart innført i 2001). Kompensasjonsgrunnlaget er ca 38,4 mill kr.

Finansinntekter

Tabellen under viser finansinntektene som Volda kommune kunne føre i rekneskapen for 2016. Budsjettala er også med.

Finansinntekter	Rekneskap 2016	Budsjett 2016	Avvik
Renteinntekter Formidlingslån	803 503	800 000	3 503
Ordinære renteinntekter	2 731 237	2 500 000	231 217
Utbytte Tussa	3 128 760	3 126 000	2 760
Avkastning	1 823 469	1 500 000	323 469
Andre finansinntekter	115 626	0	115 626
Sum finansinntekter	8 602 595	7 926 000	676 575

Utbyte Tussa

Det ordinære utbyttet frå Tussa var kr. 3.128.760,- (kr 6.464,- pr aksje) i 2016.


Aktiva (plasseringer i obligasjonsfond, pengemarkedsfond og eideomsfond)

Volda kommune si portefølje er plassert hos Storebrand. Tabellen nedanfor viser porteføljen fordelt på aktivaklasser og fond ved utgangen av 2016:

Aktiva	Verdi pr 31.12.2016	Andel
Storebrand Norsk Kreditt IG 20	13 693 513	23,5 %
Storebrand Global Kreditt IG	8 667 609	14,9 %
Sum obligasjonsfond	22 361 122	38,4 %
Storebrand Likviditet	19 407 338	33,3 %
Storebrand Rente+	9 647 552	16,6 %
Sum pengemarkedsfond	29 054 890	49,9 %
Storebrand Eiendomsfond Norge KS	6 807 168	11,7 %
Sum totalt	58 223 181	100,0 %

* Markedsverdi ekskl. bankbeholdning.

Avkastningen for porteføljen i 2016 ble 3,35%, som er 1,15% over referanseindeksen. Både obligasjoner og eiendom bidro godt til resultatet i 2016. Grafen nedenfor viser porteføljens utvikling i 2016 sammenliknet med benchmark/referanseindeks.



Det er etablert et sett av forhåndsdefinerte referanseindekser for å kunne evaluere forvalternes avkastning i forhold til markedet forøvrig. En referanseindeks gir uttrykk for en veid sammensetning av verdipapirene (f.eks. obligasjoner) i et marked. Endringer i indeksens verdi viser markedets utvikling i gjennomsnitt.

Alle Storebrands fond og pensjonsmidler har krav til samfunnsansvar.

Vurdering og håndtering av finansiell risiko

Kommunen vurderer fortløpende sin finansielle risiko i porteføljen.

Markedskommentar

Veksten fortsetter i 2017

Global BNP-vekst i 2016 ser ut til å ende på om lag 3 prosent (kjøpekraftsjustert). Det er omtrent samme veksttakt som i 2014 og 2015, da global vekst var marginalt høyere. Nok en gang ble vekstforventningene tydelig nedjustert gjennom 2016, hvor først og fremst veksten i USA var svakere enn ventet og trolig ender kun på 1.5 prosent. Konsensus forventer nå at USA i 2017 skal vokse med 2.3 prosent. Den økonomiske veksten var også høyere i såkalte fremvoksende økonomier (EM) enn i industriland i 2016. BNP-veksten i EM-land lå på 4 prosent i 2016, noe som er mer enn dobbelt så høy veksttakt sammenliknet med industrilandene på 1.6 prosent. I 2017 ventes det fortsatt at EM-land skal vokse kjappere enn industriland. BNP-veksten i verdens nest største økonomi Kina ser ut til å ende på 6.7 prosent i 2016. For 2017 er konsensus at BNP-veksten vil være noe lavere og på 6.4 prosent. I Eurosonen etter BREXIT-valget ble BNP-vekstforventningene nedjustert til 1.3 prosent for 2017, noe som er ned fra en brukbar vekst på 1.6 prosent i 2016. Samlet gir dette forventninger om at global BNP-vekst i 2017 øker noe og til over 3 prosent

Taktskifte fra Fed

Den amerikanske sentralbanken (Fed) hevet som forventet renten i desember, for andre gang siden finanskrisen. Overraskelsen var at Fed oppjusterte renteutsiktene, som varsler potensielt tre nye rentehevinger i 2017. Det ville i så fall være et taktskifte fra de siste to årene hvor det har vært levert en renteheving i året. På den annen side har renteutsiktene ofte blitt justert opp og ned, og ikke alltid fulgt i henhold til planen når vekstbildet endrer seg eller markedsuro oppstår. En sterkere dollar og de negative effektene det har kan også dempe renteutsiktene. Forskjellen nå og for hvert år arbeidsledigheten faller videre, er likevel at den amerikanske økonomien tar et videre steg i den sensykliske konjunkturfasen. Trump-seieren med lovnader om opptrapping av finanspolitikken med skatteutt og infrastrukturinvesteringer øker også utsiktene om vekst over potensial. Det ville i så fall tradisjonelt sett bety økt lønns- og inflasjonspress, som kan bety at Fed må følge planen og gjøre et taktskifte.

ECB forlenger, men reduserer kjøpene

Mens Fed hever renten, har derimot den europeiske sentralbanken fortsatt (ECB) helt andre planer for pengepolitikken. Som ventet forlenget ECB perioden for obligasjonskjøpsprogrammet fra mars 2017, men noe overraskende trappet de ned på de månedlige beløpene fra 80 til 60 milliarder euro per måned. ECB sukret dog pillen noe for finansmarkedene med å forlenge programmet med hele 9 måneder, i motsetning til 6 måneder som mange forventet. Eurosonen er ikke i den sensykliske konjunkturfasen ennå, og har høyere arbeidsledighet og mindre lønnspress enn USA. Inflasjonen har likevel bunnet ut godt

hjulpet av baseeffektene av olje- og energiprisene som har steget. Deflasjonsfrykten har dermed avtatt og inflasjonsforventningene har økt fra ekstremt lave nivåer

Tabellen under viser netto finansutgifter for dei siste åra.

	2016	2015	2014
Sum finansutgifter	39 418 651	37 489 159	45 481 735
Sum finansinntekter	8 602 595	7 173 616	12 118 717
Netto finanskostnader	30 816 056	30 315 543	33 363 018

Rekneskapen for 2016 viser netto finanskostnader på kr. 30.816.056,-. Det budsjetterte beløpet var kr. 32.047.000,-.

2.6 INVESTERINGAR

Tabellen under viser investeringane for 2016. Første kolonne viser rekneskapstala. Siste kolonne viser revidert budsjett.

Investeringsprosjekt	Regnskap 2016	Regulert budsjett 2016
IKT Volda kommune	651 323	810 000
Breibandutbygging i Volda kommune	800 455	0
Interkommunale IKT investeringar	996 565	1 249 086
Oppgradering Ephorte	0	125 000
Fråversmodul i RS med integrasjon mot ALTINN	0	130 000
Lesebrett til politikarane	0	48 318
Oppgradering Win Tid/Min Tid	19 865	72 500
Nødstrømsaggregat	405 688	400 000
Volda rådhus - Inventar	708 294	1 140 000
Digitalisering byggesaksarkiv	0	63 971
IKT utstyr for servicekontoret - kurs med mer	290 730	300 000
IKT-satsing i grunnskulen	848 717	723 697
Kombidamparar avdelingskjøkkena	0	685 000
Helsenett	168 655	168 655
Håndstyrte terminalar PLO	0	103 145
Utsifting av fatvaskarar	0	543 181
Buss	0	950 000
Trygghetsalarmer	0	400 000
Elektromedisinsk utstyr	262 802	250 000
Bil til Styrk	143 200	350 000
Volda u-skule, opprusting	493 158	1 216 871
Ny Øyra skule	120 893 349	162 122 296
Omsorgsbustader, erstatning for Mork bustader	0	200 000
Fjordsyn, opparbeiding/opprusting av uteområde	-2 891	0
Ombygging Folkestadtun	5 057	1 338 267
nytt branndepot Dravlaus	69 751	70 000
Bygging av midlertidige husvære - ved Maurtua	46 024	464 376
ENØK tiltak (i henhold til klimaplanen)	326 144	635 018
Volda rådhus, brann - oppattbygging og servicetilrettelegging	-218 750	3 186 592

Investeringsprosjekt	Regnskap 2016	Regulert budsjett 2016
Brannskade Røyslidvegen 11A, forsikringssak	248 213	141 392
Energimerking kommunale bygg	783 814	775 390
Omsorgssenteret - taktekking	26 892	1 000 000
Alarmanlegg Omsorgssenteret	5 519 369	5 207 614
Forprosjekt Campus Høgskulen	0	100 000
Rådhus 2. etasje, ombygging	163 164	146 284
Omsorgssenteret - renovering varmeanlegg	204 191	0
Oppgradering Mork/Nilletun	281 189	962 923
Omsorgsbustader (5stk) Doktorhaugen	330 232	14 653 386
Lyskjelder kinosal	0	486 743
Voldahallen - tilstand, rehabilitering, nybygg	511 655	1 200 000
Bustad Smalebakken	117 340	633 763
Legesenteret, kontorplass turnuslege	714 299	787 940
Volda omsorgsenter automatisk døråpner	157 220	300 000
Fjordsyn - Fellesareal barn	0	200 000
Etablere FDV/ombygging FDV avdeling	452 085	800 000
Leikeplassar (skular/barnehagar)	0	200 000
ROP (rus og psykisk helse) 7 stk (midl.bustadar)	2 731 226	12 000 000
EPC gjennomføringstiltak	3 739 296	33 724 610
Mork skule - kapasitetsutviding	0	2 000 000
Oppgradering kommunale bygg	1 174 386	4 000 000
Oppgradering klasserom	133 591	150 000
4.etasje omsorgsenteret	0	200 000
Kjøp/bygging av bustadar til flyktningar	0	6 000 000
Myrtun på Rotset, tilbygg for vassverket	484 924	600 525
Engeset/Klepp, 3. bygggesteg	755 014	871 760
Diverse bustadfelt sentrum	12 195	0
Kommunal kloakk, hovudplan	815 760	815 760
Kommunal kloakk, avlaupsreinsing samla pott	389 445	3 081 740
Driftsentral VA, edb-program og varsling	0	66 694
Kommunale vegar, utbetring	2 486 703	2 405 337
Volda Vassverk, grunnvassboring Vassbotnen	0	113 807
Lauvstad Vassverk, ombygging	0	130 000
Friluftslivstiltak	651 755	1 092 208
Bustadfelt Urbakkfoten - Håmyra	5 156	3 910 933
Vassverk, fornying asbest-sementleidningar	36 749	0
Utbetring veg frå Rotevatn til Vassbotn	1 238 000	6 745 753
Turveg Rotevatnet	-8 194	0
Næringsområde Øvre Rotset	70 754	4 016 319
Hovudplan vatn (leidningsnett, behandling, reinsing)	4 664 908	7 504 097
Dravlausbygda vassverk ny inntaksledning	172 512	0
7 tonns gravemaskin for VA	1 089 935	0
Vassledning Porsemyrvegen - Kårstadvegen	2 845 659	0
Naudstraumaggregat til vassverk	501 727	0
Fyrde vassverk - oppgradering	197 509	0
Kommunal del sentrumsutvikling	516 756	2 298 477
Myldreområde i rådhusparken	850 657	143 750
Hamnekvart/Elvadalen - prosjektering m.m.	304 590	0
Utbygging felt Bratteberg	800 922	639 253
Hjartåbygda, behandlingsanlegg vatn	2 093 041	2 085 541
Vikeneset og Mork Silanlegg	1 276 523	6 692 474
Utbygging bustadfelt K 10, Klepp	6 217 684	3 993 002
Arbeidsbil/kombibil 5-seters 4WD	0	218 681
Kyrkjegardsgravar	0	41 250
Bustadfelt Myragjerdet - utbyggingsavtale	50 634	0
Sambindingsveg over Håmyra	589 021	4 083 013

Investeringsprosjekt	Regnskap 2016	Regulert budsjett 2016
Lerkane - Storgata, veg og rundkøyning	2 401 306	2 083 000
VA-anlegg Gymnasvegen - Porsemyrvegen	104 664	0
Skulebakken Haugen Lauvstad	272 450	700 000
Plentraktor (2015)	0	34 375
Flomsikring Volda sentrum Melshornsida	73 655	1 000 000
Veghøvel (2015)	0	200 000
Vaktbil Teknisk vakt (2015)	0	-0
Utbygging veglyst til LED finansiert ved straumsparing	554 747	2 692 472
Fast dekke kommunale vegar	0	2 806
Spylevogn/spylehengar	0	33 840
Hjullastar (2015)	2 542 904	2 509 163
Traktor (2015)	0	320 000
Bustadfelt Gôtene, Lid	270 479	236 880
Flomførebygging Heltneelva	14 970	2 000 000
Fast dekke kommunale areal/vegar finansiert drift	791 512	1 500 000
Kommunal andel Volda Idrettspark	0	250 000
Maskiner og køyretøy til parkdrift	100 197	150 000
Maskiner og køyretøy til vegdrift	744 625	800 000
Avløp samleinvestering	1 682 571	2 914 459
Torvmyrvegen, samarbeid med Ørsta	0	250 000
Trafikktrygging og parkering Oppigarden og Sollia barnehagar	2 583 218	2 450 000
Program GIS	103 484	380 553
Digitalt kartleggingsprosjekt	148 072	477 643
Nødnett	12 475	556 831
Brann - Beredskapsmateriell og kjøretøy	403 884	400 000
Feiing	216 516	400 000
	186 328 370	337 308 413

2.7 DIVERSE NØKKELTAL

Skattedekningsgrad og rammetilskottsgrad

Skattedekningsgraden viser kor stor del av driftsutgiftene som blir dekt av skatt på formue og inntekt, og viser kor mykje skatteinntektene har å seie for finansiering av drifta. Kommunar med høg skattedekningsgrad er mindre avhengig av andre driftsinntekter (vice-versa).

Rammetilskottsgraden viser tilsvarande kor mykje av drifta som blir dekt av rammetilskottet frå staten. Tabellen under viser nøkkeltala for dei 3 siste åra:

	2016	2015	2014
Rammetilskott	260 078 170	250 765 956	247 835 089
Skatteinntekter	206 754 873	193 969 561	184 301 005
sum driftsutgifter	805 650 234	740 827 631	720 939 627
Rammetilskottsgrad	32,28 %	33,85 %	34,38 %
skattedekningsgrad	25,66 %	26,18 %	25,56 %
Samla	57,94 %	60,03 %	59,94 %

Vi ser av tabellen ovanfor at rammetilskotsgrad og skattedekningsgrad gikk ca 2% ned frå 2015 til 2016. Forklaringa til det er den sterke nedgangen i utgiftsutjamninga, jfr omtale av dette i kommunen sine styringsdokument gjennom fleire år.

Netto resultatgrad

Netto resultatgrad illustrerer kor stor del av driftsinntektene som kan bli brukt til finansiering av investeringar og avsetningar. Vi får netto resultatgrad ved å sjå netto driftsresultat i % av driftsinntektene. Tabellen under viser netto resultatgrad for 2014-2016.

Netto resultatgrad			
År	2016	2015	2014
Netto driftsresultat	22 435 362	24 602 765	14 329 660
Sum driftsinntekter	826 203 122	765 080 146	740 099 492
Netto resultatgrad	2,72 %	3,22 %	1,94 %

Teknisk beregningsutvalg tilrår at netto resultatgrad bør vere 1,75%, blant anna for å ha noko eigenfinansiering av investeringar, og for å kunne møte hendingar som ein ikkje har tatt høgde for (auka renter, nedgang på børsen, dyrare lønsoppgjer enn kva som var føresetnaden etc.). Resultatgraden er 2,72% i 2016, og er nesten 1% større enn målet til Teknisk beregningsutvalg.

Brutto investeringar i % av driftsinntektene

Tabellen under viser kor mykje brutto investeringar utgjer av dei totale driftsinntektene.

	2016	2015	2014
Sum driftsinntekter	826 203 122	765 080 146	740 099 492
Investeringar	186 328 370	95 004 196	98 108 519
Brutto investeringar i % av driftsinntektene	22,55 %	12,42 %	13,26 %

Renter og avdrag (eksklusive renter formidlingslån) i % av driftsinntektene

Nøkkeltala i tabellen under seier oss kor mykje brutto finanskostnader (frå driftsrekneskapen) utgjer av sum driftsinntekter:

	2016	2015	2014
Renter og avdrag i % av driftsinntektene	4,66 %	4,71 %	5,96 %

Likviditet

I dette avsnittet skal vi sjå på likviditeten til Volda kommune. Det vil bli sett nærare på utviklinga i arbeidskapitalen, stamlikvidar samt likviditetsgrad 1 og 2.

Arbeidskapitalen blir definert som differansen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld, og er i teorien den kapitalen som er tilgjengelig til investeringar og innkjøp. Tabellen under er ikkje korrigert for premieavvik.

Tabellen under viser endringa i arbeidskapital for dei 3 siste åra.

Arbeidskapital	2016	2015	2014
Omløpsmidler	350 040 799	304 840 606	300 154 783
Kortsiktig gjeld	149 215 689	131 766 796	118 623 661
Arbeidskapital	200 825 110	173 073 810	181 531 122
Endring i Arbeidskapital	27 751 300	-8 457 312	-42 104 435

Det vart berre gjennomført låneopptak på 10,8 mill kr i 2014 fordi Volda kommune var i ROBEK dette året, og har bidrege sterkt til reduksjon i arbeidskapitalen dette året. Arbeidskapitalen vart ytterlegare redusert med 8,4 mill kr i 2015. I 2016 auka arbeidskapitalen med 27,7 mill kr.

Tabellen under viser likviditetsgrad 1 og 2.

Likviditetsgrad 1 seier noko om kommunen si evne til å dekke kortsiktig gjeld. Dette nøkkeltalet bør vere større enn 1, og vert utrekna med å dividere pengebeholdning (kasse, bankinnskott) med kortsiktig gjeld.

Likviditetsgrad 2 vert rekna ut ved å dividere omløpsmidlar med kortsiktig gjeld, og må være større enn 2 dersom kommunen skal ha god likviditet. Tabellen under viser likviditetsgrad 1 og 2 for dei tre siste åra.

Likviditetsgrad 1 og 2	2016	2015	2014
Kasse/bankinnskudd	163 972 665	118 405 350	101 980 951
Omløpsmidler	350 040 799	304 840 606	300 154 783
Kortsiktig gjeld	149 215 689	131 766 796	118 623 661
Likviditetsgrad 1	1,10	0,9	0,86
Likviditetsgrad 2	2,35	2,31	2,53

Dersom ein tek utgangspunkt i kontantbeholdning/kontantar og korrigerer for likvider som er bundne til ulike formål (ubrukne lånemidlar, bundne fondsmidlar, konto for skattetrekk), kjem vi fram til kor mykje kommunen har i stamlikvidar. Tabellen under viser stamlikvidar for dei 3 siste åra:

	2016	2015	2014
Kasse/bankinnskudd (*)	146 516 653	101 425 812	85 671 059
(-) Bundne fond	24 136 609	30 152 068	38 376 188
(-) Ubrukte lånemidler	24 731 449	14 128 544	40 594 404
Stamlikvidar	97 648 595	57 145 200	6 700 467

(*) = Skattetrekkkonto er trekt ut

Stamlikvidane auka med ca 45,5 mill i 2016. Den største endringa har vi på kasse og banksinnskott (auke på over kr 45 mill). Bundne fond er redusert, mens ubrukte lånemidler har auka med ca 10,5 mill kr.

2.8 FONDSMIDLAR

Det er 4 ulike fond i kommunerekneskapen:

- Bundne driftsfond
- Ubundne driftsfond (inkludert disposisjonsfond)
- Ubundne investeringsfond
- Bundne investeringsfond

Volda kommune har ved utgangen av 2016 om lag 146,6 mill kr på ulike fond:

	2016	2015	2014	2013
Ubundne driftsfond	60 043 333	31 956 285	11 960 136	270 274
Bundne driftsfond	21 830 827	23 880 691	26 224 058	28 479 488
Ubundne investeringsfond	62 488 914	65 214 241	63 104 108	63 364 839
Bundne investeringsfond	2 305 782	6 271 377	12 152 130	23 268 662
Sum	146 668 856	127 322 594	113 440 432	115 383 263

Bundne driftsfond

Bundne driftsfond kan berre brukast til bestemte formål i driftsrekneskapen. Pr. 31.12.2016 hadde Volda kommune i underkant av 22 mill kr i bundne driftsfond (fordelt på 113 ulike fond). Dei store fonda her er:

- Sjølvkost området kloakk er på kr 148.140.
- Sjølvkostområdet vassverk er på kr 1.264.062.
- Sjølvkostområdet feiing er på kr 1.008.891.
- Fond for kompensasjonsmidlar for næringslivet i Volda (auka arbeidsgjevaravgift) utgjer ca 2,5 mill kr.
- Konesjonsfond for kraftfondet utgjer kr 1.611.331
- 2,7 mill kr bunde driftsfond knytt til integrering av flyktningar.

Ubundne driftsfond

Tabellen under viser utviklinga til disposisjonsfondet i perioden 2014-2016:

	2016	2015	2014
Disposisjonsfond	60 043 333	31 956 285	11 960 136
Sum	60 043 333	31 956 285	11 960 136

Disposisjonsfond kan nyttast fritt på både investering og driftsbudsjettet. Eit viktig føremål til disposisjonsfondet er å kunne møte utgifter som det ikkje er tatt høgde for, som til dømes:

- Plutselig auke i den flytande renta. 1%-poeng renteoppgang inneber ca 7 mill kr. i meirutgifter for Volda kommune sine innlån.
- Lønnsoppgjeret vert dyrare enn det som var føresetnaden
- Auke i talet på ressurskrevjande brukarar

All bruk av disposisjonsfond må vedtakast av kommunestyret.

Det er viktig å vere merksam på at kommunestyret har vedtatt å bruke over 52 mill kr av disposisjonsfondet for å saldere gjeldande økonomiplan (2017 – 2020).

Ubundne investeringsfond

Ubundne investeringsfond kan nyttast til eigen- eller del-finansiering av kommunale investeringsprosjekt. Fonda utgjer samla ca 62,5 mill kr ved 31.12 2016.

Dei ubundne investeringsfonda til Volda kommune skriv seg i hovudsak frå sal av Volda kommunale el-verk og Tussa-aksjar (utgjer i overkant av 59,6 mill kr ved utgangen av året). Desse midlane vart i si tid likviditetsmessig plassert i finansmarknaden (aksje, obligasjon og pengemarknadsfond). Ved eventuell bruk av investeringsfonda til å finansiere investeringar må plasseringa i obligasjon - og aksjemarknaden bli tilsvarende redusert.

Bundne investeringsfond

Bundne investeringsfond kan berre brukast til bestemte formål i investeringsrekneskapen, og er på kr 2 305 782,- ved utgangen av 2016. Dette er ein reduksjon på ca 4 mill kr i høve til 2015. Hovudforklaringa til reduksjonen er at fondet "nedbetaling Husbanklån" (som var det største fondet i 2015 med kr 4.029.336) vart redusert i 2016 til kr. 104.220.

2.9 KOSTRA (Volda kommune samanlikna med andre kommunar)

KOMMUNE – STAT –RAPPORTERING (KOSTRA) er et nasjonalt informasjonssystem for å få fram relevant styringsinformasjon om kommunal verksemd. Informasjonen om kommunale tenester og bruken av ressursar på ulike tenesteområde blir registrert og stilt opp på ein måte som bør være relevant og interessant for avgjerdstakarar, både nasjonalt og lokalt.

Informasjonen skal tene til betre grunnlag for analyse, planlegging og styring, og såleis gi grunnlag for å vurdere om nasjonale mål blir nådd. KOSTRA tek sikte på forenkling av innrapportering frå kommunesektoren til staten med utgangspunkt i prinsippa om at data i størst mogleg grad skal vere nyttige for både kommunesektoren og staten, og at data berre skal registrerast ein gong med sikte på å bli brukt fleire gonger.

KOSTRA har som mål å bringe fram relevant, påliteleg, aktuell og samanliknbar styringsinformasjon om kommunal verksemd. Informasjonen skal gi grunnlag for betre statleg og kommunal styring og betre dialog mellom kommunane og innbyggjarane.

Forklaringar til tabellane under:

- Kolonnen heilt til venstre er tala for Volda kommune.
- Tala for Ørsta kommune er i neste kolonne.
- Deretter kjem gjennomsnitt for eigen kommunegruppe. Statistisk sentralbyrå (SSB) plasserer kommunane i grupper. Volda kommune er med i gruppe 11.
- Gjennomsnitt for kommunane i Møre og Romsdal kjem i neste kolonne.
- Gjennomsnitt for landet utanom Oslo er i kolonne nr 5.
- Gjennomsnitt for alle landets kommunar er i 6. og siste kolonne.

Vi skal sjå på finansielle nøkkeltal, prioritering og dekningsgrader. Tala er basert på rapporteringa vi gjorde 17.02. SSB publiserte tala 15. mars. SSB vil rapportere dei endelege tala for 2016 den 15. juni. Dei endelege KOSTRA-tala (som blir publisert av SSB i juni) vil difor kunne avvike frå tala som vert kommentert her.

Finansielle nøkkeltal

	Volda	Ørsta	Kostragruppe 11	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo	Landet
	2016	2016	2016	2016	2016	2016
Finansielle nøkkeltall						
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2,6	1,3	2,7	3,7	3,5	3,4
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2,9	2,3	2,6	3,4	4,0	3,8
Frie inntekter i kroner per innbygger	51 289,0	52 217,0	53 966,0	52 586,0	52 141,0	53 159,0
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	217,2	228,1	224,0	216,7	208,6	200,4
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	20,2	14,2	14,9	19,2	19,5	16,5
Netto lånegjeld i kroner per innbygger (*)	90 937,0	63 846,0	70 852,0	60 819,0	57 482,0	47 441,0

(*) = ubrukte lånemidler er ikke med her

Her er kommentarer til nokre av tala:

Brutto driftsresultat

Tabellen ovanfor viser eit brutto driftsresultat som er positivt (2,6 % av driftsinntektene). Det er berre Ørsta kommune som har dårligare resultat i tabellen ovanfor.

Netto driftsresultat

Volda kommune sitt netto driftsresultat for 2016 tilsvarte 2,9 % av driftsinntektene. Dette forholdstalet bør vere på 1,75 % for at kommunen skal ha økonomisk handlingsrom.

Langsiktig gjeld/ Netto lånegjeld i kroner pr innbyggjar

Hovudutfordringa til Volda kommune er den svært høge lånegjelda. Dei høge rente og avdragsutgiftene fører til at vi har svært låg økonomisk handlefridom. KOSTRA-tala for 2016 viser at Volda kommune har lånegjeld som er ca 28,4% høgare enn samanliknbare kommunar (gruppe 11).

I tabellen ovanfor står det at langsiktig gjeld er 217,2% av brutto driftsinntekter. Her inkluderer langsiktig gjeld pensjonsforpliktingar.

Volda kommune er vertskommune for interkommunalt barnevern. Våre driftsinntekter inkluderer refusjon (ca 50 mill kr) frå samarbeidskommunane. Når vi korrigerer for dette, så utgjør langsiktig gjeld 231 % av driftsinntektene i 2016.

Kommunen vert sårbar med så høg lånegjeld. Kommunen nyttar minsteavdragsprinsippet som inneber at det tek lang tid å nedbetale gjeld. Samtidig må det frigjerast midlar til auka renteutgifter når renta stig på eit normalt nivå.

Prioritering

	Volda	Ørsta	Kostragruppe 11	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo	Landet
	2016	2016	2016	2016	2016	2016
Prioritering						
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	149 009	144 786	136 618	141 388	137 688	139 359
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år	110 297	101 106	112 972	107 482	105 172	107 307
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten	2 392	2 139	2 822	2 414	2 538	2 508
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten	18 611	19 045	19 602	19 134	16 974	16 626
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år	1 973	2 113	3 401	2 678	3 536	3 906
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten	8 398	7 416	9 155	7 844	8 877	8 901
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb.	4 841	3 790	4 548	4 625	4 312	4 038

Kommentarar til tabellen ovanfor

KOSTRA skal i utgangspunktet vere 100 % organisasjonsnøytral. Like ting skal rapporterast likt, uansett korleis kommunane er organisert. Men vi ser likevel at kommunar ikkje alltid rapporterer på lik måte. Dette gjeld spesielt tenesteområdet administrasjon der ein må vere merksam på at ulik føring i kommunane vil gi dårlegare grunnlag for samanlikning.

Barnehage

Netto driftsutgifter på barnehageområdet er større enn alle grupper i tabellen ovanfor.

Grunnskule

Netto driftsutgifter er for første gang mindre enn gjennomsnittet for kommunane i Kostragruppe 11. Dette kan gi grunn til refleksjon i høve til ressursfordelinga til dei største skulane i kommunen ettersom Volda kommune har ei dyr drift med mange skular og gjennomsnittleg færre elevar pr klasse i høve til samanliknbare kommunar.

Kommunehelse

Det er berre Ørsta kommune som har lågare driftsutgifter pr innbyggjar.

Pleie og omsorg

Netto driftsutgifter til pleie og omsorg, ligg litt under gjennomsnittet for kommunegruppe 11 som Volda skal samanlikne seg med.

Sosial tenesta

Netto driftsutgifter (kr. 1.973,- per innbyggjar) er også i 2016 mykje lågare enn i dei andre gruppene.

Barnevern

Volda kommune sine netto driftsutgifter til barnevern er vesentleg lågare enn gjennomsnittet i kostragruppe 11. Utgiftene er mindre i Ørsta kommune, og gjennomsnittet i Møre og Romsdal er også lågare.

Administrasjon

Volda kommune ligg over gjennomsnittet i kommunegruppe 11. Som nemnt gir ulik tolking av KOSTRA-rettleiaren ulik utslag på føring av administrasjonsutgiftene mellom kommunane. I Volda kommune kan det synest som at eit forsøk på å ajourføre tekniske endringar har gitt utslag i høgare administrasjonsutgifter utan at desse reelt sett har auka. Volda kommune må også bruke meir ressursar på administrasjon for å drive så mange einingar i skule og barnehage. Volda er vertskommune for barnevern. Ei så stor verksemd med 60 tilsette og fleire administrative ledd er også med å påverke administrasjonsutgiftene.

Dekningsgrad

	Volda	Ørsta	Kostragruppe 11	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo	Landet
	2016	2016	2016	2016	2016	2016
Dekningsgrad						
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	98,4	93,2	91,5	92,6	91,5	91
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	7,8	7,3	8,3	8,6	7,8	7,8
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	12,8	12,2	11,8	11,4	10,7	10,6
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	8,2	8,7	9,7	8,7	9,1	9
Andel mottakere av hjemmetjenester over 67 år
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100	90,7	96	94,2	95	95,3
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	12,7	15,1	11,2	13,7	13	13,3
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år	3,1	2,4	:	:	4	4,1
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	6,3	5,3	:	5,3	4,9	4,9
Syssel-, gangveier/turstier mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innb.	..	21	29	37	43	39
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere	..	23	23	22	21	20
Årsverk i brann- og ulykkesvern pr. 1000 innbyggere	0,37	0,67	0,7	0,69

Kommentar:

- Volda kommune har full barnehagedekning. KOSTRA sine tal (98,4 %) er basert på tal barn i barnehagealder sett i forhold til tal born som faktisk går i barnehage. Alle barn som vil ha, får tilbod om barnehageplass i Volda kommune. Det er ikkje alle barn som har ordinær barnehageplass - nokre barn nyttar Volda Opne barnehage som har ope ein dag per veke.

- Talet på elevar som får spesialundervisning ligg no på 7,8%. Dette er ein reduksjon i forhold til 2015 (då denne var på 8,1%).
- Det er fleire barn med barnevernstiltak i forhold til innbyggjarar 0-17 år i Volda enn det er i dei andre gruppene.
- Kommunen har framleis låg fysioterapidekning i forhold til dei andre gruppene. Vi ligg under alle gruppene når det gjeld fysioterapiårsverk.
- Legeårsverk pr 10.000 innbyggjarar er på 12,8% og er auka frå 11.3% i 2015.
- Volda kommune har full dekningsgrad for einerom på institusjon.
- Talet på sosialhjelpsmottakarar har gått opp frå 2,9% i 2015 til 3,1% i 2016.

3 PERSONALPOLITIKK

Stillingsressursar og tilsette

Volda kommune har ved utgangen av året 699,54 stillingar (årsverk). Stillingane er fordelt på 942 tilsette. 727 kvinner er tilsett i til saman 537,73 stillingar og 215 menn i til saman 161,81 stillingar.

Gjennomsnittleg stillingsstørrelse for kvinner er på 78,84% og for menn 88,33% (i denne utrekninga har vi halde dei små stillingane i brannvernet utanfor).

	Årsverk
	2016
Rådmann	1
Samfunn og rådgjeving	1,75
Personal og organisasjonsstab	12,29
Økonomistaben	9,5
Opplæring og oppvekstsektoren	268,85
Helse- og omsorgssektoren	271,87
Kultur og servicesektoren	12,7
Teknisk sektor	62,45
Utviklingssektoren	8
Barneverntenesta Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta	62,1
Samla stillingsressursar Volda kommune	710,51

På budsjettet for 2016 så var det i forslaget lagt inn auke på 30,6 årsverk (driftstiltak).

Dette vart vedteke i kommunestyret bortsett frå 1 stilling fysioterapeut på Helse og omsorg, samt at kommunestyret gjorde vedtak om 1 ny stilling som miljøkonsulent på Utvikling.

I ettertid viste det seg at 1 stilling var medteke 2 gonger (driftsteknikar skal vere på Helse og omsorg og slettast på Teknisk).

Oppsummert så blei det etter dette fylgjande nye årsverk i budsjettet for 2016:

- Til saman 29,6 årsverk (Helse og omsorg med 21,7 årsverk, Opplæring og oppvekst med 4,9 årsverk, Teknisk med 2 årsverk og Utvikling med 1 årsverk)
- I eiga sak vedtok kommunestyret i 2016 å opprette 2,9 stillingar på prosjekt 120962 kommunale tenester asylsøkjjarar (100% helsestasjon, 30% helsesekretær, 10% lege, 100% læringscenteret, 50% biblioteket).
- Etter dette så blei det til saman 32,5 nye årsverk. Helse- og omsorg med 22,1 årsverk, Opplæring og oppvekst med 6,9 årsverk, Service og kultur med 0,5 årsverk, Teknisk med 2 årsverk og Utvikling med 1 årsverk.

Av desse så er fylgjande ikkje sett i verk enno: 4,75 stillingar på Helse og omsorg knytt til Doktorhaugen vert ikkje effektuert før i 2018.

I løpet av året så skjer det heile tida endringar, i nokre av desse situasjonane så må stillingar opprettast (viser i den samanheng til det som er skjedd på oppvekstsektoren). I andre høve er stillingar blitt flytta frå ein sektor til ein annan og på nokre områder er også stillingsressursar blitt redusert.

I tillegg har ein hatt nokre vakansar, slik at det reelle talet på årsverk pr. 31.12.16 er noko lågare en årsverkrama tilseier.

Sjukefråvær, IA og Bedriftshelseteneste

Vårt interne fråversprogram viser at sjukdom blant arbeidstakarane førte til 13.622 tapte dagsverk i 2016, det vil seie eit sjukefråver på 7,79 %. Talet gjeld både eigenmeldt og legemeldt sjukefråver. Det er ei positiv endring frå 8,62 % i 2015.

Sjukefråversoversikta viser fordeling på korttidsfråver og langtidsfråver slik:

Fråværsdata	Dagsverk	Fråværsprosent
Moglege dagsverk (Alle dagsverk som er med i sjukefråversstatistikken)	174815	
Eigenmeldt fråver dagsv.	2020	1,16 %
Sjukemeldt fråver 1-3 dagsv.	274	0,16 %
Sjukemeldt fråver 4-16 dagsv.	1763	1,00 %
Korttidsfråver (1-16 dagar)	4057	2,32 %
Fråvær 17-56 dagsv.	4711	2,69 %
Fråvær over 56 dagsv.	4854	2,78 %
Langtidsfråver (>16 dagar)	9565	5,47 %
Total fråversdagar	13622	7,79 %

Totalt sjukefråver, eigen- og legemeldt, i 2016 var på 7,79%, ein nedgang frå 2015 der fråværet var på 8,63%. Det er store variasjonar i dei einskilde sektorane. Ein må vere medviten om at i små einingar med få tilsette, kan sjukmelde gje store utslag på statistikken for eininga. For det totale sjukefråvær vil det ikkje ha så stor innverknad.

Det har også i 2016 vore fokus på arbeid med sjukefråvær. Målet for 2016 var eit nærvær på 92%, dette er nådd. Volda kommune hadde ein reduksjon i sjukefråværet (eigen- og legemeldt) frå 3. kvartal 2015 (8.75) til 3. kvartal 2016 (7.65) på 12%.

IA-avtalen

Volda kommune er ei inkluderande arbeidslivsverksemd og har eit nært samarbeid med NAV Arbeidslivssenter om gjennomføring av avtalen. Som IA-bedrift har vi tilgang på ulike

verkemiddel som tilretteleggingstilskot og systemtilskot. Vi har eigen kontaktperson i NAV Arbeidslivssenter.

IA-arbeidet handlar ikkje berre om sjukefråver og tilrettelegging for å hindre sjukefråver, det handlar også om å gi tilbod til personar på arbeidstrening. Dei kjem via NAV, Furene og Volda læringssenter (språkpraksis for innvandrarar).

Eit anna mål er å få tilsette til å stå lengre i arbeid. Det overordna målet har vore at ingen skal gå av med pensjon før dei har fylt 65 år.

Ei oversikt viser at i arbeidstakargruppa 55 år+ har Volda kommune til saman 161 kvinner og 41 menn. Av dei er 15 kvinner og 5 menn over 65 år.

Helse-, miljø og sikkerheit (HMS)

Vi har jobba med å betre rutiner i HMS-arbeidet slik at alle sektorar utfører internkontroll og systematisk HMS-arbeid. Arbeidsgjevar, arbeidstakar, tillitsvald, verneombod, bedriftshelseteneste og arbeidsmiljøutval har alle roller i dette arbeidet.

Volda kommune har avtale med Stamina Helse AS om kjøp av bedriftshelseteneste.

Likestilling, inkludering og mangfald

Kommunen er ein kvinnedominert arbeidsplass. Av 942 tilsette er 727 kvinner. Dette inneber at 77% av arbeidstokken er kvinner.

Det er eit mål for kommunen å ha eit positivt arbeidsmiljø som på alle områder omfattar begge kjønn. Vi har fokus på å prøve å få til lik fordeling av kvinner og menn i leiarstillingane på alle nivå.

I leiarteamet til rådmannen var det i 2016 4 menn og 4 kvinner og i gruppa for mellomleiarane 8 menn og 24 kvinner.

Den gjennomsnittlege stillingsstorleik for kvinner er på 78,84% og for menn 88,33%.

Det har tidlegare vore eit fokus på ufrivillig deltid. I tilsettingsrutinane våre skal ein alltid vurdere om det er tilsette som har rett til utvida stilling, før ein sett i gong ekstern utlysning. Fleire tilsette har fått auka stillinga si i løpet av 2016.

Volda kommune er opptatt av å ha eit inkluderande og ikkje-diskriminerande arbeidsmiljø, uavhengig av kjønn, etnisitet, funksjonsnivå og seksuell orientering. Dette skal vere gjeldande både ved rekruttering, medarbeidarutvikling og i arbeidsmiljøet på den enkelte arbeidsplass. Gjennom internopplæring av leiarar, oppstarta i 2016, er det blant anna fokus på dette. Kommunen har tilsett fleire med annan etnisk bakgrunn både i administrasjonen og i tenestoområda, men vi har ikkje oversikt over tal på dette området.

Kommunen har ein lønspolitikk med mål om lik løn for arbeid av same kvalitet, innsats og resultat uavhengig av kjønn. Delar av lønspolitikken vart revidert i 2016, og arbeidet skal slutførast i 2017.

Etikk

Dei etiske retningslinjene er gjort tilgjengeleg for dei tilsette og skal følgjast av den enkelte.

Generelle kommentarar

Grunnleggande verdiar: raus - modig - kompetent - lærande

Våren 2016 vart det satt i gong eit større prosjekt for å fastsette grunnleggande verdiar for Volda kommune. Personalavdelinga var ansvarlege, og dei organiserte 8 verdiverkstadar og ein spørjeundersøking, der omlag 320 tilsette deltok. Det vart samla inn 2200 gule lappar med 230 ulike verdiord. Ei arbeidsgruppe fekk i oppdrag å drøfte, reflektere og samanfatte innspela. Arbeidet munna ut i fire verdiord som kommunestyret på seinhausten 2016 vedtok skulle vere dei grunnleggande verdiane for Volda kommune: raus, modig, kompetent og lærande.

4 SEKTORANE

4.1 INNLEIING

Tabellen under syner rekneskap og budsjettala for 2016, samt avvik mellom rekneskap og budsjett.

	Regnskap 2016	Regulert budsjett 2016	Avvik
Rådmann	1 655 888	1 660 059	-4 171
Samfunn og rådgjeving	1 402 206	1 480 272	-78 066
Personal og organisasjon	10 418 859	13 738 452	-3 319 593
Økonomi	6 069 793	6 738 769	-668 976
NAV Kommune	8 857 109	8 658 196	198 913
Opplæring og oppvekst	196 808 650	196 910 026	-101 376
Helse og omsorg	184 605 095	182 637 411	1 967 684
Service og kultur	9 581 938	10 864 117	-1 282 179
Politisk verksemd	4 084 519	3 695 392	389 127
Teknisk	36 262 412	33 663 429	2 598 983
Sjølvkosttenester	0	0	0
Utvikling	5 970 272	6 009 130	-38 858
Barnevern Volda kommune	16 278 978	18 539 580	-2 260 602
Sum sektorane	481 995 720	484 594 833	-2 599 113
Fellesutgifter /fellesinntekter	-17 664 353	-5 402 830	-12 261 523
Sum totalt	464 331 367	479 192 003	-14 860 636

(*) = negative tal indikerer mindreforbruk i høve til budsjett

Tabellen ovanfor syner at sektorane hadde eit samla netto mindreforbruk på kr. 2.599.113,- i 2016.

Vi ser at kapittelet for Felles utgifter og inntekter kan vise til eit netto mindreforbruk på kr. 12.261.523. Her vert det vist til kapittel 2 for nærmare informasjon. Dersom vi ser heile tenesteproduksjonen i samanheng (og inkluderer felles utgifter/inntekter), så får vi eit netto mindreforbruk på kr. 14.860.636.

4.2 PERSONAL OG ORGANISASJON

	Regnskap 2016	Budsjett 2016	Avvik
Personal og organisasjon	10 418 859	13 738 452	-3 319 593

Økonomi

Budsjettert ramme var på vel 13,7 millionar. Noko av mindreforbruket skuldast at Hovudverneombodet slutta i funksjonen sin i september og vart ikkje erstatta i løpet av året, samt at ein av personalkonsulentane gjekk av med pensjon og stillinga stod vakant i ei periode. Hovuddelen av mindreforbruket skuldast høge inntekter knytt til tilskot og prosjekt på busetnads- innvandringsfeltet.

Folkehelse

Personal- og organisasjonsstaben leverer interne tenester til leiarar, avdelingar og tilsette. Ved å ha fokus på helse, miljø og tryggleik, førebygging av usemje og konfliktrar, gode rutinar og retningslinjer for samhandling og oppfølging, kan vi vere med på å påverke det totale arbeidsmiljøet i kommunen.

Årsverk og stillingar

Personal og organisasjon har pr. 31.12.16 til saman 11,79% stillingsressursar fordelt på 17 personar.

- Personalsjef 100%
- Løn- og personalmedarbeidarar 520%
- Lærlingekoordinator 30%
- IKT-personale 300%
- Rådgjevar innvandring 50%
- Ansvarleg Kvalitetslosen 10%
- Retrettstilling 34%
- Hovudtillitsvalde og hovudverneombod 135%

Staben består av 10 kvinner og 7 menn.

Omtale av 2016

Personal og organisasjon

2016 har vore prega av stor aktivitet. Ny personalsjef starta 1. mars. Våren 2016 og hausten 2017 var avdelinga sterkt involvert i verdiprosessen. Hausten 2016 vart det sett i gong to nye tiltak: Internopplæring og nytilsettopplæring. Internopplæringa er fast anna kvar veke og har

ulike tema. Målgruppa er leiarar, personar med stabs- og støttefunksjonar og andre som har nytte av emna.

Nytilsettopplæringa har til no vorte organisert ein gong i halvåret. Då får alle nytilsette dei siste 6 månadene ei innføring og opplæring i det som er felles for kommunen.

I 2016 vart det også etablert ei trepartsgruppe bestående av ordførar, ein kommunestyrerepresentant, to hovudtillitsvalde, rådmann og personalsjef.

Personalsjefen har også vore delaktig i oppfølginga av arbeidsmiljøundersøkinga i helse- og omsorgssektoren. Personalstaben har køyrt kurs i sjukefråversoppfølging, konflikthandtering og arbeidsglede.

Aktivitet:	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Handsama saker i tilsetjingsutvalet (var ikkje tilsettingsutval frå 1.1.16)	95	100	65	75	98 (232 tilsettingsvedtak)	-
Handsama saker i administrasjonsutvalet	4	1	1	1	4	2
Handsama saker i arbeidsmiljøutvalet	0	7	8	7	6	24
Tal løns- og trekkoppgåver	2089	2133	2186	2331	2549	2513
IA utvalsmøter	4	4	2	2	1	1

Rådmann, personalsjef og personalkonsulent gjennomfører månadlege kontaktmøte med dei tilsette sine organisasjonar (hovudtillitsvalde). Målet med møta er open dialog og informasjonsutveksling.

Stamina Hele AS samarbeider med kommunen om å oppfylle våre plikter innan bedriftshelseteneste. Det vert utarbeidd aktivitetsplan for året saman med bedriftshelsetenesta

Både NAV, NAV Arbeidslivssenter og Stamina deltek på møta i IA-utvalet.

Personalsjef eller personalkonsulent deltek på dialogmøte etter melde behov frå avdelingane.

IKT

2016 var eit svært hektisk år med store endringar. Det aller meste av applikasjonar og tenester er no flytta til felles driftssenter, SSIKT.

Av større prosjekt elles i 2016 kan nemnast: Pasientvarslingsanlegg i Helse og omsorg, arbeid med telefoniløysing, arbeid med lisensrevisjon. I andre halvdel av 2016 starta vi førebuing til store prosjekt med utbygging av infrastruktur fram til og i alle kommunale bygg som vi skal gjennomføre i 2017, og detaljplanlegging i samband med nye Øyra skule.

IKT er framleis underbemanna og kvardagen ber preg av dette. Arbeidspresset er stort og IKT skulle gjerne hatt tid til å arbeide meir med kvalitet og vore meir proaktive.

Innvandring

Tabellen under viser status på busetjings- og integreringsfeltet i Volda kommune 2011-2016.

Aktivitet	2016		2015		2014		2013		2012		2011	
Busetjing av flyktningar	38	34	40	32	30	26	29	21	35	2 off	30	15
		asy		asy		asy		19		asy		
		14		9		6		3		8		9
		fam		fam		fam		fam		fam		fam
	4	8	5 em	5	6	6	em	em	6	em	em	
Tal flyktningar inkl. fam som utløyser integreringstilskot	184		157		159		166		157		156	
Flytting i integreringstilskotsperioden	9		11		12		11		8		7	
Tal deltakarar i introduksjonsprogram	77		56		47		49		53		51	
Avslutta program	17		15		20		19		20		18	
Deltok mindre enn to år	3		8		7		7		4		8	
Stans grunna høgt fråver, atferd, flytting	0		1		0		2		0		1	
Overgang til NAV-tiltak, anna	3		4		2		3		5		6	
Overgang til grunnskule	4		0		3		4		3		2	
Tal deltakarar med overgang til arbeid/utdanning	10 (6+4)		10 (7+3)		11 (6+5)		10 (2+8)		11 (6+5)		6 (5+1)	
	Volda 59%		Volda 67%		Volda 55 %		Volda 53%		Volda 56%		Volda 33%	
					Nasjonalt 44%		Nasjonalt 47%		Nasjonalt 47%		Nasjonalt 47%	

(off=overføringsflyktning, asy=busett frå asylmottak, fam=familiesameinte, em=einslege mindreårige)

38 vart busett i 2016, derav 33 menn og 5 kvinner. Desse kjem frå Eritrea (17), Syria (16), Afghanistan (2), Palestina (1), Sudan (1) og Irak (1). 25 er einslege vaksne, 4 er einslege mindreårige, og det vart busett 1 familie med 3 barn. 27 av 38 vart busett frå Volda mottak, og resterande 11 frå andre mottak i landet. 27 av 34 vaksne vart busett direkte på den private bustadmarknaden. Det vart nytta 2 kommunale bustader til 1. gongs busetjing av flyktningar; 1 familiehusvære og 1 hybelhusvære. Det kom 14 på familiesameining til herbuande flyktningar. 9 flytta frå Volda innafør integreringstilskotsperioden, medan 1 flytta til Volda.

I 2016 hadde Volda kommune 21 fleire deltakarar i *introduksjonsprogram (INTRO)*, enn i 2015, og 8% lågare resultatoppnåing i 2016, enn i 2015 når det gjeld overgang til utdanning/arbeid. Resultatmålet for 2016 vart sett til 60%, medan resultatet vart 59%. Dette skuldast i all hovudsak at mange har overgang til grunnskule etter avslutta INTRO. Tek ein med desse, har vi måloppnåing på 82%. Vi har gode resultat 2-4 år etter avslutta INTRO:

- Status for 2013-kohorten 4 år etter avslutta INTRO: 9 av dei som framleis bur i Volda, er sjølvberga økonomisk. Dette utgjer eit resultat på 100%.
- Status for 2014-kohorten 3 år etter avslutta INTRO: 11 av dei som framleis bur i Volda, er sjølvberga økonomisk. Dette utgjer eit resultat på 79%.

- Status for 2015-kohorten 2 år etter avslutta INTRO: 11 av dei som framleis bur i Volda, er sjølvberga økonomisk. Dette utgjer eit resultat på 100%.

Volda er ei av satsingskommunane til staten i arbeidet med busetjing og integrering av flyktningar, og den forpliktande samarbeidsavtalen mellom kommunen og IMDi gjeld for perioden 2015-2018. Kommunen er dermed i posisjon til å søke utviklingstilskot frå ulike instansar for å vidareutvikle og betre resultat i busetjings- og kvalifiseringsarbeidet. Det er viktig at arbeidet er berekraftig, at vi har resultatfokus og når måltala for overgang til arbeid/utdanning. Statlege utviklingstilskot gir rom for innovasjon og proaktiv tilnærming, og auka kunnskap og kapasitet for å gi gode og tilpassa tiltak. I 2016 er det arbeidd med fleire *innovasjonsprosjekt* som IMDi, fylkeskommunen, fylkesmannen, NAV og Husbanken har støtta. Det er etablert fleire kommunale kvalifiseringsarenaer; kantine på rådhuset, serviceteam, gartneri på Folkestad, oppretta 3 lærlingplassar for flyktningar, utvikla ei jobbmentorordning i språk- og arbeidstrening, og vi har avslutta det bustadsosiale prosjektet «God og effektiv busetjing av flyktningar», der vi m.a. har utgreidd modellen «Frå leige til eige». I tillegg til ekstern finansiering, har kommunestyret løyvd ei ramme til eigenfinansiering til arbeidet med innovasjonsprosjekta.








Under følgjer oversikt over tilskot på asyl, busetjings- og integreringsarbeidet i 2016:






Tilskot frå	Innovasjonsprosjekt kvalifisering av flyktningar	Tilskot
IMDi	Kommunal språkpraksisarena	400 000
Fylkesmannen	Kommunale kvalifiseringsarena for flyktningar	400 000
Fylkeskommunen	Entreprenørskap som integrasjonsverktøy	500 000
NAV	Kimen sosial entreprenør (forprosjekt)	150 000
IMDi	Jobbmentor (samarbeid m/HVO og Inclusion)	264 000
Husbanken	God og effektiv busetjing av flyktningar	400 000
SUM	Tilskot frå staten og fylkeskommunen	2 114 000

Tilskot frå	Tilskot til arbeidet med asylsøkjjarar og flyktningar	Tilskot
IMDi	Integreringstilskot for arbeidet med busetjing og integrering av flyktningar	31,4 mill.
IMDi	Skuletilskot til norsk- og grunnskuleopplæring til asylsøkjjarar og flyktningar	14,7 mill.
IMDi	EM-tilskot for arbeidet med einslege mindreårige	4,2 mill.
Bufetat	Refusjon for barnevernstenester til arbeidet med einslege mindreårige	8,6 mill.
UDI	Vertskommunetilskot for å yte vertskommunetenester overfor bebuarar i asylmottak	2,9 mill.
IMDi	Særskild ekstratilskot for busetjing av personar med funksjonshemming/atferdsvanskar (avsetjing til bundne fond)	6,1 mill.
SUM	Tilskot frå staten i 2016	67,9 mill.

I 2016 vart kr 9,4 mill. refundert til kommunale tenester i Volda kommune frå bundne fond/særskilde ekstratilskot, til arbeidet med oppfølging av flyktningar.

Rapportering på mål

MÅL	RESULTAT	KOMMENTAR
<u>IKT</u> Brukarane skal vere tilfredse med dei tenestene IKT yter.		Arbeidsmengda og bemanningssituasjonen gjer at det er utfordrande å yte god nok tenester.
IKT-investeringar skal gi positiv kost/nytte		
<u>Innvandring</u> Busetje flyktningar i samsvar med gjeldande k-vedtak og samarbeidsavtale med IMDi.		Ramma for busetjing vart justert i k-sak 95/16 i møte 25.08.16, til inntil 40 flyktningar i 2016, derav inntil 8-11 einslege mindreårige. Unyttta plassar kan overførast frå eit år til eit anna.
50% av flyktningane skal bu i privat bustad innan tre år etter busetjing.		Det vert i dag nytta få kommunale bustader til busetjing av nye flyktningar. I 2016 vart 71% av flyktningane busett direkte i private bustader.
30% av flyktningane skal eige privat bustad innan seks år etter busetjing		Vi har ikkje statistikk som gir grunnlag for å måle resultatet. I 2016 kjøpte fire familiar eigen bustad, innan seks år etter busetjing i Volda. I tillegg kjøpte ein familie bustad etter butid på 17 år i Volda.
<u>Løn og personal</u> Administrere gjennomføring av medarbeidarundersøking		Det vart vedteke at ein skulle gjennomføre medarbeidarundersøkinga i 2017
Profesjonell rekruttering som fremjar Volda kommune som arbeidsgjevar		Vi har gode rutinar i tilsettingssaker, som sikrar god involvering og gjennomføring i rekrutteringsprosessen.
Sjukeoppfølging som fremjar nærver		Sjukefråværet gjekk ned i 2016. Sjølv om det jobbast systematisk i heile organisasjonen ser ein behovet for å jobbe meir med førebyggjande tiltak.

MÅL	RESULTAT	KOMMENTAR
Tilsette og leiarar får pålitelege svar på spørsmål		Det er høg kompetanse på dei aller fleste område i løns- og personalstaben.
Korrekte tenester til rett tid		Sjølv om det har vore mange nye saker i 2016, greier avdelinga å levere til rett tid.
Initiere og gjennomføre utviklings- og omstillingsprosjekt for å effektivisere tenesteproduksjonen og auke kvaliteten		Det er igangsett fleire nye tiltak, internopplæring og nytilsettopplæring, samt eit prosjekt rundt tidsregistrering.
Initiere prosess for å implementere bruken av Kvalitetslosen i heile organisasjonen (avklare funksjonen systemansvarleg, gjennomgang av rutinar og organisering av opplæring)		Kvalitetslosen er eit tema på alle internopplæringane, samt eit tema på nytilsettopplæring. Det er ikkje satt i gong ein systematisk prosess i organisasjonen.
<u>Felles for heile staben:</u> Nærver min 92 %		Nærver på 96,23

4.3 ØKONOMISTABEN

Sektor	Rekneskap 2016	Regulert budsjett 2016	Avvik
Økonomi	6 069 793	6 738 769	-668 976

Økonomi

Tildelt ramme var kr. 6.738.769,-, medan rekneskapen syner eit netto forbruk på kr. 6.069.793,-. Avdelinga har med andre ord hatt eit mindreforbruk på kr. 668.976,- i høve budsjett. Vakanse og permisjon i stillingar, samt meirinntekter i høve til budsjettet er hovudforklaringane til mindreforbruket.

Folkehelse

Folkehelsearbeid inneber å svekke det som medfører helseisiko, og styrke det som bidreg til betre helse. Avdelinga har fokus på det psykiske arbeidsklimaet internt, gjennom utstrakt samarbeid og godt miljø mellom arbeidstakarane. Den fysiske delen vert teke omsyn til ved å kjøpe heve- og senkebord når det er behov for det, samt at kontora ligg slik til at det vert ein del gåing.

Årsverk og stillingar

Økonomistaben består pr 31.12.2016 av 11 personar (950 % stillingsheimlar):

- Økonomisjef
- Økonomikonsulent (arbeid med rapportering, budsjett og økonomiplan, årsmelding, samt diverse anna)
- Rekneskap samt diverse utfakturering (Rekneskapsjef + 250% økonomikonsulentar + 60% rådgjevar)
- Skatt, innkrevjing og innkjøp (skatteoppkrevjar + ca 100% konsulentstilling)
- 200% til diverse anna (skanning av faktura, bustøtte, startlån, eigedomsavgifter, eigedomsskatt, sal av tomter osv)

Staben består av 70 % kvinner og 30 % menn.

Omtale av 2016










Rapportering gjennom året

Det vart utarbeidd månadsrapportar for februar, mars, mai, juni, september, og oktober. Tertialrapportane (april og august) kom i tillegg. Månadsrapporten for november vart utarbeidd berre administrativt og ikkje handsama politisk.

Etikk

Dei etiske retningslinene for Volda kommune er kjende i staben.

Rapportering på mål

SATSINGAR 2016	RESULTAT	KOMMENTAR
Vere à jour med føring av rekneskapen gjennom året, og utarbeide tertialrapporter og årsrekneskap i samsvar med lov og regelverk		
Innfordring av korrekte skatter og avgifter til rett tid, samt vere ajour med innfordringa av kommunale krav		
Betale fakturaer til rett tid		Dette føreset at avdelingane attesterar og tilviser i god tid før betalingsfristen
Økonomireglement som gir god internkontroll		
Sektorane oppleve god støtte og opplæring		Evaluering frå sektorane
Økonomirapportering basert på gode oppdaterte rekneskapsgrunnlag, tidleg oppdaging av ev avvik og prognoser som gir god oversikt over økonomisk status		Det er vedteke at Volda og Hornidal kommunar skal slå seg saman. Når Stortinget har bekrefta dette hausten 2017, så vil utarbeiding av økonomireglement/rutinar for den nye kommunen vere ein del av samanslåingsprosessen fram mot 2020.
Nærver min 93,1 %		
Medarbeidarsamtale med alle tilsette		Det vart gjennomført medarbeidarsamtale med ca 50 % av dei tilsette i økonomistaben.
Initiere innovative/nytenkjande tiltak		Har generelt fokus, men ikkje noko konkret tiltak i perioden.

4.4 NAV/ Sosialavdelinga

Sektor	Regnskap 2016	Budsjett 2016	Avvik
NAV Kommune	8 857 109	8 658 196	198 913

Økonomi:

Årsrekneskapen for 2016 viser, etter ei budsjettjustering på kr. 500.000, eit mindreforbruk på kr. 569.969,-. Samanlikna med 2015, har vi hatt ein reduksjon i samla utgifter på kr. 365.590.

Folkehelse

Arbeidslina ligg til grunn i NAV, fokus på arbeid skal vere ein raud tråd i det meste av arbeidet vårt. NAV sin verksemdstrategi har m.a. «arbeid først» som mål. Forsking viser at det å vere utan arbeid aukar dødelegheit, helseproblem og forbruk av helsetenester. Å kome tilbake til/vere i jobb/aktivitet aukar sjølvkjensla og gir betre både generell og psykisk helse.

Høg yrkesdeltaking gir det einskilde menneske økonomisk sjølvstende og handlingsrom, og er samstundes den viktigaste arenaen for sosial inkludering. Å lukkast med å styrke brukarane sine mogelegheiter for å kome i arbeid/aktivitet, er eit viktig bidrag i eit folkehelseperspektiv.

Tal årsverk/stillingar

Volda og Ørsta kommunar vert sett samla, då alle kommunalt tilsette i NAV formelt er tilsette i Ørsta kommune som vertskommune. Volda finansierer sin del av løn og drift etter avtala fordelingsnøkkel.

	Tal stillingar	Kjønn M K	Stillingsstorleik (antal 50% >)	Totalt årsverk
Kommune *Ørsta/Volda	9 - rettleiarar/sosialkuratorar	Kvinner – 9	6 - 100% 1 - 85% 1 – 80%	8,75 årsverk
	1 – gjeldsrådgjever	Kvinner – 1	1 – 50% 1 – 60%	
Stat *Ørsta/Volda	15,3 – rettleiarar	Kvinner – 12	16 – 100%	16,8 årsverk
	0,5 – settekontor 1 – leiar	Menn – 5	1 – 80%	
	1 – marknads- koordinator for Søre Sunnmøre. Overført til NAV M&R frå 011016.	Kvinne - 1	1 – 100%	Fram til 31.10.16: 17,80 årsverk

Vakansar 2016:

Vi har hatt nokre vakansar i samband med at tilsette har hatt permisjon, sagt opp eller skifta arbeidsgjevar i NAV (søkt på statleg stilling i kontoret). Rekruttering av nye har teke tid.

Omtale 2016

Hovudmål	Delmål (arbeidsmål)
<ol style="list-style-type: none">1. Ein velfungerande arbeidsmarknad med høg yrkesdeltaking2. Eit inkluderande samfunn som sikrar alle moglegheit til deltaking3. Sikre økonomisk tryggleik for den einskilde4. Bekjempe fattigdom og utjamne økonomiske og sosiale ulikskapar5. Ei helheitleg, effektiv og brukarorientert arbeids- og velferdsforvaltning	<ol style="list-style-type: none">1. Fleire i arbeid og aktivitet og færre på stønad2. Eit inkluderande arbeidsliv3. Verksemdar med ledige jobbar får dekkja sitt behov for arbeidskraft4. Bidra til at personar med nedsatt funksjonsevne kan ha ein aktiv kvardag5. Eit økonomisk og sosialt bærekraftig pensjonssystem6. Betre levekåra for dei vanskelegast stilte7. Tenester og informasjon tilpassa brukarane sine behov8. Rett stønad til rett tid9. Effektiv drift og god gjennomføring av reformer

NAV har også i 2016 jobba mot ovannemnde hovudmål og delmål. Prioriterte målgrupper har vore personar med nedsett arbeidsevne, ungdom og innvandrarar. Kontoret har merka dei utfordrande tidene i maritim sektor, og har hatt jamn auke i ledigheita.

Til grunn for arbeidet vårt ligg verksemdstrategien for Arbeids- og velferdsetaten og styringsdokument frå Arbeids- og velferdsdirektoratet. Både Mål – og disponeringsbrev for den statlege delen av NAV og Nasjonale mål, hovudprioriteringar og tilskott innanfor dei sosiale tenestene i arbeids- og velferdsforvaltninga (Kommunebrevet), gir retning og val av satsingsområder. Kommunen sine satsingar og prioriterte områder har vore styrande på lik line med statlege føringar.

Vi har i 2016 hatt gode prosessar i høve planlegging av kontoret sine ulike aktivitetar/utforming av div. planar. Vi har også hatt ein stor prosess knytt til endring av intern organisering (denne er framleis pågåande), samt prosess knytt til anbudsrunder for nye lokalitetar for NAV-kontoret. Dagens husleigekontrakt går ut 311017.

Vi har også dette året jobba med å finne felles form og rutinar for samarbeid med ulike einingar i kommunane, i desember 2016 vart det gjennomført SWOT-analyse.

På vegne av NAV-kontora på Søre Sunnmøre søkte vi hausten 2016 Fylkesmannen om stimuleringsmidlar til Kvalifiseringsprogrammet. Tilskotet gjekk i si heilheit til oss, og vi har hatt prosess for tilsetjing av KVP-rettileiar/koordinator for Søre Sunnmøre.

Eigenvurdering (tilsyn) av våre kommunale tenester i NAV-kontoret vart slutført og godkjent med fine tilbakemeldingar frå Fylkesmannen.

I mars 2016 arrangerte vi jobbmesse i Ørsta saman med dei andre NAV-kontora på Søre Sunnmøre, NAV Arbeidslivssenter og nokre av NAV-kontora i Sogn og Fjordane. På denne messa hadde om lag 40 arbeidsgjevarar stand, og om lag 1000 arbeidssøkjarar var innom.

Alle tilsette har hatt tilbod om kompetansehevande tiltak, både internt og eksternt. Alle nytilsette deltek på kurs-pakken «Ny i NAV». Vi har hatt auka fokus på kvalitetsheving i både brukarmøter og arbeid elles.

Vi hadde hausten 2016 brukarundersøking. Denne syner gode tilbakemeldingar frå brukarane på opplevd service, vi fekk ein samla score på 5 av 6 mogelege.

Vi har gjennom heile året hatt jamt fokus på arbeidsmiljø og nærver. Vi har eit godt fungerande medråderettapparat, og kontoret vårt vart dette året nominert til arbeidsmiljøprisen i NAV.

Aktivitet, økonomisk sosialhjelp:

År	Antal mottakarar av sosialhjelp	Antal saker	Antal månader med utbetaling, gj.snitt	Sakshandsamingstid, gj.snitt i dagar
2011	125	722	5,13	18,23
2012	159	793	4,9	16,86
2013	164	800	4,62	27,93
2014	154	622	4,73	20,33
2015	165	621	4,09	14,47
2016	180	713	3,62	11,98

Vi ser av utviklinga at vi i 2016 hadde eit topp-år når det gjeld tal mottakarar av sosialhjelp. Dette er ein nokså gjennomgåande trend i heile landet. Vi har også fleire saker enn i dei to føregåande åra, men ligg framleis under tala for både 2013, 2012 og 2011. Eit positivt resultat er at vi har redusert tal månader med utbetaling, i tillegg til at vi har redusert gjennomsnittleg sakshandsamingstid.

Vi ser fylgjande utvikling vedr. utbetaling av sosialhjelp:

Utbetaling av sosialhjelp	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Overføring til andre (norske)	1.522.276,-	1.350.325,-	1.357.949,-	2.278.091,-	2.787.181	2.743.583
Overføring til spesielle grupper (flyktning)	1.517.240,-	1.858.239,-	2.048.067,-	2.138.289,-	2.966.236	2.529.875
Lån		37.984,-	9000,-	37.074,-	95.821,-	84.191,-
Samla:	3.039.516,-	3.208.564,-	3.406.016,-	4.453.455,-	5.849.238	5.357.650

	2012		2013		2014	
	Norske	Flyktning	Norske	Flyktning	Norske	Flyktning
Livsopphald	628.564	890.238	584.212	1183.736	1175.721	1021.295
Husleige	336.142	353.367	367.956	402.114	653.424	470.130
Straum	105.300	186.601	151.764	178.484	73.565	114.084
Etablering	58.933	62.693	49.348	67.600	22.086	94.499
	2015		2016			
	Norske	Flyktning	Norske	Flyktning		
Livsopphald	1362.333	1225.322	1.754.224	1.336.776		
Husleige	595.148	490.718	685.051	554.116		
Straum	102.519	142.816	102.914	140.412		
Etablering	63.080	222.323	49.030	187.260		
Tannbehandling			69.634	121.501		

Tala viser samla ein reduksjon i utbetaling av sosialhjelp i 2016, samanlikna med året før. Denne er i hovudsak knytt til reduksjon i utbetaling til gruppa «andre» (flyktningar/ikkje etnisk norske). Postane med størst utgifter og auke, er livsopphald og husleige. Postane til straum og etablering er om lag på same nivå som i fjor. Vi har også ein del utgifter til tannbehandling, noko eg har valt å ta med i årets årsmelding.

NAV legg til grunn statlege rettleiande satsar for utmåling av sosialhjelp. Satsane vert regulerte sentralt kvart år. Vi ser at m.a. auke i buutgifter dei seinare åra har ført til at fleire brukarar har mindre att til eige livsopphald, og difor kan ha rett til høgare stønad til livsopphald frå NAV enn tidlegare år.

Resultatmål:

1. Nå måltala i Kvalifiseringsprogrammet – målet er ikkje nådd
På det meste hadde vi 8 deltakarar frå Volda i programmet. 6 er framleis i KVP.
2. Ingen langtidsmottakarar (over 26 veker) under 25 år, som har sosialhjelp som hovudinntektskjelde – ikkje nådd
Truleg for ambisiøst mål.
3. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid under 21 dagar – målet er nådd.
4. Sjukefråver under 6,7% - målet er nådd

NAV-kontoret styrer etter eit statleg målstyringssystem, målekort. Dette inneheld både statlege og kommunale indikatorar og måltal.

Desember 2016 viste måloppnåing på samtlege indikatorar, med unntak av to (KVP og økonomi).

4.5 OPPLÆRING OG OPPVEKST

Sektor	Regnskap 2016	Budsjett 2016	Avvik
Opplæring og oppvekst	196 808 650	196 910 026	-101 376

Økonomi

Opplæring og oppvekst fekk tildelt ei ramme på kr. 196 910 025,- for 2016. Rekneskapen pr 15.02.2017 viser eit forbruk på kr. 196 871 783,-. Sektoren har med andre ord hatt eit mindreforbruk på kr. 38 243,-.

God økonomistyring og budsjett disiplin pregar sektoren.

Volda kommune har ein desentralisert tenestestruktur i barnehage- og skuletilbodet. Denne strukturen er kostnadskrevjande. Løns- og driftsbudsjetta i sektoren er stramme, og oppvekstsjefen har vanskar med å sjå at ein no kan hente ut meir gevinst i drifta av barnehagane og grunnskulane. Då må ein i tilfelle gjere strukturelle endringar.

Det vart frå 2015 innført redusert foreldrebetaling. Den nasjonale ordninga går ut på at eit hushald ikkje skal betale meir enn 6 % av inntekta si til ein barnehageplass. I 2016 gjeld dette for hushald med samla årsinntekt under kr 487 500. Frå 2015 vart det i tillegg innført 20 timar gratis opphaldstid for alle 4- og 5-åringar, og barn med utsett skulestart, og som bur i hushald med årsinntekt under kr 417 000,-.

Denne ordninga gir mindre inntekter gjennom foreldrebetalinga, og kommunen skal få dette kompensert i rammetilskotet frå staten.

I barnehagedrifta var det eit meirforbruk i 2016. Ein del av dette meirforbruket skuldast tapte inntekter knytt til ordninga med redusert foreldrebetaling som det ikkje er kompensert for i budsjetttrauma til barnehagedrifta.

Folkehelse

Godt kvalifiserte og engasjerte vaksne på helsestasjonen, i barnehagar og skular og er ein av dei viktigaste ressursane kommunen har for å medverke til god psykisk og fysisk helse hjå barn og unge. Psykososialt læringsmiljø er eit satsingsområde for sektoren.

I 2016 vart det også tilsett kommunepsykolog, som gir lågterskeltilbod til alle barn, ungdom og unge vaksne mellom 0 – 23 år med utfordringar knytt til psykisk helse.

Overvekt er også ei utfordring som må møtast med informasjon og førebyggjande arbeid. Tenestene under opplæring og oppvekst har psykisk helse og kosthald som satsingsområde.

Klima

Haldningar og kunnskap om klima er integrert i fagområda i rammeplanen for barnehagane sitt innhald, og barnehagane driv haldningsskapande arbeid gjennom heile året. I det faglege arbeidet i skulane er haldningar og kunnskap om klima integrert i fleire av kompetansemåla i skulen.

Etikk

Dei etiske retningslinjene er kjende for dei tilsette i sektoren og vert følgde.

Innkjøpspraksis

Alle som gjer innkjøp i sektoren kjenner til regelverket om offentlege innkjøp og det er ein føresetnad at dette vert følgt.

Årsverk og stillingar 2016

	Tal stillingar		Menn		Kvinner		Årsverk	
	2015	2016	2015	2016	2015	2016	2015	2016
Stab+logoped	6	6	1	1	5	5	5,9	6
Grunnskule, SFO, kulturskule og vaksenopplæring inkl norskoppl	241	261	54	68	190	193	180,7	178,5
Spesped førskule	2	2	0	0	2	2	1,9	1,9
Kommunale barnehagar	84	84	4	1	80	83	67,67	63,21
Helsestasjon	13	14	0	1	13	13	9,65	10,75

Tal for skule henta frå GSI pr 01.10.16

Tal for barnehage henta frå årsmeldingar pr 15.12.16

Omtale av 2016

2016 har vore eit spanande og krevjande år for opplæring og oppvekst. Sektoren har ansvar for eit breitt tenestoområde:

- ✓ Jordmorteneste
- ✓ Helsestasjon
- ✓ Barnehagedrift
- ✓ Spesialpedagogiske tiltak for barn i førskulealder
- ✓ Skulehelseteneste
- ✓ Logoped
- ✓ Grunnskuledrift
- ✓ Vaksenopplæring
- ✓ Norsk- og grunnskuleopplæring for einslege mindreårige asylsøkarar i mottak
- ✓ Norskopplæring for innvandrarar og vaksne asylsøkarar i mottak
- ✓ Introduksjonsordninga

Tenesteområda samhandlar særleg i det førebyggjande arbeidet retta mot psykisk helse og overgangar. Vidare arbeider ein på tvers av tenesteområda når det kjem til læringsmiljø, psykisk helse og digital mobbing.

Det har teke tid å etablere gode og tenlege strukturar og rutinar, og sektoren justerer framleis der oppvektsjefen ser det er formålstenleg.

Gjennom 2016 er det arbeidd med kvalitetsplan for sektoren. Ein av intensjonane med planen er at den skal verke samlande for sektoren; ein felles plattform som på tvers av ulikt lovverk knyter tenestene saman. Planen skal bidra til heilskapleg og samordna innsats på tvers av ulike fagområde.

Helsestasjon

Helsestasjonen fekk i 2016 tildelt ei 50% stilling til psykisk helse for minoritetar. Samstundes vart det oppretta eit minoritetshelseteam med deltakarar frå barnevern, lege, helsesøster og rus- og psykisk helseteneste.

I 2016 vedtok Stortinget at alle kvinner fødd 1991 og seinare skal få tilbod om vaksine mot humant papillomavirus (HPV) som førebygging av livmorhalskreft. I Volda vart dette lagt til helsestasjonen. Satsing gjeld frå haust 2016 til sommar 2019. Det vart sett 400 vaksinedoser frå 1. november og ut året. Det fyl statlege midlar med gjennomføringa.

To helsesøstre starta ei skulering i NBO (newborn behavior observation) som gjeld tilknytning til dei minste barna.

I 2016 vart det tilsett kommunepsykolog. Dette er eit lågterskel tilbod til alle barn, ungdom og unge vaksne mellom 0 – 23 år med utfordringar i forhold til psykisk helse. 80 personar har fått eit tilbod i 2016.

Helsestasjonen gjennomførte prosjektet *Seksuell helse, fokus på prevensjon og familieplanlegging for personar med innvandrarakgrunn i Volda*. Dette resulterte i ein prosjektrapport, PowerPoint-presentasjon på tigrinja og somali og brosjyre på dei same språka. Prosjektet vart gjennomført med midlar frå Fylkesmannen.

Det var ein stor auke i talet på fødsjar i 2016: 114 fødsjar og 115 barn. Dette er ei auke på 18 fødsjar frå 2015.

Utfordringane for 2017 som i 2016 er å kunne gje tilbod i barselomsorga etter nasjonale retningslinjer og kunne betre skulehelsetenesta gjennom kommunen sine frie midlar og øyremerka midlar til helsestasjonen.

For 2017 er det eit mål å etablere elektronisk samhandling gjennom Norsk Helsenett med samarbeidspartane våre.

Barnehage

Kommunen har 13 heildagsbarnehagar, sju kommunale og seks private barnehagar. I tillegg til heildagsbarnehagar har kommunen *Volda opne barnehage* som er open ein dag i veka.

Omlag 180 fire- og femåringar i barnehagane fekk tilbod om symjeopplæring/vasstilvenning. Opplæringa er eit samarbeid mellom Volda kommune og VTI- Symjegruppa. 11 av 13 barnehagar er med på opplæringa. Dei barnehagane som ikkje var med, har egne opplegg.

Kommunen har god barnehagedekning. Det er auka pressområde på Mork/Egset, og ikkje alle barn i nærområdet får barnehageplass i Mork barnehage.

Oppvekstsjefen ser med uro på det fysiske miljøet barn og tilsette blir tilbydd i dei kommunale barnehagane. Barnehagane har trong for å betre det fysiske miljøet for å stette krava til ein moderne barnehage. Det er fleire kommunale barnehagar som ikkje har tilrettelagde arbeidsplassar til barnehagelærarane. Oppvekstsjefen er glad for at det i investeringsbudsjettet i økonomiplanperioden fram til 2020 er sett av midlar til ny barnehage i sentrum.

Dårleg utbygd infrastruktur i barnehagane gjer det vanskeleg å møte barna og dei tilsette sine behov for å nytte teknologiske hjelpemidlar i det daglege arbeidet.

Voldaprojektet er ein del av studien "Barn i Midt-Noreg". Prosjektperioden er frå 2013-2017 og alle barnehagane i Volda kommune er med. Prosjektet skal gje personalet i barnehagane meir kunnskap om psykisk helse hos barn i barnehagen. Det blir gjennomført forskning for å sjå effekten av opplæringa, og for å få meir informasjon om psykisk helse for barn i denne aldersgruppa.

Åtte av barnehagane i Volda kommune har gjennomført leiaropplæring «Kvalitet og leiing». Målet er å utvikle barnehagane i kommunen til meir lærande organisasjon gjennom tydeleg leiing og merksemd på kvaliteten i det daglege arbeidet med barna.

To av barnehagane deltek i den statlege satsinga *Kompetanse for mangfald*.

Alle yrkesgrupper i barnehagen har fått tilbod om kompetanseheving. Det er verd å nemne at omlag 35 barnehagelærarar fullførte mentorutdanning våren 2016.

Det er etablert nettverk for støttepedagogane i dei kommunale barnehagane der spesialpedagogane har ansvaret for det faglege arbeidet.

Våre satsingsområde dei siste åra: Voldaprojektet, mentorutdanning, Nytt på Nytt, leiaropplæring og assistentopplæring vil bidra til at vi skal nå målet om å tilby gode barnehagar med høg kvalitet. Vi meiner at kompetansehevinga vi har sett i gang på sikt vil lette arbeidet for dei tilsette og samtidig sikre kvaliteten overfor barn og føresette.

I 2016 vart det gjennomført tilsyn i tre barnehagar.

Grunnskule

Ny Øyra skule er ferdig med det første, og både elevar og tilsette gler seg over dette. Likevel er det med uro ein må konstatere at elevane i sentrum manglar tilfredsstillande kroppsøvningsfasilitetar som inkluderer basseng.

Også ved Volda ungdomsskule er det behov for utbetringar/rehabilitering for å kunne møte dei krava til standard og funksjonalitet ein set i dag. Oppvekstsjefen er glad for at det i investeringsbudsjettet i økonomiplanperioden fram til 2020 er sett av midlar til rehabilitering av bygget.

Ein avtale med Høgskulen i Volda gir skulane noko tid i bassenget på Idrettsbygget. Oppvekstsjefen skulle gjerne sett at elevane hadde meir tid i basseng for å kunne sikre at elevane har gode symjeferdigheiter og at ein elles har tilstrekkeleg tid til at elevane når dei nye kompetansemåla i læreplanen.

Dei eldste elevane på Øyra skule disponerer tid i Voldahallen. Det har gitt fleire elevar eit kroppsøvingstilbod innomhus.

Fem lærarar byrja i 2016 på vidareutdanning gjennom den statlege satsinga på vidareutdanning for lærarar: *Kompetanse for kvalitet*.

Våren 2016 starta vi opp Udir si satsing Vurdering for læring. Vi vidarefører nettverksarbeidet vårt på tvers av skulane. Alle skulane deltek, også Volda læringsssenter og Kulturskulen. Arbeidsmåten/strategien er kompetanseheving, utprøving og praksisendring. *Det overordna målet med satsinga er at skuleeigar og skular vidareutviklar ein vurderingspraksis som har læring som mål. Det skal skje gjennom auka kompetanse og auka forståing for vurdering som reiskap for læring.*

Det er etablert gode nettverk mellom skulane innan spesialundervisninga, språkopplæringa for elevar frå språklege minoritetar og psykisk helse.

Saman med to barnehagar og Volda læringsssenter deltek to av grunnskulane i den statlege satsinga *Kompetanse for mangfald*. Målet med satsinga er at tilsette i barnehagar og skular skal vere i stand til å støtte barn, elevar og vaksne med minoritetsbakgrunn på ein måte som fører til at desse i størst mogeleg grad fullfører og står utdanningsløpet.

I 2016 vart det utarbeidd ein IKT-strategi for grunnskulane. Strategien har elevane si læring som mål, der Ipad skal nyttast som verkty i grunnleggande lese-, skrive-, og rekneopplæring i 1.-4. klasse. Ein har som mål å styrke den ordinære undervisninga for å femne om fleire av elevane for slik å redusere behovet for spesialundervisning.

Vaksenopplæring

Grunna den ekstraordinære situasjonen knytta til unormal stor tilstrøyming av asylsøkarar 2015 og første halvdel 2016, har aktiviteten også i 2016 vore høg ved Volda læringsssenter. Volda læringsssenter tilbyr grunnskuleopplæring for vaksne og norskopplæring for innvandrarar og asylsøkarar i mottak, og har ansvaret for busetting og kvalifisering. Verksemda har i 2016 auka busettingstalet av vaksne, og for første gong også busett einslege mindreårig. VLS busette 34 personar i 2016, av dei 4 einslege mindreårige. I tillegg kom det 15 familieinnvandringar. Dette utgjer ei samla busetting for 2016 på 49 personar. I 2016 kom 59 % av dei busette flyktningane seg ut i skule/arbeid to månader etter enda

introduksjonsprogram. Ein får berre rekne overgang til utdanning frå og med vidaregåande skule, men om ein reknar med overgang til grunnskule, ligg resultatet på 83%. Desember 2016 vart det ordinære mottaket i Volda lagt ned med verknad frå 01.03.17. Det gir ein viss reduksjon i aktiviteten ved senteret knytta til asylsøkarar, men ein auke i busetting av vaksne innvandrarakar bidreg til å halde oppe ei høg drift ved senteret.








Kulturskule












I 2016 hadde Kulturskulen ein auke i talet på søknader, og skuleåret starta med ca. 40 elevar på venteliste. I tillegg til skulen sitt tradisjonelle arbeid med musikk og kunstfag, er det sett i gong ulike prosjekt; MOSAIK-Volda har som mål å engasjere og integrere flyktingar og innvandrarakar. Dette blir organisert m.a. i samarbeid med Volda læringscenter og Øyra skule.




Skulen har og eit fruktbart samarbeid med Sunnmøre kammermusikkfestival og med Volda skulekorps. Fram mot UKM er det og sett i gang eit prosjekt i samarbeid med leiar for ungdomsklubben.

Skulen har vidare eit nært samarbeid med Ørsta kulturskule om m.a. kunstfag og Sunnmøre ungdomssymfoniorkester. Skulen har skrikande behov for nye lokale og ein ser fram til å flytte i løpet av våren 2017. Dei nye lokala på Øyra skule opnar for nye muligheter både for undervisning, organisering og samarbeid.

Måloppnåing 2016

MÅL 2016	RESULTAT	KOMMENTAR
Barnehageplassar til alle, også til dei som ikkje har lovfesta rett til barnehageplass.		
Informasjon på kommunen sine heimesider skal vere oppdatert.		
Gjennomføre fire tilsyn etter barnehagelova.		Det vart gjennomført tre tilsyn
Oppdage barn som treng ekstra hjelp og støtte tidleg ved hjelp av kompetanseheving.		Opplæring og oppvekst er inne i fleire prosjekt i dette arbeidet som, Tidleg inn, Volda prosjektet og Zippys venner.
50 % pedagogtettleik i dei kommunale barnehagane		
Gjennom formaliserte prosedyrar sikre ein god overgang mellom barnehage og skule.		
Redusere sjukefråværet med 10 %		Sjukefråværet er redusert, men målet vart ikkje nådd

MÅL 2016	RESULTAT	KOMMENTAR
Medarbeidersamtale med alle tilsette etter oppsett plan.		
Grunnskulepoeng og resultat på eksamen skal vere høgare enn fylkes- og landsgjennomsnittet.		
Talet på elevar som på dei nasjonale prøvene presterer på meistringsnivå 1 i 5. klasse og meistringsnivå 1 og 2 i 8. og 9. klasse, skal reduserast med 15 % samanlikna med sist skuleår.		I hovudsak er måla her nådde
Voldaskulen skal syne framgang i rekning på dei nasjonale prøvene samanlikna med 2015.		
Ei styrking av den ordinære undervisninga skal redusere behovet for spesialundervisning.		Innanfor tildelt ramme er det krevjande å finne midlar til styrking av det ordinære tilbodet.
Volda skal ha ei skulefritidsordning som støttar opp under den språklege og sosiale utviklinga til elevane.		Kanskje særleg for born frå språklege minoritetar er SFO ein viktig arena med omsyn til språkleg utvikling.
60 % av deltakarane i introduksjonsprogram skal gå over til arbeid eller vidaregåande utdanning etter avslutta program.		
Alle einslege mindreårige flyktingar skal gå ut med grunnskuleeksamen som kvalifiserer til vidaregåande skulegang og utdanning.		
Etablere/vidareføre gruppetilbod <ul style="list-style-type: none"> ✓ Etablere barselgrupper til ei permanent ordning ✓ Jentegrupper i ungdomsskulen – 2 pr år ✓ Etablere grupper for barn som opplever skilsmisse – ei gruppe i 2016 		
Styrke innbyggjarane sin kunnskap om kosthaldet og aktivitet gjennom tverrfagleg samarbeid inn mot foreldre til 1. klassingar.		
Barselomsorga skal følgje nasjonal fagleg retningslinje.		

MÅL 2016	RESULTAT	KOMMENTAR
Rekruttere kommunepsykolog		
Utarbeide rammeplan og mål for kulturskuledrifta		
Utarbeide oppvekstplan for sektoren		Planen fekk namnet <i>Kvalitetsplan</i> , og vart vedteke i kommunestyret i januar 2017.

4.6 HELSE OG OMSORG

Sektor	Regnskap 2016	Budsjett 2016	Avvik
Helse og omsorg	184 605 095	182 637 411	1 967 684

Økonomi

Til 2016 fekk sektoren tilført 16,95 årsverk + 4,75 årsverk som ikkje er effektuerte pga at Doktorhaugen endå ikkje er bygd. Resultat for heile sektoren viser ved årsslutt eit meirforbruk på kr. 1.967.684,-. Nokre tenester er forvalta innanfor tildelt ramme, andre har gått utover tildelt ramme. Av store årsaker til meirforbruk kan nemnast nettokostnad ca 880.000 i høve arbeidsmiljøkartlegginga. Husleige for legesenter har tidlegare gått inn og saldert meirforbruk i sektoren. For 2016 er husleige belasta sektoren til fordel for eigedomsavdelinga, dermed vart husleige ein kostnad på ca. 840.000 i staden for inntekt som tidlegare. Sektoren har og hatt utgifter på i overkant av ein million i forbindelse med eit avslutta arbeidsforhold.

Undervegs i 2016 måtte avlastingsstenesta utvide med ein barnebustad nr 2. Dette, ilag med andre utfordringar i den tenesta, har medført eit meirforbruk der med om lag 1,5 mill. Krav om konsesjon for levering av BPA tenester har gitt ekstrakostnader med om lag 600.000,-. At kommunen ikkje lenger kan sende refusjonskrav pga vertskommunestatusen, har gitt auke i nettoforbruket med om lag 2 mill. kroner.

Forbruk på ekstrainnleige og overtid har gått ned samanlikna med 2015, men er fortsatt høgt. Vi erfarte at presset på nokre tenester auka utetter året. Dette har nok fleire forklaringar, men samhandlingsreforma har gitt kommunen oppgåver som sjukehuset tidlegare hadde. Dette gjer at bebuarane på institusjon er dårlegare enn for kort tid sidan. Utfordringane forskyver seg nedover i behandlingstrappa, både til dei døgnbemanna omsorgsbustadane og vidare utover til heimebaserte tenester. Ofte er utfordringane så store at dei faglege leiarane meiner det er uforsvarleg å ikkje leige inn noko ekstra.

Folkehelse

Folkehelse skal stå sentralt i all planlegging av helse- og omsorgstenester og for innbyggjarane i Volda. Folkehelsearbeid er omtalt i dei politisk vedtekne sentrale planane for sektor helse- og omsorg, omsorgsplan og demensplan. Sektoren har mange lågterskeltilbod. Fleire ulike dagtilbod /aktiviseringstilbod med m.a. turar ut, middag utandørs med tilbereding av mat på bålpanne, scootertur, trimgrupper, balansetrening for heimebuande. Samarbeid Styrk og Hamna dagsenter med utlevering av strøbøtter, kulturelle spaserstokk og rullatormaraton. Rehabiliteringstilbod gjennom Klokkarstova inkludert fysioterapitilbod, vidare satsing med styrking av kvardagsrehabilitering. Etablerte tilbod som førebyggjande heimebesøk og Frisklivssentralen sine gode tilbod. I tillegg arrangerer ein ulike kulturopplevingane som konsertar, sangstunder, filmar på storskjerm m.m. Med kunnskap om

kor viktig ernæring er, burde ein kanskje i større grad nytta kompetansen på sentralkjøkkenet meir inn mot den store gruppa heimebuande eldre personar.

Årsverk og stillingar/Organisering

Sektoren er delt inn i åtte einingar under sektorsjef. I tillegg er det teamleiarfunksjonar under einingsleiarane. I 2016 var det utskifting av to einingsleiarar, teamleiarane er på plass, men nokre kontinuitetsutfordringar på nokre av dei av ulike årsaker.

Tenestene i sektoren er mange, det er støttekontakt, omsorgsløn, brukarstyrt personleg funksjonshemma og tenesta for psykisk helse. HO har utleige av 154 omsorgsbustader og yter tenester til bebuarane i bustadane. I tillegg yter Helse og omsorg assistanse og ulike avlastingstilbod. Vi har tilbod om dagsenter for eldre og dagsenter/møteplass for personar med psykiske vanskar og Hamna dagsenter. Vi yter hjelp i heimen på ulike nivå som heimehjelp, opplæring, heimesjukepleie, tryggleiksalarm, matlevering, kvardagsrehabilitering m.m. Nytt i 2016 var gjennomføring av konsesjon for levering av brukarstyrt personleg assistanse (BPA).

Sektoren har utleigeansvaret for alle dei andre kommunale utleigebustadane, i tett samarbeid med andre kommunale sektorar. Gjennom interne prosessar og omdisponeringar vart det av eksisterande ressursar frigjort ressursar til 50% fysioterapeut, 75% sjukepleiar til heimebasert teneste, 2 x 20 frivilligskoordinatorar og ressursar til å etablere demensteam og styrke kvardagsrehabilitering. Dei sjukaste og mest hjelpetrengande eldre får hjelp på sjukeheimen.

Tabell under viser at årsverk og stillingar i sektoren med følgjande spesifikasjonar:

Tal tilsette	Kjønn K/M	Stillingsstorleik 50%>	Totalt årsverk
389	343K/ 46M	62	271,87

Faste tilsette som fekk auka stilling i 2015:

Tal tilsette	Kjønn K/M	Gjennomsnitt % auke	Samla omgjerding til faste stillingar
22	21K/ 1M	20	442%

Ved utgangen av året var det 10 lærlingar i sektoren, derav ein på sentralkjøkkenet.

Årsverk administrasjon/fellestenester: 80% kontor/sentralbord, 2 årsverk leiarstillingar, 1,2 årsverk sekretær, 3 årsverk sakshandsamar, 50% kreftkoordinator, 60% bustadkoordinator, 1 årsverk sjåfør, 2 årsverk teknisk drift og hjelpemiddel, 60% datakonsulent og 75% vaskeri.

Kontinuerleg utviklingsarbeid pregar kvardagen på dei fleste områder. Dette gjeld både i høve tenesteutfordringar, samhandlingsreforma, teknologiske løysingar, økonomiforvaltning og organisering av sektoren. Tildelingskontoret har med all forvaltning av plassar og fullført sakshandsaming med tildeling av tenester. Det er fatta 1110 tenestevedtak i 2016 (774 i 2015). Av desse har 31 fått avslag. Funksjonen *koordinerande eining (KE)* er knytt til tildelingskontoret. Elektronisk samhandling over Helsenet gjennom GericaElinker er vidare utvikla i 2016, og slik kommunikasjon har blitt sentralt og viktig i forvaltninga. Vi ser ein sterk vekst i denne kommunikasjonsforma. I 2015 var det begrensa statistikk ein fekk ut, i 2016 var det betre. Her er eit utval av dei det vart kommunisert mest med, men samla var det 19 ulike aktørar ein mottok eller sende meldingar til.

	Volda sj.hus		Volda legesent.		Apotek		Ålesund sj.hus		Samla	
	Mottatt	Sendt	Mottatt	Sendt	Mottatt	Sendt	Mottatt	Sendt	Mottatt	Sendt
2015			1281	1602					5082	2151
2016	3185	1023	2130	2400	854	5	447	120	7272	3855

Sjukefråvær

Det samla sjukefråværet for 2016 i dei ulike einingane varierer frå 1,56% til 13,84%, men i snitt har fråværet vore på 9,56 % i 2016, ein nedgang på 1,59 % frå 2015. Samla er sjukefråværet to siste åra gått ned 3,08 %. Tenesteytinga i avdelinga er fysisk krevjande og vi ser at langtidsfråværet 17- 56 dagar og 56 < utgjør heile 79,5% av fråværet (74% i 2015). Vi har mange tilsette som har jobba i omsorgsyrket ei årrekkje. Mange har kroniske slitasjeskader og mange av desse jobbar på sjukeheimen. At langtidsfråværet aukar er ein urovekkande tendens, då dette uroar om ein reflekterer over tilgjengeleg kompetanse og utvikling i høve meir krevjande jobbsituasjon. Det er viktig at vi har ei ordning med tett oppfølging av dei sjukemelde og at dei vert erstatta av gode vikarar/ fleksipleiarar.

Etikk

Gjennom arbeidet vert ein ofte utfordra på etikk. Det gjeld både i høve forvaltning og tenesteyting. Dei etiske retningslinene er tema både i leiarmøte og personalmøte i dei ulike einingane. Retningslinene er kjende og vert følgde.

Kreftkoordinator

Prosjektmidlar frå Kreftforeininga frå oktober 2012 medførte oppretting av *kreftkoordinatorstilling* i 50 %. Tilskotet frå Kreftforeininga vert gradvis fasa ut. Ein er no inne i nest siste år med tilskot, men stillinga vert vidareført med opptrapping av kommunale

midlar. Målet er at pasientar, pårørande og tilsette kan få råd, rettleiing, samtalar og sikre trygg og heilskapleg omsorg. Koordinatoren har vore med å utarbeide palliativ plan saman med andre koordinatarar i Sjustjerna.

Arbeidsmiljøkartlegging starta hausten -15 med bakgrunn i at rådmannen fekk eit brev frå hovudtillitsvalte og verneombod, der dei uttrykte bekymring for det dei meinte om at fryktkultur var under utvikling. Rådmannen engasjerte Stamina Helse i prosessen med å kartlegge forholda i helse og omsorg, ved å gjennomføre ei stor arbeidsmiljøundersøking. Med bakgrunn i Staminarapportar om den einskilde eining, er det utarbeidd handlingsplanar på områder ein har vorte samde om må jobbast med. Både administrasjon, tillitsvalde og verneombod har vore i prosess om handlingsplanane. I alle einingane er ein godt i gang med forbetningsarbeid. Det har vore holdt møte der rådmann og personalsjef har fått presentert samtlege handlingsplanar og prosessar.

Kompetanseheving

Rekruttering av kvalifisert personell på alle nivå er utfordrande. Ekstra utfordrande er det der nye oppgåver skal løysast. Samhandlingsreforma utfordrar kommunen på fleire områder, ikkje alle konsekvensar er lette å føresjå. Vi har hatt fleksipleiarar i fleire år. Dette er i stor grad med å sikre kvalifiserte vikarar i store stillingar. I tillegg er det ein god måte å rekruttere fagfolk inn i faste stillingar etter ei fartstid som fleksipleiar.

Det er høgt fokus på kompetanseheving, både for dei med høgskuleutdanning frå før og for dei med grunntdanning på lågare nivå. Gjennom ”*Kompetanseløftet 2015*” har vi fått tilskot til ein tilsett som har fullført vidareutdanning i kreftomsorg/ lindrande behandling. Frivillegkoordinatorane starta vidareutdanning ved Verdighetsenteret i Bergen. Vidare har ein fått tilskot til fylgjande:

- Ein person tverrfagleg vidareutdanning i psykososialt arbeid med barn og unge
- Midlar til tre personar, vidareutdanning i sakshandsaming på høgskulenivå
- Midlar til ein person, vidareutdanning i habilitering/ rehabilitering og ein på kvardagsrehabilitering.
- Ein person, vidareutdanning i leiing, 10 personar på teiknspråkkurs.

I tillegg fekk kommunen midlar til sju innovasjonsprosjekt:

Kvardagsrehabilitering (50.000,-), Ernæring til personar med demens (100.000,-), ernæring (135.000,-), rekrutteringspatrolje (50.000,-), utvikling av skulehelsetenesta (75.000,-), aktiv kvardag (100.000,-) og førebyggjande heimebesøk (50.000,-).

I sektoren har 44 personar gjennomført læringsverktøyet «demensomsorgens ABC, perm 1». Same verkty, perm 2 har 17 personar gjennomført og «eldreomsorgens ABC psykiske lidningar i eldre år» har 11 personar gjennomført.

I 2016 kom sektoren skikkeleg i gang med e-læring. Avtale med Norsk Helse Informatikk, der vi har kjøpt tett på 100 lisensar. Spesielt opplæring i høve samtykkekompetanse og lovverket omkring bruken av tvang har vore pålagt tilsette å ta.

I 2016 vart *Gerica Plassadministrasjon* tatt i bruk. Med dette kan ein få oversikt på kven som ligg på dei forskjellige romma på sjukeheimen. I tillegg er ein ny laboriemodul tatt i bruk og rett før sommaren vart ny «tiltaksplan» tatt i bruk. Alle endringar krev omfattande opplæring. Om lag 50 interne opplæringssamlingar har blitt holdt i 2016 berre på Gerica.

Nytt pasientvarslingsanlegg vart tatt i bruk på omsorgssenteret, Fjordsyn og Barstadtun, medan Folkestadtun og Mork bustader avventa å ta dette i bruk i påvente av løysing som også inkluderer varsling via GSM- nettet. Erfaringane har vore at det skulle vore lagt endå meir vekt på opplæring, då mange «problem» har vist seg å vere brukarfeil. Anlegget har vist seg svært stabilt, det har ikkje vore ute av drift etter driftstart. Saman med nytt pasientvarslingsanlegg vart det investert i trådløst nett i alle bygga. Nyleg vart det opna trådløst gjestenett, noko som både besøkande og bebuarar kan nyte godt av. Nye digitale tryggleiksalarmar skulle kjøpast inn i 2016, men dette innkjøpet har drege ut i tid. Volda er med i innkjøpssamarbeid med Ålesund, og har vore med i prosess saman med fleire andre kommunar og ALV for denne anskaffinga. Denne anskaffinga er nyleg gjennomført, så kommunen kan no straks gå i gang med å fornye tryggleiksalarmane. Dette vil og vere avgjerande for anna type velferdsteknologi brukt rundt i kommunen..

Støttekontakt, avlastingstiltak for barn/ unge, brukarstyrt personleg assistanse og omsorgsløn

I løpet av 2016 hadde 127 personar vedtak om støttekontakt i kortare og lengre periodar. Åtte familiar hadde privat avlasting og 12 hadde avlasting i den kommunale avlastingstenesta. To barn bur i barnebustad. Åtte personar er tildelt praktisk bistand i form av brukarstyrt personleg assistanse, i to av tiltaka er det inngått avtale med ekstern leverandør etter kommunen har gitt fleire konsesjon for å levere denne tenesta. 27 personar fekk omsorgsløn for tyngjande omsorgsarbeid for heile eller deler av året.

Felles kommuneoverlege

Kommuneoverlegen er administrativt underlagt helse- og omsorgssjefen. Han har gjennom 2016 hatt stort fokus på samfunnsmedisinske utfordringar, beredskap og overvaking, sakshandsaming og rådgjeving. Av saker kommuneoverlegen har arbeidd med kan nemnast:

- Ombygging av Volda legesenter og mottak av turnuslege,
- Deltaking i drøftingar i Sjustjerna i høve framtidig legevaktsentral på Søre Sunnmøre.
- Deltaking i Sjustjerna omsorg og Sunnmøre regionråd si samhandlingsgruppe
- Arbeidd for å vidareutvikle felles akuttmottak(FAM) og akuttfunksjonane ved Volda sjukehus.
- Vore med i planarbeid og ressursgruppe for felles palliativt prosjekt «Det gode liv – heile livet» for Sjustjernekommunane og Helse MR/ Volda sjukehus.
- I regi av Sjustjerna i samarbeid med Volda sjukehus og Høgskulen i Volda planlegge og gjennomføre fagdagen ”friskliv og meistring i eit endringsperspektiv”.

- Utpeika av KS til å vere med å reforhandle samhandlingsavtalen mellom kommunane i Møre og Romsdal og HF til å omfatte 24 timars Øhjelp innanfor rus og psykisk helse.
- Sakshandsaming i fleire samhandlingssaker mellom kommunane og HF
- Arbeidd i høve tilsyn, systemrevisjon og godkjenningssaker innanfor miljøretta helsevern i skular og barnehagar.
- Jobba mykje i høve utfordringar på smittevern, spesielt knytt mot auke i innvandring og asylmottak.
- Tatt ansvar i fråvær av folkehelsekoordinator, m.a. opp mot «Sunne kommuner».
- Utarbeidd og fått vedteke «funksjon, rolle og delegasjonar for kommuneoverlegen i Volda».

Sentralkjøkkenet

Sentralkjøkkenet har jamn leveranse til ca 180 porsjonar fullkost dagleg til sjukeheimen og omsorgsbustader. Frå hausten 2016 har kjøkkenet levert varmt måltid til barnehagane Engeset, Oppigarden og Sollia. I tillegg har dei levering til Hamna Kantinedrift. Sal i kantina, catering og matombering er mindre endringar siste året.

Når det gjeld klimaplan, jobbar kjøkkenet hardt med plastinnsamling. All plast frå innkjøpsemballasje vert samla inn, dagleg omkring ein storsekk til resirkulering. Kjøkkenet har og vorte bevisste på å bruke netthandel. Alle innkjøp skjer som regel som netthandel etter dei avtalar som ein er ein del av. På denne måten oppnår ein ekstra rabatt i forhold til vedtekne og inngåtte prisar. Kjøkkenet opplever stadig dyrare reparasjonar på produksjonsutstyret. Utstyret er no snart 13 år gammalt og behovet for fornying er merkbart.

Hjelpemiddelformidling

Arbeidet er i hovudsak montering, utlevering, gi opplæring i bruk, innhenting og reparasjon av hjelpemiddel som forlenga arm til hjelpemiddelsentralen i Møre og Romsdal. I tillegg har ein ansvar for internkontroll og dokumenstasjon på kommunalt medisinteknisk utstyr. Det er auke i talet aktive brukarar i 2016, og talet hjelpemiddel inn og ut er høgt, men lågare enn i 2015. Gode og tilgjengelege hjelpemiddel er ofte nøkkelen til å kunne gi teneste på lågast mogleg nivå, og at folk dermed kan bu lenger i eigen heim.

Årstal Volda	Folke- Tal	Tal aktive brukarar	Brukarar i % av folketal	Brukarar med utlån	Nye brukarar	Hjelpe- middel utlevert	Innlevert hjelpe- middel	Samla verdi for utlevering
2011	8573	798	9,3	247	66	1651	461	5.154.062
2012	8650	782	9,0	265	72	1774	656	6.382.866
2013	8827	734	8,3	278	84	1607	1283	4.810.025
2014	8909	912	10	249	59	1522	746	4.833.667
2015	8990	997	11,1			2588	1525	5.066.335
2016	9060	1051	11,5		81	1676	814	5.967.236

Nav Hjelpem.sentral Møre og Romsdal - kommunestatestikk for Volda 2011, 2012, 2013,2014, 2015 og 2016. Kjelde: Fylkesstatistikk

Byggjetiltak og planar

Sektor helse- og omsorg disponerer 154 omsorgsbustadar, same som i 2015. Av desse er 19 bustader for utviklingshemma. Det er 13 bustadar til personar med psykiske vanskar. Dei andre bustadane er til eldreføremål. Talet bueiningar ved Mork bustader er redusert til 17 bustader. Planar og teikningar for bygging av fem nye omsorgsbustader for utviklingshemma har blitt forseinka. Dei skulle etter planen stå klare i okt-16, men fortsatt er det uvisse om kvar dei vert bygde og kor mange. Bygginga av dei sju planlagde ROP-bustader (rus- og psykisk helse) oppe på Rotset er i gang. Legesenteret var ombygd etter planen til mottak av turnuslege. Sektoren har vanskar med å tilby gode kontorfunksjonar til alle tilsette. Talet tilsette med kontorbehov har auka siste åra, mellom anna i rus- og psykisk helseteneste, Styrk vart flytta frå Maurtua, fleire fysioterapeutar og ergoterapeutar, samt tildelingskontoret har fleire tilsette. I ei overgangsperiode har ting fungert, men merkar no situasjonen ikkje er haldbar. Utviding av barneavlasting er vedtatt og snart satt i «produksjon».

Sjukeheimen 2. g 3. etg

Sjukeheimen har 74 pasientrom med 77 plassar i døgntinuerleg teneste. I 3.etg er 4 bugrupper. Klokkarstova er ”forsterka” bugruppe der ein tek imot utskrivingsklare pasientar og Øyeblikkeleg hjelp (ØH) pasientar. Kapasiteten på Klokkarstova er 9 rom med 12 plassar, der 1,5 av desse plassane skal vere tilgjengelege til ØH-pasientar. Kommunen får tilskot frå Helse- og omsorgsdepartementet og Helse Møre og Romsdal for ØH-plassane (øyeblikkeleg hjelp).

Andre etg. har 37 plassar for aldersdemente (18 av dei skjerma), fordelt på fire bugrupper.

I 2. etg opplever ein stadig at einskilde brukarar har behov for ekstra oppfølging/ tilsyn. Grunnbemanninga på kveldstid og i helgar har vorte noko styrka siste to åra. Styrkinga er eit resultat av at ein heile tida har utfordrande pasientsituasjonar der ein har måtte løyse utfordringane med ekstra innleige. Terskelen for ytterlegare ekstra innleige er no endra, men det vil likevel kunne skje. Dersom skjerming krev 24 timar tilsyn på ein person, vil likevel måtte leige inn ekstra ressurs. Uansett har auken av grunnbemanning medført meir stabilitet og auka kompetanse, noko som er sentralt for å handtere desse utfordringane.

Stillinga for sjukeheimslege har vore 80 %, noko ein erfarer det er behov for. Endringane, spesielt knytt til Klokkarstova, skjer fort, så legekompentansen er avgjerande for å gi forsvarlege tenester.

Tal liggedøgn viser auke på bruk av langtids plassar, auke i korttidsopphald og auke i avlasting på institusjon for pårørande (i tillegg kjem avlasting gitt i omsorgsbustader). Bruken av institusjonsplassane i 2016 viser at det er fleire som har budd på institusjonen samanlikna med 2015. Dette er i tråd med oppfatninga, der ein har opplevd å eit auka trykk på ledige plassar. Dette er utfordrande, då fleksibiliteten ein treng for å heile tida kunne handtere situasjonar som oppstår, vert vanskeleg og faren for å ikkje kunne ta imot utskrivningsklare pasientar aukar. Dette har konsekvensar for etterspurnad på heimebaserte tenester og kva utfordringar dei heimebaserte tenestene må løyse. Øyeblikkeleg hjelp (ØH) harantal overnattingsdøgn gått litt ned frå 2015.

Type teneste	2016	2015	2014	2013	2012
Langtidsopphald	23091	22.660	23.503	23.096	23.282
Korttidsopphald	2867	2416	2.641	3.144	2.866
Avlastingsopphald for pårørande	212	162	186	305	163
Øyeblikkeleg hjelp(ØH)	127	142	104	99	
Samla beleggprosent	97,36	93,96	97,86	98,64	97,41
Liggedøgn totalt	26297	25.380	26.434	26.644	26.311

Matematisk kapasitet liggedøgn på sjukeheimen i høve tal rom er 27.010 pr. år. Det kan i tillegg leggst inn 3 pasientar ekstra på dobbeltrom ved behov på Klokkarstova. Kommunen tok imot alle utskrivningsklare pasientar frå sjukehus i 2016.

Øyeblikkeleg hjelp

Som statistikken over viser var ØH- tilbodet nytta 127 døgn i 2016. Brukarane varierer i alder frå 50- 89 år. Årsaker til innlegging har vore:

	Fall	Smerte	Rus	Sosialt	Infeksjon	Palliasjon	Demens	Anna	Samla
2014	13	5	2	4	9	2	3	2	40
2015	9	8	6	8	15	2		1	49
2016	8	5	0	4	14			16	47

Heimetenestene

Eininga omfattar ansvar for alle heimebuande i heile kommunen, samt Folkestadun, legeloftet og Dagsenteret for eldre.

Eininga hadde i løpet av 2016 ytt helsetenester i heimen til 272 brukarar. 129 brukarar har hatt praktisk bistand, 85 brukarar har tryggleiksalarm og 14 har levering av varm mat. Nokre brukarar har fleire av desse tenestene.

Utetenesta er delt inn i to grupper med kvar sin teamleiar, og har delt kommunen geografisk mellom seg. Samhandlingsreforma har medført auka direkte utskriving av pasientar frå sjukehus til heimen/omsorgsbustad. Dette utfordrar kompetansen i heimetenesta. Ansvarleg sjukepleiar på kvar vakt må ofte ringe, eller får telefon, frå sjukehuset i Volda, palliativt team eller Volda legesenter. Slik samhandling er viktig for å sikre gode tenester. Likeeins kan alle andre tilsette i utesona ta kontakt med ansvarsvakt for vurderingshjelp, behov for legetilsyn med meir. Eininga har stor nytte av samarbeidet med kreftkoordinator.

Eininga har jobba med kvardagsrehabilitering, ei tverrfagleg satsing der også ergoterapeut og fysioterapeut samarbeider om å gi intensiv og spesifikk trening på sjølvhjelpsferdigheiter. Innsatsen skal primært betre mulighetene for pasienten til å kunne bu heime lenger.

2016 var femte året det vart gjennomført kartleggings/- informasjonsbesøk til 80 åringar som bur heime i eigen heim. Samtlege 80- åringar takka ja til besøket.

Dagsenteret for eldre

Gjennom året har dei hatt 41 brukarar. Ved utgangen av 2016 var det 29 personar med innvilga tilbod fordelt på to ”stover”. Dagsenteret har fire årsverk. Salsinntektene er låge, då den typiske ”produksjonsaktiviteten” går ned i takt med brukarane si helse. Brukargruppa har hatt eit alders- spenn på nesten 40 år, dette utfordrar tiltaket når det gjeld å finne gruppeaktivitetar som femner alle. Dagsenteret jobbar målretta med å utvikle nye og tilrettelagde aktivitetar, der fokuset er retta mot fysisk aktivitet og tilbod om aktivitetar ute i frisk luft. Dette er viktige fokusområder og i tråd med strategien om at enkeltpersonar skal kunne bu heime lengst mogleg.

Heimetenestene, omsorgsbustader

Denne eininga har ansvar for Fjordsyn, Barstadtun og Mork bustader. Kvar av bustadane har ein teamleiar.

Eininga har 45 årsverk, eininga med flest tilsette i sektoren. Til saman har dei tre bustadane 79 husvere. I nokre av leilegheitene bur ektepar, slik at talet brukarar kan variere.

På grunn av ledig kapasitet på bemanna omsorgsbustader vart det hausten 2015 starta prosess for å dreie ressursar frå Mork bustader og over til kvardagsrehabilitering, demensteam, frivilligkoordinatorar og ambulerande heimetenester. I januar 2016 vart bemanninga ved Mork redusert med 2,25 årsverk og åtte plassar som allereie sto ledig er ikkje tekne i bruk etter dette.

På fagsida har det vore jobba med sjølvstudieopplegget demensomsorgens ABC opplegg frå Aldring og Helse. 29 av dei 62 fast tilsette starta ABC- perm om demensomsorg eller

psykiske sjukdomar i eldre år. Vidare har det vore fokus på etiske retningslinjer, retningslinjer for sosilae media og rutinar for avvikshandtering.

Butenesta for funksjonshemma

Eininga består av tre samlokaliserte bukomples med fleire omsorgsbustader, Sevrinhaugen 1, Kleppevegen 1 og Bømarka 8. Eininga har auka med to brukarar og har samla 33 brukarar. 17 av dei bur i samlokaliserte kommunale omsorgsbustader, 16 i egne leilegheiter. Tenesteomfang varierer frå to timar i veka til teneste gjennom heile døgnet. Dei tre bukomples har blitt meir samkøyrde gjennom året, slik at personalet blir nytta på tvers av bustadane og på dagtid ved Hamna Dagsenter/ avlastinga for barn og unge. Dette er mogleg fordi dei tilsette utviser stor fleksibilitet og positivitet. Dei tilførte ressursane medførte drift innanfor ramma, til tross også for at to nye brukarar kom til i løpet av året.

Tenesta for funksjonshemma

Denne eininga består av Hamna dagsenter og avlastingstenesta for barn og unge. Hamna dagsenter har hatt 26 brukarar gjennom 2016. 8 av dei er frå Ørsta, 18 frå Volda. Tilbodet vert individuelt tilrettelagde utifrå den einkilde sine behov for aktivisering, trening, arbeid og meistring. Det vert lagt stor vekt på fysisk aktivitet. Menneske med utviklingshemming er ofte inaktive grunna nedsett fysisk funksjonsevne og treng difor ekstra motivasjon og tilrettelegging. Aktivitetar som vedproduksjon, riding, symjing, turar i skog og mark, postrunder, fotball, trening inne i sal, sansetrening, spenningskurs på Bjorli og mykje meir, gir både meining og fysisk aktivitet.

Hovudmålsettinga med avlastingstilbodet for born og unge er å gi avkopling og kvile for foreldra. For at foreldre skal oppleve at det er godt for dei at borna er på avlasting, er det viktig at innhaldet i avlastinga er tilrettelagt slik at borna trivast og på dette viset gjere foreldra trygge på at borna blir tatt godt vare på.

Det er no 11 barn som får avlastingstilbod der. Sidan 2015 er nokre tiltak avslutta, men nye og meir omfattande tiltak har kome til. Det er etablert to barnebustader der.

Rus- og psykisk helseteneste

Eininga består av psykisk helseteam, rustenesta, døgnbemanna omsorgsbustader, dagtilbodet Gnisten og arbeidstilbodet STYRK.

Eininga hadde samla 239 brukarar som nytta dei ulike tenestene i 2016, ein auke med 27 personar frå 2015.

Samhandlingsreforma gir auka press på dei kommunal tenestene på grunn av reduksjon i liggedøgn i spesialisthelsetenesta, auka poliklinisk behandling og heimebehandling. Det er auka etterspurnad og behov for fleire døgnbemanna bustader til personar i målgruppa.

Auka etterspurnad gjer at tenesta i 2016 gav bistand frå base i døgnbemanna bustad til 23 brukarar, ein auke på fem frå 2015. Sju av desse bur ikkje i omsorgsbustad. For personar med rusmiddelproblem eller psykiske lidingar er bustad ofte ein føresetnad for å kunne setje i verk

og lukkast med behandling og oppfølgingsteneste. Gjennom endringane som kjem i forskrift om kommunal betaling for utskrivningsklare pasientar i 2017, ligg det klar forventning om adekvat bustad i form av bustad med bemanning for å kunne ta imot utskrivningsklare pasientar raskt og hindre nye innleggingar. Forslag om tre karensdagar, mot ein i somatikken, før betalingsplikta vil slå inn. Pågåande oppføring av ROP bustader er viktig og spanande.

I løpet av 2016 har Psykisk helseteam gitt tilbod til 112 brukarar. 35 av desse var nyttilviste og 31 vart avslutta i løpet av året.

Rustenesta gav tilbod til 59 brukarar i 2016. Det vart tilvist 15 nye brukarar og 15 vart avslutta. 34 av desse er i kategori alvorlege og langvarige problem/ lidingar, dvs tidkrevjande utfordringar omkring. Ein konsekvens er mindre tid å jobbe førebyggjande.

Gnisten hadde ved årsskiftet 32 aktive brukarar, 10 fleire enn i 2015. Lokala er små, og kapasiteten sprengt, dette fører til utfordringar både for tilsette og brukarar. Det er behov for nye, permanente lokalar. Avsette midlar til ombygging i 2017/2018, men innspel på nyåret gjer at ny runde må takast på lokalisering. Dette skaper uro hjå tilsette og brukarar.

STYRK-arbeid er eit lavterskel arbeid- og aktivitetstilbod. Styrk arbeid gav tilbod om arbeidstrening til 13 personar i 2016. Seks avslutta i løpet av året på grunn av m.a. overgang til ordinært arbeid (1), skulegang (1), andre NAV-tiltak (2) og anna tilpassa opplegg (1).

Tenesta er aktiv i ei tverrsektoriell arbeidsgruppe som arbeider med betre gjennomstrøyming i dei kommunale gjennomgangsbustadane. Etter avslutta prosjektperiode (oppstart 2013) held arbeidet fram med ei fast 60% stilling frå hausten 2016 for å vidareføre arbeidet.

Førebygging, rehabilitering og legeteneste

Eininga inkluderer frisklivssentral, fysioterapi, ergoterapi og legeteneste inkl. nattlegevakt. Frisklivssentralen har gjennom 2016 vore skadelidande, då vidareføring av aktiviteten etter at frisklivsleiar gjekk over i 70% einingsleiarstilling, ikkje har funne si rette form endå.

Leiar for eininga fekk prosjektansvar for kvardagsrehabilitering. Arbeidet er no godt etablert og er eit tett samarbeid med ergoterapeut, fysioterapeut og utetenesta for eldre. Prosjektrapport er skriven.

Legetenesta har hatt tre års drift etter inngått privat legeavtale mellom kommunen og fastlegane. Legetenesta er pressa på listekapasitet og har gjennom Samarbeidsutvalet meldt behov for etablering av ein ny fastlegeheimel. Turnuslege tok til frå september-16, etter ombygging av venteareal, resepsjon og turnuslegekontor.

Utsifting av fastlegeheimlar krev mykje administrativ ressurs å få på plass. Det vart jobba mykje med rekruttering av ny sjukeheimsoverlege. Det lukkast til slutt og ny er på plass no.

Fysioterapien fekk tilført 50% stilling og 100% ergoterapiressurs.

Tal brukarar av fysio- og ergoterapiteneste sett i høve alder.

0 -16 år	16 – 105 år	Full refusjon/ blå resept	Tal konsultasjonar
43 stk	218 stk	137 personar	2226

I 2016 vart det utdelt 50% auka driftstilskot til Aarflot fysikalske. Dette vil bli trappa opp med årleg auke på 50% i 2017 og 2018.

Klimaplan



Sektoren kjøpte to elbilar for vel tre år sidan. Dei er mykje brukte, ofte eit førsteval for mange av våre tilsette. Planar om innkjøp av elsyklar er ikkje realisert. Tanken er at transport og nokre heimebesøk i nærmiljø/ sentrum kan takast på sykkel. Den daglege drifta i sektoren har oftast fokus på effektiv drift, der klimavenleg drift ikkje alltid har same fokus. Store forflytningsbehov og dårleg tid utfordrar klimafokuset! Ein prøver likevel å ha forbruksfokus både når det gjeld mat og medisinsk forbruksmateriell. Ved store innkjøp lagt ut på Doffin er miljøperspektivet alltid er tildelingskriterium. Det er stort forbedringspotensiale for kjeldesortering av boss. Kommunen kan legge betre til rette med lokale sorteringsentralar og sortert avfallshenting. Å legge dette til rette utan at det medfører ekstraarbeid for tilsette, bør vere eit mål.




Innkjøpspraksis







Kommunale innkjøpsrutiner er gjennomgått på dei ulike arbeidsplassane, for at innkjøparar skal kjenne regelverket for offentlege innkjøp. Det skjer likevel at tilsette utan innkjøpsansvar har gjort mindre innkjøp. Store innkjøp på vegne av sektoren vert styrt av sektorleiinga. Har sakna tilgang på formell innkjøpskompetanse, noko som no kommunen har framforhandla avtale no kan kjøpast.


Resultatmål

Inkludert definerte mål, både frå PLO, helseavdeling og Hamna dagsenter:

SATSINGAR 2016	RESULTAT	KOMMENTAR
Medarbeidarsamtale med alle fast tilsette		Helse- og omsorg har relativt store tenesteområder med mange små stillingar, slik at det vert ulike tidsinterval og måtar å gjennomføre samtalar på. Vil vere ein kontinuerleg prosess
Initiere innovative/nytenkjande tiltak 1. Kvardagsrehabilitering er implementert frå prosjekt til ordinær teneste 2016 2. Omorganisering i heimetenesene med endra driftseiningar og		1. Måltal –Effekt av kvardagsrehabilitering skal målast kvarttalsvis ved standardisert og anonymisert evalueringsverky.

SATSINGAR 2016	RESULTAT	KOMMENTAR
<p>implementering av handholdte terminalar og aktiv bruk av Gerica gir auka ATA(ansikt til ansikt tid).</p>		<p>Den er implementert, måldelen er ikkje tilstrekkeleg utarbeidd endå.</p> <p>2.Bruke eksisterande teknologi til måling av ATA, både i heimetenestene og i døgnbemanna omsorgsbuster for eldre.</p> <p>Teknologien er ikkje heilt på plass endå, i omsorgsbustad vil nye pasientvarslingsanlegget logge når ein er inne hjå brukar, men ikkje brukarkontakt i fellesrom.</p>
<p>Nærvær på 90 %</p>		<p>Nærværprosent pr. utgang desember 2016 er</p> <p>90,44 %</p> <p>Samla sjukefråvær i Helse og Omsorg jan – desember var på 9,56%.</p>
<p>Månadleg økonomirapportering med fokus på å halde økonomisk ramme på alle nivå i sektoren.</p>		<p>Månadleg rapportering frå einingsleiar til sektorsjef med oppfølging av avvik vore litt skadelidande pga ustabilitet i 2016. Tett dialog og godkjenning frå leing ved evt. ekstrabehov utover tildelt ramme. Fokus på økonomi/budsjett på leiarmøte kontinuerleg.</p> <p>Rutiner etablert, men skal evaluerast. Meldingar om situasjon som krev innleige vert meldt.</p>
<p>Tildelingskontoret er forvaltareining i sektor helse og omsorg, rett teneste på rett nivå.</p>		<p>Rett teneste på rett nivå</p> <p>Standardardar vert forankra i kommunestyre.</p> <p>Lik sakshandsaming innført, standardar ikkje forankra i Kstyret.</p>
<p>Aktiv omsorg og frivilleg koordinering</p> <p>Deltaking i kulturelle aktivitetar.</p>		<p>Tal frivillege som engasjerer seg i høve brukarane.</p>

SATSINGAR 2016	RESULTAT	KOMMENTAR
		<p>Tal kulturelle arrangement og tal deltakarar på arrangementa, både avdelingsvis og større arrangement t.d. kulturelle spaserstokk.</p> <p>Kartlegging tre gongar i 2016, januar, august og november.</p> <p>Tofritidskoordinatorar er tilsett. Desse har viktig og koordinerande funksjon for frivilleg arbeid inn mot tenesteområda.</p>
<p>Utskrivingsklare pasientar frå sjukehus vert overtekne innan fristen, og kommunen skal ikkje betale for liggjedøgn på sjukehus</p>		<p>Til tross for marginal situasjon, klarte vi heile 2016 uan betalingsdøgn på sjukehuset.</p>
<p>Styrka kompetanseutvikling</p>		<p>Tal tilsette som har gjennomført ulike kurs og kompetanseutviklingstiltak har auka. Kjøpt lisensar for e-læring, mange gjennomførte kurs. Fagdagar satt på dagsorden, ei samling gjennomført i haust. Innførast i heile sektoren i 2017</p>
<p>Førebyggjande helsearbeid</p>		<p>Dagtilboda våre driv aktivt fysisk trening med eltakarane. Viktig bidrag for folkehelse og klare seg heime. Fått tilskot til kjøp av 5 Motiview sykklar.</p> <p>Forebyggande heimebesøk, 80 åringar er gjennomført.</p>
<p>Integrering og deltaking for brukarar med rusproblem</p>		<p>Tal på brukarar med rusproblem som deltek i arbeidsretta tiltak etter behandling. Tal vil kome, men det er fleire nye deltakarar i Styrk arbeid i 2016.</p>
<p>Gjennomgang av kvalitetsrutinene i sektoren med dokumentasjon og opplæring (jfr avvik og oppfølging i Kvalitetslosen)</p>		<p>Tema både i kvalitetsrådet og intern opplæring i ulike fora, men vanskeleg å seie ein er i mål.</p>
<p>Sikre opplæring av tilsette for å ivareta personopplysningskrava i fagsystemet</p>		<p>Kjennskap til personvernhandboka for Volda kommune.</p>

SATSINGAR 2016	RESULTAT	KOMMENTAR
		<p>Rutinemessig opplæring i "Normen" – antal som har fått opplæring (Norm for informasjonssikkerheit for helse- og omsorgstenestene). Mange er pålagt å ta kurs om samtykkekompetanse.</p>
<p>Gjennomføring av arbeidsmiljøundersøking med oppfølgingstiltak</p>		<p>Resultatet av undersøkinga vil avklare nærare behov for tiltak. Leiarutvikling vil i alle høve verte sett på dagsorden.</p> <p>Alle handlingsplanar er utarbeidde, fokus på oppfølging av handlingsplanane.</p>

4.7 KULTUR OG SERVICE

Sektor	Rekneskap 2016	Regulert budsjett 2015	Avvik
Service og kultur	9 581 938	10 864 117	1 282 179

Økonomi

Rekneskapet viser at sektoren totalt sett har eit mindreforbruk på kr. 1.282.179,-. Hovudforklaringa til mindreforbruket er generelt ei nøktern drift, i tillegg til følgjande:

- Kinodrifta hadde eit mindreforbruk på 54.000 kr. Forklaringa er nøktern drift, i tillegg til at billettinntektene har vore høgare enn budsjettet.
- Ungdomsklubben hadde eit mindreforbruk på 327.000 kr, som har si årsak i lågare besøkstal på klubben og dermed også mindre aktivitet på klubben.
- Biblioteket hadde eit mindreforbruk på 123.000 kr, årsaka er i all hovudsak at biblioteket ikkje brukte alle midlane til ekstrahjelp siden biblioteket fekk ei stillingsauke på 50% knytt til arbeidet med asylsøkjjarar/innvandraranar.
- Servicekontoret hadde eit mindreforbruk på 515.545 kr. Årsaka er auka inntekter frå skjenkegebyr og sal av eigedomssopplysningar samt refusjonar frå NAV.
- Overskridingane på politisk (kr. 389.127) skyldes i all hovudsak auka utgifter til servering/møtemat og auka frekvens på møte og auka utgifter til annonsering (tidlegare annonserte vi ikkje kommunestyremøta).

Folkehelse

Sektor for kultur og service sitt arbeid er i særleg stor grad publikumsretta, og sektoren legg derfor stor vekt på å møte innbyggjarane på ein positiv måte.

Dei tilsette på servicekontoret legg vekt på at publikum skal oppleve å få den rettleiinga og dei opplysningane dei treng, og at dei evt. blir sett i kontakt med rett sakshandsamar eller rett avdeling. Det er viktig at publikum ikkje føler at terskelen for å spørje om hjelp blir for høg, og vi skal også vere hjelpsame og serviceinnstilte overfor alle tilsette slik at dei syns det er lett å be oss om hjelp.

Kulturavdelinga bidreg gjennom aktivitetane som kino, bibliotek, frivilligsentral og ungdomsklubb tilbyr, i stor grad til integrering, førebygging av rusproblem, rekreasjon, møte mellom menneske, kompetansebygging, utvikling og trivsel for innbyggjarane.

Psykisk helse er ein vesentleg del av folkehelsearbeidet. Utan det førebyggjande arbeidet som sektor kultur og service gjer på mange område, måtte kommunen i større grad reparere og sette inn tiltak for å betre helsa til folk etter at problem har oppstått.

Årsverk og stillingar

Tal stillingar	Kjønn K/M	Stillingsstorleik (antal 50% og større)	Totalt årsverk
20	13/7	11	13,41

Omtale av 2016

Volda folkebibliotek hadde heile 41.000 besøkande i 2016. Skuleelevar, flyktningar og asylsøkjjarar er storforbrukarar av bibliotektenester. Biblioteket fekk i 2016 tilført ekstra midlar for å auke bemanninga med ei 50% stilling, denne stillingsressursen blir tatt bort i 2017 pga at asylmottaket blir lagt ned. Bibliotek og frivilligsentral samarbeidde om å arrangere kulturminnedagen i september og ”lån ein volding” kvar laurdag på biblioteket.

Frivilligsentralen har som ein av sine primære oppgåver å bidra til møteplasser: Mat og prat, seniornett, flyktningeguiden, sommarprogram for barnefamiliar med totalt 18 aktivitetsdagar gjennom heile skuleferien og TV-aksjonen er nokre døme på dette. Frivilligsentralen har også ansvar for kulturformidling for eldre i institusjon gjennom den kulturelle spaserstokken og har også medvirka i festivallivet og gitt sitt bidrag til m.a. X2.

Frivilligsentralen er aktiv når det gjeld å søke etter økonomiske stønadsmidlar av ymse slag, desse midlane kjem i neste omgang kulturellt og innbyggjarar til gode gjennom til dømes Frivilligsentralen sitt sommarprogram, Den kulturelle spaserstokken, og etablering av ”Mosaik”.

Volda Filmetater fekk ny kinosjef i april 2016, og kinoen har hatt eit aktivt år: Det har blitt vist fleire kinofilmar enn føregåande år og dei tilsette ved kinoen har vore flinke til å skape publisitet rundt førestillingane, t.d. rundt premiera på filmen ”Burning 2”.

Ungdomsklubben held til i Salongen (2. etg) på samfunnshuset, klubben har vore i drift der frå september 2014. Klubben har eit forholdsvis lite lokale, og kan ikkje gje same mangfald i tilbodet som tidlegare. Oppslutninga om klubben har vore dalande, og kommunestyret vedtok i november 2016 at det skulle bli vurdert leige av nye og meir eigna lokale til klubben.

Ungdomens kulturmønstring blei for andre gong arrangert i samarbeid med Ørsta kommune, dette var vellukka og vi satsar derfor på ei vidareføring av samarbeidet.

Volda kommune gir samla sett store økonomiske bidrag til kulturellt i kommunen, t.d. gjennom ulike tilskot til grendehusa på bygdene, drift av symjebassenga på bygdene og subsidiering av symjeklubben i sentrum, tilskot til Volda skisenter og årlege bygselavtaler knytt til skisenteret, Mørehallen, symbolsk leigepreis for Voldahallen, vedtak om støtte til hestesportssenter og støtte til nytt teleskop på Kometland.

Via kraftfondet har det dei siste åra blitt gitt støtte til m.a.

- Dei Nynorske Festspela,
- Studentveka,
- X2 Festivalen,
- Kammermusikkfestivalen,
- Dokumentarfilmfestivalen,
- Animasjonsfestivalen
- Naturfestivalen.

Planane for idrettshall og kulturhus med kino vil også medføre ei storsatsing frå kommunen si side.

2. halvår starta arbeidet med å lage ein kulturminneplan for Volda kommune. Kulturminneplanen er planlagt vedtatt før sommaren 2017.

Hovudområda for servicekontoret er informasjon mot publikum, sentralbord, sekretariat for dei politiske utvala og arkiv. I tillegg har servicekontoret mellom anna systemansvar for fleire datasystem, redaktøransvar for kommunen si heimeside og for kommunen sine kontoar på facebook, twitter og instagram, arkivansvar, postføring, ansvar for hustrykkeri, ansvar for praktisk oppfølging av den overordna informasjonssikkerheita, gjennomføring av val, sal av eigedomsopplysningar og tenester etter alkohol- og serveringslova.

Hausten 2016 tok Volda kommune i bruk digital kommunikasjon til innbyggjarar og bedrifter. Servicekontoret arrangerte ein eigen ”digital postkasse-konkurranse” der innbyggjarane kunne melde seg på, for på den måten å få opp andelen av befolkninga i kommunen som har digital postkasse. Resultatet er at innbyggjarane i Volda no ligg på ein delt 3. plass i fylket når det gjeld prosentvis andel av innbyggjarane som har digital postkasse. Omsyn til miljøet, lågare portoutgifter og sikker oppbevaring er både kvar for seg og til saman gode grunnar for at innbyggjarane oppretter digital postkasse.

Det vart totalt halde 72 møte og handsama 634 saker i dei ulike utvala.

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Formannskapet	162	163	166	232	219	220	200	254
Driftsstyret	51	58	71	78	53	46	40	67
Forvaltningsstyret	88	81	68	80	105	64	89	90
Valnemnd	7	8	11	18	10	9	11	18
Valstyret	16	5	17	3	15	4	6	8
Kommunestyret	101	143	143	175	192	169	156	181
Sakkyndig nemnd for eigedomsskatt (inkl. klagenemnd)						185	180	16
Totalt	560	602	574	586	584	697	682	634

Eldrerådet, rådet for funksjonshemma og ungdomsrådet skriv eigne årsmeldingar, og er derfor ikkje med i denne oversikta. Totalt har servicekontoret ansvar for 13 utval.

Kommunen har også hatt eit svært aktivt år på sosiale media (facebook, twitter og instagram), og når eit stort publikum via desse kanalane. Heimeside og sosiale media gir oss gode muligheiter til å drive aktiv omdømebygging for Volda kommune, og desse mediene har ein viktig funksjon når vi treng å informere om kriser og andre viktige ting som skjer. I tillegg er dei sjølvstøtt og sentrale faktorar i ein meir døgndopen kommune.

Volda kommune har eit stort ordningsetterslep når det gjeld eldre papirarkiv: heile 320 hyllemeter. Dette er ein krevjande oppgåve, og det er ikkje sett av ressursar til dette ordningsarbeidet.

Kommunereforma aktualiserer utfordringa kommunen har med uordna arkivmateriale: Når den nye kommunen er etablert, har administrasjonen framleis eit stort behov for å kunne gå tilbake i arkiva som blei skapt før samanslåinga. Dette er kanskje særleg aktuelt når det gjeld arkiv med rettighetsdokumentasjon (t.d. barnevernsarkiv, elevarkiv, personalarkiv), men også når det gjeld saksarkiv, avtalearkiv, byggesaksarkiv og planarkiv som inneheld viktig informasjon som ein treng å ha tilgjengeleg også i den nye kommunen. Dersom dette materialet ikkje er ordna og listeført, så vil det vere vanskeleg tilgjengeleg. Denne problemstillinga gjeld også for dei fullelektroniske fagsystema vi har pr i dag –vi må sikre oss at dataene som er skapt via desse fagsystema blir gjort tilgjengelege for sakshandsamarane i ny kommune; parallelt med ein tar i bruk dei nye, felles fagsystema som den nye kommunen skal ha.

Etikk

Dei etiske retningslinjene for Volda kommune er kjende for dei tilsette i sektoren og vert følgde.











Innkjøpspraksis

Innkjøpa som sektoren gjer, er i tråd med innkjøpsavtalene Volda kommune og innkjøpssamarbeidet har gjort.

Resultatmål

Alle resultatmåla til sektor kultur og service var oppfylt ved utgangen av året, med unntak av å opparbeide eit fungerande crew/ungdom som jobbar på dugnad på ungdomsklubben. Årsaka til dette er at oppslutninga om ungdomsklubben ikkje har vore stor nok.

Rapportering på mål

SATSINGAR 2016	RESULTAT	KOMMENTAR
Aktiv informasjon om kommunen sine tenester, tilrettelegging av tenester på skjema og profilering av Volda		Gjennomsnittleg antal nyhendeoppslag pr veke på Facebook, Twitter og websida. Antal profileringsartiklar og anskaffing av profileringsmateriell
Elektroniske skjema på heimesida skal gi forenkla tenester for brukarane og frigjorde ressursar i administrasjonen.		Antal tenester det vert utvikla skjema for. Anslag på effekt for brukar og frigjort tid
Ingen negativ omtale av avdelinga i media		
Ungdomsklubben skal opparbeide eit fungerande crew i rett aldersgruppe		Crew er ungdom som jobbar på dugnad på ungdomsklubben
Ungdomsklubben skal arrangere minst 8 temakvelder/kurs for ungdom		
Arrangere to debattmøter i biblioteket		Den nye biblioteklova seier mellom anna at <i>"Folkebibliotek skal være en møteplass og arena for offentlig samtale og debatt"</i> .
Volda filmteater skal ha eit besøkstal på minimum 14000.		
Frivilligsentralen skal arrangere minimum eit opplæringstiltak/kurs for frivillig sektor		
Alle institusjonane i kommunen få tilbod om eit variert kulturtilbod frå den kulturelle spaserstokken.		
Ajourføring av personsikkerheitshandboka og ivareta overordna funksjon for at denne er kjent ute i organisasjonen		Organisere opplæring av leiarane i personvernhandboka og sikre oppfølging av overordna rutinar.

4.8 TEKNISK

Eining	Rekneskap	Revidert budsjett	Meirforbruk
Drift og anlegg	13 440 475	11 943 106	1 497 369
Brann	8 161 684	7 806 154	355 530
Eigedom	14 660 253	13 914 169	746 084
SUM	36 262 412	33 663 429	2 598 983

Økonomi

Teknisk sektor har eit meirforbruk på kr 2,6 mill. Teknisk sektor fekk overført 2,5 millionar i revidert budsjett i mai 2016. 0,5 millionar skulle gå til Brann, då der har vore ein feil i lønsberekninga i budsjettsamanheng. 2 millionar skulle gå til kommunalteknisk for å dekke utgifter til snørydding utover budsjett.

Vi har hatt ein gjennomgang av mva kompensasjon på kommunale utleigebustadar i 2016. Justert fordelingsnøkkel innebar at sektoren fekk belasta rekneskapen med ca kr 500.000 som det ikkje var tatt høgde for.

Riving av Austefjord skule førte til ei utgift på kr 419.000 (netto) i 2016. Når vi korrigerer for dette, samt den nye fordelingsnøkkelen for mva (jamfør omtale ovafor) så har Eigedom halde seg innanfor budsjetttramma. Overskridingar ligg difor på Drift og anlegg og Brann.

Sjukefråvær:

Samla sjukefråvær i teknisk sektor enda på 9,73 %, dette er høgare enn snittet i Volda kommune. Vi har mange arbeidstakarar i hardt fysisk arbeid der fleire er over 60 år. Det som gjer at vi fekk såpass høg prosent i 2016 er at det har vore nokre langtidssjukemeldingar i alle tre avdelingane, som ikkje har samanheng med tilhøva på arbeidsplassen. Der er ikkje sett i verk nokon tiltak utover oppfølgings samtaler med dei sjukemelde.

Folkehelse:

Teknisk sektor er ein viktig bidragsytar på førebyggjande folkehelsearbeid i form av:

- Levering av reint drikkevatt til 8000 personar og bortleiing av spillvatn frå dei same personane.
- Organisere vegvedlikehald på kommunalt vegnett vurdert i eit liv/ helse perspektiv.
- teknisk vaktordning som går 24 timar i døgnet.
- Beredskapseining som kan setjast inn ved ekstremvær med personell og maskinelt utstyr.
- Ivaretaking av inn klima i alle kommunale bygg.
- Universell utforming og tryggingstiltak i kommunale bygg.

Brannavdelinga bidreg sterkt gjennom førebyggjande tiltak, som tilsyn med piper, eldstadar og særskilte brannobjekt, samt informasjon og kurs/opplæring, legg vi til rette for at

innbyggerane i Volda skal få den informasjon som trengs for å bu trygt, og at dei skal kunne opphalde seg i offentlege bygg utan fare for liv og helse med tanke på brann. I samarbeid med dei andre naudetatane har vi ei redningsteneste som sikrar at innbyggerane får naudsynt hjelp om dei vert råka av brann eller ulykke.

Etikk

Dei tilsette på sektoren er kjent med dei etiske retningslinene til Volda kommune og det vert forventa at desse vert følgde.

Klimaplan

I høve til klimaplan oppfølging har teknisk sektor mykje å gå på kompetansemessig. Per i dag treng fleire tilsette kursing i dette faget. Vi følger opp innmeldte forureiningssakjer som i stor grad vert vidaresendt til politiet.

EPC er i gjennomføringsfasen der energiforbruket til kommunen vil nå mål i klimaplan. Alle bygg som har krav til energimerking, vil bli energimerka i utgangen av prosjektet når tiltaka er ferdigstillt.

Ny renovasjonsløyising kring kommunale bygg vil betre forholda kring avfallhandtering.

Innkjøpspraksis

Teknisk sektor gjennomfører mange store innkjøp i løpet av året. Lov for offentlege anskaffelser er eit stort og krevjande fagfelt som vi ikkje kan seie vi berhersker 100% i teknisk sektor. Vi gjer likevel så godt vi kan og innhenter konsulenthjelp ved større innkjøp slik at vi er sikre på at vi følger regelverket. Vi har no inngått ein rammeavtale på innkjøpshjelp med ekspertar i faget.

Årsverk og stillingar inkludert sjølvkost

Tal Stillingar	kjønn	Stillingsstorleik %	Totalt årsverk
69	M	56,2%	38,77
24	K	72,8%	17,48

Nokre fagarbeidarstillinger har vore vakante i nokre månader medan vi har vore i tilsetjingsprosess for å erstatte dei som har slutta, eller pensjonert seg. På hausten var 2,6 stillingar vakante.

Brann, eigedom og kommunalteknisk hadde tidlegare eigne budsjett som inngjekk i ein samla teknisk sektor i 2014. Sjølvkosttenester vart utskilt budsjett og rekneskapsmessig frå resten av teknisk sektor. Der viser seg å vera ein del avklaringar som gjenstår, særleg i høve

periodisering av budsjett. Det har vist seg at det vi rapporterer pr. tertial og månadsrapportar, ikkje stemmer i ved årslutt.

Eigedom:

Vi har auka straumutgifter på omsorgsenteret grunna tom varmebrønn til varmpumpa, EPC tiltak vil betre virkningsgraden til brønnen, når tiltaka her er gjennomført. Straumkostnaden til kommunen var på 2,2 mill meir i 2016 sett mot 2015. Dette handlar om blant anna auka straumkostnad og utetemperatur.

Teknisk sektor har gjennomført mange tiltak i 2015 Dei mest synlege prosjekta er gjennomføring av Øyra skule. Der har vore brukt mykje ressursar på EPC prosjektet som har komt til utføringsfasen. Planlegging og førebuing til oppgradering av Smalebakken/Røyslida er godt i gang.

Kommunalteknisk:

Der har vore stor aktivitet kring planlegging og utføring av kommunaltekniske prosjekter. Bustadfelt K10 på klepp vart ferdigstilt og klar til bustadbygging, 8 av 10 tomter er solgt. Botnavegen vart prosjektert og utlyst for bygging i 2017. Skulebakken på Lauvstad vart også prosjektert og lyst ut for bygging i 2017.

Brann:

Beredskapsavdelinga

Beredskapsavdelinga hadde totalt 106 utrykkingar i 2016. Branndepota på bygdene deltok i 3 av aksjonane.

Totalt har det vore rekordmange utrykkingar. Av bygningsbrannar var dei mest alvorlege totalskade av eit hønsehus på Kornberg.

Vi ser at det vert forventa at brannmannskapa skal stille opp på stadig fleire typer oppdrag. Særskilt ser ein ei klar auke i oppdrag som er relatert til helse. Både på bygdene og i sentrum har mannskapa vore kalla ut fleire gongar for å hjelpe til ved ulike sjukdomstilhøve. Dette er ei oppgåve vi ikkje føler oss komfortable med sidan mannskapa ikkje har god nok kunnskap til slike oppgåver og administrasjonen ikkje har kompetanse til å undervise/rettleie i. Vi har heller ikkje ressursar til utstyr, kursing og øving. Fleire av mannskapa har også gitt klart uttrykk for at å drive ei form for ”framskutt ambulanseteneste” er langt på sidelinja av det dei har sagt seg villege til å bidra med. Vi har også vorte pålagt av justisdepartementet å ha ei meir aktiv rolle i aksjonar med livstruande vold (PLIVO). Sjølv om dette primært skal vere som ei støtte til politiet, så vert det også at forventa at brannmannskapa åleine skal aksjonere i enkelte voldelege episodar, t.d. truslar med kniv.

Både engasjementet og innsatsviljen er stor at vi kan vere trygge på at vi har ein innsatsstyrke som vil gjere sitt beste i ein kvar situasjon. Men vi må også seie tydeleg frå at også brannvernet har sitt ansvars-/fagområde og avgrensa ressursar, og at kommunen ikkje utan vidare må godta at brannvernet vert tillagt fleire oppgåver utan at dette vert gjort i ordna former. Sjølv om kommunen har eit overordna ansvar for sine innbyggjarar så må vi vere på

vakt slik at resursane til dei statlege nødetatane ikkje vert reduserte, oppgåvene overført til kommunen og innbyggjarane får ei dårlegare teneste.

Sjølvkost

Området for sjølvkosttenester er utskilt frå Drift Anlegg i eiga avdeling med 6 mann.







Prosjekt gjennomført vatn 2016:











- Hjartåbygda vassverk, ombygging i samband med Rotsethorntunellen.
- Oppstart av ny inntaksleidning til Dravlaus Vassverk frå Dravlaus vassverk.
- Utsifting av leidningsnett frå Porsemyrvegen – Kårstadvegen
- Naudstraumsaggregat til tre vassverk vert kjøpt inn.
- Ein hadde ein del større leidningsbrud særleg i Raudemyrvegen og på Egset/Furene.


For avløpssektoren var det ikkje gjennomført større investeringsprosjekt utanom innkjøp av utstyr og maskiner. Eit godt stykke arbeid vart lagt ned på prosjektet med nytt hovudreinseanlegg og reinseløysing for Mork/Furene. Opprydding av spreidd avløp er også godt i gang og treng mykje oppfølging.

Konsulentar i samarbeid med ingeniørar i Volda kommune starta mot slutten av 2016 arbeidet med Hovudplan Vatn og Avløp. Planen skal vera ferdig i 2017.

Rapportering på mål

MÅL	RESULTAT	KOMMENTAR
Alle skriftlege førespurnadar skal gjennomgå ein mottakskontroll og få tilbakemelding innan 3 veker		Grunna lav bemanning ser det ikkje ut til at vi greier å halde unna med 3 veker svarfrist for alle henvendinger. Her er teke grep for 2017
Tilpasse standard på tenestene og gjere tiltak for å halde budsjettramma		Teknisk sektor overskred budsjettramma i 2016.
Behalde og rekruttere personell		Vi har lukkast med rekruttering i 2016
Nærver på min 95 %		Teknisk sektor har eit fråvær på 9,73%, dette er ikkje så høgt med hardt fysisk arbeid og høg snittalder.
Brannberedskapen skal opplevast som god		Her har vi lukkast.
Brannberedskap som tilfredsstillar dimensjoneringsforskrifta og vurdert risiko i heile kommunen		Vi har ikkje klart å prioritere gjennomføring av ROS analyse, men har ei utrykningsstyrke som

MÅL	RESULTAT	KOMMENTAR
		tilfredsstill minimum av krav.
Redusere tal unødige brannalarmer		Har ei positiv utvikling og ligg på det nivået vi må rekne med med mange store offentlege bygg.
Tilsyn i minst 90 % av §13 objekta		Sjukefråver hjå branningeniøren har medført eit etterslep på tilsyn. Men det førebyggjande er likevel bra ivareteke.
Feiing kvart 2 år og tilsyn kvart 4 år i alle bustadar		Her har vi lukkast.
Brannmannskapa gjennomført opplæring, øving/kurs og tryggleiksutstyr slik at dei kan utføre redningsinnsats på ein trygg måte		Har gjennomført øvingar etter oppsett plan. Det må likevel påpeikast at manglande resursar gjer at øvingane ikkje alltid vert godt nok opplagt.
Førebyggjande brannvernopplæring for alle 6. klassingar i kommunen		Gjennomført om hausten
Serviceinnstilt og påliteleg		
Vedlikehald og rehabiliteringsplan for å gi brukarane brukarvenlege lokale så langt det er mogleg innanfor den kommunale bygningsmasse		2 tømrarar arbeidar fulltid på investering/oppgradering av kommunale bygg dette gjev god effekt. Drift gjennomfører mykje vedlikehald på kommunale bygg, samt styrka drift av tekniske anlegg.
God prosjektstyring ved koordinering og planlegging med rett progresjon i høve regulering, finansiering og grunnkjøp.		Ressurssituasjonen var sterkt pressa også 2016. Nyrekruttering kom på plass i 2016. Mange prosjekt har vore godt utført, men der gjenstår også mange prosjekt som vi ikkje har hatt ressursar til.
Få etablere base for driftsteknikarane og reinhaldarane på Gjersdalbygget		Ressursar er gitt på 2017 budsjett og base vil være heilt ferdig i 2017. Det er allereie gode arbeidsforhold tilrettelagt for effektiv drift.
Regelmessige møter med alt personell og rutine på enkeltvis samtalar /medarbeidarsamtale med alle tilsette etter avtalt intervall.		Grunna sjukefråver hos leiar har ikkje dette vore gjort i Kommunalteknisk avdeling og overordna i Teknisk sektor.

MÅL	RESULTAT	KOMMENTAR
Initiere innovative/nytenkjande tiltak		Vi har mange innovative tiltak i planlegging i høve EPC tiltak. Prosjektet er i gjennomføringsfasen.

4.9 UTVIKLING

Sektor	Rekneskap 2015	Regulert budsjett 2015	Avvik
Utvikling	5 970 272	6 009 130	-38 858

Økonomi

Sektoren hadde eit netto budsjett på kr 6.009.130. Rekneskapen viste eit netto forbruk på kr 5.970.272. Dette gir eit netto mindreforbruk på kr 38.858 i høve til budsjettet.

Folkehelse

Vi har mange prosjekt som skal medverke for å ivareta eller førebyggje innbyggjarane si helse:

- Nærmiljø og lokalsamfunn som fremje folkehelse; Eit ganske vidt prosjekt som går over fleire år som vår sektor har ansvar for
- Andanaset friluftsområde; Grunnen er no innløyst. Plan for opparbeiding av området.
- Lys langs turvegen mellom Årneset og Volda stadion; Gjennomført i fjor i samarbeid med teknisk sektor
- Munken friluftsområde; Bygging av badebrygge og grillplass vart ferdig i fjor sommar
- Prosjektering og bygging av turveg/bru mellom Volda sentrum og Presteholmen; Prosjekteringa vert ferdig no i vår og det er satt av midlar på budsjettet for gjennomføring i 2017.

Årsverk og stillingar

Tal stillingar	Kjønn		Stillingsstorleik (antal 50 % >	Totalt årsverk
	M	K		
9	6	3	Alle 100%	9

Dei 9 stillingsheimlane er fordelt på 1 leiar, 1,5 på bygge- og delesak, 2 på kart/oppmåling, 1 klima/miljø og 3 på plan.

Aktivitet

Bygge- og delesak

Vi har hatt god framdrift på bygge- og delesakar. Tilsyn og oppfølging av ulovlegheiter har vore nedprioritert grunna generelt stor arbeidsmengd på byggesak.

Tabellen under viser tal på søknadar som vart ferdighandsama (fatta vedtak) i fjor fordelt på søknads- og tiltakstype.

	Sum	Einebustad	Tomanns- bustad	Andre småhus	Fritidsbustad	Næringsbygg	Andre mindre tiltak
Rammeløyve	12	1	-	1	-	-	10
Eit-trinns (12- vekersfrist)	52	6	2	4	5	-	35
Utan ansvarsrett	28						28
Igangsetting	14						
Mellombels bruksløyve	41						
Ferdigattest	71						
Andre løyver*	73						
Total sum	291						

*Endringsløyve, tilbygg, fasadeendringar mm.

Kart og oppmåling

Det kom inn færre rekvisisjonar på oppmålingsforretningar enn tidlegare år. Det er ein god framdrift på oppmålingsavdelinga.

Plan

Planarbeidet i 2016 har i hovudsak hatt fokus på kommuneplanarbeidet. Kommuneplanen sin samfunnsdel vart fullført og godkjent av kommunestyret den 26.05.2016. Med grunnlag i denne er det gjennomført omfattande prosess med handlingsdelen til plan, inn mot budsjett og økonomiplanarbeidet, og som grunnlag for føringar mot arealdelen. Arbeid med kommuneplanen sin arealdel er starta opp og planprogrammet godkjent av kommunestyret 15.12.2016.

Planseksjonen har i året vore med i Tettstadutviklingsprosjektet Mellom Bygningane i Volda i samarbeid med Volda Næringsforum og M.R. Fylkeskommune.

Vidare har ein etter vedtak i kommunestyret den 26.05.16 vore med i prosjektet "Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse", eit prosjekt i samarbeid med og med tilskot frå M.R.Fylke. Eit prosjekt som m.a. kan medverke til ny kunnskap om folkehelse og utvikling av nye metodar for medverknad i planprosessar.

Planseksjonen deltek også i arbeidet med ny Kulturminneplan og revisjon av bustadsosial handlingsplan som har vore arbeidd med i gjennom året.

Handlingsprogrammet i Kommunedelplan for Fysisk aktivitet, og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljøtiltak, er revidert.

Ut over dette har det i året blitt arbeidd med fylgjande reguleringsprosjekt i 2016, og som vert vidareført i 2017:

Urbakkfoten - Bustadområde med tilhøyrande ny samleveg mot Kleppevegen

E39 Volda Hamn – Elvadalen, m.fl - ny bruløysing over Øyraelva og kryss med Industrigata

E39 Volda Furene ("Volda-tunellen")

Kommunedelplanar godkjende i 2016:

<i>Kommuneplanen sin samfunnsdel.</i>	<i>kommunestyret</i>	<i>26.05.2016</i>
<i>Kommuneplanen sin arealdel-planprogram</i>	<i>kommunestyret</i>	<i>15.12.2016</i>
<i>Kommunedelplan Fysisk aktivitet og anlegg for idrett og friluftsliv, revidert handlingspr.</i>	<i>kommunestyret</i>	<i>15.12.2016</i>

Reguleringsplanar godkjende i 2016:

<i>Bustadområde Heltne-Bratteberg B58</i>	<i>kommunestyret</i>	<i>21.04.2016</i>
---	----------------------	-------------------

Det er i året varsla oppstart av fylgjande detaljreguleringsplanar etter kommunale vedtak og gjennomførte oppstartsmøter:

Planid 2016001- Detaljregulering Bustadområde Legene-Bøkevegen (privat plan - avvist)

[Planid 2016002- detaljregulering Samleveg Lisjenakkvegen - Solhøgda](#) (kommunal plan)

[Planid 2016003- reguleringsplan Samlevegstandard Del av Kleppevegen](#)(kommunal plan)

[Planid 2016004 -reguleringsplan Hytteveg-Botnen i Austeffjorden-br 74/2,4 mfl](#) (privat plan)

Planid 2016006- reguleringsplan Severinhaugen/Doktorhaugen - omsorgsb.(kommunal plan)

Planid 2016008- Detaljregulering Elvadalen BK1 (30/4) (privat plan)

Planid 2016009- Detaljregulering Kapteinsvegen - 18/1- Terrassebygg (privat plan)

Planid 2016010- Detaljregulering Studentbustader -Langvatn-Heltne (privat plan)

Det er i året handsama til saman 9 saker med dispensasjon frå reguleringsplanar og 13 saker med dispensasjon frå kommuneplan.

Landbruk

Vi har felles landbrukskontor i saman med Ørsta kommune der Ørsta er vertskommune. Dei utarbeider felles årsmelding.

Klimaplan

I høve til klimaplan er rutine for oppfølging og kontroll av avfallsplanar i byggesaker etablert og følgjast opp. Elles er også interkommunalt byggesaksforum etablert der deling av kompetanse og erfaringar om klimatiltak skjer jamleg.












Innkjøpspraksis









Alle som gjer innkjøp ved sektoren kjenner til regelverket om offentlege innkjøp og det er ein føresetnad at dette verte følgd.

Etikk

Dei tilsette på sektoren er kjent med dei etiske retningslinene til Volda kommune og det vert forventa at desse vert følgde.

Resultatmål

SATSINGAR 2016	RESULTAT	KOMMENTAR
Folkehelseperspektivet skal vere med i all planlegging		Høyt fokus
Søke om tilskot til minst eit friluftstiltak		
Følgje opp plan for idretts- og friluftsliv gjennom spelemiddelsøknadar		
Gjennomføre kartlegging og verdisetjing av friluftslivsområda i kommunen		Godt som ferdig. Prosjektet vert heilt ferdigstilt no i vår.
Halde den økonomiske ramma		
Medarbeidarsamtale med alle tilsette		
Kritikkverdige forhold skal varslast i samsvar med kommunen sine rutiner etter arbeidsmiljølova		
Initiere innovative/nytenkjande tiltak		Gjennom ein ny prosjektstyringsmodell som går på tvers av sektorane så håpar vi at planar og gjennomføring av desse vert gjort med både betre kvalitet og framdrift enn tidlegare
Nærver 95 %		
Sjukefråver pga av arbeidsmiljø skal ikkje forekome		
Rett kompetanse i alle stillingar		

SATSINGAR 2016	RESULTAT	KOMMENTAR
Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk		
Alle som vender seg til Volda kommune skal få svar i samsvar med krava i forvaltningslova		
Forbetre innhald og struktur på heimesida		Det er forbetra noko, men framleis under arbeid.
Koordinering av gjennomføring av planar saman med teknisk sektor		Vi har to stk arbeidsmøte på dette i haust og vil halde fram med prosessen vidare
Revidere den kommunale planstrategien		Planstrategien skal opp som sak i formannskapet i februar og kommunestyret i starten av mars
Ferdigstille kommuneplanen sin samfunnsdel		
Starte opp revisjon av kommuneplanen sin arealdel		Prosesen er godt i gang og har god framdrift
Landbrukskontoret delta på planmøta i Volda kommune		

4.10 ANSVARSOMRÅDE 80 (FELLES UTGIFTER OG INNTEKTER)

Sektor	Regnskap 2016	Budsjett 2016	Avvik
Fellesutgifter /fellesinntekter	-17 664 353	-5 402 830	-12 261 523

Dette ansvarsområdet inneheld utgifter og inntekter som ikkje høyrer naturleg heime på den einstilte avdeling. Dette gjeld blant anna:

- Ulike tilskot (kyrkjeleg fellesråd, frivilligsentral osv)
- Nokre kontingentar, som til dømes KS- kontingenten
- Momskompensasjon
- Kalkulatoriske renter og avdrag (inntekter frå VAR-området)
- Avskrivningar
- Premieavvik pensjon
- etc.

Føresetnaden i revidert budsjett for 2016 var ei netto inntekt på kr 5.402.830,- på dette ansvarsområdet. Den endelege rekneskapen viser ei netto inntekt på kr 17.664.353,-.

Det var eit mindreforbruk/innsparing på ca 12,2 mill kr i høve budsjettet:

- 2 mill kr i ubrukt prisreserve
- Pensjonsutgifene er nesten 6,5 mill kr mindre enn budsjettet på dette ansvarsområdet
- Ubrukte flyktningemidlar er ca 2,6 mill kr
- Interne overføringsutgifter er ca 1,1 mill kr mindre enn budsjettet.

Under følgjer ein kort omtale av dei mest sentrale tala på dette ansvarsområdet.

Pensjon

Når ein skal budsjettere, vil det alltid vere usikre faktorar. Hovudforklaringa til det er lovendinga som tok til å virke frå og med 2002. Fram til 2001 var det den betalte pensjonspremien som vart utgiftsført i rekneskapen. I 2002 vart dette endra. Pensjonsleverandøren reknar ut kva som er pensjonskostnaden for det enkelte år:

- Dersom innbetalt premie i året er større enn pensjonskostnad (utrekna av pensjonsleverandøren sine aktuarar), får vi eit positivt premieavvik.
- Dersom innbetalt premie i året er mindre enn pensjonskostnad, får vi eit negativt premieavvik.

Premieavvik vert ført slik i rekneskapen:

- Positivt premieavvik (dvs når innbetalt premie er større enn netto pensjonskostnad) vert ført som ein driftsinntekt i rekneskapen året det oppstår. Dette vert så ført (amortisert) som driftsutgift dei neste 15 åra med like årlege beløp.
- Negativt premieavvik (dvs når innbetalt premie er mindre enn netto pensjonskostnad) vert ført som ein driftsutgift i rekneskapen året det oppstår. Dette vert så ført (amortisert) som driftsinntekt dei neste 15 åra (med like årlege beløp).
- Premieavvik som oppstod i 2011-2013 skal amortiserast over 10 år (ikkje 15 år som for premieavvik oppstått i perioden 2002-2010).
- Premieavvik som oppstår frå og med 2014 skal amortiserast over 7 år.

Pr 31.12.2016 har Volda kommune kr 35.355.797 akkumulert premieavvik som skal utgiftsførast årleg fram til 2024. Dette er ei stor belastning for likviditeten, og er no også mykje debattert på nasjonalt nivå (har vore omtalt i alle Volda kommune sine budsjettokument og årsmeldingar sidan 2005). Det har vore gjort anslag som viser at samla premieavvik på landsbasis er over 30 milliardar kroner. Ein av dei fremste ekspertane på kommuneøkonomi (Asbjørn Pedersen, leiar av Norges kemner og kommunekassererforbund) samanlikar kommunerekneskapane med Enron-skandalen. Det seier han fordi premieavviket inneber at kommunerekneskapane ikkje gjev eit korrekt bilde av den økonomiske situasjonen til kommunane.

I 2016 var det eit netto negativt premieavvik på kr. 911.190 (inkludert arbeidsgjevaravgift), og vart ført som ei utgift i driftsrekneskapen. Amortisering av premieavvik frå tidlegare år (inkludert arbeidsgjevaravgift) utgjorde ein netto utgift på kr. 6.054.065. Premieavviket gir dermed ei netto utgift på kr. -6 965 255,- i rekneskapen for 2016.

Landbrukskontoret Ørsta Volda

ÅRSMELDING 2016

RESSURSAR

Ørsta og Volda kommunar har hatt vertskommuneavtale om felles landbrukskontor, der Ørsta er vertskommune, sidan 1. september 2014. Landbrukskontoret er organisert som ei eining i seksjon kultur og næring. Kontoret har hatt 4,2 årsverk, fordelt på 5 tilsette, i 2016.

Dei tilsette har delteke på aktuelle kurs og konferansar for landbruksforvaltninga i fylket og lokalt. Det har vore sendt ut (e-post og post) to infoskriv til aktive gardbrukarar og andre interesserte, i begge kommunane. Kontoret har vore med på å arrangere landbrukskonferanse ilag med Ørsta næringskontor (26.02.16), og informasjonsmøte om biogass ilag med Volda og Ørsta reinhaldsverk (30.11.16).

LANDBRUKSMYNDE

Ørsta har landbruksnemnd og vilt- og innlandsfiskenemnd, medan Volda har forvaltningsstyre med begge desse funksjonane. Dei tilsette har vore sakshandsamarar for desse nemndene i aktuelle saker.

Dei økonomiske verkemidlane i landbruket som kommunen har avgjerdsmynde på, vert handsama som delegerte saker. Landbrukskontoret handsama søknader som gav ein total sum tilskot på 40,4 mill. kr til gardbrukarar i Ørsta, og 19,5 mill. kr til gardbrukarar i Volda. Dette er litt nedgang frå 2014 og 2015. Tal bruk/føretak i drift var 176 stk. i Ørsta, 104 stk. i Volda. Dette er ein nedgang på 1 bruk i Ørsta, og ein auke på 3 bruk i Volda frå 2015.

Omdisponering av jord 2016 (tal rapportert i Kostra):

	Ørsta	Volda
Jordlova	1,0 da dyrka 1,5 da dyrkbar	0,8 da dyrka 0 da dyrkbar
Plan- og bygningslova	7,9 da dyrka 8,8 da dyrkbar	0 da dyrka 0 da dyrkbar

JORDBRUK

Det var fatta vedtak i 2 saker med godkjenning av plan for nydyrking på totalt 49,7 daa, ei sak frå kvar av kommunane.

I 2016 meldte 5 kvoteeigarar kvota inn for sal. Desse har ei tid leigd ut kvota og vel no sal framfor vidare utleige. Det mest vart kjøpt opp av produsentar i distriktet. Det var 33 produsentar som kjøpte kvote frå staten, og totalt sett minka produksjonsramma litt. Marknaden for sal og

leige av mjølkekvote har stramma seg til og det er vanskelegare få tak i kvote for dei som ønskjer å utvide produksjonen.

2016	Hentestader:	Liter mjølkekvote:	Leverte mjølk:
Samla aktiv kvote (kumjølk)	92	14.401.316	12.949.851 (90%)
Samla aktiv kvote (geitmjølk)	7	606.934	549.101 (90%)
	Eingar:		
Eigarar som leiger ut kumjølkkvote	26	1.843.579	
Eigarar som leiger ut geitmjølkkvote	10	527.534	
Samdrifter	15		

Tabell: Mjølkekvote

Kommunane har 10 aktive beitelag som organiserer beiting i utmark for sau, geit, storfe og hest.


År	Aktive medl.	Vaksne sauer sleppt	Vaksne sauer tapt	Taps% Vaksen sau	Lam sleppt	Lam tapt	Taps% lam	Geit sleppt	Geit tapt	Taps% geit	Storfe sleppt	Storfe tapt	Taps% storfe
2016	78	2.265	61	2,69	3.755	234	6,23	100	1	1,0	488	6	1,23

Tabell: Organisert beitebruk - samla oversyn for Ørsta og Volda.

Til SMIL-tiltak fekk Ørsta kommune ei ramme på kr 420.000 og Volda kommune kr 270.000, i tillegg kom inntrekte midlar. Handsama 26 søknader med kostnadsramme på 3,2 mill. kr.

Det vart handsama 14 søknader om dispensasjon for spreing av husdyrgjødsel på eng etter frist. Tal søknader er kraftig redusert grunna innføring tilskot for tidleg spreing (RMP).

Rekruttering og fornying av driftsapparatet er viktig for utviklinga i landbruksnæringa. I 2016 vart det sendt inn 10 søknader på finansiering gjennom Innovasjon Norge. Søknadene fordeler seg på 4 søknader på mjølkebruk, 3 søknader på sau og 3 søknader på ammekyr. Dei fleste får investeringstilskot, men manglande midlar gjer at ikkje alle kan imøtekomast.



Figur: Fordeling av fjøs for mjølkeproduksjon - samla oversyn for Ørsta og Volda.

SKOGBRUK

Med omsyn til hogst og planting har aktiviteten aldri vore større i kommunane samla enn i 2016. Det vart i alt hogd 74 142 m³ tømmer, av dette 47 790 m³ i Volda som er det høgste kvantum nokon gong for kommunen.

I utgangspunktet er det gledeleg med auka hogstkvantum. Årleg hogstkvantum som for Volda i 2016 er likevel ikkje berekraftig på sikt. Dette sett ut frå årleg tilvekst, balansekvantum for kommunen, og det visuelle bilete. Skogen utgjer ein liten del av totalarealet i vår natur, då vert dei svært store og visuelt dominerande hogstflatene som vart hogd i 2016 fort eit framandelement. Det vert naudsynt å tilpasse hogsten framover til eit meir berekraftig volum.

Sjølv om tilplanta areal i 2016 steig mykje frå 2015, det vart i alt planta 962 dekar, aukar etterslepet med uplanta hogstflater kraftig. Uplanta areal etter dei siste års hogst er no mellom 3-4000 da. Dette er svært urovekkande, det viktigaste i eit langsiktig skogbruk er å drive god skogkultur, å få opp ny skog med god kvalitet der det er hogd.

På investering i skogsvegar er det ein klar nedgang i aktivitet. Likevel er det på eit relativt høgt nivå for Ørsta, der m.a. eit større veganlegg, Melsfjellvegen, vart avslutta i 2016. Tilvisning av tilskot til drift i vanskeleg terreng var svært stort i 2016, dette grunna Lidfeltet i Volda. Volum/m³ er enno ikkje fordelt mellom skogeigarane, tilskot vert difor ikkje utbetalt før 2017.

Ørsta, 24.03.2017

Liv Bente Viddal
Seksjonsleiar kultur og næring

Roger Nedreklepp
Fagansvarleg skogbruk

ÅRSOVERSIKT

over jordbruket i Ørsta kommune for året 2016 og 2015

Tal bruk, areal, arealfordeling og husdyrtal bygg på data frå søknader om produksjonstilskot pr. 1.1. og 31.7. og talkodene i parantes refererer seg til desse søknadane.

		Kode	2016	2015
Bruk i drift (= > 10 daa (søknader))			176	177
Jordbruksareal i drift: daa		299	33.520	33.967
Bruken av jorda:				
ENG	Fulldyrka jord til slått og beite	210	20.895	21.124
	Overflatedyrka jord, til slått og beite	211	437	409
	Innmarksbeite	212	12.143	12.402
	Andre grovforvekstar	213		0
	Grøngjødsling	223		0
KORN OG ANNA FRØ TIL MOGNING	Vårkveite	240	0	0
	Haustkveite	247	0	0
	Rug	241	0	0
	Rugkveite	249	0	0
	Bygg	242	0	0
	Havre	243	0	0
VEKSTHUS OG DRIVBENKAR	Veksthus og drivbenkar oppvarma pr. 1.3.	251	0	0
	Andre veksthus og drivbenkar pr.31.7.	250	0	0
GRØNNSAKER OG POTETER	Poteter	230	2	3
	Grønnsaker på friland inkl. urter	264	0	0
FRUKT, BÆR, PLANTESKULE OG BLOMSTER	Epler	272	0	0
	Pærer	273	0	0
	Planteskuleareal	285	0	0
BÆR	Jordbær	280	0	0
	Andre bær	281	0	0
EVENTUELT ANNA	Jordbruksareal i drift, brakk (sjå rettl.)	290	33	0
	Jordbruksareal i drift, ikkje rett til tilskot	294	10	29
JORDBRUKSAREAL UTE AV DRIFT Fulldyrka/overflatedyrka Innmarksbeite		292	76	78
		293	540	606
SUM JORDBRUKSAREAL (kode 210 - 299) = eige + leigd - bortleigd jordbruksareal)		299	33.520	33.967

HUSDYRTAL (MEDEL 1.1. OG 31.7) ØRSTA		2016	2015
Hest	(115 – 116)	111	117
Mjølkekyr	(120)	1.352	1.350
Ammekyr	(121)	55	31
Andre storfe	(119)	2.251	2.284
Voksne sauer over 1 år	(137)	1.670	1.627
Sauer under 1 år	(138)	752	744
Mjølkegeiter over 9 mnd.	(140)	600	604
Ammegeiter for kjøttproduksjon	(142)	6	3
Bukkar og ungdyr, medrekna kje	(144)	293	299
Avlspurker	(155)	131	129
Avlsråner	(156)	0	0
Ungpurker (over 6 mnd. bestemte for avl)	(158)	23	25
Ungråner (over 6 mnd. bestemte for avl)	(159)	0	0
Smågriser under 2 mnd.	(154)	1.245	1088
Griser selde, slakt og livdyr	(184)	3.763	3.747
Verpehøner over 20 veker	(160)	6.392	6.354
Livkyllingar, påsett til verpehøns	(175)	35	15
Slaktekyllingar	(176)	7	23
Ender, gås og kalkun. Bruksproduksjon	(168)	45	25
Livkyllinger, selde	(185)	0	0
Kyllingar, ender, kalkuner, gjess, slakta	(186, 187, 188, 189)	8	0
Minktisper	(170)	1.320	1.620
Revetisper	(171)	676	771
Hjort	(178)	19	0
Kaniner (meir enn 1 kull)	(180)	10	6
Bikuber	(194)	2	4
Lama	(196)	2	5
Kyr av bevaringsverdig rast	(720)	2	2

Diverse produksjonar m.m.	2016		2015	
Meierleveranse *) liter	9.567.023		9.313.738	
Her av økologisk	752.264		784.974	
Slakteleveranse kg	693.368		713.085	
Fordeling kumjøl/geitmjølk:				
Kumjøl produsentar	67*	9.158.348	69*	8.912.977
Geitmjøl ”	4*	408.675	4*	400.761

*Henteplassar

YMSE TILSKOT, UTBETALT ØRSTA	Tal søknader		Tilskot kr	
	2016	2015	2016	2015
Bu-midlar, frå fylkesmannen	1	0	261.000	0
Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)	13	9	323.910	198.500
Organisert beitebruk, investeringstilskot	0	2	0	38.400
Friskare geiter	0	1	0	4.950
Tilskot til drenering	5	4	39.810	44.945
Produksjonstilskot:				
Produksjonstilskot husdyr	131	133	9.434.164	10.169.488
Areal- og kulturlandskapstilskot grovfôr	175	175	9.613.472	9.911.316
Tilskot til dyr på utmarksbeite	102	108	1.335.628	1.387.767
Tilskot til dyr på beite	139	143	1.391.342	1.437.436
Bevaringsverdige storferaser	1	1	4.312	2.000
Kjøttfeproduksjon	4	3	142.500	69.000
Driftstilskot i mjølkeproduksjonen	73	74	8.928.101	9.219.500
Økologisk landbruk	13	12	50.170	46.591
Arealtilskot	0	1	0	5.825
Omlaggingstilskot	5	5	408.580	392.670
Husdyrhald				
Botnfrådrag/trekk	175	175	1.106.602	1.113.646
Regionalt miljøprogram:				
Eiga seter	2	2	60.000	60.000
Felleseter	9	16	30.952	84.952
Bratt areal 1394 da (1447 da)	51	58	181.220	184.500
Automatisk freda kulturminne 15 stk. (16)	10	11	15.000	15.000
Utsett jordarbeiding, eittårig raigras 5 da (8 da)	0	1	0	250
Tilskot til føring sau som går ute heile året, skjøtsel av kystlynghei	1	1	3.320	2.640
Areal i soner m/særleg verdifullt kulturlandskap				
Fulldyrka/overflatedyrka 1300 da (1329)	13	13	169.000	170.770
Innmarksbeite 682 da (585)	10	10	27.280	23.340
Gjødselspreiing vår/haustsesong 8698 da (9071)	52	56	417.504	373.126
Bruk av slangespreiing/gylleanlegg 537 da (499)	4	4	37.590	29.940
Tilskot til beitelag: Sau/lam 3433 dyr (3389)	7	8	51.495	50.835
Storfe/hest 420 dyr (584)	6	7	8.400	11.680
Trekk	0	17	0	17.000
Avløyserordning ferie og fritid	122	125	5.948.256	6.033.478
Avløysering under sjukdom	16	28	432.621	591.778
Sum			40.422.229	40.560.677

ÅRSOVERSIKT
over skogbruket i Ørsta
for året 2016

SKOGRESSURSAR:

		daa
Produktivt skogareal	Høg bon. (G17 og høgre)	59.426
	Middels " (G11 til G14)	23.889
	Låg " (G 8 og lågare)	3.149
	SUM	86.464

		m3
Stående kubikkmasse	Furu	32.800
	Gran	625.300
	Lauv	281.000
	SUM	939.100

		m3
Tilvekst	Furu	1.350
	Gran	35.950
	Lauv	12.750
	SUM	47.750

HOGST:

		2016 m3	2015 m3
Skur og spesialtømmer	Furu		
	Gran	17 178	13 981
Massevirke	Furu		
	Gran	10 076	9 003
Bartrevirke (Industrivirke, flis, o.l.)		98	53
Sum tømmer		27 352	
Ved (lauv og bartre)			
Sum hogst av ved og tømmer		27 365	23 037
Bruttoverdi i kr		7 767 792	6 467 611
Juletsal 600	Bruttoverdi i kr 165.000	144 000	165.000

INVESTERINGAR OG TILSKOTT I ØRSTA 2016 :

	Tal	Areal da	Kostnad kr	Statstilskot Kr		Kommunalt tilskot, kr 2014
				2016	2015	
Flaterydding						
Plantekjøp og Plantearbeid	137 600	522	772 263	323 787	250 593	
Mekanisk etterrydding		40	36 000	18 000		
Markberedning						
Avstandsregulering						
Gjødsling fastmark						
Grøfting Nyanlegg	-		-		-	-
Drift i vanskeleg terreng	1 416	29	463 520	141 600	200 000	
Hogst energivirke						-
Bilv.bygging: Nybygg Opprusting	3 230 m		1 760 000	1 025 500	2 258 936 192 249	
Traktorvegbygging						
Juletreplanting	5 500	15	65 000			

FORVALTNINGSSAKER ELLES ØRSTA	2016	2015
Søknader til Innovasjon Norge og Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavdelinga	30	36
Av dette:		
Våningshus	0	0
Gardkjøp/tilleggsjord - Rentelån	0	0
Tradisjonelt jordbruk - Vanleg ordinær bruksutbygging	7	6
- Etableringstilskot	0	1
- Bedriftsutviklingstilskot	1	1
Organisert beitebruk, investering i beitefelt	0	0
SMIL-søknader - Kulturlandskapstiltak	13	15
- Forureiningstiltak	4	3
- Stell av kulturlandskap	0	0
- Drenering	3	6
Tilleggsnæring - Stipend	0	0
- Investering	0	0
- Idèavklaring	0	1
Anna - Turisme	0	0
- Tidlempensjon	1	3
Pantefråfall, prioritetsvik, debitorskifte	0	0
Landbruksnemndsaker, i alt	99	92
Av dette:		
Delegerte saker	44	35
Saker etter Odelslov	0	0
Konsesjonslov	20	11
Jordlov, Skoglov	16	25
Høyringssaker etter plan- og bygningslov m.m.	5	6
Andre saker	14	15
Tal møter landbruksnemnda	7	7

ÅRSOVERSIKT

over jordbruket i Volda kommune for året 2016 og 2015

Tal bruk, areal, arealfordeling og husdyrtal bygg på data frå søknader om produksjonstilskot pr. 1.1. og 31.7. og talkodene i parantes refererer seg til desse søknadane. Areal og dyr som ikkje er med på desse søknadane er heller ikkje med i oversynet. (Særleg aktuelt for areal ute av drift.)

	Kode	2016	2015	
Jordbruksforetak, kvalifiserte til produksjonstilskot		104	101	
Jordbruksareal i drift: daa	299	15.145	15.432	
Bruken av jorda:				
ENG	Fulldyrka jord til slått og beite	210	11.242	11.431
	Overflatedyrka jord, til slått og beite	211	235	293
	Innmarksbeite	212	3.648	3.677
	Andre grovforvekstar	213	0	0
	Grøngjødsling	223	0	0
KORN OG ANNA	Vårkveite	240	0	0
FRØ TIL	Haustkveite	247	0	0
MOGNING	Rug	241	0	0
	Rugkveite	249	0	0
	Bygg	242	0	1
	Havre	243	0	0
VEKSTHUS OG	Veksthus og drivbenkar oppvarma pr. 1.3.	251	0	0
DRIVBENKAR	Andre veksthus og drivbenkar pr.31.7.	250	0	0
GRØNNSAKER	Poteter	230	1	1
OG POTETER	Grønnsaker på friland inkl. urter	264	0	0
FRUKT, BÆR,	Epler	272	0	0
PLANTESKULE	Pærer	273	0	0
OG BLOMSTER	Planteskuleareal	285	0	0
BÆR	Jordbær	280	0	0
	Andre bær	282	2	2
PLANTESKULE-		285	0	0
AREAL				
EVENTUELT	Jordbruksareal i drift utan rett til tilskot t.d.	290		
ANNA	brakka areal	og 294	17	27
JORDBRUKSAREAL UTE AV DRIFT	Fulldyrka/overflatedyrka	292	20	24
	Innmarksbeite	293	227	181
SUM JORDBRUKSAREAL (kode 210 - 299) = eige + leigd - bortleigd jordbruksareal)		300	15.145	15.432

HUSDYRTAL (MEDEL 1.1. OG 31.7) VOLDA		2016	2015
Hest	(115 – 116)	81	81
Mjølkekyr	(120)	533	539
Ammekyr	(121)	21	19
Andre storfe	(119)	912	948
Voksne sauer over 1 år	(137)	1.683	1.701
Sauer under 1 år	(138)	767	719
Mjølkegeiter over 9 mnd.	(140)	648	563
Ammegeiter for kjøttproduksjon	(142)	0	0
Bukkar og ungdyr, medrekna kje	(144)	235	291
Avlspurker	(155)	27	24
Avlstråner	(156)	0	0
Ungpurker (over 6 mnd. bestemte for avl)	(158)	3	0
Ungråner (over 6 mnd. bestemte for avl)	(159)	0	0
Smågriser under 2 mnd.	(154)	62	122
Griser selde, slakt og livdyr	(184)	2.245	2.212
Verpehøner over 20 veker	(160)	7.565	7.543
Livkyllingar, påsett til verpehøns	(175)	0	0
Slaktekyllingar	(176)	0	0
Ender, gås og kalkun. Bruksproduksjon	(168)	0	0
Kyllingar, ender, kalkuner, gjess, slakta	(186, 187, 188, 189)	0	0
Minktisper	(170)	0	0
Revetisper	(171)	0	0
Bikuber	(194)	15	12
Lama	(196)	1	1
Kyr av bevaringsverdig rase	(720)	27	20

Diverse produksjonar m.m.	2016		2015	
Meierleveranse *) liter	4.130.129		3.875.646	
Slakteleveranse kg	390.820		349.071	
Fordeling kumjølk/geitmjølk:				
Kumjølk produsentar	25*	3.791.503	24*	3.539.856
Geitmjølk ”	3*	338.626	3*	335.790

*Henteplassar

YMSE TILSKOT, UTBETALT VOLDA	Tal søknader		Tilskot kr	
	2016	2015	2016	2015
Bu-midlar, frå fylkesmannen	1	0	11.250	0
Spesielle spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)	14	8	445.875	192.500
Organisert beitebruk, investeringstilskot	0	2	0	205.100
Eteblerarstipend	0	0	0	0
Økologisk utviklingstiltak	0	0	0	0
Friskare geiter	1	2	10.564	253.200
Tilskot til drenering	4	1	64.250	20.000
Produksjonstilskot:				
Produksjonstilskot husdyr	80	80	5.353.288	5.689.409
Areal- og kulturlandskapstilskot grovfor	106	101	4.628.225	4.729.270
Produksjonstilskot planteproduksjon	1	2	2.900	8.700
Tilskot til dyr på utmarksbeite	64	66	930.692	907.209
Tilskot til dyr på beite	86	87	775.102	797.571
Bevaringsverdige storferaser	1	1	56.056	42.000
Kjøttfeproduksjon	2	2	27.027	67.579
Driftstilskot i mjølkeproduksjonen	28	28	3.517.560	3.403.500
Botnfrådrag/trekk	115	115	665.152	661.752
Regionalt miljøprogram:				
Eiga seter	0	0	0	0
Fellesseter	1	1	3.333	3.333
Bratt areal 1194 da (1251)	35	39	155.220	160.630
Automatisk freda kulturminne 3 stk (6)	1	2	3.000	6.000
Skjøtsel av slåttemark 2 da (2)	1	0	2.000	0
Gjødselspreiing vår/haustsesong 3088 da (2922)	22	23	148.224	126.672
Bruk av slangespreiingar/gylleanl. 840 da (896)	6	9	58.800	53.760
Tilskot til beitelag: Sau/lam 2391 (2235)	3	4	35.865	33.525
Storfe/hest 70 (68)	3	3	1.400	1.360
Trekk	0	1	0	1.000
Avløysarordning ferie og fritid	70	75	2.477.787	2.830.776
Avløyasing under sjukdom	5	8	124.417	239.107
Sum			19.500.987	19.771.201

ÅRSOVERSIKT
over skogbruket i Volda
for året 2016

SKOGRESSURSAR:

		da
Produktivt skogareal	Høg bon. (G17 og høgre)	37.800
	Middels " (G11 til G14)	31800
	Låg " (G 8 og lågare)	2300
	SUM	71.900

		m3
Ståande kubikkmasse	Furu	211.000
	Gran	340.000
	Lauv	237.000
	SUM	788.000

		m3
Tilvekst	Furu	6.200
	Gran	18.500
	Lauv	9.800
	SUM	34.500

HOGST:

		2016 m3	2015 m3
Skur og spesialtømmer	Gran og Furu	25 927	11 306
Massevirke	Furu Gran	20 585	5 408
Bar – og lauvtrevirke (Industrivirke, flis, vrak o.l.)		278	92
Sum tømmer			
Ved (lauv og bartre)			
Sum hogst av ved og tømmer		46 790	16 806
Bruttoverdi i kr		13 129 779	4 956 078
Juletresal	Bruttoverdi i kr		

INVESTERINGAR OG TILSKOTT I VOLDA I 2016:

	Tal Planter/ m3/ meter veg	Areal da	Kostnad kr i alt	Statstilskot Kr		Kommunalt tilskot, kr 2015
				2016	2015	
Flaterydding						
Plantekjøp og Plantearbeid	89 100	440	533 800	256 668	99 975	
Naturleg forynging						
Mekanisk etterarbeid		24	8 050	4 025	3 300	
Mark- beredning						
Avstands- regulering						
Gjødsling fast- mark						
Grøfting Nyanlegg						-
Drift i v.terreng	625 m3	23	185 575	59 800	117 610	
Energtilskot						
Bilvegar Nybygg Opprusting						
Traktorvegar						
Juletreplanting	<u>Planter</u> -	<u>Areal</u>				

FORVALTNINGSSAKER ELLES VOLDA	2016	2015
Søknader til Innovasjon Norge og Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavdelinga	13	15
Av dette:		
Våningshus	0	0
Gardkjøp/tilleggsjord - Rentelån	0	0
Tradisjonelt jordbruk - Vanleg ordinær bruksutbygging	2	5
- Etableringstilskot	0	0
Organisert beitebruk, investering i beitefelt	0	1
SMIL-søknader - Kulturlandskapstiltak	9	6
- Forureiningstiltak	0	0
- Stell av kulturlandskap	0	0
- Drenering	1	3
Tilleggsnæring - Stipend	0	0
- Investering	0	0
Anna - Turisme	0	0
- Tidlegpensjon	0	0
Pantefråfall, prioritetsvik, debitorskifte	1	0
Forvaltningsstyret, i alt	35	21
Av dette:		
Delegerte saker	17	8
Saker etter		
Odelslov	0	0
Konsesjonslov	3	3
Jordlov, Skoglov	11	10
Høyringssaker etter plan- og bygningslov m.m.	3	0
Andre saker	1	0
Tal møter forvaltningsstyret	10	10

ÅRSMELDING MED REKNESKAP 2016

Barnevernstenesta sine hovudmål er gitt i Lov om Barnevernstenester og er todelt :
For det første skal tenesta sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. For det andre skal ein bidra til at barn og unge får gode oppvekstvilkår. Tenesta har dermed ei todelt oppgåve, ved å gi hjelp til barn og deira familiar, i samarbeid med andre tenester, og samstundes følgje med i born sine oppvekststilhøve og drive førebyggjande arbeid.

1.1.2014 gjekk Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta saman om etablering av ei interkommunal barnevernsteneste, med Volda kommune som vertskommune. Denne årsmeldinga omhandlar det tredje driftsåret med denne organisasjonsmodellen. I 2014 dreiv vi ei "desentralisert" interkommunal teneste medan vi venta på at lokala i Volda rådhus skulle bli ferdige. I mai 2015 flytta vi inn i dei nye lokala, ein flytte- og etableringssjau som var nokså krevjande ved sida av vanleg drift og tenesteyting. Ved slutten av året hadde vi også fått på plass møte/samtalerom i alle samarbeidskommunane. 2016 er dermed det første året vi har hatt ei verksemd der alle tilsette og alle funksjonar har vore samla på ein og same stad. Slik sett kan ein hevde at dette var det året organisasjonen var endeleg etablert, der praktiske og tekniske tilhøve fungerer. Vi har dermed nytta 2016 til å konsentrere oss om dei mange oppgåvene som ligg innafør vårt tenesteansvar.

ÅRSVERK

Ved utgangen av 2016 var det vel 60 årsverk i tenesta, det same som i 2015; 31,3 av desse var *i den lovpålagte barnevernstenesta* (barnevernssjef, kontorfagleg personale, fagteamleiarar, barnevernnskonsulentar og tiltakskonsulentar), medan omlag 30 årsverk var knytt opp mot *arbeidet med einslege mindreårige flyktningar i Volda og Ørsta* (fagleiar, miljøarbeidarar og miljøterapeutar). Fagpersonalet består av tilsette i heile stillingar, medan dei tre kontorfaglege er deltidsstillingar. Det har vore noko vakanse i 2016 grunna sjukemeldingar, permisjonar og AFP-reduksjon.


ORGANISERING

Personalet er organisert og oppdelt i fagteam, der ein arbeider etter fasane i ei barnevernssak. Kwart team har sin leiar. I tillegg har vi hatt øyremerka 100 % stilling (fordelt på to personar), som har ein særleg fokus på førebyggjande, tverrfagleg og tverretatleg arbeid i samarbeidskommunane. Vi har sidan prosjektperioden vore opptekne av at det ikkje skal være til ulempe for barna at vi har valt å arbeide etter ein slik «spesialistmodell». Vi har sett inn tiltak for å sikre at tenesta likevel er *ei teneste*, der personalet for eksempel ikkje er tilsett på

teamet, men i tenesta. Vi har faglege rettleiingsgrupper på tvers av teama, teamet følgjer sakene så lenge barna treng det i overgangen til ny fase, vi bidreg inn i kvarandre sine problemstillingar, og teamleiarane har felles overføringsmøte kvar veke.

Når det gjeld omsorga for einslege mindreårige flyktingar har vi det vi kallar "Fagteam EM". Her har Volda og Ørsta etablerte bufellesskap for einslege mindreårige flyktingar, med eige personale som går i døgnturnus. Det er også etablert ei "oppfølgingsteneste"; personale som følgjer opp dei som har flytta ut av bufellesskapen. Dette tiltaket, som ikkje er ei lovpålagt oppgåve, vart lagt inn under barnevernssjefen sitt ansvarsområde 1.1.2014. I og med at tiltaket berre gjeld for to av dei fire samarbeidskommunane, vil det bli omtala i eit eige kapittel i årsmeldinga.

Organisasjonskartet vårt ser slik ut:



Fagteamleiarane

Melding og undersøking: Kyrre Grimstad

Hjelpetiltak: Aina Øyehaug Opsvik

Hjelpetiltak einslege mindreårige flyktingar: Torill Osborg Vinjevoll

Omsorg: Ann Reidun Vik

DRIFT OG AKTIVITET GJENNOM ÅRET

Sjølv om alle samarbeidskommunane gjennom fleire år har nytta det same fagprogrammet, *Familia*, viste det seg i samanslåingsprosessen at bruken av dette programmet har vore ulikt praktisert. Også i 2016 har vi brukt mykje tid på å etablere ein felles praksis og bruk av dette programmet. Dette er viktig for å få ein god og systematisk oversikt over sakene, men også for å få eit likt grunnlag for rapportering og statistikk. Vidare er vi i gang med å ta i bruk *økonomidelen* av fagprogrammet, som ein nyttig reiskap for å få oversikt over kostnadane ved kvart enkelttiltak. Vi starta arbeidet med dette i andre halvdel av 2016. Det har vist seg å vere meir kostnads- og arbeidskrevjande enn vi såg føre oss, men vi vonar å kome i mål i løpet av første halvår 2017.

For å sikre *eit tilgjengeleg barnevern*, har tenesta sitt eige fasttelefonnummer i kontortida. Vi kan også nåast via Volda kommune sitt telefonnummer. I starten ønska vi å vere tilgjengelege slik at dei tilsette sine mobilnummer låg på kommunane sine heimesider. Denne lista har vi dessverre måtte ta bort pga sjikane mot dei tilsette og henvendelsar frå ulike grupper og enkeltpersonar som er motstandarar av barnevernet, i inn- og utland.

Vi har gjennom heile 2016 halde fram med vårt samarbeid med «Forandringsfabrikken» og «barnevernsproffane». Deltakinga i «Mitt-Liv-prosjektet» deira har medført utprøving av nye arbeidsmåtar. Som mange andre barnevernstenester i Noreg, har vi forplikta oss til å følgje deira anbefalingar for *forsvarleg barnevernspraksis*. Mitt Liv sitt barnesyn og deira verdjar, *openheit, kjærleik, audmjukheit og medverknad*, er styrande for arbeidet vårt. Dette er nyttige direktiv for å trygge at barn og familieane deira møter eit barnevern der *barnet* er i fokus, og der barnet sin stemme vert høyrte og teke sterkt omsyn til. Mitt-Liv-prosjektet har også ført til at vi har tatt i bruk råda deira om «Klokhet mot vold» og «Trygg foreldreinfo», vi prøvar ut system for tilbakemeldingar frå barn og unge i tenesta, og tek del på regionale og nasjonale inspirasjonssamlingar, samt eit regionalt leiarnettverk for inspirasjon og dialog med proffane.

Vi har arbeidd med implementering av *brukarmedverknad og brukarevaluering*; Her har vi teke i bruk ein metode der både barn og foreldre gir tilbakemelding om korleis dei opplever å samarbeide med oss.

Vidare har vi delteke på ulike typar kurs og fagsamlingar, og vi har hatt interne opplærings- og skuleringsdagar. Kurs arrangert av Fylkesmannen og det regionale nettverket "Mission Possible" har vore prioritert. Her har vi arbeidd med å utvikle og utarbeide felles rutinar for alle kommunane på Sunnmøre gjeldande oppfølging av fosterbarn. Gjennom eit samarbeid med Høgskulen i Volda har ni tilsette fullført vidareutdanninga i «barnevernsarbeid i migrasjonsfamiljar».

Alle fagtilsette har faste tider for saksrettleiing med sin teamleiar, dei har tilbod om fagleg rettleiing i grupper, og vi har gjennomført medarbeidarsamtaler med alle. Vi har arbeidd med organisasjonsutvikling og vårt eige arbeidsmiljø, og vil halde fram med dette som ein kontinuerleg prosess i målet om å vere ein lærande organisasjon.

ARBEIDET PÅ TEAMA

Kontorfunksjonane

Det er totalt 2,1 stillingar på kontorfagleg side i tenesta. Desse er fordelt på tre personar som jobbar deltid. I 2016 heldt arbeidet i kjølvatnet av samanslåinga fram, med opprydding i arkiv og fjernarkivering av gamle saker, innføring av nye rutinar og nye system. Det er kontorpersonale på jobb kvar dag i kontortida.

Tverrfagleg og førebyggjande arbeid

Vi har *faste samarbeidsmøter* med alle instansar som arbeider med barn og unge i samarbeidskommunane, samt med politiet. Vi har også hatt både lege-, politi og sosialarbeidarstudentar i praksis. Alle barnehagane og skulane, samt andre instansar, har sin eigen *kontaktperson* i barnevernstenesta. Dette for at terskelen for å ta kontakt skal vere så låg som mogleg. Vi har elles *presentert* og diskutert barnevernets arbeid på ulike personalsamlingar hos samarbeidsinstansar og på asylmottaka.

Eva Lyngre og Kjellfrid Hovdenakk har vore frikjøpt delar av sine stillingar for å arbeide med prosjektet «Korleis oppdage og hjelpe barna og deira familiar når føresette slit med rus og psykiske vanskar». Prosjektet har vore finansiert av midlar frå Barne- ungdoms- og familiedirektoratet, og er sendt til kommunane for framlegging i kommunestyra. Ein finn rapporten og ein rettleiar på Volda kommune sine heimesider, med tittelen «Sjå Meg».

Kontaktpersonar

Etter at barneventenesta vart interkommunal har vi arbeidd med å verte kjend ute i våre fire kommunar, og vi har i tillegg reist rundt og informert om barnevernstenesta. Alle barnevernskonsulentane har fått tildelt faste skular og barnehagar som deira kontaktperson. Kontaktpersonane møter på foreldremøter og orienterer saman med helsesøster, PPT, evt. fysioterapeut, psykolog og hjelpetenestene i kommunen, slik at også foreldre vert kjende med dei ulike hjelpetenestene. Kontaktpersonane deltek også på personalmøter og informerer om barnevernstenesta. Vi har også undervist og hatt orienteringar på ressursstentera og i «Introduksjonsprogrammet for flyktingar».

I Volda og i Ørsta deltek vi i «Ressursteam», eit fagteam som består av PPT, barnevern, helsesøster, kommunepsykolog og i Ørsta LOS for barn over 12 år. I Ulstein og Hareid deltek vi i tverrfagleg samansette team, som består av skule/barnehage, helsestasjon og PPT. I Hareid deltek barnevernstenesta sine kontaktpersonar på «foreldreskulen», som eit tilbod til elevar og foreldre i 1. og 5.klasse. Formål med foreldreskulen er å styrke forholdet heim og skule, styrke relasjon mellom foreldra og samarbeidspartar, og gi informasjon om tilbod til borna i kommunen.

Vi har delteke i prosjektgruppa for «Voldaprojektet», eit prosjekt for barnehagane i Volda kommune, og som er eit samarbeidsprosjekt med NTNU i Trondheim og RKBU Midt-Norge. Gjennom fleire år har barnevernstenesta hatt faste månadlege møter med politiet. I 2016 har vi utvida dette, slik at ein no møter politiet i alle kommunane i 7-stjernesamarbeidet. Vi samarbeider med høgskulen i Volda, og deltek elles i tverrfaglege og ulike andre samarbeidsgrupper på ulike nivå i alle samarbeidskommunane.

Meldingar og undersøkingar

Teamet si hovudoppgåve er mottak, gjennomgang og vurderingar av meldingar, samt gjennomføring av undersøkingar. Lov om Barnevernstenester legg tydelege premisser for denne delen av arbeidet, og det er her barnevernstenesta er underlagt dei fleste av dei lovfesta tidsfristane.

Det er viktig å peike på at meldingar og undersøkingssaker i barnevernstenesta ikkje er ein statisk faktor. Arbeidet i barnevernstenesta har grunnlag i vurderingar av det einskilde tilfellet. Teamet har faste møter, der ein går gjennom innkomne meldingar, drøftar sakene i høve alvorsgrad, og der ein legg strategi for undersøkinga. Det vert lagt vekt på å snakke med barna i alle undersøkingar. Vi har utarbeidd rutinar for arbeidet, noko som utgjer ein viktig del av barnevernstenesta sitt kvalitetssystem. Saksdrøftingar med den einskilde sakshandsamar og i teamet vert prioritert.

I følgjande tabell kan vi sjå utviklinga når det gjeld nye meldingar (tal frå barnevernet sitt fagsystem, *Familia*):

	2013	2014	2015	2016
Hareid	53	61	72	63 – Tilsvarear 5,2 % av alle barn under 17 år
Ulstein	38	55	44	66 – Tilsvarear 3,1 % av alle barn under 17 år
Volda	81	90	61	64 – Tilsvarear 3,3 % av alle barn under 17 år
Ørsta	116	75	78	102 – Tilsvarear 4,3 % av alle barn under 17 år
Samla	288	281	255	295

Som tala syner har talet på meldingar auka, med unntak av første driftsåret for det interkommunale samarbeidet. I 2016 mottok vi 40 fleire meldingar enn året før. Så å seie alle var av ein slik karakter at dei førte til undersøking. Denne auken har også ein mulig samanheng med, at etter at barnevernstenesta vart omorganisert, er samarbeidspartane etter kvart tryggare på samarbeidet med barnevernstenesta.

Ei undersøking skal som hovudregel gjennomførast innan tre månader etter mottak, men det er framleis ei utfordring å halde denne fristen i alle saker. I 2016 hadde vi færre fristbrot enn i 2015, og det er sett i verk tiltak som vi etter kvart ser effekt av. Det er likevel viktig å peike på at «nullfrist» ikkje er eit realistisk mål; Mange einskilde saker er kompliserte, og der ein også frå Fylkesmannen som tilsynsmynde, forstår kvifor fristbrot ikkje er til å unngå.

For 2016 har vi hatt eit samla fristbrot på ca 21,5%. Dette er eit langt betre resultat enn for 2015, men vi har ei målsetjing om å kome ytterlegare ned. Det er likevel ein helt nødvendig føresetnad, at for å klare alle undersøkingane innan tre månader, må ein ha personalressursar som svarar til denne auken.

Det er heller ikkje slik at færre meldingar medfører mindre arbeid i undersøkingssfasa, eller at tiltaka som må settast i verk blir mindre omfattande: Nokre saker er meir omfattande og arbeidskrevjande enn andre, og det er ikkje eintydig å kunne peike på kva som er dei mest vesentlege problemstillingane i meldingane. Det kan verte formidla ulike signal/vanskebile i ei melding, og så ser ein at undersøkinga kan syne heilt andre problemområde enn det som vart meldt.

I nokre vitskapelege utgreiingar vert undersøkingssfasa kalla «navet» i barnevernstenesta. Vi erfarer at det å ha kontakt med familiar og barn i krise er utfordrande og lite eigna til «teljing». Kvar einskild sak er unik og krev ulik tilnærming. Vi møter for det meste folk i krise, og dei har krav på ei verdig handsaming.

Over fleire år syner både nasjonale og lokale oversyn at det er familiane sjølv som oftast melder til barnevernstenesta. Slik er det også i vår teneste. I tillegg er skulane hyppige meldarar. Meldingstalet frå barnehagane varierer, og det er fleire større barnehagar som aldri melder til barnevernstenesta. Det er likevel ei endring mot at vi får fleire meldingar på yngre born, noko som er i tråd med faglege målsetjingar.

Dei siste åra har det vore ein markert auke i meldingar om vald og seksuelle overgrep mot barn. I dei fleste tilfella inneber dette at vi må melde til politiet, med påfølgande dommaravhøyr av barna og eit svært omfattande etterarbeid for barnevernstenesta. Vi ser

vidare eit høgt tal på saker som omhandlar partskonfliktar (konflikt mellom mor og far). Nokre av desse kan finne si løysing andre stader, til dømes hos familievernnet. Likevel medfører desse sakene stor arbeidsbelastning, utan at barnevernet kan avgjere om barnet skal bu hjå mor eller far. Vi ser stor auke i meldingar om «asylbarn», dvs. familiar eller einskilde som ikkje har fått avklara sin status, og der det er uro over ei usikker framtid. Sær mange undersøkingar syner behov for rettleiing til foreldra/omsorgsgjevarane.

Hjelpetiltak

Hjelpetiltaksteamet arbeider i hovudsak med å gi friviljug hjelp til heimebuande barn og deira familiar. Hovudandelen barn som tek i mot hjelp frå barnevernstenesta får hjelp frå dette teamet. «Familieteamet», som utgjer ein eigen seksjon, arbeidar direkte med endringstiltak inn i familiane og tilbyr familierapi og anna familierettleiing, til dømes PMTO og Marte-Meo, som er manualbaserte rettleiingsformer. I 2016 har dette teamet fått tilmeldt 43 (37 i 2015) nye barn.

Tal på barn som tok i mot hjelpetiltak i heimen ved utgangen av året:

	2014	2015	2016
Hareid	32	26	38
Ulstein	41	34	51
Volda	57	57	56
Ørsta	47	52	74
Samla	177	169	219

Hjelpetiltaksteamet har i 2016 hatt ansvar for fleire situasjonar der ein har vurdert hasteplassering av barn. Desse førte til friviljug hasteplassering av to barn. I fleire av situasjonane har ein ved å samarbeide tett med familiane og å involvere nettverk unngått å måtte plassere barnet utanfor familien. Teamet har ført saker vedkomande fire barn i Fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker. Vi har også ført ankesaker i rettsapparatet. To barn vart i 2016 plassert i institusjon med samtykke frå foreldra, og to familiar tok i mot tilbod om friviljug familiebehandling i institusjon.

Det er gode rutinar på utarbeiding av tiltaksplanar for barna, og det er no unntaksvis at eit barn ikkje har sin eigen plan. Viss eit barn ikkje har ein slik aktiv plan er det fordi saka er ny og ein ikkje har fått utarbeidd plan, eller at saka er under evaluering og planen ikkje er fornya. Gode evaluering av desse planane, der barnet og familien er involvert, er noko vi stadig arbeidar for å gjere på gode måtar. Det er likevel ei utfordring å ha kapasitet til å evaluere situasjonen til kvart barn så grundig som ein ynskjer. Det kan føre til at hjelpa ein gir kanskje ikkje gir ønska effekt, eller at barnevernstenesta ikkje gjer riktige vurderingar av kva type hjelp barnet og familien treng.

Bakgrunnen for å fokusere på dette er eit ynskje om i større grad å ha oversikt over kva hjelp det er behov for i den einskilde familie, og å syte for at tiltak vert endra og avslutta når det er behov for det. På denne måten vil vi sikre at *barn får rett hjelp til rett tid*, og at ein ikkje er i kontakt med familiar i lengre tid enn naudsynt. Vi erfarer at vi gjennom godt metodisk arbeid med dette kan avverje at barn må ut av heimen, og i større grad unngå hasteplasseringar.

Vår erfaring er at mange av dei familiane som får hjelp har behov for styrking av foreldrekompetansen. Dette er ei utfordring for kapasiteten til familieteamet. Barn med stort

skulefråvær, dårleg eller manglande foreldresamarbeid mellom skilde foreldre, er andre problemstillingar vi arbeidar med. Vi har også mange saker der problemstillingane er knytt opp mot at eit barn i ei familie har funksjonshemming og/eller psykiske vanskar, dette verkar inn på heile familien og det kan være ei utfordring for foreldra å orientere seg om kva hjelpetiltak kommunen har å tilby. I arbeidet med alle barna og familiane er det eit samarbeid med andre tenester. Vi er særst merksame på dette, og ser at eit godt tverrfagleg samarbeid er avgjerande for at barnet og familien skal få god hjelp.

Tiltaksteamet arbeidar stadig med å evaluere eige arbeid for å bli meir effektive og for å finne gode metodar for å arbeide kreativt og målretta. Individuell rettleiing og drøftingar i teamet er derfor viktig. Vi erfarer at tilsette i tenesta har eit høgt fagleg fokus, og kontinuerlig arbeidar for å gjere tenesta betre.

Samarbeidet med "Barnevernsproffane" og deltaking i Mitt-Liv-prosjektet har medført utprøving av nye arbeidsmåtar. Dette erfarer vi at har ført oss inn i ein prosess der barnet kjem meir i fokus og vert hovudperson i eiga sak. Vi ser at dette styrkar barnet si deltaking i samarbeidet vedkomande tiltaka som er sett inn i familien. Barnevernsproffane er opptekne av at barna skal få rom til å gi tilbakemelding på korleis dei opplever kontakta med barnevernstenesta. Tiltaksteamet innførte dette som rutine før vi gjekk inn i Mitt Liv-prosjektet, og dette er no ein innarbeidd arbeidsmåte. Vi opplever at dette gir oss meir tryggleik i høve kva tiltak som skal settast inn, og at barna og foreldra i større grad er med på å sette mål for tiltaka. Ein anna arbeidsmåte som vi ser barna oppfattar positivt, er at tiltaksplanen no har overskrifta «Barnet sin plan», til dømes «Sofie sin plan». Dette viser at det ikkje er dei store endringane som skal til for å gi barnet større plass i eiga sak.

Barn som bur utafør heimen

Omsorgsteamet tek seg i hovudsak av oppfølging av barn og unge som bur utafør heimen, i fosterheim eller i institusjon. Ein følgjer også opp dei som har fylt 18 år, og som har ønska *ettervern*. Unge vaksne som bur/har budd i fosterheim eller institusjon har krav på ettervern fram til fylte 23 år. Vi har også ansvar for tilsynsordninga gjeldande fosterbarn/ungdom som bur i Hareid, Ulstein, Volda eller Ørsta.

Ved utgangen av 2016 hadde teamet ansvar for oppfølging av 87 barn. Ved rapporteringa pr 31.12.2016 var 51 av desse under omsorg av kommunen/barnevernstenesta. I tillegg budde 8 barn/ungdomar i fosterheim eller institusjon med foreldra sitt samtykke. I tillegg kjem 27 ettervernsungdomar.

Oversikt over barn med tiltak utafør heimen i åra 2014 - 2016 (0-18 år)

	Som eit frivillig tiltak			Barn under omsorg		
	2014	2015	2016	2014	2015	2016
Hareid	2	2	1	15	15	13
Ulstein	6	5	5	14	16	17
Volda	5	1	1	14	12	12
Ørsta	1	0	1	17	16	9
Samla	14	8	8	60	59	51

Unge vaksne med ettervernstiltak (18-23 år)

	2014	2015	2016
Hareid	0	1	0
Ulstein	12	7	8
Volda	7	12	9
Ørsta	4	4	10
Samla	23	24	27

Som tabellen viser, er talet på barn i ulike omsorgstiltak nok varierende frå år til år, der nokre saker blir avslutta og nye kjem til. I 2016 har det blitt overført 3 barn frå andre team til omsorgsteamet. Alle desse bur i fosterheim. Av desse er 1 frå Ulstein og 2 frå Ørsta kommune. 10 ungdommar har fylt 18 år i løpet av året og alle har takka ja til ettervern, 3 frå Ulstein og 7 frå Ørsta.

Pr. 31.12.2016 budde 6 barn i institusjon, her av ein over 18 år. Desse høyrer til Volda kommune (2), Ørsta kommune (2) og Ulstein kommune (3). To barn/ungdom har flytta tilbake til sine foreldre (tilbakeføring), medan tre ungdommar på ettervern har fylt 23 år og er såleis ute av barnevernstenesta.

Kravet i barnevernslova, om at alle barn i fosterheim skal ha sin eigen omsorgsplan, er oppfylt 100 % i 2016. Kravet om tiltaksplan for alle barn som bur i fosterheim/institusjon med samtykke frå foreldre og eventuelt ungdom over 15 år (hjelpetiltak) er også oppfylt. Målet om at alle fosterbarn og fosterforeldre skal ha inntil to/fire besøk/samtaler per år med barnevernstenesta er ikkje nådd; Vi har arbeidd mykje med dette i 2016, og har oppnådd betre resultat enn tidlegare år. Dei fleste som ikkje har hatt fire, har likevel hatt tre besøk, i tillegg til jamlege samarbeidsmøter og samtaler pr telefon. Det er laga nye rutinar i høve dette, som vil ha høg prioritet i 2017. Dette gjeld også oppfølging av biologiske foreldre.

Å følgje opp barn/ungdommar slik, er eit tidkrevjande og kostnadskrevjande arbeid. Det medfører ofte lange reiser, då fleire bur ulike stader i landet. Ettersom fleire av barna/ungdommane bur rundt om i landet, går det mykje tid og ressursar til reiseverksemd for dei som arbeider på dette teamet. I tillegg kjem praktisk arbeid med tilrettelegging og utgifter i samband med gjennomføring av samvær mellom barna og deira biologiske foreldre og sysken. I nokre høve må ein flytte barn/ungdommar frå ein fosterheim til ein annan, eller til institusjon.

Omsorgsteamet har hatt tre fagdagar gjennom året der ein har arbeidd med interne rutinar, eit arbeid som skal halde fram i 2017. Ein har også hatt ein felles fagdag med tiltaksteamet. Omsorgsteamet har også i år arrangert ein fagdag for fosterforeldre, med temaet *samarbeid og kontakt med biologisk foreldre*. Målet er at ein skal gjennomføre ei slik samling kvart år.

Ved sida av dei interne fagsamlingane i tenesta har teamet også teke del på ulike kurs og vidareutdanning. I tillegg har teamet tatt del i Mitt Liv samlingar, eit prosjekt som Forandringsfabrikken, tidlegare barnevernsbarn, står som arrangør for. Teamleiar har også tatt

del i arbeid med felles rutine på Sunnmøre i høve barn som blir flytta i fosterheim til ei anna/vår kommune (Mission Possible). Desse rutinane er no vedteke og tatt i bruk.

Det er elles sett av tid til jamleg individuelle rettleiing og saksdrøfting av barnevernskonsulentane, samt ein medarbeidarsamtale pr år.

Tilsynsførarordninga

Samarbeidskommunane hadde ved utgangen av året *tilsynsansvar* for til saman 75 barn som bur i fosterheim i våre kommunar (Volda 28, Hareid 16, Ulstein 12, Ørsta 19). Av desse er det to barn der vi både er settevergje og tilsynsansvarleg. Dei fleste av desse er andre kommunar sine omsorgsbarn, men der vi har ansvar for tilsynet.

Tilsynsførarordninga er frå styresmaktene anbefalt å ligge til ein annan instans enn barnevernstenesta. Denne ordninga har aldri, verken på landsbasis eller i våre kommunar, fungert etter intensjonane om at barn som bur i fosterheim skal ha sin eigen tilsynsførar som skal følgje opp og besøke dei 4 ggr pr år. På rådmanns- og ordførarnivå er det likevel bestemt at ansvaret for ordninga skal ligge hos barnevernet inntil vi får ny barnevernslov om ikkje så altfor lenge.

I 2016 øyremerka vi derfor 50% stilling til oppfølging av tilsynsførarordninga, og det har vore lagt ned eit stort arbeid med å søke å betre ordninga. Dersom ein ser siste halvår og talet på gjennomførte tilsynsbesøk, ser ein stor framgang. For første halvår var 31 krav om tilsyn oppfylt, medan 43 ikkje var oppfylt. For andre halvår var 50 krav om tilsyn oppfylt, medan 24 ikkje var det. Ved neste rapportering vil ein vonleg sjå at fleire har fått dei tilsynsbesøka dei har krav på etter lova.

Det er fleire årsaker til at barn ikkje har fått dei tilsynsbesøka dei har krav på. Desse kan vere utanforliggande, og gjeld tilhøve som barnevernstenesta ikkje har kontroll på. Her har ein sett seg nøydd til å avslutte oppdragstakarar og finne nye tilsynsførarar. For at ordninga skal fungere, krev det jamn oppfølging i form av rettleiing og kontroll av talet på besøk, samt rapportering. Når dette blir følgt opp, viser det seg at tilsynsordninga fungerer betre.

Det har vore gjennomført kurs for tilsynsførarar hausten 2016. Ansvaret for dette er no overført frå Bufetat til kommunane, og ein ser føre seg at det er naudsynt å arrangere minimum eitt slikt kurs pr. år.

Årsaker til at saker ikkje blir fulgt opp er:

- Sjukdom hjå tilsynsførar
- Avlyste tilsynsbesøk grunna sjukdom hjå fosterbarn eller fosterfamilie
- Tilsynsførarar som ikkje fylgjer opp etter avtale
- Manglande kompetanse
- Manglande rutinar internt
- Omsorgskommunen gir ikkje beskjed om endringar
- Omsorgskommunen fylgjer ikkje opp avtale om tilbakemelding og formell sakshandsaming

Tiltak som er sett i verk for å betre tilsynet med born i fosterheim

- Kurs for alle tilsynsførarar
- Avslutning av kontrakt med tilsynsførarar som ikkje fylgjer opp
- Rettleiing i høve krav i lov, utfylling av rapport, innhald i rapport
- Jamn oppfølging og kontroll

Desse funksjonane tek føre seg utgifter for enkeltbarn og familiar, noko som kan vere svært vanskeleg å forutsjå frå år til år. Dei kan også vere vanskeleg å skilje i budsjettssamanheng, fordi eit barn kan variere mellom tiltak i og utanfor heimen i løpet av eit år.

Hjelpetiltaka kostar, men det er særleg tiltaka for barn som bur utafor heimen som er kostnadskrevjande. Dette gjeld i hovudsak når barn må flyttast i fosterheim eller institusjon: Når Fylkesnemnda har vedteke omsorgsovertaking for eit barn, har det statlege barnevernet, BUF- etat avgjerande innverknad på kva tilbod barnet skal få og kvar i landet det skal bu. Ei handsaming i Fylkesnemnda er ressurskrevjande på fleire område, også økonomisk. Når barn så får ein annan plass å bu, ofte i andre delar av landet, fell i stor grad også utgiftene til samværsreiser for familien/foreldre/søsken på barnevernstenesta. I tillegg skal ein representant frå barnevernstenesta besøke barnet /fosterheimen/institusjonen fleire gonger pr år. I mange høve krev situasjonen for barnet at barnevernstenesta må stille på samarbeidsmøter langt oftare enn dette minimumskravet, noko som fører til auka kostnadar.

Viss barn ikkje lenger kan bu ilag med sine foreldre er det langt rimelegare viss vi finn ein fosterheim i staden for at barnet må bu i institusjon. I nokre høve må likevel fosterforeldra "kjøpast fri" frå sin ordinære jobb for å vere heime med barnet på heil tid. Då kan ei fosterheimsplassering verte nesten like kostnadskrevjande som ein institusjonsplass.

BUF-etat refunderer i dei fleste høve kommunane sine utgifter som overstig kr 31 500 pr måned. Imidlertid har BUF-etat kutta ned på kva dei refunderer og ikkje, og kommunen sin eigenandel ved plasseringar av barn i institusjon har gått kraftig opp dei siste åra. Dette er ein ønska politikk frå statlege styresmakter, der ein ser at færrest mogleg barn bur i barnevernsinstitusjonar. I nokre tilfelle er dette ikkje til å unngå, særleg når vi snakkar om ungdomar som ein ikkje klarer å finne eigna fosterheim til.

Den kommunale eigenandelen for ein institusjonsplass var i 2013 på kr 30 000 pr måned. I 2014 vart den auka til kr 50 000, og frå 2016 var den på kr 67 000 pr måned. Når reiser og andre utgifter kjem i tillegg, kan ein rundt rekne at ein institusjonsplass kostar kommunen omlag 1 million kroner pr år. Likeeins har det vore ein kraftig auke i den kommunale eigenandelen for opphald i senter for foreldre og barn, MST (multisystemisk terapi) og andre nødvendige hjelpetiltak som BUF-etat driftar.

Ved ei oppdeling av Kostra 251 (tiltak i heimen) og 252 (tiltak utafor heimen) ser rekneskapstala slik ut for 2015 og 2016:

	Kostra 251 2015	Kostra 251 2016
Hareid	670 739	595 042
Ulstein	1 173 303	1 376 370
Volda	432 269	1 328 139
Ørsta	1 798 131	2 002 701

På Kostra 251 har særleg Volda hatt ein stor auke, noko som forklarast med frivillig opphald i institusjon for foreldre/barn.

	Kostra 252 2015	Kostra 252 2016
Hareid	5 917 615	5 341 367
Ulstein	11 063 155	11 901 328

Volda	6 787 096	5 514 633
Ørsta	8 827 125	8 745 283

Som vi kan sjå er det nokså store variasjonar over utgiftene pr kommune når det gjeld barn som bur utafør heimen. Ulstein og Ørsta har barn på institusjon, medan Hareid har ingen slike. Volda har på si side hatt ein nedgang i desse utgiftene på grunn av at fleire barn har nådd myndighetsalder, der det i 2015 var inne omfattande tiltak.

Det er også viktig å vere merksam på at det kan vere omfattande tiltak inne i ein familie, som til dømes foreldrerettleiing eller familierapi, men utan at dette belastar Kostra 251 eller 252, men som dekkast over lønnsutgiftene på Kostra 244. I nokre tilfelle vert det også sett inn omfattande tiltak i heimar som eit alternativ til plassering.

Om tiltaksutviklinga/behovet i kvar kommune i perioden 2013 - 2016

I det følgjande ser vi kommunane sine utgifter til tiltak for året 2013 - 2016, samt det budsjetterte for 2016. Beløpa er i heile millionar kroner:

Kostra 251 og 252:

	Rekneskap 2013 (nto driftsutgifter- SSB-Kostratal)	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Busjettert 2016
Hareid	8,2	6,4	6,6	5,9	8,4
Ulstein	11,0	11,3	12,2	13,2	13,3
Volda	10,1	8,3	7,2	6,9	10,3
Ørsta	8,2	9,3	10,6	10,7	10,5
Samla	37,5	35,0	36,4	36,7	42,7

Hareid

Her ser vi at Hareid var høgare budsjettert enn behovet tilsa i 2016. Slik vi kjenner kommunen pr no, er dette teke omsyn til i budsjettet, som for 2017 er redusert.

Ulstein

Rekneskapen for Ulstein viser at tiltaksutgiftene så vidt er innafor det budsjetterte, og det har vore ein auke på tiltakssida også siste året, som ein konsekvens av fleire barn med omfattande hjelpebehov.

Volda

Rekneskapen viser at forbruket på tiltakssida er godt innafor ramma, og omtrent på same nivå som i 2015.

Ørsta

Rekneskapen viser at forbruket på tiltakssida ligg akkurat innafor ramma, og omtrent på same nivå som i 2015.

OPPSUMMERT

Oppsummert har også 2016 vore eit krevjande, men spanande og utviklande år på fleire område for alle som arbeider i barnevernstenesta. Det er mange usikre faktorar og

uforutsigbare hendingar i vårt felt, særleg særleg på tiltakssida, det vi omtalar som Kostra 251 (tiltak i heimen) og Kostra 252 (tiltak utafor heimen). Det er umogleg å kunne forutsjå kor mange barn som vil kunne *kome inn*, og kor mange som vil kunne *gå ut* av barnevernstiltak kvart år. Inn- og utflytting, nye kriser i familiar og akutte situasjonar, vil ein ikkje kunne forutsjå. Å få implementert og tatt i bruk økonomidelen i fagprogrammet *Familia* vil kunne vere avgjerande som styringsreiskap for å få oversikt og kontroll med kostnadane av kvart enkelt tiltak.

Når vi no alle er samla og på plass i dei nye lokala, har vi meir ro til å fokusere på den daglege drifta i den nye organisasjonen, og arbeide mot dei måla vi sette for den interkommunale barnevernstenesta; ei robust, fagleg sterk teneste, som gir *eit mest mogleg likt tilbod til alle barna som treng barnevernstenester i Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta*.

MÅLOPPNÅRING FOR 2016

Teneste og utviklingsmål

- Vere lett tilgjengelege – for alle som har med barn og unge å gjere og for ålmenta
- Bidra til tidleg innsats i samarbeid med andre tenester for barn og unge
- Arbeide førebyggjande
- Gi likt tilbod om barnevernstenester til alle barn i Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta
- Vere ei fagleg oppdatert og kompetent teneste – som har barnet i fokus
- Prioritere trivsel og eit godt arbeidsmiljø blant dei tilsette
- Utvikle ein lærande organisasjon

Hovedmål	Resultatmål/Tiltak	Måloppnåing
Økonomi	Tertialrapportering i høve avvik i budsjettet	Gjennomført
	Evaluere alle tiltak fortløpande	Delvis gjennomført
Sikre eit kvalitativt godt barnevernsarbeid	Overhalde fristane som barnevernslova set for arbeidet	Delvis oppnådd
	Vidareutvikle samarbeidet med Landsforeningen for Barnevernsbarn, Barnevernsproffane og «Mitt Liv-prosjektet»	Delvis oppnådd
	Vidareutvikle rutinar og kvalitetssikring av arbeidet på alle nivå	Kontinuerleg arbeid
	Sikre at alle barn har tiltaks- og omsorgsplanar	Oppnådd
	Vidareføre arbeidet med brukarevaluering i alle saker	Delvis oppnådd
	Sikre at alle barn som bur utafor heimen har sin tilsynsførar, og at ordninga vert utført på ein fagleg tilfredsstillande måte	Klart forbetra, men eit svært utfordrande arbeid
Sikre involvering, medverknad og engasjement frå dei tilsette	Gjennomføre medarbeidersamtaler kvar	Oppnådd

	haust	
	Utarbeide kompetanseplan for tenesta	Ikkje prioritert
	Involvere personalet i drift og utvikling av tenesta	Kontinuerleg arbeid
	Sjå til at alle tilsette får høve til kurs og opplæring	Oppnådd
	Fagleg rettleiing til alle fagtilsette	Oppnådd
	Arbeide for nærvær på min 90 %	Oppnådd
Samarbeide med andre	Vidare deltaking i det regionale nettverket «Mission Possible»	Oppnådd
	Gjennomføre erfaringskonferanse med andre interkommunale barnevern i Møre og Romsdal	Ikkje prioritert
	Sikre deltaking i tverrfaglege samarbeidsfora i alle kommunane	Prioritert og oppnådd
	Vidareføre ordninga med faste kontaktpersonar for alle barnehagar og skuler	Oppnådd
	Presentere "Tenesteanalysen" (KS sitt barnevernsnettverk) for rådmenn og politiske organ	Ikkje prioritert
Drift	Utarbeide informasjonsplan for tenesta	Ikkje prioritert
	Implementere økonomidelen av fagprogrammet «Familia»	Under arbeid
	Innføre scanning og elektronisk arkiv	Ikkje prioritert
	Utarbeide rutinar for internkontroll på alle områder i tenesta	Kontinuerleg arbeid
	Vurdere oppretting av barnevernsvakt	Prosess i gang i samarbeid med andre kommunar i 7-stjerna

SJUKEFRÅVÆR

For den samla tenesta hadde vi eit sjukefråver på 7,39% i 2016 (mot 9,84 % i 2015%). Alle fagtilsette har fulle stillingar, men nokre er sjukemeldt i delar av stillinga pga kroniske sjukdomar. Nokre sjukemeldingar, over kortare eller lengre tid, kan også skuldast stort arbeidspress, stress og tøffe påkjenningar ved det å jobbe i barnevernet. Det vert lagt stor vekt på å følgje opp dei sjukemeldte, og det vert søkt å finne gode løysingar for den enkelte. Ein stor del av dei tilsette i barnevernstenesta er også i den alderen der ein har omsorg for eigne barn i førskule- og i skulealder. Vi har derfor ein nokså stor del eigenmeldingar, der foreldre er heime nokre dagar pga eigen sjukdom eller med sjuke barn. Eg kan ikkje sjå, og har heller

ingen signal frå tillitsvalde eller verneombod, om at vi har sjukemeldingar som skuldast dårleg arbeidsmiljø eller omorganiseringsprosessen i seg sjølv.

FOLKEHELSEPERSPEKTIVET

Barnevernstenesta si verksemd bidreg i all hovudsak til å betre folkehelsa. Det er eit mål å kunne kome tidleg inn for å hjelpe barn og familiar slik at problema ikkje veks seg for store, særleg med tanke på barn si psykiske utvikling. Samarbeid med andre som arbeider med barn og unge er derfor ein høgt prioritert del av verksemda vår.

HJELPETILTAKA FOR EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTINGAR (EM) FOR VOLDA OG ØRSTA

Gjennom fleire år har Volda og Ørsta drifta bufellesskap for einslege mindreårige flyktingar. Dette tiltaket vart lagt inn under barnevernssjefen sitt ansvarsområde frå 1.1.2014.

Barnevernstenesta driftar i dag tre bufellesskap - to i Ørsta og eitt i Volda. Dei to kommunane har i tillegg ei felles interkommunal oppfølgingsteneste med miljøpersonale som fyljer opp dei ungdomane som har flytta ut av bufellesskap og inn på eigen hybel. Alle ungdomane som vart følgt opp i tiltaket har vedtak etter Lov om barnevernstenester.

Første halvår 2016 var prega av det store talet flyktingar som kom til Noreg i 2015. Volda vart oppmoda om å busetje 12 EM i 2016 og 17 i 2017. Tidlegare har kommunen hatt vedtak på å busetje 5 EM. Ørsta vart oppmoda om busetjing av 12 EM i 2016 og 16 i 2017. Ein vart oppmoda om at av desse skulle 10 vere under 15 år. Ørsta har tidlegare hatt vedtak på busetjing av 4 EM pr år. Også Ulstein og Hareid kommune vart oppmoda om å busetje einslege mindreårige flyktingar. Det vart i samband med dette satt ned ei prosjektgruppe med deltakarar frå alle fire kommunane. Denne gruppa, leia av fagteamleiar for EM, Torill O. Vinjevoll og spesialrådgivar innvandring i Volda, Nina Kvalen utarbeidde ein rapport som tok føre seg arbeidet med EM i Ørsta og i Volda, samt kom med anbefalingar på korleis ein kunne meistre å busetje det aktuelle talet IMDI ba om. I løpet av sommaren vart busetjingstala mykje nedjustert, og ein enda med å busetje fire i Ørsta og fire i Volda. Volda busette i tillegg to EM utanfor barnevernet sitt tiltak. Desse to var fylte 18 år ved busetjing.

Busetjing og flyttingar i 2016:

- Ørsta: Kommunen busette fire EM i 2016, to kvart halvår. Ein ungdom fekk familiegjenforeining.
- Volda: Kommunen har busett fire EM i 2016. Av desse vart ein busett i første halvår, tre andre halvår.

Drift

Ørsta:

Sidekrokn bufellesskap: Seks ungdomar har budd i bufellesskapet i 2016. Ein har hatt fire ungdomar i bufellesskapet til ei kvar tid, bortsett frå siste månaden, då budde det tre ungdomar.

Einéhøgda bufellesskap: Seks ungdomar har budd i bufellesskapet i 2016. Ein har hatt fire ungdomar inne i bufellesskapet til ei kvar tid. Personalet i Einéhøgda har i tillegg følgd opp to ungdomar som bur på hybel.

Oppfølgingstenesta: 12 ungdomar har blitt følgd opp av oppfølgingstenesta i løpet av året.

Ingen ungdomar i Ørsta har hybel på framleige eller bur i kommunale bustadar. Det er ved jamne mellom ei stor utfordring å finne ledige hyblar til ungdomane, og dette har ved nokre høve forsinka utflyttingsprosessen frå bufellsskapa.

Det er knytt 17,05 årsverk til EM Ørsta. Av desse står 0,12 årsverk vakant.

Volda:

Smilebakken bufellesskap: Ni ungdomar var knytte til bemanninga i bufellesskapet ved utgangen av 2016, totalt har tretten ungdomar budd i bufellesskapet i løpet av 2016. Ein av ungdomane som no er delvis knytt til bemanninga i Smiebakken har einetiltak med også eigen bemanning.

Oppfølgingstenesta: Åtte ungdomar har blitt følgd opp utanfor bufellesskapa i løpet av året.

Kommunale/private husvere:

Volda har ikkje husvære på framleige, og å leige på den private marknaden er det som i all hovudsak vert gjort av våre ungdomar. EM-tiltaket har fortrinnsrett på disponering av to kommunale leiligheiter. Desse har vore nytta av våre ungdomar i 2016.

Det er knytt 13,66 årsverk til EM-tenesta i Volda. 0,64 årsverk har stått vakant delar av året.

Felles for Ørsta og Volda:

Oppfølgingstenesta har i tillegg tatt oppdrag frå øvrig barnevern, der det har vore behov for oppfølging på hybel. Dette kan gjelde både ungdomar som aldri har vore einslege mindreårige flyktningar og ungdom på ettervern som hadde status einsleg mindreårig flyktning fram til fylte 20 år, og som har behov for oppfølging vidare. I 2016 har oppfølgingstenesta hatt oppdrag i høve ni barn/ungdomar for øvrig barnevern.

Finansiering av tiltaket

Dei største kostnadane til EM-tiltak er knytt til dei ungdomane vi søker refusjon for, altså der kostnadane pr ungdom overstiger kommunen sin eigendel på 17 100 pr. måned. I hovudsak gjeld dette dei ungdomane som bur i bufellesskapa og får heildøgntenster. Frå oppstart og fram til 31.12.13 fekk ein 100% refusjon på driftskostnadar utover eigendelen. Dette vart endra frå 01.01.14, då staten innførte ei ordning med 20% medfinansiering av refunderbare kostnadar. Som kompensasjon auka ein samstundes EM-tilskotet til kommunane.

Ørsta har i 2016 hatt 11 ungdomar med i refusjonsgrunnlaget første halvår og 10 andre halvår. For Volda sin del var 10 ungdomar med i refusjonsgrunnlaget første halvår, andre halvår var talet 12.

Frå 1.1.17 er refusjonsordninga avslutta og erstatta med eit EM-tilskot pr EM ein buset, i tillegg til integreringstilskotet som er likt for alle flyktningar. For 2017 ser det no ut som den nye finansieringsordninga gi større inntekter knytt til tiltaka både i Ørsta og i Volda. Samstundes gjer denne finansieringsordninga tiltaka meir sårbare for svingingane i busetjingstal, samt at også flyttingar ut av kommunen og familiegjenforeiningar i større grad

vil påverke inntektene til kommunen enn det har gjort før.

Gjennom å tilby tett og god oppfølging gjennom heildøgstenester den første tida etter busetjing, ser ein at ein at ungdomane etter kvart i stor grad meistrar kvardagen sin med oppfølging på hybel. Ungdomane lukkast i stor grad med å leige på den private bustadmarknaden, dei lukkast med vidaregåande opplæring eller alternativt får seg inntektsgivande arbeid. Nokre av ungdomane som har hatt status einsleg mindreårige tok også i løpet av 2016 til på høgskule og universitet. Svært få har hatt behov for økonomisk sosialhjelp frå NAV anna enn den korte perioden på sommaren dei ikkje får flyktningstipend, dei har også i liten grad behov for bistand frå psykiatriteneste, rusteneste og liknande. Ein har eit godt samarbeid både med den kommunale helsetenesta og helsetenester i andrelinje, der det er behov for dette.

Volda oppretta i 2016 eit tverrfagleg minoritetshelseteam. Fagteamleiar deltek fast her. I tillegg har tiltaket i Volda faste samarbeidsmøter med helsestasjonen og kommunepsykolog.

Økonomi og rekneskap EM

Kommunane får i prinsippet dekt 80 % av utgiftene etter eiga refusjonsordning. Endelege rekneskapstal vil verte lagt fram for Volda og Ørsta når desse er klare.

Volda 1.mars

Brynhild Solvang

barnevernssjef



ÅRSMELDING 2016

2016 var prega av store prosjekt som Agresso-oppgradering, ePhorte-oppgradering, nytt kart-system (QMS), og fullføring av Gerica-prosjektet med Mobil Pleie. I tillegg har det gjennom heile året vore jobba med omorganiseringa av SSIKT, som kal munne ut i at SSIKT vert eit reint §27 samarbeid etter Kommuneleova med ei samling/tilsetting av alle it-folk i SSIKT.

Driftssenteret har pr des. 2016 4 årsverk bestående av 2 halve og 3 heile stillingar:

Leiar 50%, konsulent 50%, konsulent 100% og 2 Prosjektleiarar 100%. I tillegg er det eit frikjøp innanfor Gerica og meldingsutveksling på 40%, og eit liknande frikjøp innanfor Arkiv/WEB på 20%. Samstundes har prosjektleiararen for Sikker Sone vore frikjøpt frå oss til NHH/Orkidè-samarbeidet i 20% stilling.

2016 var året der datasenteret vart, i den grad det går an å bruke eit slikt uttrykk i IT-bransjen – ferdigstilt. Det vart gjort eit stort løft på tryggleiksfronten, der vi endeleg fekk på plass eit ekstra sett med brannmurar så vi no er beskytta mot kritiske maskinvarefeil. Som ein del av same løysing er det no også etablert fellesløysering for antivirus, noko som allereie er teke i bruk på om lag 1 000 PCar rundt om i regionen.

Eit anna stort løft dette året var at alle databaser vart flytta over til eit nytt, fysisk databasecluster. Databasene er kronjuvelane våre – det er her det aller meste av faktiske data som vert produsert er lagra. Med denne omlegginga opplev vi no at fagsystema går merkbar raskare, og vi er også her no beskytta mot kritiske maskinvarefeil; dersom den aktive databaseserveren går ned, vil den passive ta over umiddelbart. Relatert til dette har her også våre eit stort prosjekt knytt til kartdata, der desse er flytta i frå gamle filstrukturar og inn i den nye løysinga.

Vi fekk også på plass ein felles standard for trådlause nettverk (WiFi), slik at tilsette, elevar, politikarar og gjestar kan vere på nett på alle bygg i alle kommunar utan å gjera noko ekstra for det. Felles infrastruktur – kontrollerar for styring av radiobaser samt serverar for godkjenning av brukarar og overvaking av infrastrukturen – er også etablert, og dei fleste kommunane har flytta sine trådlause baser inn i denne infrastrukturen.

Alle medlemskommunane sit på sær gamle telefonsystem som er dyre i teknisk drift, tidkrevande å administrere, og ikkje minst fører det til kjempehøge linjekostnader, i og med at kvart bygg gjerne har eigne linjer i frå Telenor. Vi har lenge snakka om å nytte kommunane sine eksisterande datanett til telefoni, og i 2016 vart det etablert felles IP-telefoniløysing i driftssenteret. Vi forventar utrulling i bølger i løpet av 2017, og dette vil også gi andre fordelar innan samhandlingsfeltet som chat og videokonferanse.

Generelt sett vart det gjort mykje arbeid rundt etablering av fellessystem for styring og overvaking. I tillegg til systema som allereie var etablerte, som gjekk mest på infrastruktur, er det no etablert felles system for overvaking og styring av PC-ar, system for overvaking og styring av mobiltelefonar og nettbrett, og system for handtering av brukarstøttehendingar, såkalla «helpdesk».

Strategigruppa

Strategigruppa skal lage strategi og kome med planar og oppgåver til driftssenteret (bestillar-funksjon). Dette fungerer framleis ikkje optimalt og rådmannsgruppa har i samband med omorganiseringsprosessen bestemt at Strategigruppa må revitaliserast og få eit klarare mandat. Dette mandatet må kommuniserast til alle tilsette på ein betre måte enn vi har greitt til no. Samansetninga av strategigruppa treng ei forankring høgare opp i linja for å oppnå dette. Gruppa må få ei samansetning som speglar heile organisasjonen og må ha god forankring og autoritet inn i kvar kommune.

SSIKT har vore fast på agendaen til rådmannsgruppemøta gjennom 2016 og dette har vore sær nyttig.

Omorganisering av SSIKT

Etter oppdrag frå rådmannsgruppa er det i 2016 arbeidd med å sjå på den framtidig organisering av IKT funksjonen for dei sju kommunane.

Arbeidsgruppa er peika ut av rådmannsgruppa og satt saman av:

Guttorm Rimstad, Vanylven kommune
Per Erik Akerjordet, SSIKT
Guro Norunn Gausemel, Herøy Kommune
Bjørn Ander Heggen, Ørsta kommune
Verner Larsen, Strategigruppa
I tillegg er det peika ut ein representant frå dei hovudtillitsvalte i dei sju kommunen Endre Johan Ose, Fagforbundet / Hareid kommune

Noverande organisering er delt mellom eit vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 28, som omfattar driftssenteret for SSIKT og eit samarbeid etter § 27 for resten av IKT samarbeidet. Til grunn for § 27 samarbeidet ligg det utarbeidd vedtekter som samarbeidskommunane har slutta seg til.

Den nye anbefalt modellen frå arbeidsgruppa støtter seg på anbefalingar frå KS om interkommunale IKT samarbeid.

KS si anbefaling er klar, ved etablering av eit samarbeid bør organisasjonsforma være eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27 med eit styre som er sett saman av rådmenn. Konklusjonen om at rådmenn må sitte i styret vert grunnleggjande med at «Framtida sitt IKT-samarbeid strategisk avgjerdsmynde i styringa, koordinering ut frå eit heilskapssyn på kommuneorganisasjon og lokalsamfunn og at den kommunale leiinga har god innsikt i den teknologiske utvikling.

Prosjektgruppa vil rå til at dette vert lagt til grunn i den vidare organiseringa og at § 28 samarbeidet (vertskommunesamarbeidet) vert avvikla. Driftssenteret ved SSIKT vert lagt inn under § 27 samarbeidet. Styret får dermed eit ansvar for den totale utviklinga av IKT funksjonane for alle samarbeidskommunane på driftssida og på strategi og utvikling.

Arbeidsgruppa har lagt fram to dokument til rådmannsgruppa:

- SSIKT organisering
- Tenestebeskrivelse og SLA SSIKT

Desse dokumenta vart handsama i rådmannsgruppemøte den 10.06.2016 og følgjande vedtak vart fatta:

2.2 Organisering av IKT-samarbeidet for Søre Sunnmøre

Guttorm orienterte om forslag til SLA (teneste-/leveranseavtale) som omhandlar tenester som driftssenteret skal yte til kommunane. Verner orienterte om forslaget til organisering av IKT-samarbeidet.

Framlegg til konklusjon frå strategigruppa:

*Rådmannsgruppa godkjenner tenestebeskrivelse / SLA SSIKT datert ** og legg den til grunn for vidare arbeid med organisering og drifta av SSIKT.*

Rådmannsgruppa sluttar seg til notat frå prosjektgruppa om organisering av SSIKT datert 20160606. Det skal arbeidast vidare med prosessen etter framdriftsplanen i punkt 5.

Konklusjon:

Rådmannsgruppa sluttar seg til tilrådinga frå strategigruppa.

Rådmannsgruppa ber om at det vert laga utkast til utlysingstekst for dagleg leiar. Det vert teke sikte på utlysing etter ferien med atterhald om politisk godkjenning.

Rådmennene i Volda og Ørsta vil gjennomføre eit arbeidsmøte med IKT-konsulentane i desse kommunane saman med Guttorm Rimstad for å avklare praktiske problemstillingar knytt til Volda og Ørsta.

Guttorm Rimstad er tilsett som dagleg leiar for SSIKT frå 01.01.2017 og det vidare arbeidet med organiseringa held fram frå nyttår.

Agresso

SSIKT inngjekk i 2015 kontrakt med Evry om å flytte Ørsta og Volda sin Agresso-installasjon over på serveren til dei fem andre kommunane, og såleis samle alle firma på felles database på Hareid. I tillegg inngjekk dei sju kommunane i samarbeidet avtale om å oppgradere Agresso til nyaste versjon, Milestone 5. Bakgrunnen for oppgraderinga var at Unit4 varsla desupport av versjon 5.5.3 etter 31.10.2016. I og med at dette var gjeldande Agresso-versjon i våre kommunar, vart det bestemt å køyre felles oppgradering til nyaste versjon. Hausten 2015 vart det tilsett prosjektleiar og systemansvarleg for Agresso, som har følgd opp prosjektet frå oppstart til avsluttande fase i 2016.

I samband med at Ørsta og Volda skulle flyttast over til SSIKT sin Agresso-installasjon, måtte Sande kommune endre firmakode i Agresso. Grunnen for dette var at Volda og Sande begge brukte firmakode EK. Evry satte opp eit testmiljø der alle kommunane fekk teste endringane som vart gjort før endeleg produksjonssetting.

Prosjektet var inndelt i seks faser:

1. testsamanslåing av databaser og endring av firmakode i testmiljø
2. kundetest utført av sju kommuner
3. testoppgradering
4. kundetest i sju kommuner
5. produksjonssetting av begge delprosjekt
6. gevinstrealisering

Fase 1 til 5 vart fullført i løpet av 2016, utan dei store overraskingane. Det var litt utfordrande å få alle kommunane til setje av nok tid til å utføre tilstrekkeleg testing i testmiljøet, og nokre konsekvensar av dette viste seg igjen etter produksjonssetting. Evry har respondert raskt på utfordringar som har oppstått undervegs, og feil og manglar har blitt retta fortløpande.

Fase 6 av prosjektet går på å utnytte samanslåinga til å oppnå gevinstrealisering for alle kommunane. Denne delen av prosjektet vart starta opp i slutten av 2016 og vil halde fram også i 2017. Målet er å standardisere mest mogleg, slik at oppsett og rapportvariantar vert mest mogleg likt for alle firma. Det blir satt fokus på at eksisterande modular vert satt opp for bruk i alle kommunar, og målet blir å nyttiggjere seg mest mogleg av den funksjonaliteten som ligg tilgjengeleg i Agresso. Eventuelle nye modular vil bli vurdert på tvers av kommunane og eventuelle innkjøp vil basere seg på reelle behov eller ynskje om effektivisering. Systemansvarleg vil ha mest fokus på dette i tida som kjem.

I 2016 har systemansvarleg for Agresso også hatt fokus på å koordinere innmeldingar av feil og sile desse før eventuell vidareformidling til leverandør (Evry). Mange av sakene som før gjekk til brukarstøtte har ein no klart å løyse lokalt. Dette har igjen gitt behov for å reforhandle eksisterande brukarstøtteavtale, i håp om å bli mindre avhengige av leverandørhjelp og auke kompetansen lokalt via samhandling og felles kursing.

Økonomi

Agresso-prosjektet hadde ei investeringsramme frå 2015 på kr 1 456 730, samla for dei sju kommunane. I 2015 vart det brukt 447 505 kr og restramme for 2016 vart såleis kr 1 009 225. I 2016 vart det brukt kr 1 453 270. Prosjektet enda såleis med ei overskriding på 444 045 kr. Grunnen til dette er at vi valde å innføre Multikanal for distribusjon av utgåande faktura. Investeringssummen for dette kom på 221 000 kr. Det vart også uføresette kostnader knytt til at Ørsta og Volda hadde ulik oppbygging på prosjektbegrepet, som måtte tilpassast slik dei fem andre kommunane hadde dette oppbygt. Innsparingar på andre prosjekt i regi av SSIKT, gjer at investeringsrekneskapan for SSIKT samla sett likevel går balanse ved årsslutt.

Sak/Arkiv - ePhorte

Helga Bøe-Grimstad er koordinator i gruppa.

Arbeidsfelt til koordinatoren:

- innkalling til møte
- referat frå møte
- kommunikasjon mot leverandørar av skjema, digital post o.l.
- overordna korrespondanse mot Evry
- hjelp til andre kommuner (teknisk)

Vi har hatt 2 interne prosjekt i tillegg til vanlege møter. Det er:

1. ROS-analyse for fullelektronisk arkiv
 - Det vart sett ned ei eiga gruppe: Inger-Johanne Johnsen, Hilde Skinnes og Helga Bøe-Grimstad. Rutinen vart lagt fram for arkivgruppa og er å finne i sak 2016/1209 JP 2
 - Som vedlegg til den ligg ROS-analyse for bruk av digital postkasse til innbyggjarane (utført av same gruppe som over)
2. Internkontroll SvarUt via sak/arkivsystem
 - Det vart sett ned ei eiga gruppe: Kathrine Husø Johansen, Perny Brekke, May Britt Brenne, Sile Ekroll Riborg og Helga Bøe-Grimstad. Rutinen vart lagt fram for arkivgruppa og er å finne i sak 2016/1209 JP 1

I tillegg til møta kring desse prosjekta har arkivgruppa hatt 9 møter, der eine møte var eit reint arbeidsmøte for gjennomgang av malar og felles oppbygging av venstre meny i ePhorte.

Saker vi har jobba med i år:

- SvarUt
- ePhorte 5
- Noark5/SvarUt og fagsystem
- Skylagring
- elnnsyn avansert

Ei eiga gruppe bestående av Guttorm Rimstad, Odd Arild Djupvik og Helga Bøe-Grimstad her jobba med oppgradering av ephorte4 til ePhorte5. Dette har vore ein omfattande prosess som tok til med oppstartsmøte 22.04.16 og som skulle vere avslutta til sommaren 2016. Prosjektet var ikkje i mål ved slutten av 2016. Dette er eit prosjekt som har kravd mykje av koordinator i gruppa og også dei andre medlemmane i gruppa. Eg reknar med prosjektleiar Guttorm Rimstad delar meir informasjon om sjølve prosjektet.

Innbyggjarportal/Intranett

Helga Bøe-Grimstad er koordinator i gruppa.

Arbeidsfelt til koordinatoren:

- innkalling til møte
- referat frå møte
- kommunikasjon mot leverandørar av skjema, digital post o.l.
- overordna korrespondanse mot Acos
- hjelp til andre kommuner (teknisk)

Webgruppa har hatt 5 møter i løpet av 2016. Eit av desse var statusmøte med Acos der vi fekk ta opp utfordringar vi har med portalen og der dei gjekk gjennom litt tips og triks som dei syns er viktig for oss å vite.

Fleirtalet i webgruppa ynskjer at kommunane skal vere mest muleg lik og at tilbod frå eksterne vert etterspurt samla.

Viktige saker det vart jobba med:

- Vi har fått på plass tilbakemeldingsfunksjon som kan nyttast av dei som er inne på sida og ikkje finn det dei var på leit etter eller som syns sida er bra
- Chatfunksjon – Ørsta har testa litt i forhold bruk av dette, vi har fått tilbod frå leverandør
- Dei kommunane som ikkje har laga eigen tenestemeny har fått det på plass og LOS menyen er deaktivert
- Oppgradering til ny arbeidsbenk, samtale med leverandør og tilbod på dette

Gerica og eLink

Januar 2016 vart felles databaseprosjekt avslutta i høve til leverandør, og våren 2016 vart evaluering og sluttrapport ferdigstilt og sendt kommunar for politisk handsaming, samt til fylkesmann ved ferdigstilt prosjekt. Det er fast fagressurs ved SSIKT for pasientjournalssystema.

Våren vart nytta til å etablere skriftlege rutinar, kurs og opplæring, samt etablere driftsgruppe for Gerica systembrukarar, slik at innspel om endringar, behov og bruk sikrar alle kommunar, og at vegen vidare vert avklart i dialog med alle.

Gerica plassadministrasjon vart teke i april. Innspelet om behov for modulen var teke opp via ordinære kanalar og vedteke i budsjett 2016. To kommunar trekte seg ved oppstart. Dei kommunar som har gjennomført grundig opplæring rapporterer tilbake at det har stor verdi i høve til logistikk og tildeling av institusjonsplassar, oversikt ventelister og reduserer liggedøgn i sjukehus.

Mobil pleie vart breidda i løpet av året til nye tilsettegrupper, slik som heimehjelp, psykiatri, kreftkoordinator og fysioterapeutar, samt i enkelte større bustadkompleks. Det å ha journalen « i lomma» gir betre kvalitet på tenester og journalkvalitet, større grad av pasientretta tid, og enklare pasient og personallogistikk.

I 2016 passerte 191.197 elektroniske meldingar, med få feil og lite nedetid. Kommunal psykolog (Herøy og Ørsta), samt kreftkoordinatorar, psykiatritenesta og ergo og fysioterapeutar byrja også med elektroniske meldingar. Vi samhandlar no med mange sjukehus, alle legekontor på søre, nokre private, samt med NAV, og via NHN får vi henta inn inntektsopplysningar og folkeregisterinfo. Dette sparar timar i arbeid kvar dag og gjer at vi kan gi betre tenester, til fleire, med same personell.

Haust 2016 byrja førebuing til fakturagrunnlag over til Agresso. Oppstart januar 2017. I samband med dette vart det gjennomført kurs for sakshandsamarar i Gerica i nokre kommunar. Dei øvrige får slik undervising vinter/ vår 2017.

HsPro og Vismalink

Dataprogram og meldingstenar for helsestasjonane i Hareid, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta. Også dette året bar preg av feil og manglande funksjonar, særleg i høve eMeldingar. I mars fekk vi hjelp frå Hemit og leverandør og fekk på plass korrekte sertifikat og handtering av elektroniske kvitteringar. Dette gav sjukehusa tryggleik på at meldingane vart levert korrekt til helsestasjonane og HF kunne stoppe parallell utsending av papir.

Jordmortenesta og psykolog (Volda) tok i bruk mottak av eMeldingar vår 2016 og i desember byrja test av dialogmelding på nyfødde barn. Våren 2017 skal tovegs kommunikasjon endeleg etablerast, 5 år på etterskot.

Helsestasjonsgruppa treng meir kunnskap om funksjonar i eige program og oppsett. Våren 2017 er det planlagt kurs for fagressurs ved SSIKT og faggruppa, for å etablere samstemming i bruk og tilgongar, handtering av eMeldingar, drift og forvaltning.

Familia – Velferd/Socio

Felles barnevernkontor for 4 kommunar vart vedteke i 2013. Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta vart samde om å etablere eit felles samlokalisert barnevernkontor i Volda med Volda som vertskommune. Frå driftsenteret sin ståstad så verkar det som at samarbeidet har gått seg til og fungerer bra. Applikasjonsleveringa av Familia har vore på plass lenge og Familia-databasene for alle deltakarkommunane er samanslått og ligg i driftsenteret. Dette gjeld også for dei kommunane som ikkje er med i samarbeidet.

Sikker print (SafeCom)

Utrullinga av sikker print (SafeCom) gikk sin gang også i 2016, om enn ikkje i det tempoet ein kunne ynskje. Kommunane har skrivne ny rammeavtale om print/kopi med Sharp (gjennom innkjøpssamarbeidet med Ålesund kommune). Det har vore noko misnøye med prosessen rundt dette. Ny leverandør fører uansett til litt nye løysingar og litt anna funksjonalitet for brukarane og dette har vore med å seinka tempoet på overgang til sikker print.

To-faktor autentisering

Løysinga er i si heilheit installert og drifta frå driftsenteret og gir brukarane mogleheit til å koble seg opp til sitt lokale skrivebord via Internett. Pr. i dag er det om lag 700 som nyttar seg av ordninga og tilbakemeldingane er gode.

All ekstern pålogging til citrix-miljøet i SSIKT skal no skje på denne måten, også for konsulentar som er inne og skal gjere oppgraderingar/patching av applikasjonar i driftsenteret..

Sharepoint

Sharepoint-løysinga har ikkje blitt vidareutvikla utanfor IT-miljøet foreløpig. Målet er at denne skal få ein utvida bruk i 2017

Felles AD (Active Directory=katalog)

Prosjektet er nesten i mål og 12 000 brukarar er migrert inn frå kommunale domener til fellesdomenet ssikt.no. Dei fleste av kommunane har gjennomført arbeidet med å tilpasse eigen AD til migreringa. Dette er har vore omfattande arbeid for IT-avdelingane, og det er gjort ein god innsats med dette i 2016. Det som står igjen er elevar i nokre av kommunane, og når dette er migrert vil vi ha ein felles AD med om lag 14 000 brukarar.

Eg tek med nokre viktige begrep for dei ikkje-datakyndige:

Kva	Kvifor	Kven brukar
Fysiske serverar	Uansett kor mykje skyteknologi ein nyttar, kjem du til slutt ned på eit fysisk lag. Dette er datamaskinene som faktisk gjer alle kalkulasjonane i driftsenteret.	(intern)
Lagringsløysing (SAN)	Alle data vert til sjuande og sist lagra her.	(intern)
Autentiseringstenester (RADIUS)	Påloggingshandsaming på ytstyr som ikkje støttar AD, t.d. nettverksutstyr.	HA, UL
Sertifikattjenester (CA)	Intern utsteding av SSL-sertifikat for kryptering av internttrafikk.	(intern)
Databaser	Lagring av data frå ymse system. Ei database per sone (standard, sikker, rot).	Alle (i større og mindre grad)
Katalogtenester (AD)	Ein, felles katalog med alle ressursar i er ein av grunnsteinane i eit kvart, stort nettverk.	Alle (i større og mindre grad)
Namnetjenester (DNS)	Oversetjing frå namn til IP-adresse.	Alle (vert tatt i bruk etter kvart som PC-ar vert migrert til SSIKT).
Utrulling av operativsystem	Enkel reinnstallasjon av operativsystem (Windows) over nettverk.	HA, HE, UL
IP-adresseringstenester (DHCP)	Automatisk utdeling av IP-adresser i så store nett er heilt essensielt.	HA, HE, SA, UL, VA

Utskriftstenester	Alle skrivarar, både vanlege og dei som har «sikker print», har ein kø i driftssenteret der utskriftsjobbar kan sendast til.	Alle (i større og mindre grad)
Hjelp-til-sjølvhjelp (Heimkok)	Mange oppgåver kan automatiserast eller delegerast vekk frå IT og ut til fagetatane.	Alle (i større og mindre grad)
Windows Update-tenester	Intern teneste for utrulling av Windows Updates. Gir større kontroll enn henting direkte frå Internett.	Alle (vert tatt i bruk etter kvart som PC-ar vert migrert til SSIKT).
Filtener	Lagring av filer. Eit cluster per sone (standard, sikker, elev).	HA, HE, SA, UL
E-postsystem (Exchange)	E-post, kalender m.m.	Alle som er migrert.

I tillegg er nettverket (svitsjing, ruting, brannmur) i datasenteret totalt redesigna og bygt opp på nytt med nytt utstyr. Her har vi tenkt heilt nytt kontra det som er «normalen» i kommunal samanheng, og andre IKT-samarbeid har allereie vist stor interesse for våre modellar. Vi ser også at det nye opplegget gir oss ei heilt anna grad av tryggleik og kontroll, men dette vil ikkje slå ut for fullt før medlemskommunane tek i bruk SSIKT sin Internettaksess.

Applikasjonsleveranse

Heilt sidan SSIKT byrja å levere tenester, har det blitt gjort i form av publiserte applikasjonar frå ei Citrix-løysing. I 2014 vart denne løysinga, som var aldrande, byta ut med ei topp moderne Citrix XenDesktop-løysing. I den nye løysinga er heile infrastrukturen for levering av applikasjonar samla i eitt system, og vi har også tatt i bruk ein del ny teknologi. Mellom anna er SSIKT blant dei første i verda til å setje system med delbare grafikkort (fleire brukarar delar eitt grafikkort i vertsmaskina) i produksjon.

Kartsystem

Nytt kartsystem (QMS) for alle kommunane vart oppstarta i 2016 og var ved årsskiftet for det meste gjennomført utan problemer innanfor kostnadsrammene. Alle kartdata er no plassert i driftssenteret saman med applikasjonane som nyttar desse data i desse basane.

Mindre fagsystem

Dei fleste av dei mindre fagsystema (t.d. barnehageopptak, PPT, flyktning etc) .

Kommunespesifikke tenester

Enkelte tenester fins berre i ei av medlemskommunane, og krev eigne serverar. Til dette tilbyr no SSIKT «kommunale» tenarar, etter behov, i driftssenteret. Dette er tenarar som køyrer på driftssenteret sin maskinvare, men som lokal IT i kommunane driftar i si heilheit inntil vidare.

Interne eigenutvikla program (Heimkok).

Dei fleste større driftsorganisasjonar lagar eigne, spesialtilpassa forsystem, og SSIKT er ikkje noko unntak. Vårt går under namnet «Heimkok Modular Web Framework» (SSIKT har ikkje marknadsføringsavdeling som kan kome opp med fjonge namn), og det er eit system for automatisering av arbeidsflyt. Det gir følgende store gevinstar:

- Automatisering av daglege rutiner for IT-personell. Døme: når ein skal opprette ein ny brukar, må ein gjerne først opprette brukaren, opprette personlege mapper, sette filrettigheter etc. Det er fort 20 klikk, og store rom for feil. Med Heimkok er det berre å klikke «Ny brukar», skrive inn fornamn og etternamn, og systemet ordnar resten – inkludert å sende ein SMS med brukarnamn og passord til den nye brukaren.
- Delegering av administrasjon. Med dette systemet kan superbrukarar ved større avdelingar (skular, sjukeheimar o.l.) sjølve opprette, endre og fjerne brukarar. Dette fører både til mykje mindre trykk på IT, og også mykje mindre frustrasjonar i etatane.
- Datakvalitet. Alle data som blir tasta inn, blir validert, slik at det t.d. ikkje går an å registrere to etternamn, norske mobilnummer med 9 teikn eller datamaskiner som ikkje passar SSIKT sin namnestandard. I tillegg går der automatiske jobbar kvar natt som m.a. sjekkar samtlege av dei rundt 11 000 brukarane som er registrert, og gir varsel dersom noko er feil. Dette fører til mindre frustrasjonar blant brukarar (mange har levd med småfeil i 10 år, som ikkje har blitt oppdaga før no), og mindre feil når desse dataane skal over i andre forsystem, som t.d. økonomisystem eller ei skyteneste for den saks skuld.

Hardware

I 2015 vart fylgjande hardware montert og driftsett i driftsenteret:

- To nye CheckPoint brannmurar som fører til redundant brannmurløysing.
- Utviding av lagring og overgang frå Equologic til Compellent SAN
- To nye NetScaler (redundans)
- To nye WiFi-kontrollera (vi vekse)
- Etablering av databasecluster (ein ny databaseserver + Enterprise-lisens)
- Ny telefonsentral for IP-telefoni
- Utsifting av vertsmaskiner som går av med pensjon.

I tillegg vart dei siste Cisco 3750 kant-switchane montert og driftsett i dei kommunane dette ikkje var gjort tidlegare.

Infrastruktur

Arbeidet med fiber mellom Ulstein og Hareid kom i gang i løpet av hausten 2014 og Ulstein har no gjort sin del av jobben med fiber heilt fram til Rise. Arbeidet har tatt lenger tid enn føreset og fiberen blir sett i drift våren 2017.

Ein god og stabil infrastruktur mellom kommunane vil verte ryggrada i samarbeidet i framtida, og ein betingelse for vidare utbygging av felles tenestetilbod til innbyggjarar og næringsliv, samt effektiv samhandling mellom kommunane. Vanylven kommune bidreg med mykje infrastruktur til samarbeidet og dette er ein viktig årsak til at vi i dag har ein redundant fiberaksess til alle kommunane.

Økonomi

Investeringsramme for SSIKT i 2016 var kr 6 995 000.

Dette skulle nyttast slik:

Planlagde investeringar	Budsjett 2016
Gericafaktura mot Agresso	175 000
QMS felles kartbase	1 180 000
MS SQL Cluster (lisens)	1 170 000
MS SQL Cluster (Hardware)	320 000
Citrix Netscale oppgradering	120 000
Utviding SAN	190 000
Citrix Zen desktop lisensar	250 000
Vmware desktop lisensar	35 000
Antivirus SSIKT	350 000
Vmware host	175 000
Klientmanagement	200 000
MDM	105 000
Fiber nettverk mellom kommunane	850 000
Trådløst nett/ soner SSIKT	350 000
Nettverkskomponentar i kommunane	500 000
Nye VDI hostar	210 000
SMS gateway	15 000
Etablering av Dell WSM	300 000
Rack 4	190 000
Gericaplassadministrasjon	310 000
Sum	6 995 000

Investeringsrekneskapan for 2016 enda med eit overskot på ca. 300 000 som følgje av at enkelte prosjekt ikkje var slutført ved årsslutt. Desse midlane vart avsett til bunde fond og overført som investeringsramme for 2017.

Investeringsrekneskap 2016:

Prosjekt	Rekneskap
Kjøp av varer og tj. inngår i komm. tj.prod.	1 453 270
Overføringer	363 318
Overføringer med krav til motytelse	-363 318
Agresso	1 453 270
Kjøp av varer og tj. inngår i komm. tj.prod.	-1 675
Overføringer	-419
Overføringer med krav til motytelse	419
Gerica- Felles database	-1 675
Kjøp av varer og tj. inngår i komm. tj.prod.	704 125
Overføringer	176 031
Overføringer med krav til motytelse	-176 031
QMS innføring i kommunane	704 125
Avsatt til bundne fond	301 030
Bruk av lån	-873 548
Kjøp av varer og tj. inngår i komm. tj.prod.	4 847 276
Overføringer	1 211 819
Overføringer med krav til motytelse	-8 095 525
SSIKT Driftssenter	-2 608 948
Kjøp av varer og tj. inngår i komm. tj.prod.	453 228
Overføringer	113 307
Overføringer med krav til motytelse	-113 307
SSIKT-Gerica	453 228
Sum investering SSIKT Driftssenter	0

Driftsramma for 2016 var sett til kr 9 243 454 fordelt på disse planlagde utgiftspostane:

Planlagde driftsutgifter	Budsjett 2016
Prosjektressurs	500 000
Driftssenteret 2 stillingar	1 676 477
Fagkonsulent Gerica 1,4 årsv	1 042 785
Fagkonsulent portal 20%	160 428
Fagressurs Agresso / prosjektleiar	802 142
Beredskap driftssenter	522 500
Felles datakommunikasjon	690 000
Drift og vedlikehald nye Gerica moduler	34 375
Datakommunikasjon driftssenter	100 000
Lisensar, Citrix, VMWare, Microsoft	250 000
Vedlikehald Gerica / OPPGRADERING	800 000
Vedlikehald CheckPoint brannmurar	762 000
Effekt av felles database Gerica	-300 000
Vedlikehald HsPro	150 000
Vedlikehald VismaLink	50 000
Vedlikehald eLink	85 000
Vedlikehald Portal	200 000
Vedlikehald Familia (barnevern)	150 000
Vedlikehald Agresso, Ekko	650 000
Nye modular Gerica mobil pleie	67 000
Gerica plan vedlikeh / brukarstøtte	55 000
Gerica plassadministrasjon	29 700
Agresso oppdatering /nye lisenser	68 400
Husleige driftssenter / tekn infratraktur	370 000
QMS (Felles kartbase) vedlikehald	210 000
Fagressurs kart 30 % stilling	167 648
Ref lisensar interkomm BV	-150 000
Omlegging til felles linje mot skatt frå 2015	100 000
Sum	9 243 454

Driftsrekneskapen for 2016 enda med eit overforbruk på kr 66 772. Beløpet er ført som refusjon frå andre kommuner og blir fakturert medlemskommunane, slik at driftsrekneskapen totalt sett går i balanse per 31.12.2016.

Driftsrekneskap 2016:

Spesifikasjon	Hovedpost	Rekneskap
	Finansieringsutgifter	3 512
	Kjøp av tjenester som erstattar komm.egenproduksjo	197 695
	Kjøp av varer /og tjenester som inngår i komm.egen	-644 022
	Lønn inkl.sosiale utgifter	3 928 693
	Overføringer til andre	-198 094
	Refusjonar	-199 154
	Salsinntekter	-1 193 132
		1 895 498
Agresso	Kjøp av varer /og tjenester som inngår i komm.egen	1 334 701
Agresso	Overføringer til andre	329 574
Agresso	Refusjonar	-399 217
Agresso		1 265 058
Gericca	Kjøp av tjenester som erstattar komm.egenproduksjo	246 430
Gericca	Kjøp av varer /og tjenester som inngår i komm.egen	951 913
Gericca	Lønn inkl.sosiale utgifter	5 428
Gericca	Overføringer til andre	230 063
Gericca	Refusjonar	-230 063
Gericca		1 203 771
Gericca-Felles database	Kjøp av varer /og tjenester som inngår i komm.egen	17 615
Gericca-Felles database	Lønn inkl.sosiale utgifter	76
Gericca-Felles database	Overføringer til andre	4 404
Gericca-Felles database	Refusjonar	-4 404
Gericca-Felles database		17 691
Orkide`- samarbeidet	Kjøp av varer /og tjenester som inngår i komm.egen	9 009
Orkide`- samarbeidet	Lønn inkl.sosiale utgifter	6 695
Orkide`- samarbeidet	Overføringer til andre	979
Orkide`- samarbeidet	Refusjonar	-100 256
Orkide`- samarbeidet		-83 573
SSIKT Driftsenter	Kjøp av tjenester som erstattar komm.egenproduksjo	402 986
SSIKT Driftsenter	Kjøp av varer /og tjenester som inngår i komm.egen	3 431 560
SSIKT Driftsenter	Lønn inkl.sosiale utgifter	1 352
SSIKT Driftsenter	Overføringer til andre	828 470
SSIKT Driftsenter	Refusjonar	-8 962 814
SSIKT Driftsenter		-4 298 446
Sum drift SSIKT Driftssenter		0

Hareid, 06. april 2016

Guttorm Rimstad

Dagleg leiar - SSIKT



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Andreea Beleuta

Arkivsak nr.: 2017/744

Arkivkode: 151

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
82/17	Formannskapet	16.05.2017
58/17	Kommunestyret	24.05.2017

1. KVARTALSRAPPORT 2017

Handsaming:

Økonomisjef Henrik Skovly orienterte om saka. Marija Ostojic var til stades under handsaminga av saka.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 16.05.2017 til kommunestyret:

1. *1.kvartalsrapport 2017 vert teken til vitende.*
2. *Finansrapport (passiva) pr 30. april vert teken til vitende (vedlegg nr. 1).*
3. *Finansrapport (aktiva) pr 30. april vert teken til vitende (vedlegg nr.2).*

Administrasjonen si tilråding:

1. 1.kvartalsrapport 2017 vert teken til vitende.
2. Finansrapport (passiva) pr 30. april vert teken til vitende (vedlegg nr. 1).
3. Finansrapport (aktiva) pr 30. april vert teken til vitende (vedlegg nr.2).

SAMANDRAG

Til vanleg rapporterer vi pr tertial, men i samband med at noverande økonomisjef sluttar før tertialrapporteringa, er det tenleg å leggje fram kvartalsrapport denne gongen. Finansrapporten er imidlertid ved utgangen av 1.tertial.

Kvartalsrapporten viser så langt prognose om økonomisk balanse. Sjukefråveret har stige litt sidan nivået frå i fjor da vi fekk ein nedgang. Samtidig ligg vi betre an enn same tid i fjor. Det er sterkt fokus på arbeidsmiljøutvikling og oppfølging av dei som er sjukmeldt i organisasjonen.

Frå sektorane vert det rapportert om stor aktivitet og god tenesteyting. Det er viktig å minne kommunestyret om at presset på administrasjonen er særleg stort i samband med at vi har sett i gang ein svært stor prosess med bygging av ny kommune saman med Hornindal. Dette vil leggje beslag på ressursar, og det kan verte aktuelt å drøfte framdrift ut frå avgrensa kapasitet på ein del område.

1 BUDSJETTSKJEMA 1A

Budsjettskjema 1A består av:

- Frie inntekter
- Generelle statstilskot
- Eigedomsskatt
- Finansområdet

Frie inntekter

	Budsjett 2017
Rammetilskott	271 711 000
Skatteinntekter	200 000 000
Sum frie inntekter	471 711 000

Det er skatteinngangen på landsbasis som er den mest sentrale faktoren på kor mykje vi får i frie inntekter. Dette er fordi vi har utjamning mellom skatterike kommunar og skattefattige kommunar (slik som Volda kommune). Dette er eit element i rammetilskotet. Jo mindre skatteinngangen er på landsbasis, desto mindre vert det å fordele til dei skattefattige kommunane. Volda kommune får kompensert 95% dersom skatteinntektene vert mindre enn budsjettert. Volda kommune har skatteinntekter på 63,5 mill kr ved utgangen av mars, og er noko meir enn det budsjetterte beløpet for same periode.

Kommunestyret har som tabellen ovanfor viser budsjettert med frie inntekter på 471,7 mill kr. i 2017. Prognosemodellen frå KS viser ei prognose på 472 mill kr ved årets slutt for Volda kommune.

Eigedomsskatt

Det er budsjettert med 17 mill kr i inntekt frå eigedomsskatt. Prognosen indikerer at eigedomsskatten blir ca 16,9 mill kr.

Generelle statstilskot

Tabellen under viser budsjetterte generelle statstilskot for 2017:

Generelle statstilskot	2017
Integreringstilskott	31 649 000
Gr.97/investering i skulebygg	863 000
Omsorg	2 883 000
Kyrkjebygg	44 000
Sum	35 439 000

Det vert utarbeidd ei oppdatert prognose for integreringstilskott i 1. kvartalsrapport 2017. Husbanken har dei andre tilskota klare tidleg i haust.

Tabellen under viser ny prognose for integreringstilskotet pr. 21.04.17:

Busetjingsår	Sats	Tal flyktningar	Prognose pr. 21.04.17
År 1 (2017)	235 000,00	20	4 700 000,00
År 1 (2017)	185 000,00	19	3 515 000,00
År 2 (2016)	230 000,00	50	11 500 000,00
År 3 (2015)	167 000,00	48	8 016 000,00
År 4 (2014)	84 000,00	28	2 352 000,00
År 5 (2013)	70 500,00	23	1 621 500,00
Ekstratilskot IT 2017	50 000,00	9	450 000,00
Familiesameinte	185 000,00	7	1 295 000,00
Alternativ mottaksplassert	69 450,00	5	347 250,00
SUM		200	33 796 750,00

Tabellen ovanfor viser at prognosen for integreringstilskot er kr 2.147.750,- større enn budsjettet.

Finansområdet

Finansutgifter

Det er budsjettet med følgjande utgifter på finansområdet i 2017:

	Budsjett 2017
Renteutgifter (inkl startlån)	25 395 000
Avdrag	26 574 000
Sum finansutgifter	51 969 000

Renteutgifter

Det er budsjettet med kr 24.595.000 i renteutgifter på våre investeringslån (kr 800.000 i renteutgifter på Startlån kjem i tillegg). Prognose viser at renteutgiftene vert ca kr 2,1 mill mindre enn budsjettet.

Minimumsavdrag

Det vart opphavleg budsjettet med 26,5 mill i minimumsavdrag for 2017.

Finansinntekter

	2017
Renteinntekter formidlingslån	600 000
Ordinære renteinntekter	1 500 000
Utbytte Tussa	3 500 000
Verdiauke obligasjonsfond m.m.	1 500 000
Sum	7 100 000

Renteinntekter

Vi har budsjettert med 1,5 mill kr, og kjem tilbake til ei oppdatert prognose i neste rapport. Ved utgangen av mars er renteinntektene kr. 436.000,- og vi vil ved utgangen av året nå det budsjetterte beløpet på renteinntekter.

Plasseringar i obligasjonsfond m.m.

Storebrand forvaltar våre plasseringar. Ved utgangen av april hadde plasseringane ein samla marknadsverdi på ca 59 mill kr, og er ei auke på omlag kr. 832.000 hittil i år.

Utbytte Tussa

Generalforsamling gjorde vedtak om eit utbytte på 8.080 kr pr aksje. Med Volda kommune sine 484 aksjar blir det ei utbetaling på kr 3.910.720,- Dette er kr 410.720 meir enn vi har budsjettert med i 2017.

2 BUDSJETTSKJEMA 1B

Sektorane

Tabellen under viser status for sektorane ved utgangen av mars. Utheva skrift indikerer rapporteringsnivå.

Tekst	Rekneskap 2017	Periodisert revidert budsjett 2017	Revidert budsjett 2017	Rekneskap 2015
Rådmann	726 369	511 814	1 888 087	657 431
Samfunn og rådgjeving	321 727	382 784	1 383 425	526 725
Personal og løn	2 395 471	2 831 984	10 621 317	1 707 361
IKT	668 232	1 517 930	5 843 784	720 294
Innvandring	-1 701 227	286 991	1 105 194	252 509
Personal og organisasjon	1 362 475	4 636 905	17 570 295	2 680 165
Økonomi	2 251 557	1 847 602	6 774 599	2 131 800
NAV Kommune	2 445 219	2 179 328	8 717 312	2 122 510
Stab opplæring og oppvekst	-1 464 754	3 558 432	14 020 320	3 082 075
Helsestasjon	1 790 060	1 904 477	6 867 580	1 617 214
Barnehage	9 010 885	10 293 588	37 489 812	8 513 834
Grunnskule med SFO	30 434 510	31 552 240	115 101 953	28 985 641
Kulturskule	835 168	737 128	3 447 631	1 112 034
Volda læringssenter	7 790 498	6 994 627	26 437 263	6 016 296
Opplæring og oppvekst	48 396 367	55 040 493	203 364 559	49 327 093
Stab helse og omsorg (inkl.servicetenester)	2 203 742	5 625 387	9 356 659	2 574 475
Sjukeheim 2. etasje	8 085 397	7 014 177	25 725 635	7 097 357
Sjukeheim 3. etasje	6 675 587	6 725 767	24 660 304	6 128 422
Heimetenester	4 570 541	4 949 777	18 081 194	4 139 244
Heimetenester omsorgsbustader	8 331 591	8 807 215	32 286 437	8 680 337
Rus og psykisk helseteneste	5 091 624	4 167 360	15 147 135	4 882 711
Tenesta for funksjonshemma	3 839 369	2 786 952	9 950 320	3 631 993
Butenesta for funksjonshemma	8 134 574	8 316 565	30 481 968	7 616 837
Førebygging, rehabilitering og legeteneste	5 694 729	4 329 043	16 042 342	5 454 960
Helse og omsorg	52 627 154	52 722 242	181 731 994	50 206 337
Kultur	1 347 868	1 582 944	5 899 059	1 009 570
Servicekontor	1 811 391	1 511 819	5 623 084	1 743 098
Service og kultur	3 159 259	3 094 763	11 522 143	2 752 667
Politisk verksemd	412 452	570 855	2 266 713	735 714
Drift og anlegg	6 346 405	2 875 380	10 857 781	5 215 358
Brann	1 885 560	2 186 894	8 315 977	2 085 536
Eigedom	5 931 805	4 212 595	15 773 867	4 937 003
Teknisk	14 163 770	9 274 868	34 947 625	12 237 897
Vatn sjølvkost	968 245	7 656	0	1 407 695
Avlaup sjølvkost	802 173	17 924	0	1 020 891
Feiing sjølvkost	267 674	-1 020 847	0	270 299
Sjølvkosttenester	2 038 093	-995 267	0	2 698 885
Plan	1 058 670	1 119 473	4 137 027	775 563
Landbruk	297 222	328 288	1 313 151	314 920
Kart, oppmåling og byggesak	788 093	454 510	1 427 836	1 401 944
Utvikling	2 143 986	1 902 271	6 878 014	2 492 427
Barnevern	8 161 714	8 648 677	29 886 218	8 621 124
SUM SEKTORANE	138 210 141	139 817 336	506 930 984	137 190 776
Felles utgifter og inntekter	1 554 805	-2 188 271	-8 753 086	1 728 044
Sum inkludert felles utgifter og inntekter	139 764 946	137 629 065	498 177 898	138 918 820
Finansområdet, statstilskot og frie inntekter	-139 477 236	-142 643 893	-498 177 898	-142 047 326
	287 710	-5 014 828	0	-3 128 506

Her er forklaringane til tabellen ovanfor:

- Kolonne 1 viser kva som er ført i rekneskapen pr utgangen av mars.
- Kolonne 2 viser periodisert budsjett ved utgangen av mars.
- Kolonne 3 viser periodisert budsjettet for heile året (2017).
- Kolonne 4 viser rekneskapen for same periode i 2016.

Sektorane har ved utgangen av mars eit forbruk på kr. **138.210.141,-** (grøn linje i tabellen ovanfor). Periodisert budsjett er kr. **139.817.336,-** for same periode. Sektorane ligg med andre ord om lag 1,6 mill. kroner under budsjettert forbruk ved utgangen av mars.

Når vi inkluderer fellesutgifter (blå linje i tabellen ovanfor), så er forbruket om lag **2,1 mill** kroner meir enn budsjettert ved utgangen av mars.

Siste linje i tabellen viser at kommunen ved utgangen av mars har ei netto utgift på kr. **287.710,-**. Dette er omlag 5,3 mill kr meir enn budsjettert for same periode. Dette har i all hovudsak samanheng med periodisering.

Under følgjer tilbakemelding frå sektorane og stabane:

Personal og organisasjon

Sektoren ventar å gå i balanse ved slutten av året.

Økonomi

Vi har betalt lisensar som gjeld for heile året.

Sektoren ventar å gå i balanse ved slutten av året.

Opplæring og oppvekst

Basert på månadsrapporten for mars 2017, reknar Opplæring og oppvekst å gå i balanse ved utgangen av året.

Nokre opplysende merknader:

1. Etter 1. kvartal har opplæring og oppvekst eit mindreforbruk i høve til periodisert budsjett. Hovudgrunnen til dette er at hovudtyngda av dei statlege tilskota til norskopplæring kjem tidleg i kalendaråret.
2. I høve til periodisert budsjett, er det betalt ut mindre i tilskot til private barnehagar. Det er kome klage på utrekninga av tilskota. Handsaminga av klagene vil vise om kommunen må betale ut meir i tilskot enn det som er gjort så langt i år.

Helse og omsorg

Forbruket ved utgangen av mars viser 95.000 kr mindre enn periodisert budsjett.

Sektoren reknar med å vere i balanse ved slutten av året.

Under er tilbakemeldinga frå sektoren:

”Tabellen under viser grovt oppsummert periodisert status på ulike tenesteområder pr.31.mars.

Tenesteområde	Meirforbruk	Mindreforbruk
Stab og service		3.937.000,-
Institusjonsteneste 2.etg	1.072.000,-	
Institusjonsteneste 3.etg		50.000,-
Sentralkjøkken	515.000,-	
Heimeteneste, heimebuande inkl. dagavd		379.000,-
Heimetenester, omsorgsbustader		476.000,-
Rus- og psykisk helseteneste	924.000,-	
Hamna Dagsenter	536.000,-	
Avlastingsteneste barn og unge	517.000,-	
Buteneste for funksjonshemma		182.000,-
Førebygging, rehabilitering og legeteneste	1.365.000,-	
Samla	4.929.000	5.024.000,-
Differanse		95.000,-

Mange av tenestene har forventa inntekter gjennom driftsåret. Stipulert refusjonskrav pr 2 mnd er lagt inn i tabellen under. Lista er ikkje komplett. Desse inntektene er altså ikkje bokførte.

Tenesteområde	SUM
Felles kommuneoverlege:	187.000,-
Førebygging, rehab, legeten.	1.549.000,-
Hamna Dagsenter	306.000,-
Samla	2.042.000,-

Årsaksforholda til meirforbruk/ mindreforbruk:

- *Stab og service:* Her ligg både løn og driftmidlar til mange tenester. Grunnen til mindreforbruket er av rekneskapsmessig art. Variabel løn for desember 2016 er belasta jan.2017. For at dette skal verte rekneskapsmessig korrekt, er tilsvarende beløp ført som inntekt. Tidleg på året vil effekten av dette vere stor, men jamnar seg til fleire månader som går. Verd å merke seg at sektoren no får heilårseffekt av eit BPA- tiltak der kommunen no må kjøpe desse tenestene. Auka utgift på ca. 900.000,- etter at refusjonar er trekt ifrå. Det er ikkje bedt om tilleggsføring for dette tiltaket.
- *Institusjonsteneste:*
 - 2. etg har stort meirforbruk, over 300.000,- på variable lønskostnader og endå høgre på fastløn. Dette er sett fokus på og skal analyserast skikkeleg. Hovudårsak til meirforbruk er fastvakt x 2 pga uro. Har hatt sjukefråvær på 19,59% så langt i år.

- 3 etg. Dei to første månadane i 2017 var sjukefråværet 16,2%, mykje grunna influensa. For første gang sidan samhandlingsreforma starta, hadde kommunen betalingsdøgn for pasientar på sjukehuset. Klokkarstova har hatt fullt belegg mest heile 2017 og ikkje kapasitet til å ta imot fleire pasientar. Eininga er i balanse, betalingsdøgn vert belasta på sektorsjefnivå.
- Sentralkjøkkenet: Lærlingeløn har blitt belasta kjøkkendrifta medan lønsmidlane for 2017 vart flytta til løn- og personal. Har gitt meirutgift på ca. knapt 70.000,-. Kostnader på reparasjonar på produksjonsutstyr og serviceavtalar har gitt oss ekstrakostnader. Største årsak til meirforbruk er manglande ajourføring av salsinntekter.
- Heimetenestene inkl. Dagsenter: ca. 400.000,- vart gitt i tilskot frå helsedir. for tilrettelegging av fleire dagaktivitetsplassar for heimebuande demente. Ein del av desse midlane har vorte brukte. Driftsmessig er heimetenestene akkurat i balanse, til tross for ei svært pressa teneste første månadane i år med mange dårlege pasientar og høgt sjukefråvær. Dette har gitt høge utgifter på variable lønspostar, men likevel i balanse. God driftsplanlegging og kompetanse gir resultat.
- Heimetenester, døgnbemanna omsorgsbustader for eldre: Alle bustadane rapporterer så langt i år mindreforbruk. Høgt sjukefråvær første kvartal på Fjordsyn, 23,64%.
- Rus- og psykisk helseteneste: Her vert det avdekt feil under budsjettering, med om lag 350.000,- i meirforbruk fastløn på rus- og psykisk helseteam. I tillegg vert det stilt spørsmål om nivå på statleg refusjon, denne er ikkje i tråd med forventa nivå. Utan at desse forholda vert retta, vil det gi meirforbruk på 2 mill på årsbasis. Tenesta forventar balanse om påpeika forhold vert retta.
- Hamna Dagsenter: Ligg på etterskot i høve refusjon frå Ørsta. Forventa balanse ved årsslutt.
- Avlastingsteneste for barn og unge: Viser til komande K.styresak 44/17 om oppretting av nye stillingar. Tiltaket vert drifta med meirforbruk, ved årsslutt oppimot 2 mill.
- Buteneste for funksjonshemma: Er i balanse, jobbar likevel med interne føringar som må rettast.
- Førebygging, rehabilitering og legeteneste: Eininga består av fleire deltenester. Fysioterapi, ergoterapi, frisklivssentral, interkommunal nattelegeteneste, kommunal- og privat legeteneste. Det er mindre variasjonar i dei ulike deltenestene. I tabell to viser ein manglande refusjonar i eininga. Vil vere i balanse ved årsslutt.

Sektoren er så vidt på mindreforbruk etter tre månader. Dette er litt marginalt tidleg på året, då tidspunktet for store utgifter/ inntekter har stor innverknad på sluttresultatet. Det må og nemnast at sjukefråværet så langt i år har vore jamt høgt, med snitt på 13,65%, ein vesentleg auke frå tidlegare god trend. Periodisert ferievikarbudsjettt salderer nettoforbruket.”

Service og kultur

Sektoren ventar å gå i balanse ved slutten av året.

Teknisk

Teknisk sektor opplyser at sektoren reknar med å halde seg innanfor budsjetttramma ved årets slutt.

Utvikling

Sektoren ventar å gå i balanse ved slutten av året.

Fellesområdet

Tilskot vedkomande einslege mindreårige (EMI) og vertskommunetilskot er budsjettert på fellesområdet.

Særskild tilskot einslege mindreårige - vil få ei mindreinntekt på kr 3.725.500 i høve opphavleg budsjett for 2017, frå kr 19.900.000 til kr. 16.174.500.

Tabellen under viser ny prognose for EM-tilskotet pr. 21.04.17:

Busetjingsår	Sats	Tal EM	Prognose pr. 21.04.17
Tidlegare års busette 17-20 år	750 000	20	15 000 000
Busetjing av 3 EM i 2017 (17-20 år)	62 500	13	874 500
Ekstratilskot EM 2017	100 000	3	300 000
SUM		23	16 174 500

Refusjonen frå Bufetat vert avvikla frå 2017, og lagt inn i EM-tilskotet.

I prognosen er det teke høgde for busetjing av 3 EM i 2017, jf. reduksjon i oppmodinga frå IMDi.

Mindreinntekta på EM-tilskotet skuldast reduksjon på busetjing av to EM i 2016, reduksjon på busetjing av ein EM i 2017, samt budsjettert for høg sats på busetjing av EM i 2017, som følgje av at kommunen berre får utbetaling av tilskotet frå månaden EM vert busett.

Kommunen har pr. 21.04.17 ikkje fått EM til busetjing i 2017. Kr. 14.374.500 av EM-tilskotet er knytt til EM busett gjennom barnevernet. Kr 1,5 mill. av EM-tilskotet er knytt til EM busett gjennom Volda læringscenter. Prognosen viser at kommunen mottok EM-tilskot på 23 personar i 2017. Avviket vil bli følgt opp i budsjettendringssak medio 2017. Reduksjonen i EM-tilskotet vil bli følgt opp i høve justeringar i EM-tenesta. Det har vore eitt møte med barnevernssjefen, fagteamleiar og buleiar i EM-tenesta om saka. Det blir arbeid med å sjå på korleis gjere justeringar i tenesta med færre EM som skal busettjast.

Vertskommunetilskotet - vil for 2017 utgjere kr 1.471.604. I desember 2016 varsla UDI nedlegging av Volda mottak med verknad frå 01.03.17. Budsjettkorrigeringa, inkludert reduksjon i tilskotet, vart handsama i k-sak 18/17.

Ein vil sjå nærmare på dei budsjetterte utgiftene for einslege mindreårige i samband med korrigering av budsjett for 1 halvår. Denne saka vert handsama politisk i juni.

Barnevernstenesta

Sektoren ventar å gå i balanse ved slutten av året.

NAV

Basert på tala så langt i år, forventar NAV å vere i balanse ved slutten av året.

3 OPPSUMMERING

Her er ei kort oppsummering av driftssida ved utgangen av mars:

Frie inntekter

Prognose for frie inntekter ligger veldig tett opp til det budsjetterte beløpet.

Generelle statstilskot

Prognosen for integreringstilskot viser kr 2.147.750 meir enn det budsjetterte beløpet. Husbanken har dei andre tilskota klare tidleg i haust.

Eigedomsskatt

Det er budsjettert med 17 mill kr i inntekt frå eigedomsskatt. Prognosen indikerer at eigedomsskatten blir ca 16,9 mill kr.

Finans

Prognosen for renteutgifter viser ca kr 2,1 mill mindre enn budsjettert. Minimumsavdraget for 2017 kjem ein tilbake til ved handsaminga av korrigering av budsjett 1.halvår 2017.

Sektorane

Ingen av sektorane forventar meirforbruk i 2017.

4 INVESTERINGAR

Ved utgangen av 1.kvartal er det utgiftført for ca 32,5 mill kr på investeringsrekneskapen. Det er budsjettert med ca 271,9 mill kr (ikkje inkludert ubrukne løyvingar frå tidlegare år).

Ca 29 mill kr av forbruket ved utgangen av 1.kvartalsrapport er prosjekt som sorterer under teknisk sektor (inkludert ca 19 mill kr vedkommande bygging av ny Øyra skule).

Forbruket på investeringsrekneskapen (sortert på prosjekt) ved utgangen av 1.kvartal er med som trykt vedlegg til saka (rekneskapsskjema 2B). Budsjettkolonnen inkluderer som sagt ikkje ubrukne løyvingar frå 2016 som skal overførast til 2017.

Rapportering av status på investeringar kjem vi attende til seinare.

5 SJUKEFRÅVER

SJUKEFRÅVER

Sjukefråveret viser ein auke i 1. kvartal 2017 (10,42%) samanlikna med 1. kvartal 2016 (9,79%). Det vert jobba aktivt med aukiing av nærveret gjennom fokus på arbeidsmiljø. Spesielt har arbeidsmiljøet innan helse og omsorg eit stort fokus. I budsjettsaka så vart det sett eit mål om nærver på 92,5% for 2017. Det er eit godt stykke igjen før vi når dette målet.

Vi har fått tilbakemelding frå ein del sektorar om at dei har hatt eit unormalt stort fråvær grunna influensa i vinter. Vi håper difor at dette er forklaringa på auken sidan utgangen av 2016.

Opplæring og oppvekst melder at dei har hatt ein liten nedgang i sjukefråveret samanlikna med 1. kvartal 2016. Dei har hatt trykk på å få til avklaringar der det har vore ei lengre sjukehistorie.

Mange av avdelingane jobbar tett opp mot Arbeidslivssenteret for å finne løysingar for å få sjukmelde tilbake på jobb. Fleire avdelingar har lukkast med dette, men samla sett har vi ein auke i fråværet.

Utvikling har eit sjukefråvær første kvartal på 14,42 %. Dette er høgt og skuldast i hovudsak ein langtidssjukemelding. Sektoren har forsøkt tilrettelagt mest mogleg. Det er laga oppfølgingsplan og vi har plan om å gjennomføre eit dialogmøte med sjukmeldt og sjukmeldar (lege).

Helse og omsorgssektoren har ein auke i sjukefråværet i forhold til 2016. Tradisjonelt har dei eit stort langtidsfråvær knytt til kroniske belastningsskader og tilstandar, men i tillegg er det meldt om at influensa har ramma uvanleg hardt i starten av 2017.

Det er gjennomført medarbeidarundersøking ”10-faktor” i heile organisasjonen. Alle tilsette (faste, vikarar og tilkallingsvikarar) fekk høve til å delta, og oppslutnaden på 73 % må ein seie seg svært nøgde med. Spesielt med tanke på at undersøkinga kom svært nær i tid til den kartlegginga som helse og omsorg har gjennomført. 10-faktor undersøkinga har hovudfokus på meistring og meistringsleiing, og undersøkinga vil bli fylgt opp både frå KS si side og i frå personalavdelinga framover.

Ein omfattande arbeidsmiljøprosess pågår i helse- og omsorgssektoren. Det er gjennomført ei kartlegging som bedriftshelsetenesta Stamina har stått for. Ein er no godt i gang med oppfølgingsarbeidet på dei ulike avdelingane, og leiarane vil bli tett fylgt opp. Eiga opplæring er planlagt for leiarane innan helse og omsorg.





Drøfting av situasjonen og tiltak vert kontinuerleg teke opp med arbeidstakarorganisasjonane og hovudverneombodet.







Sektor	Fråver i % 1. kvartal 2017	Fråver i % 2016	Fråvær i % 1. kvartal 2016
Rådmann & stab (11 og 12)	15,5	19,51	21,07
Pers, IKT, innvandr. (13)	3,92	3,77	1,74
Økonomistaben (14)	2,57	4,40	7,29

Sektor	Fråver i % 1. kvartal 2017	Fråver i % 2016	Fråvæer i % 1. kvartal 2016
Service og kultur (40)	4,73	5,94	3,12
Oppl. og oppvekst (20)	8,96	6,62	9,18
Barnevernstenesta (70)	6,45	7,39	9,30
Helse og omsorg (30)	13,65	9,56	11,58
Teknisk (50 og 51)	12,18	9,34	10,62
Utvikling (60)	14,42	2,46	2,66
Heile kommunen	10,42	7,79	9,79










6 RAPPORTERING PÅ MÅL

Personal og organisasjon



















MÅL 2017	RESULTAT	KOMMENTAR
IKT Brukarane skal vere tilfredse med dei tenestene IKT yter.		IKT har vore under sterkt press over lang tid. Samstundes har overgangen til SSIKT ført til ein del meirarbeid. Dette har ført til noko ventetid før ein får løyst ulike oppgåver.
IKT-investeringar skal gje positiv kost/nytte		
Innvandring Busetje flyktningar i samsvar med gjeldande kommunestyrevedtak og samarbeidsavtale med IMDi		Vedtak i k-sak 95/16 om å busetje inntil 40 flyktningar i 2017, inkl. inntil 8-11 einslege mindreårige (EM). IMDi har oppmoda Volda om å ta i mot 39 flyktningar i 2017, inkl. 3 EM. Pr. 21.04.17 er det busett 14 og søkt ut 6 for busetjing, dvs. totalt 20 flyktningar.
50 % av flyktningane skal bu i privat bustad innan tre år etter busetjing		Pr. 21.04.17 har 10 av 14 som hittil er busett, blitt busett på den private bustadmarknaden. Det er nytta 1 kommunal bustad til ein familie på 4. I 2016 vart 27 av 34 vaksne/familiar busett direkte på den private bustadmarknaden, og det vart nytta 2 kommunale bustader til busetjing. I 2015 vart 22 av 32 vaksne/familiar busett direkte på den private bustadmarknaden, og det vart nytta 6 kommunale bustader til busetjing. Arbeidet med gjennomstrøyming i kommunale bustader er godt i gang, og fleire har overgang frå kommunal til privat bustad.
30 % av flyktningane skal eige privat bustad innan seks år etter busetjing		Kvart år kjøper 2-3 flyktningfamiliar eigen bustad i Volda. Grunna høge bustadprisar er terskelen høg for å kome i posisjon til å kjøpe eigen bustad. Det vert arbeidd med å få plass «Leige før eige»-modell, som vi vonar vil føre til at fleire vil bli i stand til å eige eigen bustad.

Løn og personal Administrere gjennomføring av medarbeidarundersøking		Medarbeidarundersøking 10-faktor gjennomført i mars måned.
Profesjonell rekruttering som fremjar Volda kommune som arbeidsgjevar		Vi har gode rutinar, og greier med få unntak å skaffe rett kompetanse. Vi har utfordringar med nokre sjukepleiarstillingar, dette blir det jobba med.
Sjukeoppfølging som fremjar nærvær		Sjukefråværet for 1 kvartal er høgare i 2017 enn i 2016. Avdelingane rapporterar om mykje sjukdom/korttidsfråvær.
Tilsette og leiarar får pålitelege svar på spørsmål		
Korrekte tenester til rett tid		
Initiere prosess for å implementere bruken av Kvalitetslosen i heile organisasjonen (avklare systemansvarleg funksjon, gjennomgang av rutiner og organisering av opplæring)		Vi har gjennomført opplæring, men det gjenstår arbeid for å kome i mål i heile organisasjonen.

Økonomistaben

















SATSINGAR 2017	RESULTAT	KOMMENTAR
Vere à jour med føring av rekneskapen gjennom året, og utarbeide tertialrapporter og årsrekneskap i samsvar med lov og regelverk		
Innfordring av korrekte skatter og avgifter til rett tid, samt vere ajour med innfordringa av kommunale krav		
Betale fakturaer til rett tid		Dette føreset at avdelingane attesterar og tilviser i god tid før betalingsfristen
Starte arbeidet med å etablere felles økonomifunksjon med Hornidal kommune (økonomireglement, rutinar, kontoplan m.m)		Hovudfokus i 2017 vert kartlegging
Sektorane oppleve god støtte og opplæring		Evaluering frå sektorane
Økonomirapportering basert på gode oppdaterte rekneskapsgrunnlag, tidleg oppdaging av ev avvik og prognoser som gir god oversikt over økonomisk status		
Nærver min 93,1 %		
Medarbeidarsamtale med alle tilsette		
Utviklingsarbeid for å auke andel elektronisk faktura (i tråd med nasjonal satsing)		

Opplæring og oppvekst













MÅL 2017	RESULTAT	KOMMENTAR
Barselomsorga skal følge nasjonal fagleg retningslinje.		Vert oppnådd om ein får midlar på søknad til Helsedir.
Etablere/vidareføre gruppetilbod <ul style="list-style-type: none"> ✓ For barn som opplever skilsmisse ✓ Jentegrupper i ungdomsskulen – 2 pr år ✓ Lågterskel foreldrerettleiing ✓ Gruppetilbod psykisk helse for minoritetsungdom 		Delar vert nådd. Punkt ein og to vert gjennomført. Dei to andre punkta meir usikre
Styrke innbyggerane sin kunnskap om kosthaldet og aktivitet gjennom tverrfagleg samarbeid inn mot foreldre til 1. klassingar.		
Gjennomføre ttervaksiner med HPV-vaksine av jenter fødte i -91 t.o.m. -96 (nasjonal satsing)		Skal halde fram til sommaren 2019
Etablere felles helsestasjon for ungdom og studentar ved nye Øyra skule		
Etablere formalisert samarbeid mellom helsestasjon og barnehage		Planlagt felles møte i Geiranger 11-12 mai. Arbeider med felles plan for kosthald i barnehagane
Tidleg oppdage barn som treng ekstra hjelp og støtte og utarbeide rutinar for tiltak og oppfølging		
Oppretthalde minst 50 % pedagogtettleik i dei kommunale barnehagane		
Tilsyn og godkjenning av barnehagar etter oppsett plan.		
Sikre kompetanseheving i samband med ny rammeplan i barnehagane		
Gjennomføre overgangssamtalar barnehage-barneskule-ungdomsskule		Vil vidareutvikle innhaldet i høve til struktur/form/innhald
Volda skal ha ei skulefritidsordning som støttar den språklege og sosiale utviklinga til elevane.		Særleg for born frå språklege minoritetar er SFO ein viktig arena for språkleg utvikling.
Innføre Ipad som pedagogisk verkty i barnehage og småskulen		Med særleg vekt på språkutvikling og bruk av IKT som pedagogisk verkty
Grunnskulepoeng og resultatata på eksamen skal vere høgare enn fylkes- og landsgjennomsnittet.		Får resultatata hausten 2017
Talet på elevar som på dei nasjonale prøvene presterer på meistringsnivå 1 i 5. klasse og meistringsnivå 1 og 2 i 8. og 9. klasse, skal reduserast med 15 % samanlikna med skuleåret 15/16		Får resultatata hausten 2017
Med støtte i gode program styrke den psykiske helsa til barn og unge		Opplæring og oppvekst er inne i fleire prosjekt i dette arbeidet som Tidleg inn, Voldaprojektet og Zippys venner. Volda kommune har i tillegg eigen psykolog
Ei styrking av den ordinære undervisninga skal redusere behovet for spesialundervisning.		Usikkert om ein vil nå dette målet
Alle einslege mindreårige flyktningar skal gå ut med greidd grunnskuleeksamen		Kan rapportere på dette til sommaren



60 % av deltakarane i introduksjonsprogram skal gå over til arbeid eller vidaregåande utdanning etter avslutta program.		Kan rapportere på dette til sommaren
Utarbeide rammeplan og mål for kulturskuledrifta		
Identifisere og styrke tiltak som reduserer sjukefråværet		
Informasjon på kommunen sine heimesider skal vere oppdatert.		OO har sett av ein dag til å systematisere informasjon og gjere det tilgjengeleg på heimesida
Utarbeide kvalitetsplan for sektoren		

Utvikling

SATSINGAR 2017	RESULTAT	KOMMENTAR
Folkehelseperspektivet skal vere med i all planlegging		Høgt fokus
Søke om tilskot til minst eit friluftstiltak jf kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (KIFF-planen)		
Følgje opp KIFF-planen gjennom spelemiddelsøknadar		Skal gjerast no i vår og ny runde til hausten
Gjennomføre kartlegging og verdisetjing av friluftslivsområda i kommunen		
Halde den økonomiske ramma		
Medarbeidarsamtale med alle tilsette		Skal vere ferdig før sommarferien
Kritikkverdige forhold skal varslast i samsvar med kommunen sine rutiner etter arbeidsmiljølova		
Initiere innovative/nytenkjande tiltak		
Nærver skal aukast i høve til 2016 (ambisjonsnivå på min 95 %)		Grunna ein langtidssjukemelding vert dette målet ikkje nådd
Sjukefråver pga av arbeidsmiljø skal ikkje forekome		
Rett kompetanse i alle stillingar		
Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk		Antal avvik og oppfølgingstiltak for å følgje opp målsettinga
Alle som vender seg til Volda kommune skal få svar i samsvar med krava i forvaltningslova		
Koordinering av gjennomføring av planar saman med teknisk sektor		Prosessen vi starta på i fjor skal vi arbeidde vidare med i år
Utarbeide høyringsforslag av kommuneplanen sin arealdel med ROS-analyse og konsekvensutgreiing (KU)		
Revisjon av overordna ROS-analyse frå 2013		Skal etter planen verte vedteken 26.mai i kommunestyret.

Helse og omsorg















SATSINGAR 2017	RESULTAT	KOMMENTAR
Medarbeidersamtale med alle fast tilsette		Helse- og omsorg har innarbeidd gode rutinar no for medarbeidersamtalar. Gjennom året skal alle tilsette ha gjennomført dette.
Initiere innovative/nytenkjande tiltak: Å prøve ut og ta i bruk velferdsteknologi		Screening av vannlatingsrytme på nokre pasientar, ”Tena identifi”. Epialarm med varsling mot handholdt mobil, heimetenestene.
Handhaldne terminalar i heimetenesta kopla til fagstystemet Gerica gir oversikt over ATA (ansikt til ansikt tid) for å planleggje betre ressursbruken.		Ordning innført tidlegare, men utvida til fleire tenesteområder.
Nærvær på 91 %		Første kvartal 2017 er nærværet i sektoren 86,35 %.
Månadleg økonomirapportering med fokus på å halde økonomisk ramme på alle nivå i sektoren.		Månadleg rapportering frå leiar til økonomiansvarleg med oppfølging av avvik frå økonomiansvarleg. Tett dialog og godkjenning frå kommunestyret ved evt. ekstrabehov som ikkje kan dekkjast innanfor tildelt ramme. Månadleg gjennomgang på leiarmøte.
Kvardagsrehabilitering er implementert frå prosjekt til ordinær teneste		Måltal –Effekt av kvardagsrehabilitering skal målast kvarttalsvis ved standardisert og anonymisert evalueringsverktøy og rapporterast til kommunestyret
Tildelingskontoret er forvaltarenining i sektor helse og omsorg, rett teneste på rett nivå.		Rett teneste på rett nivå. Standardardar vert forankra i kommunestyre.
Aktiv omsorg og frivillig koordinering i eldreomsorga. Deltaking i kulturelle aktivitetar. Frå prosjekt til implementering av Frivilligkoordinatorar i eldreomsorga ved sjukeheim og døgnbemanna bustad	  	Tal frivillege som engasjerer seg i høve brukarane. Tal kulturelle arrangement og tal deltakarar på arrangementa, både avdelingsvis og større arrangement t.d. kulturelle spaserstokk. Kartlegging tre gongar i 2017, januar, august og november.
Utskrivingsklare pasientar frå sjukehus vert overtekne innan fristen, og kommunen skal ikkje betale for liggjedøgn på sjukehus		Januar og februar opplevde både sjukehus og kommunesektor ein uvanleg pågang eldre med influensasjukdom/ tilleggstilstandar. Korttidsavdeling vart full og voldingar vart liggjande på betalingsdøgn.
Forpliktande oppfølging av tiltaksplanane for å utvikle leiingsdyktigheit og styrka arbeidsmiljø i heile sektoren, jfr oppfølging etter arbeidsmiljøundersøkinga		Milepelsoppfølging med involvering av tillitsvalte og verneombod.






<p>Etablere arena og program for kompetanseutvikling og for å drive utviklingsarbeid.</p>		<p>Kompetansaplanar på einingsnivå og sektornivå er under utarbeiding. Fagdagar er planlagt og skal mellom anna bygge på behova som kjem fram i kompetanseplanane.</p>
<p>Gjennomføre utviklingsprosess for å peike ut tydeleg retning, konkretisering av mål og satsingsområde for å løyse utfordringane i sektoren, slik at ein får kontroll med utgiftsveksten.</p>		<p>Sak under utredning. Har hatt dette oppe som sak både i leiarmøte og strategigruppa i sektoren.</p>

Service og kultur

SATSINGAR 2017	RESULTAT	KOMMENTAR
Aktiv informasjon om kommunen sine tenester, tilrettelegging av tenester på skjema og profilering av Volda		Gjennomsnittleg antal nyhendeoppslag pr veke på Facebook, Twitter og heimesida.
Elektroniske skjema på heimesida skal gi forenkla tenester for brukarane og frigjorde ressursar i administrasjonen.		Antal tenester det vert utvikla skjema for. Anslag på effekt for brukar og frigjort tid
Ingen negativ omtale av avdelinga i media		
Avklare lokale for ungdomsklubben og ta ein gjennomgang av behovet for bemanning samanlikna med opplegg i samanliknbare klubbar i andre kommunar. Ungdomsklubben skal opparbeide eit fungerande crew i rett aldersgruppe		Crew er ungdom som jobbar på dugnad på ungdomsklubben
Arrangere fire debattmøter i biblioteket		Den nye biblioteklova seier mellom anna at <i>"Folkebibliotek skal være en møteplass og arena for offentlig samtale og debatt"</i> .
Volda filmteater skal ha eit besøkstal på minimum 14000.		Usikkert om ein når dette målet pga at kinoen blir stengt i ca 4 måneder pga oppussing på samfunnshuset
Frivilligsentralen skal arrangere minimum eit opplæringstiltak/kurs for frivillig sektor		
Alle institusjonane i kommunen få tilbod om eit variert kulturtilbod frå den kulturelle spaserstokken.		
Ajuorføring av personsikkerheitshandboka å ivareta overordna funksjon for at denne er kjent ute i organisasjonen		Organisere opplæring av leiarane i personvernhandboka og sikre oppfølging av overordna rutinar

Teknisk

SATSINGAR 2017	RESULTAT	KOMMENTAR
Alle skriftlege førespurnadar skal gjennomgå ein mottakskontroll og få tilbakemelding innan 4 veker		Her har kommunalteknisk avdeling kome svært langt dette året, og tek sikte på å vera ajour i løpet av 2017.
Tilpasse standard på tenestene og gjere tiltak for å halde budsjettramma		Her jobbar vi med å legge om rekneskapsystemet slik at det vert mogleg for sektoren å ha oversikt gjennom året.
Behalde og rekruttere personell		
Nærver på min 90 %		12,77 sjukefråvær første kvartal.
Brannberedskapen skal opplevast som god		
Brannberedskap som tilfredsstillar dimensjoneringsforskrifta og vurdert risiko i heile kommunen		ROS analyse er under arbeid og vil etter planen bli ferdig til sommaren.
Lukke avvika brannvernet fekk i 2016 etter tilsyn frå Arbeidstilsynet og DSB.		Ikkje utført rein/skitten sone i garderobe.
Risikobasert tilsyn i særskilte brannobjekt		Pga sjukefråvær er vi ikkje i rute
Feiing etter behov og tilsyn kvart 4 år i alle bustadar.		Ajour med feiing men litt på etterskot med tilsyn. Må vurdere meir feieresursar.
Brannmannskapa gjennomført opplæring, øving/kurs og tryggleiksutstyr slik at dei kan utføre redningsinnsats på ein trygg måte		Dette er ein kontinuerleg prosess.
Førebyggjande brannvernopplæring for alle 6. klassingar i kommunen		Er som mål å gjennomføre i løpet av året.
Vedlikehald, rehabilitering og oppgradering for å gi brukarane brukarvenlege lokale så langt det er mogleg innanfor den kommunale bygningsmasse		Gjennomføre innovative prosjekt, planmessig gjennomføring av oppgradering, rehabilitering, vedlikehald, samt ny bygg.
God prosjektstyring ved koordinering og planlegging med rett progresjon i høve regulering, finansiering og grunnkjøp.		Antal prosjekt som vert drive etter denne prosjektmetodikken
Fokus på miljø, sørgje for gode tiltak blir gjennomført i tråd med kommuneplan med satsing på klima og miljø.		Gjennomføring av EPC – programmet.

<p>Starte arbeidet med å etablere ein oppgradert eller ny base for driftsoperatørane ved Myrtun i samsvar med arbeidsmiljølova.</p>		<p>Finansiering for prosjektering er på plass og prosjektnummer er oppretta. Ein må ta ei runde for å avklare kor kommunen får areal til ei utviding.</p>
<p>Regelmessige møter med alt personell og rutine på enkeltvis samtalar /medarbeidarsamtale med alle tilsette etter avtalt intervall.</p>		<p>Kommunalteknisk avdeling ligg litt etter, men vert ajour i løpet av 2017</p>
<p>Utarbeide rutinar og standarar for arbeidet som vært gjennomført ved drift og vedlikehald av kommunale vassverk og avløpsreinslegg</p>		<p>Dette arbeidet har avdelinga ikkje ressursar til å prioritere. Dette lider også gjennomføring av beredskapsøvingar og oppdatering av kritiske dokument som ROS analyse og beredskapsplanar.</p>
<p>Få på plass eit FDV system tilpasse drift og veldikehald av vassverk og avløpsreinslegg og leidningsnett.</p>		<p>FDV system er i kjøpt inn. Kurs vil avholdast i Mai og ein ser for seg å kunne starte å nytte dette i løpet av Juni. Det krevst ein del arbeid med å få arbeidsoppgåver lagt inn i systemet.</p>
<p>Utvikle kompetanse på innovative innkjøp etter modellen i Leverandørutviklingsprogrammet. Gjennomføre alternative innkjøpsmodellar med fokus på innovasjon og betre oppfølginga av leverandørar og entreprenørar som utførar oppdrag for kommunen.</p>		<p>Dette vert teken tak i når der kjem eigna prosjekt.</p>
<p>Initiere innovative/nytenkjande tiltak</p>		<p>Rapportere på antal prosjekt som vert initiert. Dette har ikkje vore jobba med i 2017, og med kommunereforma som prioritet, har ikkje sektoren meir kapasitet.</p>

Barnevern

Meldingar og undersøkingar

Vi har motteke 109 nye meldingar om bekymring for barn sin omsorgssituasjon i første kvartal, 9 fleire enn i same periode i fjor:

Hareid	Ulstein	Volda	Ørsta
33	23	26	27

Det kom flest meldingar frå asylmottaka, UDI, foreldre, politiet og helsestasjonar, men også skuler, foreldre og andre har meldt. Vi har hatt ein massiv auke, og har følgd mellom 10 og 20 barn til avhør på Barnehuset i Ålesund. Slike volds- og overgrepssaker krev store menneskelege ressursar, og tek mykje tid, til førebuing, gjennomføring og etterarbeid.

Fristane i lova:

Meldingar: Vi har ingen brot på kravet om gjennomgang av nye meldingar innan ei veke.

Undersøkingar: Vi har gjennomført 123 undersøkingar i perioden. 91 av desse, dvs 74 % var innafør fristen på 3 eller 6 mnd. Vi har dermed 26 % fristbrot i perioden. Dette er framleis for høgt. Vi har sett inn tiltak, og arbeider for å kome ytterlegare ned. Til dette er det også å seie at vi har prioritert personale over til omsorgsteamet, for å stette lovkrava om talet på oppfølgingsbesøk for barn som bur utafør heimen. Dette har medført ventelister på undersøkingar og oppfølging av heimebuande barn; her har vi måtte prioritere ut ifrå alvorsgraden i sakene. Men vi vere bevisst at det alltid vil vere nokre saker som også av eksterne årsakar ikkje let seg ferdigstille innan frist.

Kommunevis tal på saker der undersøkingstida er overskride i perioden januar - april (her kan det vere fleire barn i ein og same familie som gir uttelling. Nokre undersøkingar har også «følgd med» frå før årsskiftet):

- Hareid: 6
- Ulstein: 5
- Volda: 6
- Ørsta: 15

Heimebuande barn med tiltak

242 barn har motteke hjelpetiltak i perioden, 3 fleire enn på same tid i fjor.

Hareid	Ulstein	Volda	Ørsta
38	42	73 (inkl 17 EM)	89 (inkl 20 EM)

8 av desse hadde ikkje aktiv tiltaksplan pr 30.mars. Dette kan skuldast at planen akkurat har gått ut på dato, er under evaluering eller endring, og at ny ikkje er aktivert.

Barn som bur utanfor heimen

Vi har ansvar for 80 barn som bur utafor heimen, 1 meir enn på same tid i fjor.

Hareid	Ulstein	Volda	Ørsta
15	29	21	15

Alle barna har omsorgsplan, og dei aller fleste har hatt oppfølgingsbesøk frå barnevernstenesta i første kvartal (lovkravet er 2 eller 4 besøk pr år).

Økonomiske konsekvensar:

Kvartalsrapporten seg sjølv har ingen økonomiske konsekvensar. Korrigerering av budsjett for 1. halvår vert handsama i juni.

Vedleggsliste:

- Finansrapport (passiva) (vedlegg nr. 1)
- Finansrapport (aktiva) (vedlegg nr. 2)
- Rekneskapskjema 2B (status investeringsprosjekt)

Rune Sjurgard
Rådmann

Henrik Skovly
Økonomisjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Økonomisjef
Rekneskapsjef
Sakshandsamar
Alle sektor og stabsleiarar

Volda kommune.

Låneporteføljen

Rapport 30. april 2017.

Vidare kan alternativet dekke eit visst badebehov på kveldstid men vil truleg ikkje vere attraktivt over tid. Kanskje kan varmen også nyttast i idrettshallen ?

På den andre sida vil alternativet gje minimalt med driftsinntekter utanom skuletid. Alternativet er lite "framtidretta" svømmebasseng for dagleg bruk av befolkninga i kommunen og eit spørsmål kan vere om reg.plan og kopling til idrettshall forseinke prosessen? Kommune er også avhengige av andre for å få gjennomført prosjektet

b. <u>25 meter + 12.5 meter oppvarma/opplæringsbasseng</u>	<u>Stipulert kostnadstal</u>
	kr. 43.008.00,- inkl. mva

Ved dette alternativet får Kommunen dekka **lovpålagt** symjeundervisning. Alternativet ligg nær skule og fritidsaktivitetar. Alternativet kan dekke HVO sitt uttalte behov. Det kan vere mogleg med garderobe/sambruk med idrettshall om ynskjeleg og det dekker symjeklubben sitt behov.

Vidare kan alternativet dekke badebehov på kveldstid og i helgane og kan såleis gje driftsinntekter utanom skuletid. Kommunen får eit "framtidretta" svømmebasseng for dagleg bruk i kommunen. Auka bruk = styrka folkehelse. Styrka kultur/omdøme /identitet/gode opplevingar Vil kunne verte ein møteplass og eit slikt alternativ vil kunne støtteopp under **Samfunnsplanen**; vidareutvikle samarbeidet med Høgskulen og vere aktive i utvikling av Campusområdet. Kanskje kan varmen også nyttast i idrettshallen ?

På den andre sida vil alternativet vere det dyraste alternativet å gjennomføre og eit spørsmål kan vere om reg.plan og kopling til idrettshall forseinke prosessen? Kommune er også avhengige av andre for å få gjennomført prosjektet

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen ser det slik at det ikkje er noko framtidretta løysing og heller ikkje økonomisk god løysing på sikt å nytte til saman over 15 mill. for at dagens symjehall skal vere operativ i 10 år til. Kommunen har ei lovpålagt plikt til å gje symjeopplæring for å nå krava til symjedugleik. For

å støtte det kravet vil eit opplæringsbasseng knytt til Øyra skule vere nok. Ei slik minimumsløysing er imidlertid ikkje «framtidretta» med tanke på dei behova som HVO og symjeklubben har og som kommunen har sett seg som mål i samfunnsplanen og med tanke på kommunen som «Frisklivskommune».

Rådmannen er klar på at det vil vere uråd for kommunen å ta initiativet til meir enn minimumsløysinga om ein ikkje får til ein betydeleg medverknad i form av leige frå Høgskulen og evt. andre leigetakarar og bidragsytarar. I høve til leigeavtalen med HVO på symjehallen byrjar tida for handling å nærme seg. Spørsmål om storleik, medverknad og lokalisering tek til å haste for at ein ny symjehall står klar når avtalen går ut.

Det er viktig at Volda kommune trekkjer opp retning for løysing av behovet for svømmeanlegg kommunen. Kva løysing som er realiserbar er avhengig av Høgskulen og andre partar. Administrasjonen vil gjere avklaringar med eksterne samarbeidspartar med bakgrunn i det retningsvalet som vert teke politisk. Deretter vil ein starte planlegging med milepelsplan for utbygging av anlegg ut frå det alternativet som er mogleg å realisere.

Rune Sjurgard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Ass.rådmann

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Høgskulen i Volda

Postboks 500
6101 Volda
Telefon: 70 07 50 00

Besøksadresse:
Joplassvegen 11
6103 Volda

postmottak@hivolda.no
www.hivolda.no

Dykkar referanse	Vår referanse	Vår sakshandsamar	Vår dato
	14/00976-9	Jacob Kjøde, jk@hivolda.no	02.03.2017

Spørsmål til Volda kommune om framtidig leige av symjehallen i Idrettsbygget

Bakgrunn

Idrettsbygget ved Høgskulen i Volda (HVO) stod ferdig i 1961 og hadde då det einaste 25 meters symjebassenget mellom Bergen og Trondheim. Statsbygg har no gjort ei byggteknisk vurdering av symjehallen som konkluderer med at den treng omfattande reparasjonar. Statsbygg reknar med at det kan koste om lag 50 millionar kroner å rehabilitering og modernisere heile Idrettsbygget til dagens krav. Statsbygg meiner at bygget ikkje utgjer nokon fare for liv og helse dei næraste 3-4 åra.

HVO har leigekontrakt med Statsbygg på Idrettsbygget fram til og med 2020 og brukar huset til idrettsutdanningane sine. Volda kommune leiger tid til symjeopplæring tilsvarande to heile dagar i veka. Symjehallen er også viktig for studentvelferd i Volda.

Utfordringar

For høgskulen er spørsmålet om framtida til Idrettsbygget nær knytt til nytt mediebygg. Grunnen til det er at finansieringa av auka husleige til nybygget blir påverka av kor mykje ressursar som blir lagt inn i renovering av Idrettsbygget. Dersom HVO skal leige Idrettsbygget etter 2020, må vi inngå eigen leigekontrakt for dette bygget. Desto meir ressursar HVO legg inn i Idrettsbygget, jo mindre blir det til å finansiere dei auka leigekostnadane som eit nytt mediebygg fører med seg.

Rapport om tilstanden til symjehallen

Statsbygg har engasjert Sweco Norge AS til å gjere ei total vurdering av symjehallen – dvs både bygningsmessige forhold og dei tekniske anlegga. I rapporten har Sweco Norge AS vurdert nærare to alternative tiltak.

Alternativ 1 – forlenging av levetid med drift fram til 2030

I dette alternativet gjennomfører ein ei avgrensa renovering slik at levetida for symjehallen blir forlenga med 10 år. «For å utnytte restlevetiden og forlengje driften til ca 2030 må i hovudsak følgjende tiltak gjennomførers:

- Rehabilitering/vedlikehold av fasader
- Etterforankring av teglvanger
- Utbedring av bomflis, fuger og sluk
- Utbedring av fuger, flis og påstøp i bassengbunn.
- Vedlikehold av tekniske anlegg
- Etterforankring av himling
- Ny underfordeling for lys og stikk
- Utskifting av belysning i svømmehall»

Alternativ 2 — total renovering for drift fram til 2050

I dette alternativet gjennomfører ein ei total renovering slik at levetida for symjehallen blir forlenga med 30 år. «For å sikre en fortsatt drift i nye 30 år frem til ca 2050 må det gjennomføres en omfattende rehabilitering for å heve standarden og for å tilfredsstille dagens krav til denne type bygg, samt øke levetiden på eksisterende bygningsdeler.

Tiltakene er i hovedsak følgende:

- Utvendig isolering og nye fasader
- Reparasjon av betongkonstruksjoner (basseng, fasader etc)
- Utskifting av vinduer
- Innvendig rivning av teglvanger og himling
- Ny diffusjonstetting, overflater og himlinger
- Nytt isolert tak (over betongkonstruksjon)
- Forsterkning av bæresystem, dvs søyler og bjelker.
- Utbedring av basseng. Ny påstøp i bunnen. Utbedring og nye fliser
- Rehabilitering av rennesystem
- Nytt vannbehandlingsanlegg. Utjevning- og skyllevannstank beholdes.
- Nye luftbehandlingsanlegg for både bassengrom og teknisk rom.
- Nytt elektrisk anlegg
- Utbedring av bomflis, fuger og sluk. Forbedre fallforhold»

Renoveringskostnader og konsulenten si tilråding

Kostnadene knytt til *Alternativ 1* er vurdert til 15 mill kroner og til *Alternativ 2* 49 mill kroner. Sweco skriv i oppsummeringa at: «Svømmehallen har en relativt høy alder for denne type bygg, og bygningsmessig standard er svært lav i forhold til dagens krav. Dette grunnet både at kravene for denne type bygg er vesentlig endret siden 1960, og at mange bygningsdeler har en redusert tilstand. Rehabilitering av svømmehallen vil derfor ha en del usikkerheter knyttet til både kostnader for utbedringene og fremtidig drift.»

Sweco meiner at totalrenovering av symjehallen er eit lite aktuelt alternativ og tilrår ikkje at det blir gjort.

Mogelege val

Sidan totalrenovering av symjehallen ikkje blir tilrådd og dessutan ville blitt ei veldig kostbar løysing i form av auka husleige, har HVO kome fram til at vi berre har to val. Det eine er å halde fram med å berre leige gymsalane og sanere symjehallen. Det andre er å gå for ein 10-årskontrakt med avgrensa renovering av symjehallen. Når Volda kommune får bygd ny symjehall, forpliktar HVO seg langsiktig til å leige timar der på vilkår av at den fyller våre krav.

HVO si vurdering av alternativet der vi inngår 10 års leigekontrakt om heile Idrettsbygget

Det blir gjennomført ei avgrensa renovering av symjehallen i samsvar med *Alternativ 1* i Sweco-rapporten. I følge Statsbygg vil det kome om lag 5 mill kroner i investeringskostnader i tillegg til dei som kjem fram av tala til Sweco. HVO inngår ein avtale med Statsbygg om leige av Idrettsbygget på 10 år.

Husleigekostnadene for denne løysinga blir 4 mill kroner per år. I tillegg kjem årlege driftskostnader på om lag 2 mill kroner.

Våre utrekningar syner at det blir om lag 3,1 mill kroner billigare for HVO å berre leige gymsalane - utan symjehallen. Med dei økonomiske rammevilkåra vi kan rekne med for HVO i åra framover er det ikkje rett å tilrå at vi bør leige heile Idrettsbygget i 10 nye år utan at vi kan auke inntektene monaleg.

I dag leiger Volda kommune og Volda vidaregåande skule timar i symjehallen til prisar som er sterkt subsidierte. Dette har vi ikkje høve til å gjere etter økonomiregelverket. Dersom vi skal gå for valet om 10 års leigekontrakt for heile Idrettsbygget, er det heilt avgjerande at vi får ei langsiktig avtale med Volda kommune om leige av symjehallen på heilt andre vilkår enn i dag.

Kva er så rett pris (sjølvkost) for leige av ein time i symjehallen? Eit utgangspunkt kan vere at det kostar 3.1 mill kroner meir å leige heile Idrettsbygget enn berre å leige gymsalane. Eit skuleår har 190 dagar. Prisen per skuledag blir då kr 16315. Ein dag er 8 timar, timeprisen blir då kr 2039. I dag leiger Volda kommune symjehallen to dagar i veka. Det er 40% av tida. Men høgskulen nyttar symjehallen berre tilsvarande ein dag i veka til egne faglege aktivitetar. Det er difor ikkje urimeleg at Volda kommune betaler halvparten av kostnadene som då blir 1.55 mill kroner i året.

Konklusjon

HVO kan inngå leigekontrakt med Statsbygg om leige av heile Idrettsbygget på vilkår av at Volda kommune er villig til å betale 1.55 millionar kroner per år.

Fordelen med denne løysinga er at vi sikrar 10 år forlenga levetid for symjehallen slik at kommunen får god tid på seg til å byggje ny symjehall.

Vil Volda kommune inngå avtale med HVO om leige av tid i symjehallen til ein pris av 1.55 millionar kroner i 10 år frå og med 010121? Det vil vi gjerne ha svar på relativt raskt sidan vi no er i gang med å planlegge nytt mediebygg. Dersom svaret er nei, vil HVO gå for inn alternativet med berre å leige gymsalane og sanere heile symjehallen. Då blir det slutt på drift av symjehallen frå og med 010121.

Med helsing

Jacob Kjøde
høgskuledirektør

Dokumentet er elektronisk signert.

Kopi til: Økonomikontoret v/Ingunn Welle, Drift v/Leif Roar Strand

OS 32/17 Synfaring Øyra skule



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Vibeke Berge

Arkivsak nr.: 2017/815

Arkivkode: A20

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
17/17	Driftsstyret	10.05.2017
61/17	Kommunestyret	24.05.2017

TILSTANDSRAPPORT VOLDASKULEN 2016-2017

Handsaming:

Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik presenterte Tilstandsrapport Voldaskulen 2016-2017.

Han følte seg ganske stolt av denne rapporten.

Rektorane frå grunnskulane i Volda var tilstades under handsaming av denne saka.

Røysting:

Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 10.05.2017

- 1. Tilstandsrapport Voldaskulen 2016-2017 vert teken til vitande*
- 2. Skulane i Volda skal nytte ikkje-anonyme skjema for å kartlegge klassemiljøet og avdekke mobbing.*

Administrasjonen si tilråding:

- 3. Tilstandsrapport Voldaskulen 2016-2017 vert teken til vitande*
- 4. Skulane i Volda skal nytte ikkje-anonyme skjema for å kartlegge klassemiljøet og avdekke mobbing.*

Vedleggsliste:

Tilstandsrapport Voldaskulen 2016-2017

Samandrag av saka:

Tilstandsrapporten stettar krava opplæringslova set for rapporten, og han er i tillegg meint å vere noko meir opplysende om aktiviteten i grunnskulen enn berre å fokusere på resultat. Rapporten omhandlar dei samla resultata for Voldaskulen, medan resultata for den enkelte skule er til handsaming i samarbeidsutvala på skulane. Slik får politikarane som er medlemmer i samarbeidsutvala god innsikt i drifta og resultata på dei einskilde skulane.

Saksopplysningar:

Det er fastsett i opplæringslova og privatskolelova at skuleeigarar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. Det er vidare fastsett i Volda kommune sitt forsvarlege system, pkt. 4.4, at rådmannen har ansvar for å førebu eit politisk saksframlegg der tilstandsrapporten er grunnlaget for saksframlegget.

I Stortingsmelding nr 31 (2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit medvite og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte. Det heiter også i stortingsmeldinga at det ikkje er alle sider ved kvaliteten i skulen som let seg måle. Ei rekke mål for den norske skulen, som verdiar og haldningar, vert ikkje målt i undersøkinga.

Desse har ansvar for å utarbeide ein årleg tilstandsrapport:

- Kommunar
- Fylkeskommunar
- Private grunnskular som er godkjende etter opplæringslova § 2-12
- Private skular med rett til statstilskott

Rapport om tilstanden i opplæringa

Rapporten om tilstanden i opplæringa (tilstandsrapporten) skal omhandle læringsresultat, fråfall og læringsmiljø.

Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigaren, dvs. kommunestyret, fylkestinget eller den øvste leiinga ved dei private grunnskulane (jfr opplæringslova § 13-10 andre ledd).

Det følgjer av forarbeida til føresegnene - Ot.prp. nr. 55 (2008-2009) s. 24 - at det skal vere mogleg å tilpasse arbeidet med å utarbeide ein årleg tilstandsrapport til det ordinære plan-, budsjett- og rapporteringsarbeidet hjå skuleeigaren.

Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem

Tilstandsrapporten er eit sentralt element i det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet. Regjeringa har fastsett mål knytte til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø som grunnlag for å vurdere kvaliteten i grunnopplæringa, jf. St.meld. nr 31 (2007-2008).

Krav til innhald i tilstandsrapporten

Tilstandsrapporten skal som eit minimum omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men kan byggjast ut med annan omtale som skuleeigaren meiner er føremålstenleg ut frå lokale behov. Det er data frå Skoleporten som hovudsakleg skal brukast som grunnlag for skuleeigaren si vurdering av tilstanden.

Det følgjer av Ot.prp. nr. 55 (2008-2009) s. 24, at tilstandsrapporten skal innehalde vurderingar knytte til opplæringa av barn, unge og vaksne. Dei data som er tilgjengelege i Skoleporten, inneheld ikkje særskilde data om vaksne, dvs. deltakarar som får opplæring etter kapittel 4A i opplæringslova. I vurderinga av om rettane til vaksne blir tekne vare på når det gjeld områda læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, må skuleeigaren derfor bruke andre kjelder for datainnhenting.

I St.meld. nr. 16 (2006-2007) går det fram at tidleg innsats er vesentleg for å betre ferdigheiter og fagleg utvikling hos elevane. Kartlegging av ferdigheitsnivået til elevane må følgjast opp med tiltak for dei som har behov for ekstra opplæring frå første stund. Den spesialpedagogiske innsatsen er her sentral. Dei data som er tilgjengelege i Skoleporten, inneheld ikkje data om spesialundervisning, og skuleeigaren må derfor også på dette området bruke andre kjelder for datainnhenting.

Skuleeigaren står elles fritt til å utvide innhaldet i tilstandsrapporten.

Det generelle systemkravet

Den plikta skuleeigaren har til å utarbeide årlege rapportar om tilstanden i opplæringa, er ein del av oppfølgingsansvaret knytt til det generelle systemkravet (internkontroll), jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd og privatskolelova § 5-2 tredje ledd. Ver merksam på at kravet til internkontroll, omfattar alle pliktene som ligg til skuleeigaren etter lov og forskrift. Det generelle systemkravet er derfor vidare enn det tilstandsrapporten dekker.

Volda kommune har utarbeidd eit forsvarleg system etter opplæringslova § 13-10.

Personvern

Tal som blir lasta direkte inn frå Skoleporten kan for små einingar innehalde indirekte identifiserbare opplysningar. Dette kan vere teiepliktige opplysningar etter forvaltningslova § 13 og/eller personopplysningar etter personopplysningslova § 2 nr. 1. Tilsvarende kan òg gjelde for lokale indikatorar. Derfor ei påminning om at desse opplysningane må handsamast i tråd med reglane i forvaltningslova og/eller personopplysningslova. Skular der færre enn 10 elevar har delteke i prøvene/undersøkingane er unnateke offentleggjering. Dette gjeld fleire av Volda sine skular.

Helse og miljøkonsekvensar:

Resultata frå Elevundersøkinga viser at elevane i Volda opplever eit godt læringsmiljø, men alle må likevel arbeide aktivt for å vidareutvikle dette. Fleire av skulane våre dreg på åra, og ein ser at elevane gir uttrykk for at dei ynskjer eit betre fysisk læringsmiljø ved desse skulane

Økonomiske konsekvensar:

Ingen.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen.

Vurdering og konklusjon:

Tilrådinga bør vedtakast.

Rune Sjurgard
Rådmann

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Opplæring og oppvekst
Grunnskulane i Volda



Volda kommune
Opplæring og oppvekst

TILSTANDSRAPPORT VOLDASKULEN 2016-2017



Innhald

1 Innleiing	2
2 Voldaskulen 2016-2017 i tal	2
2.1 Elevtal i kommunen sine grunnskular	2
2.2 Prognose for elevtal i 1. klasse	4
2.3 Talet på elevar, skular, lærarar og lærarårsverk	4
2.4 Utgifter til grunnskuledrift	4
2.5 Overgang til vidaregåande opplæring	4
3 Læringsresultat	5
3.1 Kartleggingar og karakter- og læringsstøttande prøver	6
3.2 Nasjonale prøver	7
3.2.1 Volda kommune si målsetting for nasjonale prøver 2016	7
3.2.2 Nasjonale prøver i lesing	8
3.2.3 Nasjonale prøver i engelsk	10
3.2.4 Nasjonale prøver i rekning	13
3.3 Grunnskulepoeng 2016	16
3.4 Eksamen 2016	16
3.5 Elevundersøkinga 2016	16
3.5.1 Resultat Elevundersøkinga 2016 7. årssteg	18
3.5.2 Resultat Elevundersøkinga 2016 10. årssteg	20
3.5.3 Endringar i elevundersøkinga hausten 2016 – spørsmål om krenkingar og mobbing	21
3.5.4 Mobbetal i Voldaskulen 2016	22
3.5.5 Oppsummering Elevundersøkinga	23
3.6 Tiltak for å betre læringsresultata i Voldaskulen	24
4 Utviklingsarbeid og satsingar i Voldaskulen	25
4.1 Vurdering for læring	26
4.1.1 Døme på endra praksis og tiltak i Voldaskulen gjennom deltaking i Vurdering for læring:	27
4.2 Lærings- og klasseleiing	29
4.3 Heilskapleg arbeid med læringsmiljøet	29
4.3.1 Arbeid for å betre læringsmiljøet og trivsel i skulen	30
4.4 Kompetanse for mangfald	32
4.5 Tiltak på tvers av utviklingsarbeid og satsingsområde	33

1 Innleiing

Målet med Tilstandsrapporten 2016-2017 er å gje kommunestyret som skuleeigar og andre betre forståing for, innsikt i og oversikt over sentrale område i det arbeidet som går føre seg i Voldaskulen.

Jf. opplæringslova § 13-10, skal skuleeigar årleg utarbeide ein rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa.

I St.meld. nr 31 2007-2008 *Kvalitet i skolen* punkt 4.5.3 *Krav til årlig tilstandsrapport* heiter det innleiingsvis:

«Det er viktig at de øverste styringsorganene i kommuner og fylkeskommuner har et bevisst og kunnskapsbasert forhold til den delen av grunnopplæringen som de er ansvarlig for, slik at de har mulighet til å følge opp utviklingen i denne sektoren på en god måte.»

Tilstandsrapporten skal omhandle læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, og han skal vere eit sentralt element i høve det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet. I tillegg kan rapporten verte utvida med fagområde som skuleeigar meiner er formålstenleg ut i frå lokale behov. Rapporten skal handsamast av skuleeigar, det vil seie kommunestyret. Rapporten bygger på opplysningar frå www.skoleporten.no, og andre faktaopplysningar.

2 Voldaskulen 2016-2017 i tal

2.1 Elevtal i kommunen sine grunnskular

Austefjord skule 	Tal elevar pr 10.03.17: 29 elevar 1. kl: 3 2. kl: 2 (1 frå Ørsta kommune) 3. kl: 2 4. kl: 5 (1 frå Ørsta kommune) 5. kl: 4 (2 frå Ørsta kommune) 6. kl: 1 7. kl: 6 (1 frå Ørsta kommune) 8. kl: 2 9. kl: 2 10. kl: 2
Bratteberg skule 	Tal elevar pr 10.03.17: 213 elevar 1. kl: 26 2. kl: 21 3. kl: 25 4. kl: 26 5. kl: 39 6. kl: 39 7. kl: 37

<p>Dalsfjord skule</p> 	<p>Tal elevar pr 10.03.17: 58 elevar</p> <table> <tr> <td>1. kl: 4</td> <td>6. kl: 10</td> </tr> <tr> <td>2. kl: 4</td> <td>7. kl: 5</td> </tr> <tr> <td>3. kl: 4</td> <td>8. kl: 8</td> </tr> <tr> <td>4. kl: 4</td> <td>9. kl: 6</td> </tr> <tr> <td>5. kl: 8</td> <td>10. kl: 5</td> </tr> </table>	1. kl: 4	6. kl: 10	2. kl: 4	7. kl: 5	3. kl: 4	8. kl: 8	4. kl: 4	9. kl: 6	5. kl: 8	10. kl: 5
1. kl: 4	6. kl: 10										
2. kl: 4	7. kl: 5										
3. kl: 4	8. kl: 8										
4. kl: 4	9. kl: 6										
5. kl: 8	10. kl: 5										
<p>Folkestad skule</p> 	<p>Tal elevar pr 10.03.17: 78 elevar</p> <table> <tr> <td>1. kl: 6</td> <td>6. kl: 6</td> </tr> <tr> <td>2. kl: 5</td> <td>7. kl: 13</td> </tr> <tr> <td>3. kl: 13</td> <td>8. kl: 5</td> </tr> <tr> <td>4. kl: 6</td> <td>9. kl: 9</td> </tr> <tr> <td>5. kl: 5</td> <td>10. kl: 10</td> </tr> </table>	1. kl: 6	6. kl: 6	2. kl: 5	7. kl: 13	3. kl: 13	8. kl: 5	4. kl: 6	9. kl: 9	5. kl: 5	10. kl: 10
1. kl: 6	6. kl: 6										
2. kl: 5	7. kl: 13										
3. kl: 13	8. kl: 5										
4. kl: 6	9. kl: 9										
5. kl: 5	10. kl: 10										
<p>Mork skule</p> 	<p>Tal elevar pr 10.03.17: 80 elevar</p> <table> <tr> <td>1. kl: 11</td> <td>5. kl: 11</td> </tr> <tr> <td>2. kl: 13</td> <td>6. kl: 7</td> </tr> <tr> <td>3. kl: 12</td> <td>7. kl: 12</td> </tr> <tr> <td>4. kl: 14</td> <td></td> </tr> </table>	1. kl: 11	5. kl: 11	2. kl: 13	6. kl: 7	3. kl: 12	7. kl: 12	4. kl: 14			
1. kl: 11	5. kl: 11										
2. kl: 13	6. kl: 7										
3. kl: 12	7. kl: 12										
4. kl: 14											
<p>Vikebygda skule</p> 	<p>Tal elevar pr 10.03.17: 63 elevar</p> <table> <tr> <td>1. kl: 16</td> </tr> <tr> <td>2. kl: 17</td> </tr> <tr> <td>3. kl: 16</td> </tr> <tr> <td>4. kl: 14</td> </tr> </table>	1. kl: 16	2. kl: 17	3. kl: 16	4. kl: 14						
1. kl: 16											
2. kl: 17											
3. kl: 16											
4. kl: 14											
<p>Volda ungdomsskule</p> 	<p>Tal elevar pr 10.03.17: 282 elevar</p> <table> <tr> <td>8. kl: 101</td> </tr> <tr> <td>9. kl: 81</td> </tr> <tr> <td>10. kl: 100</td> </tr> </table>	8. kl: 101	9. kl: 81	10. kl: 100							
8. kl: 101											
9. kl: 81											
10. kl: 100											
<p>Øyra skule</p> 	<p>Tal elevar pr 10.03.17: 344 elevar</p> <table> <tr> <td>1. kl: 45</td> <td>5. kl: 48</td> </tr> <tr> <td>2. kl: 51</td> <td>6. kl: 47</td> </tr> <tr> <td>3. kl: 56</td> <td>7. kl: 48</td> </tr> <tr> <td>4. kl: 49</td> <td></td> </tr> </table>	1. kl: 45	5. kl: 48	2. kl: 51	6. kl: 47	3. kl: 56	7. kl: 48	4. kl: 49			
1. kl: 45	5. kl: 48										
2. kl: 51	6. kl: 47										
3. kl: 56	7. kl: 48										
4. kl: 49											

Ulvestad barneskule har 16 elevar heimehøyrande i Volda kommune.

2.2 Prognose for elevtal i 1. klasse

Skule	17-18	18-19	19-20	20-21	21-22	22-23
Mork	13	9	13	11	10	20
Øyra	50	63	74	63	67	71
Bratteberg	21					
Vikebygda	6					
Austefjord	2	4	3+2	1	2	0
Folkestad	3	2	6	4	6	2
Dalsfjord	3	2	4	4	4	6

Prognosane for Dalsfjord er usikre, sidan ein ikkje har oversikt over kor mange som vil velje privatskule.

2.3 Talet på elevar, skular, lærarar og lærarårsverk

	12-13	13-14	14-15	15-16	16-17
Talet på elevar	1126	1093	1113	1128	1145
Talet på skular	9	8	8	8	8
Talet på kontaktlærarar	87	81	82	70	78
Talet på lærarar	142	128	133	133	141
Talet på lærarårsverk	124,1	113,8	116,2	114,3	113,9

Kjelde: GSI

2.4 Utgifter til grunnskuledrift

	2015			2016		
	Volda	Kommunegr11	Nasjonalt	Volda	Kommunegr11	Nasjonalt
Driftsutg pr elev (funksjon 202)	85363	89282	82077	87619	91343	83452
Innbu/utstyr pr elev	821	802	973	970	1115	1075
Undervisningsmateriell pr elev	1616	1684	1428	1677	1774	1477

Kjelde: KOSTRA

Samanlikna med kommunegruppe 11 har Volda kommune lågare utgifter til grunnskuledrift. Det er likevel store ulikskapar mellom elevane i kommunen. Utgifter pr. elev på dei minste skulane er vesentleg høgare enn på dei største skulane.

2.5 Overgang til vidaregåande opplæring

Elevar (16 år)som er registrert i vidaregåande opplæring same år som avslutta grunnskule	2013	2014	2015	2016
VOLDA	96,3	99,1	99	100
KOMMUNEGR 11	98,2	98,3	98,7	98,6
NASJONALT	97,9	98	98	98,1

Kjelde: KOSTRA

3 Læringsresultat

Ulike vurderingsformer har ulike formål som på kvar sin måte bidrar til at skulen, ut frå eit variert vurderingsgrunnlag, kan gjere nødvendige tilpassingar i opplæringa for den enkelte elev og på skulenivået. Dei ulike elementa i vurderingssystemet har som formål å dekke ulike behov for informasjon på forskjellige nivå. Samla opnar mangfaldet av vurderingsformer for å sjå samanhengar som gir meir informasjon om opplæringa enn ei enkelt vurderingsform kan bidra med aleine.

Underevgsvurdering i grunnskulen er all vurdering frå 1. steg og fram til sluttvurdering på 10. steg. Underevgsvurdering skal brukast som ein reiskap i læreprosessen og som grunnlag for tilpassa opplæring.

Sluttvurdering skal gi informasjon om eleven si måloppnåing ved avslutninga av opplæringa i faget.

Eit viktig prinsipp for all underevgsvurdering er at ho skal fremje læring og utvikling, og dessutan legge til rette for tilpassa opplæring. Som ein del av underevgsvurderinga, til hjelp for skulen og lærarane til å drive den kontinuerlege vurderinga for læring, har Utdanningsdirektoratet utarbeidd kartleggingsmaterieill, karakter- og læringsstøttande prøver og nasjonale prøver.

Kartleggingsmaterieillet skal hjelpe å avdekke behov for individuell oppfølging og tilrettelegging på individ- og skulenivå. Karakter- og læringsstøttande prøver skal undersøke kva eleven kan innanfor sentrale område av faget, og ut frå denne dokumentasjonen bestemme kvar kreftene må settast inn for at eleven skal meistre faget betre. Resultata på kartleggingar og karakter- og læringsstøttande prøver skal ikkje rapporterast til Utdanningsdirektoratet.

Nasjonale prøver skal kartlegge i kva grad elevane sine grunnleggande ferdigheiter er i samsvar med kompetansemåla i læreplanen. Dei gir informasjon til elevar, lærarar, føresette, skuleleiarar, skuleeigarar, dei regionale myndigheitene og det nasjonale nivået som grunnlag for forbetnings- og utviklingsarbeid.

I Kunnskapsløftet er det definert fem ferdigheiter som utgjer grunnleggande føresetnader for læring og utvikling i skule, arbeid og samfunnsliv. Ferdigheitene er avgjerande reiskapar for læring og utvikling i alle fag i skulen og er derfor inkluderte i kompetansemåla i alle fag.

Dei grunnleggande ferdigheitene, slik dei er definerte i Kunnskapsløftet:

- å kunne skrive
- å kunne lese
- å kunne rekne
- munnlege ferdigheiter
- digitale ferdigheiter

I kvar læreplan for fag er det skildra korleis dei fem grunnleggande ferdigheitene skal bidra til å utvikle elevane sin kompetanse i faget, og korleis desse ferdigheitene er ein del av denne kompetansen.

Dei nasjonale prøvene skal kartlegge i kva grad elevane sine ferdigheiter er i samsvar med læreplanen sine mål for dei grunnleggande ferdigheitene rekning og lesing på norsk og engelsk, slik dei er integrert i kompetansemål for fag i LK06 etter 4. og 7. årstrinn.

Elevundersøkinga skal kartlegge elevane sine meiningar om forhold som er viktige for læring og trivsel i skulen. Undersøkinga er obligatorisk på 7. og 10. årssteg kvar haust. Elevane svarar på spørsmål om trivsel og læringsmiljø, men også om læring, motivasjon, støtte frå heimen, støtte frå lærarane. Undersøkinga gir lærarar og rektorar viktig informasjon som skal følgjast opp med rette tiltak for å gjere skulekvardagen betre.

Resultata frå Elevundersøkinga vert lagra og nyttast av skular, skuleeigarar og den statlege utdanningsadministrasjonen som ei hjelp til å analysere og utvikle læringsmiljøet.

VOKAL, som er eit nettbasert system, vert nytta til å samle og samanstillе vurderingar og kartleggingar, slik at lærarane kan gje tilpassa undervisning og betre oppfølging av den einskilde eleven.

3.1 Kartleggingar og karakter- og læringsstøttande prøver

Voldaskulen gjennomfører årleg følgjande kartleggingsprøver som er laga for å kunne identifisere elevar med særskilde utfordringar, slik at skulen tidleg kan setje inn eigna tiltak:

- Lesing på 1., 2. og 3. årssteg
- Rekning på 1., 2. og 3. årssteg
- Engelsk på 3. årssteg
- Digitale ferdigheiter på 4. årssteg

I tillegg brukar Voldaskulen Utdanningsdirektoratet sine læringsstøttande prøver der formålet er å gi læraren grunnlag for læringsfremjande tilbakemeldingar til eleven på alle prestasjonsnivå. Følgjande læringsstøttande prøver kan brukast:

- Lesing for 5.-7. årssteg.
- Rekning for 5. - 7. årssteg og 8. - 10. årssteg
- Digitale ferdigheiter på 8. årssteg

Nokre av skulane nyttar også karakterstøttande prøver i samfunnsfag og naturfag på ungdomssteget. Prøvene gir informasjon om kva elevene meistarar og kva dei må arbeide meir med. Prøvene kan brukast til å gi tilbakemeldingar undervegs og som grunnlag for tilpassa opplæring på individ - og gruppenivå. Prøvene kan danne grunnlag for diskusjonar i kollegiet for eventuelt å justere opplæringa underveis. På 10. årssteg kan karakterstøttande prøver, saman med anna informasjon, danne grunnlag for standpunktvurdering i faget. Prøvene gir høve til å samanlikne gruppa sine resultat med nasjonalt nivå, og dei kan bidra til ei meir rettferdig standpunktvurdering.

3.2 Nasjonale prøver

Formålet med nasjonale prøver er å vurdere i kva grad skulen har klart å utvikle ferdigheitene til elevane i lesing og rekning og delar av faget engelsk.

Verdien av gjennomføringa av dei nasjonale prøvene er avhengig av i kor stor grad det fører til utvikling og læring hos eleven. Kva som vert gjort med resultatane er grunnleggande for å motivere til auka læring hos alle. På den enkelte skule skal resultatane først og fremst brukast til å tilpasse opplæringa til elevane sine ferdigheitsnivå. Det er utarbeidd rettleiingsmaterieil til lærarar som skildrar korleis dei kan følgje opp resultatane. Ved å analysere resultatane frå nasjonale prøver, får lærarane god informasjon om kva klassen og den enkelte eleven bør arbeide med for å få betre grunnleggande ferdigheiter. Dette gir læraren innspel til planlegging og gjennomføring av undervisning.

Resultatane frå dei nasjonale prøvene er i tillegg eit godt grunnlag i foreldresamarbeidet. Diskusjon rundt meistring og utfordringar er sentralt i utviklingssamtalar og anna foreldresamarbeid.

Frå 2014 er det mogleg å måle elevane sine resultat og utvikling over tid på dei nasjonale prøvene i engelsk og rekning. Dei nasjonale prøvene i lesing vert digitaliserte frå hausten 2016 og det vil då vere mogleg å samanlikne resultatane direkte mellom år og følgje den einskilde eleven sine resultat over tid også i lesing.

Tidleg på hausten vert det kvart år gjennomført nasjonale prøver i lesing, rekning og engelsk på 5. og 8. årssteg, og i lesing og rekning på 9. årssteg.

Resultatane er offentleg tilgjengeleg på <https://skoleporten.udir.no/>. Unnataket er resultat for små elevgrupper. Av Volda kommune sine skular er det berre Øyra skule, Bratteberg skule og Volda ungdomsskule sine resultat som er offentlege.

Resultatane på 5. årssteg er delte inn i tre meistringsnivå. Elevar på nivå 1 har svake grunnleggande ferdigheiter, medan elevar på nivå 3 har gode grunnleggande ferdigheiter. På ungdomssteget er prøvene delte inn i fem meistringsnivå, der nivå 5 er høgast.

3.2.1 Volda kommune si målsetting for nasjonale prøver 2016

Voldaskulen sitt mål for dei nasjonale prøvene i 2016 var følgjande:

«Talet på elevar som på dei nasjonale prøvene presterer på meistringsnivå 1 i 5. klasse og meistringsnivå 1 og 2 i 8. og 9. klasse, skal reduserast med 15 % samanlikna med skuleåret 15/16»

Kommentar til målet seier: *«For både enkeltindivid og samfunnsøkonomisk er det størst gevinst å hente ved å rette innsatsen mot denne elevgruppa.»*


Vi har nådd målet for halvparten av dei nasjonale prøvene (4 av 8), medan vi er godt på veg på to av dei andre. På to av prøvene har vi ikkje klart å få noko reduksjon på talet på dei som presterer på lågaste /dei to lågaste meistringsnivåa i det heile. Sjå meir om dette under punkta om dei ulike nasjonale prøvene, 3.2.2.-3.2.4.

3.2.2 Nasjonale prøver i lesing

Nasjonale prøver i lesing kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i lesing ikkje er ei prøve i norskfaget. Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt. Elevane viser at dei kan:

- finne informasjon
- forstå og tolke
- reflektere over og vurdere form og innhald i teksten

Resultat lesing 5. årsteg 2016



Volda kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Offentlig, Trinn 5, Begge kjønn

Reduksjon på meistringsnivå 1: 33 %

Volda kommune snitt meistringsnivå 1: 22,6 %

Fylkessnitt 2016 meistringsnivå 1: 28 %

Nasjonalt snitt 2016 meistringsnivå 1: 25,7 %

Volda kommune snitt meistringsnivå 3: 25,5 %


Fylkessnitt 2016 meistringsnivå 3: 21,2 %

Nasjonalt snitt 2016 meistringsnivå 3: 24,2 %

På dei nasjonale prøvene i lesing på 5. årsteg har Voldaskulen svært mykje betre resultat enn i fjor, og også mykje betre enn i 2014. Målet er nådd med ein reduksjon på elevar som presterer på meistringsnivå 1 med 33 % sidan sist skuleår. Talet på elevar som presterte på meistringsnivå 3 er dessutan heva frå 12,5 prosent i fjor til 25,5 i år, noko vi er svært glade for. Resultatet vårt er betre enn både fylkessnittet og nasjonalt snitt.

Det gode kommunesnittet er sjølvsagt svært gledeleg, men vi bør likevel ikkje slå oss til ro med dette resultatet, då det framleis er mange som er på lågaste meistringsnivå i lesing.

Resultat lesing 8. årssteg 2016



Volda kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Offentlig, Trinn 8, Begge kjønn

Reduksjon på meistringsnivå 1 + 2: 11 %

Reduksjon på meistringsnivå 1: 26,5 %

Volda kommune snitt meistringsnivå 1 + 2: 26,1 %

Fylkessnitt 2016 meistringsnivå 1 + 2: 30,4 %

Nasjonalt snitt 2016 meistringsnivå 1 + 2: 27,4 %


Volda kommune snitt meistringsnivå 4 + 5: 26,1 %

Fylkessnitt 2016 meistringsnivå 4 + 5: 26,6 %

Nasjonalt snitt 2016 meistringsnivå 4 + 5: 31,1 %

På nasjonale prøver i lesing på 8. årssteg har vi ikkje nådd målet vårt om 15 % reduksjon på tal elevar som presterer på meistringsnivå 1 + 2. Vi har fått ein stor reduksjon av elevar som presterer på aller lågaste nivå, men reduksjonen på dei to lågaste nivåa er til saman berre 11 % sidan sist skuleår. Kommunesnittet er betre enn fylkes- og landssnittet, men vi kan likevel ikkje vere nøgde med dette resultatet. Vi har dessutan redusert talet på elevar som presterer på meistringsnivå 4 og 5, frå 34,8% sist skuleår til 26,1% inneverande år. Dette er vi slett ikkje nøgde med.

Resultat lesing 9. årssteg 2016



Volda kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Offentlig, Trinn 9, Begge kjønn

Reduksjon på meistringsnivå 1 + 2: 57 %

Volda kommune snitt meistringsnivå 1 + 2: 15,6 %

Fylkessnitt 2016 meistringsnivå 1 + 2: 17,2 %

Nasjonalt snitt 2016 meistringsnivå 1 + 2: 16,5 %

Volda kommune snitt meistringsnivå 4 + 5: 56,7 %

Fylkessnitt 2016 meistringsnivå 4 + 5: 43,7 %

Nasjonalt snitt 2016 meistringsnivå 4 + 5: 47,6 %

Volda kommune har mange gode lesarar på 9. årssteg og har nådd målet for dei nasjonale prøvene i lesing med glans på dette årssteget. Over halvparten av 9. klassingane er på dei to høgaste meistringsnivåa i lesing, og har langt fleire «toppelevar» enn fylket og landet.

Ekstra gledeleg er det å sjå på 9. klassingane i høve til resultatane dei same elevane hadde på same prøva i fjor. 29,4 av elevane var då på meistringsnivå 1 og 2. Samanlikna med i år då berre 15,6 er på desse låge nivåa, er framgangen god og stor. Elevar som presterte på dei to høgaste meistringsnivåa på 8. årssteg i fjor var 34,8 og i år har 56,7 % av dei same elevane prestert på nivå 4 og 5.

3.2.3 Nasjonale prøver i engelsk

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk.

Oppgåvene på 5. årssteg er knytte til desse ferdigheitene:


- finne informasjon
- forstå hovudinnhaldet i enkle tekstar
- forstå vanlege ord og uttrykk knytta til daglegliv og fritid

- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- bruke vanlege grammatiske strukturar, småord og enkle setningsmønster

Opggåvene for ungdomssteget er knytte til desse ferdigheitene:

- finne informasjon
- forstå og reflektere over innhaldet i tekstar av ulik lengd og forskjellige sjangrar
- rå over eit ordforråd som dekkjer daglegdagse situasjonar
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- forstå bruken av grunnleggjande reglar og mønster for grammatikk og setningstypar

Resultat engelsk 5. årssteg 2016



Volda kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Offentlig, Trinn 5, Begge kjønn

Reduksjon på meistringsnivå 1: 20 %

Volda kommune snitt meistringsnivå 1: 29 %

Fylkessnitt 2016 meistringsnivå 1: 25,4%

Nasjonalt snitt 2016 meistringsnivå 1: 24,2 %


Volda kommune snitt meistringsnivå 3: 24,3 %

Fylkessnitt 2016 meistringsnivå 3: 21,7 %

Nasjonalt snitt 2016 meistringsnivå 3: 24,1 %

Målet for dei nasjonale prøvene er nådd for denne prøva, med ein god reduksjon på talet svakt presterande elevar og ei fin auke på høgt presterande elevar. Likevel er over ein fjerdedel av 5. klassingane på lågaste meistringsnivå, så vi bør framleis jobbe for reduksjon av elevar på dette meistringsnivået.

Resultat engelsk 8. årssteg 2016



Volda kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Offentlig, Trinn 8, Begge kjønn

Ingen reduksjon på meistringsnivå 1 + 2

Reduksjon på meistringsnivå 1: 15,6 %

Volda kommune snitt meistringsnivå 1 + 2: 28,8 %

Fylkessnitt 2016 meistringsnivå 1 + 2: 28,4 %

Nasjonalt snitt 2016 meistringsnivå 1 + 2: 26,7 %

Volda kommune snitt meistringsnivå 4 + 5: 24,3 %

Fylkessnitt 2016 meistringsnivå 4 + 5: 28,6 %

Nasjonalt snitt 2016 meistringsnivå 4 + 5: 30,4 %

Også resultatene på nasjonale prøver i engelsk på 8. årssteg uroar. Vi har ikke oppnådd målet vårt for reduksjon av talet på elever som mestrer på meistringsnivå 1 og 2, og vi har heller ikke klart å øke talet på elever som presterer på de høyeste nivåene. Kommunensnittet er dårligere enn både fylkes- og landssnittet.

Blant annet disse tiltakene er satt inn på engelskundervisningen på barnesteget sist skoleår:

- Jobbe planmessig med nasjonale prøver i kollegiet og sikre at elevene kjenner prøveformene godt og er trygge på oppgavetyperne.
- Lese mer engelske bøker allerede på 3. årssteg
- Ekstra lærerressurs brukt til lesetrening og arbeid med tekster
- Sikre at lærer har god kompetanse i faget

Vi ser framgang på resultatene på 5. årssteg, men ikke på 8. årssteg, og vi må derfor sikre at vi held same fokus på engelskundervisningen på barnesteget i årene framover.

3.2.4 Nasjonale prøver i rekning


Nasjonale prøver i rekning kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag. Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

- tal
- måling
- statistikk

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at dei:

- forstår og kan reflektere over korleis dei best kan løyse ei gitt utfordring
- kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara dei får er rimelege
- kan vise effektive strategiar for enkel talrekning

Resultat rekning 5. årssteg 2016



Volda kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Offentlig, Trinn 5, Begge kjønn

Reduksjon på meistringsnivå 1: 8,4 %

Volda kommune snitt meistringsnivå 1: 25,2 %

Fylkessnitt 2016 meistringsnivå 1: 25 %

Nasjonalt snitt 2016 meistringsnivå 1: 22,7 %


Volda kommune snitt meistringsnivå 3: 14 %

Fylkessnitt 2016 meistringsnivå 3: 20,7 %

Nasjonalt snitt 2016 meistringsnivå 3: 25,2 %

Heller ikkje resultatane i rekning på 5. årssteg kan vi slå oss til ro med. Vi har ikkje klart å nå reduksjonsmålet, men vi har klart å auke talet på elevar som presterar på det høgste meistringsnivået noko. Likevel er for mange elevar framleis på lågaste meistringsnivå, og for få er på det høgaste.

Resultat rekning 8. årssteg 2016



Volda kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Offentlig, Trinn 8, Begge kjønn

Reduksjon på meistringsnivå 1 + 2: 28 %

Volda kommune snitt meistringsnivå 1 + 2: 26,1 %

Fylkessnitt 2016 meistringsnivå 1 + 2: 30 %

Nasjonalt snitt 2016 meistringsnivå 1 + 2: 29,7 %


Volda kommune snitt meistringsnivå 4 + 5: 27 %

Fylkessnitt 2016 meistringsnivå 4 + 5: 28 %

Nasjonalt snitt 2016 meistringsnivå 4 + 5: 31,3 %

Volda kommune har færre åttandeklassingar på meistringsnivå 1 og 2 enn både landet elles og fylket, og har klart å redusere talet på elevar på desse nivåa med 28 % sidan i fjor. Talet på elevar på nivå 4 og 5 har fått ei svært god auke, men er framleis ikkje like høgt som fylkes- og landssnittet.

Resultat rekning 9. årssteg 2016



Volda kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Offentlig, Trinn 9, Begge kjønn

Ingen reduksjon på meistringsnivå 1 + 2

Volda kommune snitt meistringsnivå 1 + 2: 21,7 %

Fylkessnitt 2016 meistringsnivå 1 + 2: 20,7 %

Nasjonalt snitt 2016 meistringsnivå 1 + 2: 19,6 %

Volda kommune snitt meistringsnivå 4 + 5: 35,9 %

Fylkessnitt 2016 meistringsnivå 4 + 5: 41,7 %

Nasjonalt snitt 2016 meistringsnivå 4 + 5: 46,1 %

På dette årssteget har vi dessverre ikkje klart å redusere talet på elevar som presterer på dei to lågaste meistringsnivåa. Vi har dessutan dårlegare snitt enn i fylket og landet elles, både i høve tal på dei lågaste og dei høgaste meistringsnivåa.

Det gledelege med desse resultatata er å samanlikne dei med same elevgruppa sine resultat på same prøva i fjor. Då presterte så mange som 36,3 % på dei to lågaste meistringsnivåa og berre 18,7 % på dei to høgaste nivåa. Det vil seie at der er ein auke på 48 % på elevar som presterar på nivå 4 og 5 frå i fjor. Det er svært gledeleg å sjå at desse elevane har auka ferdigheitene sine i både rekning og lesing (sjå side 10).

3.3 Grunnskulepoeng 2016

Grunnskulepoeng er gjennomsnittet av alle avsluttande karakterar multiplisert med ti. Poenga er elevane sitt konkurransegrunnlag ved opptak i vidaregåande skule. Grunnskulepoenga fortel i kva grad elevane har nådd kompetansemåla etter fullført grunnskule.

Indikator og nøkkeltal		2013-2014	2014-2015	2015-2016
Grunnskulepoeng, gjennomsnitt	Volda kommune	41,7	41,6	41,3
	Møre og Romsdal	40,4	40,7	41
	Nasjonalt	40,4	40,8	41,1

Volda kommune har også i 2016 gode resultat på elevane sine sluttresultat målt i grunnskulepoeng, sjølv om resultatet er noko lågare enn dei siste åra. Trenden på fylkesnivå og nasjonalt er derimot det motsette.

3.4 Eksamen 2016

Indikator og nøkkeltal	Volda kommune	Møre og Romsdal	Nasjonalt
Engelsk skriftleg eksamen	4	3,6	3,6
Engelsk munnleg eksamen	4,8	4,6	4,5
Matematikk skriftleg eksamen	3,6	3,3	3,3
Matematikk munnleg eksamen	3,7	4,1	4,1
Naturfag munnleg eksamen	4	4,2	4,2
Norsk hovudmål skriftleg eksamen	3,7	3,4	3,5
Norsk munnleg eksamen	3,8	4,4	4,4
Norsk sidemål skriftleg eksamen	3,4	3,3	3,2
Religion, livssyn og etikk munnleg eksamen		4,1	4,6
Samfunnsfag munnleg eksamen	4,4	4,5	4,4

Eksamensresultata er jamt over høgare enn gjennomsnittet nasjonalt og i fylket, noko som viser seg år etter år. I 2016 er Volda kommune sine resultat dårlegare enn snittet i landet og fylket i matematikk munnleg, naturfag munnleg og norsk munnleg. På skriftleg eksamen gjer vi det betre enn snittet i landet og fylket. Dette er eit kvalitetsteikn for Voldaskulen.

3.5 Elevundersøkinga 2016

Elevar har ulike erfaringar og føresetnader for å fungere både fagleg og sosialt på skulen. Det er som regel stor bevisstheit om at ulike skulefaglege læreføresetnader krev tilpassa opplæring, men elevar har ulikt utgangspunkt også når det gjeld åtferd og kjensler og treng tilpassa opplæring på bakgrunn av det.

Ingen elevar er like. Dei har til dømes ulikt humør. Medan nokre alltid er glade, blir andre lett engstelege eller triste. Det er også stor variasjon i kor opne eller inneslutta elevane er. Dei har ulikt temperament, evne til å regulere åtferd eller evne til å konsentrere seg over tid. Desse forholda kan

ha like stor betydning for læring og utvikling som dei kognitive læreføresetnadane. Derfor må ein ta omsyn til dette når ein utformer læringsmiljøet.

Eit læringsmiljø med fokus på motivasjon og meistring, samt støttande lærarar som har klare forventningar til elevane, vil skape trygghet, føreseielegheit og struktur som gjer elevane i stand til å møte utfordringar i skulen.

Elevundersøkinga har til hensikt å gi elevane muligheit til å seie kva dei meiner om forhold som er viktige for at dei skal lære og trivast på skulen og gir skulen viktig informasjon om læringsmiljøet.


Det er obligatorisk for skuleeigarar å gjennomføre Elevundersøkinga for elevar på 7. og 10. årsteg. Ein del av spørsmåla i Elevundersøkinga er sett saman til indeksar som blir viste i Skoleporten. Resultata for alle spørsmåla i Elevundersøkinga blir viste i ein eigen rapportportal. I tilstandsrapporten er desse læringsmiljøindeksane obligatoriske:

- **Støtte frå lærarane:** Indeksen viser korleis elevane opplever emosjonell og fagleg støtte frå lærarane.
- **Vurdering for læring:** Indeksen kartlegg elevane si oppleving av dei fire prinsippa i vurdering for læring.
- **Læringskultur:** Indeksen viser om elevane opplever at skolearbeidet er viktig for klassen, og om det er rom for å gjere feil i læringsarbeidet.
- **Meistring:** Indeksen viser elevane si oppleving av meistring i samband med undervisning, lekser og arbeid på skolen.
- **Elevdemokrati og medverknad:** Indeksen viser elevane si oppleving av om det er mogleg å medverke i arbeidet med faga, og om dei får vere med og avgjere klassereglar og delta i elevrådsarbeid.
- **Mobbing på skulen:** Gjennomsnittsverdien for indikatoren *Mobbing på skolen* er berekna ut frå kor mange som opplever at dei blir mobba, og kor ofte dei blir mobba. Verdien viser ikkje talet på elevar som i snitt blir mobba. Ein og same verdi kan anten indikere at mange kryssar av at dei blir mobba sjeldan, eller at færre kryssar av at dei blir mobba hyppig. I Skoleporten tyder eit gjennomsnitt ned mot verdien 1 på lite mobbing i skolen.
- **Andel elevar som har opplevd mobbing:** 2-3 gonger i månaden eller oftare (prosent). Sjå eige diagram for desse tala.

Skalaen går frå 1 til 5 der høg verdi vil seie positivt resultat. Unnataka er mobbing på skulen der låg verdi er positivt.

Nedanfor viser vi tabellar på alle læringsmiljøindeksane, ein for kommunalt snitt på 7. årsteg og ein for 10. årsteg.

3.5.1 Resultat Elevundersøkinga 2016 7. årsteg



Volda kommune skoleeier, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, Trinn 7, Begge kjønn


Det kommunale snittet er prega av sentrumsskulane som har dei fleste elevane. Dersom ein ser på resultata på enkeltskular er der ein skule med barnesteg som peiker seg ut. Resultata frå denne skulen er over det kommunale snittet, og dessutan det nasjonale snittet, på alle indeksane. Særskilt godt scorar skulen på faglege utfordringar (4,6) og støtte frå både lærarane (4,8) og heimane (4,6).

Ein annan skule med barnesteg har resultat over det kommunale snittet på alle utanom to indeksar.

To skular med barnesteg peiker seg ut på grunn av dårlege resultat. Den eine har resultat på under det kommunale snittet på alle indeksar utanom to, der dei er akkurat på snittet. Dei indeksane med dårlegast score på denne skulen er elevdemokrati og medverknad (3,3) og mobbing av andre elevar (2,7). Den andre skulen sine resultat er lik eller betre enn snittet på fleire indeksar, men har nokre svært dårlege resultat der læringskultur (3,1) og motivasjon (2,5) peiker seg spesielt ut.



3.5.2 Resultat Elevundersøkinga 2016 10. årssteg



Volda kommune skoleeier, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, Trinn 10, Begge kjønn

Det kommunale snittet frå Elevundersøkinga på ungdomssteget er ein desimal lågare enn det nasjonale snittet på alle indeksar utanom felles reglar (nasjonalt snitt 3,9), støtte frå lærarane (nasjonalt snitt 4,0) vurdering for læring (nasjonalt snitt 3,3) og fag- og yrkesretteleing (likt snitt).

Eitt av ungdomsstega får vi ingen tal frå fordi elevane er så få. Eit anna ungdomssteg peiker seg ut med svært gode resultat på alle indeksane og dreg dermed opp det kommunale snittet. Snittet på indeksane går frå 3,7 (demokrati og elevmedverknad) til 4,6 (støtte frå lærarane), og dei fleste indeksane er på 4,4 – 4,5. Ingen av dei tre ungdomsstega vi ser tala frå peiker seg ut på grunn av svært dårlege resultat.

3.5.3 Endringar i elevundersøkinga hausten 2016 – spørsmål om krenkingar og mobbing

Siste åra har det vore gjort ei grundig vurdering på spørsmåla som gjeld krenkingar og mobbing i Elevundersøkinga, og i august 2016 ga Læringsmiljøseneteret ut ein forskingsrapport om dette arbeidet. På denne bakgrunnen vart det gjort forholdsvis store endringar i dette temaet i Elevundersøkinga. Utdanningsdirektoratet skildrar desse endringane slik:

«Vi har fjernet spørsmålene om krenkelser som tidligere kom før spørsmålet om mobbing. De ulike formene for krenkelser er nå brukt som eksempler på mobbing.

Elevene får spørsmål om de er blitt mobbet av andre elever på skolen de siste månedene, og hvor ofte. Deretter blir de spurt om hva slags mobbing de blir utsatt for.

Vi har lagt til egne spørsmål om «voksenmobbing» og digital mobbing. Elevene får også spørsmål om de selv har mobbet noen.

Definisjonen på mobbing er justert noe, for å gjøre den mer elevvennlig. Vi har blant annet lagt inn flere eksempler på mobbing.

Dette er definisjonen elevene blir presentert for i Elevundersøkelsen:

«Med mobbing mener vi gjentatte negative handlinger fra en eller flere sammen, mot en elev som kan ha vanskelig for å forsvare seg.

Mobbing kan være å kalle en annen stygge ting og erte, holde en annen utenfor, baksnakke eller slå, dytte eller holde fast.»

<http://udirbeta.udir.no/vi-endrer-elevundersokelsen/>

Utdanningsdirektoratet kjem med ei hypotese for kva desse endringane kan bety for resultatane inneverande skuleår:

«Vår hypotese er at mobbeandelen kommer til å øke noe fordi hendelsene som før inngikk i spørsmålene om krenkelser, nå inngår i spørsmålet om mobbing. I tillegg har vi etter mobbe-definisjonen lagt inn flere eksempler på hva som kan være mobbing. Det kan også føre til noe mer rapportert mobbing.

Ulempen med å endre Elevundersøkelsen er at vi ikke direkte kan sammenlikne høstens resultater om mobbing med tidligere år. Vi mener likevel at argumentene for å endre undersøkelsen veier tyngre enn hensynet til brudd i statistiske tidsserier på nasjonalt nivå. Vårt

mål er, og har alltid vært, at Elevundersøkelsen skal gi et riktigst mulig bilde av hvordan elevene har det.»

For Volda kommune sin del har denne hypotesa slått til. Vi skal sjå nærare på tala som gjeld mobbing i punkt 3.5.7.

3.5.4 Mobbetal i Voldaskulen 2016

Tabellen nedanfor inneheld Voldaskulen sine resultat frå dei fem spørsmåla om mobbing i Elevundersøkinga.

Med utgangspunkt i gjensidig utelukkande kategoriar har ein berekna prosentdelen elevar som svarar at dei i ein eller annan kombinasjon er mobba.

Ein bereknar andelen som har opplevd mobbing 2-3 gonger i månaden for ulike former for mobbing ved å summere delane i svaralternativa «2 eller 3 gonger i månaden», «Omtrent 1 gang i veka» og «Fleire gonger i veka». Prosentdelen Mobba på skulen seier med andre ord ikkje noko om kor ofte elevane opplever å bli mobba.

Spørsmål	Del av elevane i landet	Del av elevane i Volda kommune	Del av elevane på 7. årssteg i Volda	Del av elevane på 10. årssteg i Volda
Er du blitt mobba av andre elevar på skulen dei siste månadane?	5,3%	5,9%	6,9%	8,7%
Er du blitt mobba digitalt (mobil, iPad, PC) dei siste månadane?	2,5%	3,8%	3,0%	5,8%
Er du blitt mobba av vaksne på skulen dei siste månadane?	2,4%	2,8%	2,9%	3,8%
<i>Del elevar som svarar at dei i ein eller annan kombinasjon er mobba av medelevar, digitalt mobba av nokon på skulen eller mobba av vaksne på skulen 2-3 gonger i månaden eller oftare</i>	7,4%	7,3%	8,5%	10,6%
Har du sjølv vore med på å mobbe ein eller fleire elevar på skulen dei siste månadane?	0,9%	1,0%	0,0%	-
Har du mobba andre digitalt (mobil, iPad, PC) de siste månadane?	0,6%	1,0%	0,0%	-

Voldaskulen slår seg ikkje til ro med det elevane har svart. Arbeidet med eit godt og trygt klasse- og skulemiljø skal ha høg prioritet, og særleg ved skular der elevar kjenner seg mobba av vaksne skal rektor vere tett på personalet og rettleie vaksne som har ein veremåte elevar ikkje kjenner seg trygg på.

Kvalitetsplanen som kommunestyret har vedteke er tydeleg på kva veremåte elevane skal møte frå dei vaksne. Planen er forpliktande for alle tilsette i skulen. Kvalitetsplanen seier blant anna dette om dei tilsette:

«For å skape gode oppvekstvilkår for barn og unge er ein avhengig av at dei tilsette er kompetente og trygge i rollene sine, at dei er genuint interesserte i det einskilde barnet eller ungdommen, ser den einskilde sine behov og gjer dei grepa som må til for å sikre barnet eller ungdommen sine rettar til ein trygg oppvekst.

Trygge, tilgjengelege og kompetente tilsette skal vere til støtte for barn og ungdom i utviklingsprosessen. Eit anerkjennande miljø med tydelege, venlege og stabile tilsette med rett kompetanse gir eit godt utgangspunkt for vekst og utvikling for eit barn.

For barn og ungdom er det å bli verdsett som individ, med sine sterke og svake sider, utviklingspotensiale og behov, avgjerande for vidare vekst og utvikling. Barnehage, skule og SFO er viktige arenaer for læring, for å etablere sosiale relasjonar og for utvikling av sjølvkjensle og sjølvtilitt. Dette er igjen grunnleggjande for motivasjon, oppleving av meistring og utvikling av tru på egne evner og kan i høg grad verke inn på psykiske helseforhold, positivt og negativt, både i barndom og seinare som ung og vaksen.»

3.5.5 Oppsummering Elevundersøkinga

Vi har sett at det er eit sprik i korleis elevane opplever kvardagen sin på dei ulike skulane i Volda, spesielt stort sprik ser vi på barnesteget.

Vi ønskjer at elevane i Voldaskulen skal ha eit mest mogleg likt tilbod uansett kva skule ein går på og kvar i kommunen ein bur. I punkt 4 skriv vi om dei felles satsingane vi har i Voldaskulen. Pedagogisk utviklingsarbeid der ein jobbar i nettverk med lærande møte på tvers av skulane og deler erfaringar er vår største muligheit til å kvalitetssikre undervisninga og gi eit mest mogleg likeverdig tilbod til alle elevar.

Spesielt motivasjon, meistring, fagleg utfordring og vurdering for læring er dei indeksane vi meiner vi bør få høgare score på etter eit par år med vurdering for læring som satsingsområde. Også elevmedverknad og demokrati og støtte frå lærarane er indeksar vi ønskjer å sjå betre resultat på som følgje av dette utviklingsarbeidet.

Skulane som har dårleg score går lenger bak i undersøkinga og ser kva for konkrete spørsmål elevane har gitt lav score på. Slik kan dei ta tak i utfordringane og utforme ein plan for å forbetre seg.

I punkt 4.3.1 fortel skulane korleis dei har jobba førebyggjande for eit godt læringsmiljø dei siste åra.

3.6 Tiltak for å betre læringsresultata i Voldaskulen

- Høgare lærartettleik på 1.-4. årssteg, brukt til dømes til tolærarsystem, deling, leseverkstad, rekneverkstad.
- Meir bruk av differensierte undervisningsopplegg, t.d. lesekurs.

Tidleg innsats-ressursen på 1. – 4. årssteg

For Mork skule, som er ein fådelt skule, er ressursen til tidleg innsats i 1.- 4. klasse viktig. Vi nyttar delar av denne ressursen til at gruppene vert delte slik at dei i basisfaga norsk, matematikk og engelsk får undervisning i aldershomogene grupper. Dette meiner vi er viktig då skilnaden mellom desse årsstega er såpass store at det gjer undervisninga betre å ha dei kvar for seg med tanke på at dei skal jobbe med dei grunnleggjande ferdigheitene i større grad.

Vi har i år nytta delar av ressursen til å opprette leseverkstad. Dette er eit frivillig tilbod der elevane er inne om lag eit kvarter kvar dag i ei gitt periode og arbeider ekstra med lesehastigheit og leseforståing. Tilbodet er spesielt retta mot elevar som har utfordringar, t.d med å knekke lesekode.

Rektor Mork skule

- Mengdetrening og spesifikk trening innanfor dei grunnleggjande ferdigheitene.
- Heve kvaliteten på leseopplæringa ved å innføre metode med raskare bokstavinnlæring og bruk av STL+ der elevane lærer seg å lese via skriving med lyd støtte og ved at dei uttrykker seg skriftlig på eit tidleg tidspunkt i læringsprosessen.
- Meir variert og motiverande undervisning, variasjon i læringsstrategiar
- Vidare satsing på SOL, som er både eit verktøy for å fastslå kvar elevane er i leseutviklinga si og for å følgje kvar elev i leseutviklinga si gjennom alle 10 åra, eit program for kompetanseheving for lærarar, og eit verktøy for tilbakemelding til elevar og føresette.
- Fokus på ordforklaring. Ikkje berre dei vanskelege faguttrykka, men òg dei orda me trur alle forstår. Fokus på ord i alle fag bl.a. ved Bruk av Kahoot, både som introduksjonsaktivitet og oppsummeringsaktivitet og Quizlet – til øving av glosar i språkfag, men er òg nyttig til faguttrykk i alle fag.
- Arbeide med å gjere sjølv gjennomføringa av dei nasjonale prøvene betre ved at elevar og lærarar er betre budde, bl.a. følgje opp kommunale retningslinjer for gjennomføring av nasjonale prøver.

- Nytte analyseverktøyet for dei nasjonale prøvene og forslaga til konkrete tiltak for å fremje vidare læring for den enkelte elev.
- Det overordna målet når ein jobbar med resultatata frå dei nasjonale prøvene er å tilpasse opplæringa og auke læringsutbytte for den enkelte elev. Fordi nasjonale prøver gir oss ein peikepinn på korleis eleven ligg an fagleg er det viktig at ikkje berre faglærarar i norsk, engelsk og matematikk fyl opp dei nasjonale prøvene, men og lærarar i andre fag. Alle lærarane må involverast i resultatata og korleis vi skal fylgje opp resultatata. Dette arbeidet får resultat for skulen sin vidare praksis, og handlar om kva vi skal gjere for å bli betre på dei områda vi ikkje er nøgde med.

Inneverande skuleår prøver vi ut lesekurs på tvers av årssteg. Vi tek utgangspunkt i lese- og rettskrivingskurset les betre. I eitt av kursa våre deltek 2 elevar som har dysleksi. Resten av gruppa er generelt svake lesarar. "Har du me dysleksi? High five!". Dette er replikkar frå presentasjonsrunda i første samling. Elevane gir uttrykk for både motivasjon og meistring når vi er samla. " Dette var gøy", sa ein av elevane når vi var ferdige med sist time. Det er litt merkeleg å oppleve det som lærar. Vi arbeider med det elevane synest er vanskeleg, vi har heilt ordinær undervisning og dei gler seg!

Rektor, Bratteberg skule

4 Utviklingsarbeid og satsingar i Voldaskulen

Å meistre grunnleggande ferdigheiter er ein føresetnad for kompetanse i alle fag. Vi veit at mange elevar på lågaste meistringsnivå på dei nasjonale prøvene vil ha vanskar med å tileigne seg nytt lærestoff, og ligg i faresona for større og utvida vanskar seinare i utdanningsløpet. Resultata på dei nasjonale prøvene kan derfor vere eit frampeik på korleis måloppnåinga i fag vil verte for den enkelte elev ved avslutta grunnskule.

Voldaskulen har ikkje nådd måla for alle dei nasjonale prøvene og har jamt over for mange elevar på dei lågaste meistringsnivåa enn vi ønskjer å ha. Både i 2015 og i 2016 ser vi ei svært positiv utvikling mellom resultatata som vart tekne tidleg på 8. årssteg og 9. årssteg – ein klarer altså i løpet av eit år på ungdomsskulen å heve nivået betrakteleg. Vi har også høge snitt på grunnskulepoeng og eksamensresultat. I Tilstandsrapporten 2015-2016 stilte vi spørsmålet: Kva vil skje om vi klarer å heve nivået tidleg på barneskulen – vil resultatata på dei nasjonale prøvene på 9. årssteg bli tilsvarande mykje høgere/betre? Og vil grunnskulepoenga og eksamensresultata også bli høgere/betre? Dette spørsmålet må vi ta med oss vidare i åra framover.

For å gi ei felles retning for nasjonale og lokale prioriteringar i arbeidet med kvalitet i grunnsopplæringa har nasjonale myndigheiter definert tre overordna utdanningspolitiske mål for heile grunnsopplæringa (St.meld 18, 2007-08). Sektormåla bygger på og speglar heilskapen i Kunnskapsløftet. Dei tre måla heng nært saman og handlar om grunnleggjande ferdigheiter, gjennomføring og læringsmiljø, der meistring er eit sentralt omgrep :

- Alle elevar skal inkluderast og oppleve meistring
- Alle elevar skal meistre grunnleggjande ferdigheiter
- Alle elevar skal gjennomføre vidaregåande opplæring

Dei tre sektormåla gir oss klare føringar for kva vi må jobbe mot. I *Kvalitetsplan for sektor for opplæring og oppvekst* uttrykker vi visjonen vår slik:

«Volda kommune har trygge barn og unge som deltek, meistrar og lærer.»

Voldaskulen skal vere ein skule der alle elevar føler seg inkluderte og opplever meistring, dessutan skal dei meistre dei grunnleggjande ferdigheitene på eit slikt nivå at dei klarer å gjennomføre vidaregåande opplæring. På bakgrunn av desse måla har vi for tida følgjande utviklingsarbeid og satsingar i Voldaskulen:

4.1 Vurdering for læring

Vurdering har stor innverknad på elevane si læring. Ein god vurderingspraksis motiverer og har læring som mål. Basert på internasjonal forskning understrekar ein følgjande fire prinsipp for god undervegsvurdering:

- *Elevane skal forstå kva dei skal lære og kva som er forventet av dei. Då er mål, kriterier og kjenneteikn for måloppnåing viktig.*
- *Elevane skal få tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen.*
- *Elevane skal få råd om korleis dei kan bli betre.*
- *Elevane skal vere involvert i eige læringsarbeid ved blant anna å vurdere eige arbeid og utvikling.*

Både eit godt læringsmiljø og god læringsleiing er føresetnader for godt vurderingsarbeid. Vurdering for læring er dessutan ein god reiskap for tilpassa opplæring.

Resultata i Elevundersøkinga fortel oss at skulane i Volda kommune har utviklingspotensiale når det gjeld vurdering for læring, men viser samtidig eit kommunesnitt som er over landsnittet på ungdomssteget og eit snitt. Voldaskulen har frå hausten 2016 tatt del i den nasjonale satsinga *Vurdering for læring* som vi ser gjer oss i stand til å skape enda betre læring for elevane i Voldaskulen. Vi held fram med satsinga komande skuleår.

Ein kan lese meir om Vurdering for læring her: <http://www.udir.no/Vurdering-for-laring/>

4.1.1 Døme på endra praksis og tiltak i Voldaskulen gjennom deltaking i Vurdering for læring:

- Opptekne av at kompetansemåla skal ligge til grunn for vurdering, ikkje læreboka.
- Betra vurderingspraksis i høve undervegsvurdering og det å vise elevane kva dei skal kunne og kva som må til for å verte god.
- Meir bevisst på kva ein gjer og kvifor, mindre redde for å prøve ut nytt.
- Fokus på læringsmål og at elevane skal forstå måla; «Gjere for å lære».
- Meir elevmedverknad i val av læringsmetodar og læringsaktivitetar.
- Bruk av læringspartner/kameratvurdering, eigenvurdering og faglærarar tett på elevane i læringsprosessen gjennom god undervegsvurdering .
- Auka forståing av «baklengs planlegging» dvs å planlegge vurdering og undervising samtidig for å skape meir motivasjon, aktivitet og meistring og ansvar for kvarandre i læringsarbeidet.
- Meir bruk av kjenneteikn på måloppnåing og vurderingskriterium, mindre bruk av karakterar.
- Samskriving/tenkeskriving/prosessorientert skriving. Fokus på prosess og sjølvregulering.
- Fagdagar (heile og halve) i staden for heildagsprøver.
- Varierte måtar der elevane kan få vise kunnskapen sin; mindre bruk av «vanlege» prøver, meir bruk av praktiske og munnlege prøver.
- Meir fokus på variert bruk av ulike læringsstrategiar. Bruk av BISON, ulike typar tankekart, to kolonne-notat, «Parkeringsplass», Loop, bruk av skrivemalar i norsk/engelsk og tenkeskriving.
- Bruk av øvemark til prøver. Øvemarka vert lagt ut på førehand på PedIT.

Det er ikkje så stort fokus på karakterar og dette påverkar korleis elevane arbeider. Elevane må i større grad sjå/vurdere sitt eige arbeid utifrå kjenneteikn på måloppnåing og læringsmåla i faget og dei må sjølve finne ut kva dei kan/har lært og kva dei skal lære. Det blir jobba meir i prosess, t.d. med prosessorientert skriving i norsk og engelsk, elevane får då rettleiing frå lærar og medelevar og brukar denne responsen i vidare arbeid med teksten. Læringa blir på denne måten meir dynamisk og elevane forstår meir av si eiga læring og kan gjere bevisste val i læringsarbeidet. Lærarane har hatt stort fokus på læringsmiljøet i klassa og elevane opplever det som eit trygt miljø der dei både kan prøve og feile. Som mor opplever eg at det er mindre stress og jag enn eg hadde forventa.

Mor, 8A Volda ungdomsskule

Volda ungdomsskule sine langsiktige mål i høve Vurdering for læring:

- *Volda ungdomsskule er ein lærande organisasjon med kultur for læring i kollegiet. Vi har ein delingskultur der vi kjenner oss trygge på å prøve og feile i utviklinga av ein felles vurderingskultur.*
- *Volda ungdomsskule har ein felles vurderingskultur med læring som mål, og lærarane har kompetanse til å bruke vurdering som reiskap for læring i tråd med dei 4 prinsippa for god undervegsvurdering.*

Rektor Volda ungdomsskule

VFL – vurdering for læring ved Austefjord skule

Voldaskulen starta initiering av VFL våren 2016. 17.august 2016 var det oppstart med dialogseminar for alle lærarane i Voldaskulen.

Plan for VFL Austefjord skule vart utarbeidd i starten av skuleåret. Hausten 2016 gjennomførte vi ein aksjonslæringsperiode der vi la vekt på det første prinsippet i VFL; Elevane skal forstå kva dei lærer og kva som blir forventta av dei (Opplæringslova § 3.1).

8.-10. klasse: Elevane deltok aktivt ved å finne fram til kjenneteikn for låg/middels/høg måloppnåing i ulike emne. Formålet var å auke elevane si forståing av kva som kravst for å få gode resultat.

4.-7.klasse: Klare mål og forventningar. Læringskameratar, elevmedverknad og eigenvurdering.

1.-3.klasse: Innføring av symbola raud, gul og grøn fargesirkel, ut frå metodikk og film VFL-UDIR.

Våren 2017 valde vi prinsipp 3 i VFL; Eleven skal få råd om korleis dei skal forbetre seg (Opplæringslova §3.11). Vi spesifiserte målet for vårens aksjonslæringsperiode til: Gi meldingar/råd attende til elevane, som kan føre til auka lesedugleik.

Tid for personalet til systematisk å dokumentere og reflektere over prosessane i klaserommet, er naudsynt for at vi kan kunne sjå samanhengar mellom resultat, og kva vi må endre for å betre resultatata til elevane.

I tillegg er det utarbeidd plan for langsiktige mål VFL Austefjord skule.

Rektor Austefjord skule

4.2 Lærings- og klasseleiing

To av nøkkelorda i læringsarbeidet er *motivasjon* og *meistring*.

Vi er opptekne av at kvar elev skal oppleve meistring kvar dag, i kvar læringsøkt. God lærings- og klasseleiing er avgjerande for at kvar enkelt elev får oppleve meistring. Vi veit at ein god lærar

- er medviten om og skjønner sitt leiaransvar
- har innsikt i klassa som sosialt system
- har ein positiv støttande relasjon til kvar enkelt elev
- er medviten om å etablere ein god læringskultur
- er medviten om å etablere god struktur og rutinar
- har tydelege forventningar og motiverer alle elevane

Dersom elevane skal realisere læringspotensialet sitt, er det avgjerande at læraren har tydelege forventningar til elevane og kan motivere dei til arbeidsinnsats. Ved å tydeleggjere formålet med læringsaktivitetane og samtidig klargjere forventningane, får elevane ein metarefleksjon på eiga læring.

Forventningane til elevane må vere både høge og realistiske, og læringsaktivitetane må vere prega av utfordringar og driv. Læraren må ikkje berre ha forventningar til elevane, men også stille krav og ha forventningar til seg sjølv som leiar og lærar.

Arbeidet med å utvikle lærarrolla og relasjonskompetanse er ein del av det dagelege arbeidet på kvar skule, og har også ein sentral plass i utviklingsarbeidet *Vurdering for læring*.

Dette er det vi vektlegg spesielt:

- Relasjonsbygging mellom elev- elev, og lærar- elev. Dei vaksne skal vere rettleiarar og gode rollemodellar for elevane.
- Utvikle reglar og rutinar som alle lærarane er lojale mot og som gjer at elevane føler at dei vaksne dreg i same retning
- Ha klare forventningar og læringsmål som drivkraft og motivasjon for all aktivitet.
- Ha variert, praktisk og motiverande undervisning

4.3 Heilskapleg arbeid med læringsmiljøet

Alle elevar har ein individuell rett til eit fysisk og psykososialt læringsmiljø som fremjar helse, trivsel og læring, som vi veit går hand i hand. For å sikre elevane sine rettar, må skulane utvikle og oppretthalde gode og inkluderande læringsmiljø, sjå meir om dette i punkt 3.5 *Elevundersøkinga*.

I punkt 3.5 og 4.2 skriv vi at eit læringsmiljø med fokus på motivasjon og meistring, samt støttande lærarar som har klare forventningar til elevane, vil skape trygghet, føreseielegheit og struktur som gjer elevane i stand til å møte utfordringar i skulen. Vidare viser forskning at fem forhold er grunnleggande når ein arbeider med å utvikle og oppretthalde gode læringsmiljø:

- Læraren si evne til å leie klasser og undervisningsforløp
- Læraren si evne til å utvikle positive relasjonar med kvar enkelt elev
- Positive relasjonar og kultur for læring blant elevane

- Godt samarbeid mellom skule og heim
- God leiing, organisasjon og kultur for læring på skulen

Vi ser at mange av elevane i Voldaskulen slit med si psykiske helse og ønskjer derfor meir kunnskap om og kompetanse på fremjing av god psykisk helse hos barn og unge. Vi ønskjer å skape opne og trygge miljø der barn og unge tør å snakke om psykisk helse og kjensler.

Vi vil at elevane i Voldaskulen skal få hjelp til å

- meistre utfordringar og problem i dagleglivet
- støtte andre som har det vanskeleg
- identifisere og snakke om kjensler

Voldaskulen jobbar for å få breiare kompetanse blant tilsette på heilskapleg arbeid med læringsmiljøet, spesielt innafor læringsleiing (sjå meir om dette under punkt 4.1 og 4.2) og psykisk helse.

4.3.1 Arbeid for å betre læringsmiljøet og trivsel i skulen

- Systematisk arbeid med relasjonsbygging
- Systematisk arbeid med å utvikle gode klasseleiarar med god relasjonskompetanse
- Styrke samarbeidet mellom barnehage og skule for å gjere overgangen enda betre, fleire og oftare møtestader og felles aktivitetar for barna og tettare kontakt mellom dei vaksne.
- Vidare arbeid med det universalførebyggande programmet *Zippy sine vener (Zippy)* på 1.-3. årssteg. Programmet jobbar med utvikling av språk for kjensler som er avgjerande for å forstå seg sjølv og omgjevnadane. Vi registrerar at elevane brukar omgrep og løysingsforslag frå programmet i skulekvardagen, og meiner at elevane vert betre rusta til å møte utfordringar og konflikter i sosiale samanhengar. Førsette får informasjon om *Zippy* på foreldremøte kvar haust, og blir oppmoda om å følgje med på arbeidsplanen for tema vi jobbar med på skulen og gjennomføre foreldre-elev-samarbeidsarka heime.
- Systematisk bruk av verktøy frå "SMART-oppvekt" på mellomsteget. Dette for å utvikle sosial kompetanse, sinnemeistring, positivt sjølvbilde m.m. Vil arrangere seminar/arbeidsdag for alle aktuelle Voldaskular komande skuleår.
- Bruk av *Psykologisk førstehjelp* på mellomsteget som ei støtte i arbeidet med psykisk helse. I tillegg til personalet på skulen, er helsesøster ei viktig brikke i arbeidet med elevane.
- Systematisk bruk av opplegget *Alle har ei psykisk helse* på ungdomsstega. Ein undervisningspakke som har som mål å gi ungdom meir kunnskap om psykisk helse slik at dei betre kan meistre ein vanskeleg livssituasjon eller vere ein god venn for nokon.
- Vidareutvikling av handlingsplan mot mobbing og rutinar som er med på å skape eit fysisk og psykisk godt skulemiljø for elevane.
- Vidareføring av trivselsleiarordning i matfriminutta på barnesteget. To elevar frå kvar klasse (kvar skule på dei minste skulane) per halvår er på leikkurs og har ansvar for å organisere leik/aktivitet for alle elevane på barnesteget i matfriminutta.

- Vidareutvikling av miljøtenesteplan der alle klasser har ansvar etter turnus for å skape godt miljø gjennom aktivitetar i matfriminutta.
- Bevisst utvikling og bruk av uteområdet og nærmiljøet, bl.a. auka nytte av uteaktivitetar.
- Bruk av ikkje-anonym spørjegransking/klassemiljøkartlegging utarbeidd av Erling Roland ved Læringsmiljøsentret – Universitetet i Stavanger. Svare har gitt lærarane mykje innsikt i kva elevane sjølv meiner om t.d. kven som "bestemmer i klassen", kven som ertar eller plagar andre, kven som blir mobba, om nokon blir utsett for nett-/mobilmobbing og anna. Funna har danna grunnlag for samtalar med elevar og føresette og vidare sosial-pedagogisk arbeid i klassen og på skulen.
- Etter mykje arbeid med skulevegringsproblematikk har vi utarbeidd skjema /systemisk verktøy til bruk mellom heim og skule. Dette har vist seg å ha svært god effekt i enkelte saker.
- Inneverande skuleår har vi teke i bruk ei mengd alternative opplæringsarenaer og -former. Dette for å gi auka motivasjon og meistring til einsskild elevar. Tilboda blir i liten grad opplevd som segregerande, og dei fleste elevane syner forståing for ulikskap i opplæringstilbodet. Av alternativ opplæring nemner vi klatring, animasjonsverkstad, vaktmeisterteneste/miljøgruppe, elektrosløyd, vedproduksjon, dataspel, snikkargruppe og matlaging. Vi mottek for det meste svært gode tilbakemeldingar på desse opplegga frå elevar, føresette, tilsette og andre samarbeidspartar som BUP og PPT.
- Ved skulestart kvart år har vi ei eiga miljøveke med fokus på nettvett, psykisk helse, klasse- og skulemiljøarbeid.
- Vi har jobba inn godt fungerande klasseromsreglar, tilpassa dei ulike årsstega.
- Vi arbeider med å få enda betre informasjonsflyt med god og nyttig informasjon til føresette.
- I tida framover vil vi prøve å engasjere foreldrekontaktene endå meir i høve klassemiljøet. Foreldra er viktige støttespelarar og samarbeidspartar i dette arbeidet.
- Vi jobbar mykje med aldersblanda aktivitetar ved skulen, nokre av aktivitetane er saman med føresette. Døme på aktivitetar: Matematikkens dag, turar i nærmiljøet, kulturkveld, kulturkafe, julefest, vårfest. Felles aktivitetar ved skulen er med på å styrke både heim-skule-samarbeidet og trivselen ved skulen.
- Klassekontaktar/foreldregupper arrangerer ulike sosiale treff på og utanfor skulen gjennom året. Nokre av treffa er planlagde saman med skulen, andre syter foreldra for sjølv. Det kan til dømes vere juleverkstad, grillkveld, leikestund både inne og ute, kveldsmat eller klassefest. Dette er også tiltak som skulen set stor pris på og som vi ynskjer skal halde fram
- Fadderordning for 1. klasse
- Vi er opptekne av å ha ein «vi -skule» med «våre» elevar.
- Utvikle elevrådsarbeidet
- Utvikle reglar og rutinar som alle lærarane er lojale mot og som gjer at elevane føler at dei vaksne dreg i same retning

- Systematisk bruk av Leikevenner i nokre periodar, der lærarane bestemmer kven som skal leike i lag i friminutta.
- Vennegrupper for dei yngste klassene, der små grupper elevar besøker kvarandre privat og på den måten knyter sosiale band.

4.4 Kompetanse for mangfald

Volda kommune deltek inneverande skuleår i den nasjonale satsinga *Kompetanse for mangfald*, ei skule- og barnehagebasert kompetanseutvikling. Målet med satsinga er at tilsette i barnehagar og skular skal vere i stand til å støtte barn, elevar og vaksne med minoritetsbakgrunn på ein måte som fører til at desse i størst mogleg grad fullfører utdanningsløpet.

Følgjande prinsipp ligg til grunn for Kompetanse for mangfald:

- Mangfald og fleispråklegheit er ressursar i det norske samfunnet og skal verdsettast i utdanningsløpet.
- Verdier som demokrati og toleranse skal formidlast av barnehagen, skulen, vaksenopplæring og høgare utdanning. Det er eit mål i heile utdanninga at alle skal føle seg sett, inkludert og verdsett.
- Tidleg innsats inneber blant anna at barn får eit barnehagetilbod tilpassa sine behov. Det betyr også at nykomne elevar får kartlagt sine språkferdigheiter og får eit tilpassa opplæringstilbod i grunnskulen og vidaregåande opplæring, og at nykomne vaksne som manglar grunnleggjande ferdigheiter og/eller norskferdigheiter, og som har rett til slik opplæring, får tilbod om dette.
- Langvarig andrespråkopplæring: Det tar tid å lære norsk så godt at språket fungerer som eit opplæringspråk, og barnehagar og skular må derfor arbeide systematisk med barna si språklæring og språkutvikling. Dette betyr at barnehagepersonalet bør ha nødvendig kompetanse i språkstimulering i ein fleispråkleg barnehagekvardag, og lærarar bør ha innsikt i kva det vil seie å ha norsk som andrespråk og tilpasse opplæringa i alle fag.
- Alle generelle tiltak i utdanningsløpet skal ta omsyn til det fleirkulturelle mangfaldet i befolkninga og ivareta minoritetsperspektivet.

Det er fem einingar med i satsinga; Engeset barnehage, Sollia barnehage, Øyra skule, Volda ungdomsskule og Volda læringsssenter. Desse einingane har kvar sine fokus i utviklingsarbeidet, og har nettverkssamlingar der ein deler erfaringar og lærer av kvarandre. Ressursgruppene på kvar eining deltek også i nettverk med andre einingar i Møre og Romsdal som deltek i *Kompetanse for mangfald*.

4.5 Tiltak på tvers av utviklingsarbeid og satsingsområde

Dei utdanningspolitiske måla for heile grunnopplæringa er våre overordna mål, der vårt fokus er at alle elevar skal inkluderast og oppleve meistring. Alle satsingsområda og utviklingsarbeida våre heng saman og mange av tiltaka går på tvers av desse. Nedanfor nemner vi nokre tiltak som ikkje er nemnd andre stader i rapporten:

- Vidareutvikle bruken av læringsstrategiar, organisering og metodebruk i undervisninga.
- Kurs og samarbeid med fagmiljø om læringsmiljø, læringsleiing, vurdering for læring og dei universalførebyggjande programma våre.
- Kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å legge til rette opplæringa for alle elevar.
- Nettverksarbeid og erfaringsdeling på skulane og mellom skulane.
- Revidere faldaren Skulevegving – ein rettleiar for skule og heim



Kvar vart det av leiken?

Volda kommune har utarbeida ein brosjyre som heiter "Frå eldst til yngst" - der mellom anna overgangen frå barnehage til skule har fått mykje plass. Dette knytast opp til forskning som viser at overgangen frå barnehage til skule er viktig fordi han kan leggje føringar for heile skulegangen, for sjølvbiletet og barnet sin livskompetanse seinare.

Alle barnehagane og skulane har vore involverte i arbeidet med brosjyren og ein har peika på ulike område som det vert jobba med for at overgangen skal bli best mogleg. Tanken er at barna skal oppleve samanheng mellom barnehagen og skulen, og leik blir nemnt som ein viktig del av denne overgangen.

Då 6-åringane starta i skulen vart det lagt opp til at ein skulle ta det beste frå barnehagen og skulen inn i det nye løpet med 10-årig grunnskule. Dei yngste barna skulle møte mykje av det dei kjente til frå barnehagen, kombinert med ein mjuk og god start knytt til lese- og skriveopplæringa. Leiken skulle her vere eit berande element.

Frå dei første åra med seksåringane og fram til i dag, har skuleløpet endra seg mykje. I dag er det mykje mindre rom for leik i småskulen og trykket på læring har auka mykje dei siste åra. På mange måtar er læringstrykket riktig og viktig, samstundes som vi må hugse at vi har med små barn å gjere, og at ting kan lærast inn på ulike måtar.

Barnehagane har vore, og er, dyktige på å bruke leik i mange samanhengar. I og gjennom leik får barna utvikla sosial kompetanse, som også er svært viktig i skulen. Er barna flinke til å ta kontakt på ein positiv måte, vise omsyn og omsorg og samhandle med andre når dei kjem til skulen – ja, då har kanskje skulen høve til å bruke noko meir tid til å jobbe med faglege element som til dømes språk, kommunikasjon og tal. Likevel er det viktig at ikkje skulen gløymer leiken. Leiken er ikkje berre ein pedagogisk metode for å lære, men har eigenverdi. Leik gir barn muligheiter til å få ei god sjølvkjensle. Leik representerer ei kjelde til livskraft for barnet. I leiken kan barnet finne seg sjølv og utvikle kreativitet og skape erfaring.

Saman må barnehagen og skulen syte for at våre felles barn får leike mykje, slik at deira leik- og sosiale kompetanse er god både når dei kjem frå barnehagen og når dei skal vidare i sitt skuleløp. Vi skal ruste dei for å meistre livet sitt, og gjennom leiken kan barna oppleve god sosial meistring. Gi rom for leik!

Rektor Vikebyqda skule

PS 62/17 Orienteringssaker

OS 33/17 Orientering om prosess kulturhus



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Rune Sjurgard	Arkivsak nr.:	2015/562
		Arkivkode:	637

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
84/17	Formannskapet	16.05.2017
34/17	Kommunestyret	24.05.2017

HELSEPLATTFORM- PASIENTADMINISTRATIVT SYSTEM (PAS) OG ELEKTRONISK PASIENTJOURNAL (EPJ)

Handsaming:

Odd A. Folkestad kom med slikt framlegg:

Saka vert utsett.

Røysting utsetjingsframlegget:

Utsetjingsframlegget fekk 1 røyst og falt, åtte røyta imot.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 16.05.2017:

Volda kommune signerer vedlagte fullmakt og samarbeidsavtale med Helse Midt-Norge RHF om å førebu og gjennomføre kjøp av nytt pasientadministrativt system (PAS) og elektronisk pasientjournal (EPJ).

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommune signerer vedlagte fullmakt og samarbeidsavtale med Helse Midt-Norge RHF om å førebu og gjennomføre kjøp av nytt pasientadministrativt system (PAS) og elektronisk pasientjournal (EPJ).

Vedleggsliste:

Saksopplysningar/fakta:

«Helseplattformen» skal skaffe og innføre ny, felles løysing for pasientjournal (EPJ) og pasientadministrativt system (PAS) i Midt-Norge. Løysinga er tenkt å kunne nyttast av både sjukehus, avtalespesialistar, fastlegar og kommunar. Journalen skal sette pasienten i sentrum på alle nivå i helsetenesta. «Helseplattformen» er regional pilot for den nasjonale målsettinga "Én innbygger - én journal". Arbeidet i Midt-Norge kan vere eit mulig startpunkt for ei felles nasjonal løysning for kommunal helse- og omsorgsteneste.

Helse Midt-Norge og Trondheim kommune samarbeider med øvrige kommunar i regionen om innspel til løysinga. Programmet har tilsette frå dei fleste områda i helsesektoren og legg stor vekt på samhandling mellom de ulike områda og nivåa. Arbeidet har til no bestått i å utarbeide felles kravspesifikasjon til den nye løysinga. Her har nesten 400 helse- og IKT-medarbeidarar frå ulike fagområde i Midt-Norge teke del.

Prosjektet si heimeside har meir informasjon her:

<https://helse-midt.no/vart-oppdrag/prosjekter/ehelse/helseplattformen>

Kommunane på Søre Sunnmøre er via SSIKT representert i to arbeidsgrupper i dette prosjektet :

- Guttorm Rimstad sit i gruppa «IKT-faglig referansegruppe»
- Evelyn Haram Larsen sit i gruppa «Samarbeidsrådet for opsjonskommuner»

Kommunane er soleis sikra god informasjon og påverknad på prosessen med val av løysing.

Alle kommunane i Midt-Norge er alt i dag deltakarar i programmet gjennom signerte samarbeidsavtaler (datert 20.09.2015) eller underskrivne fullmakter med Helse Midt-Norge (februar-august 2016). Dette gir kommunane en *rett* til å tilslutta seg den nye felles pasientjournalløysinga utan å måtte gå ut i en offentlig anskaffelse, men ingen *plikt* (ein kan avstå å utløyse opsjonen og halde fram med dagens løysingar).

Hausten 2016 vart det reforhandla ein ny samarbeidsavtale mellom Helse Midt-Norge RHF og Trondheim kommune. Denne knyter partane i eit tettare og meir forpliktande samarbeid. Imidlertid er konsekvensen av dette at noverande samarbeidsavtale, datert 30.9.15, som 28 kommunar i Midt-Norge har signert, ikkje lengre er gyldig og må erstattast med en ny.

Den nye avtalen, *Fullmakt og samarbeidsavtale*, er framleis ein intensjonsavtale som gir kommunane en mulighet, men ingen plikt, til å slutte seg den nye felles pasientjournalløysinga utan å måtte gå ut i offentlig anskaffelse. **Vedlegg «Tiltredelseserklæring XX kommune», må signerast av rådmann og sendast i retur til Helseplattformen innan 1 juni 2017.**

Fullmakt og samarbeidsavtalen, vart handsama i «Samarbeidsrådet for opsjonskommunar – Helseplattformen» 31.01.17. Rådet la vekt på at det er viktig at *alle* kommunane i Midt-Norge signerer avtalen. Rådet rår til at arbeidet knytt til signering av avtalen vert nytta til å informere, involvere og førebu administrativ og politisk leiing i kommunane, i høve til tidleg kunnskap om eventuelle framtidige investeringar i ny felles elektronisk pasientjournalløysning.

Her er utklipp frå møtereferatet der ein del spørsmål frå opsjons kommunane vart svara på:

« **Spørsmål/svar:**

- ***Hvilke kommunale tjenesteområder/systemer er det som egentlig blir berørt av Helseplattformen?***

- Denne anskaffelsen omfatter i hovedsak hele kommunehelsetjenesten, inkl. helsesøster-/skolehelsetjeneste. Systemene som ikke berøres er bl. annet: tannhelsetjeneste, sosialtjeneste og barnevern/PP-tjeneste.
- **Innebærer det noen risiko for kommunen å signere den nye Avtalen, finansielt eller på annen måte?**
 - Det påløper ingen risiko, kommunen kan velge å avstå fra å utløse opsjonen.
- **Hva vil det koste for den enkelte kommune å utløse opsjonen?**
 - På nåværende tidspunkt er det ikke mulig å anslå kostnadsbildet for den enkelte kommune. Dette vil kreve en rekke avklaringer basert på tilbud fra valgt leverandør, samt avklaring av kostnadsfordeling mellom helseforetak, Trondheim kommune, andre kommuner og andre aktører osv. Kostnaden for den enkelte kommune vil imidlertid være kjent i forkant av at kommunen tar beslutning om å utløse opsjonen.
- **Hva vil tilslutning til Helseplattformen bety for dagens drift og forvaltning av kommunale løsninger som blir berørt i den enkelte kommune/IKS?**
 - Det pågår et utredningsarbeid som vil belyse dette forholdet. Det kan imidlertid allerede på nåværende tidspunkt signaliseres at det som utgangspunkt legges opp til at dette skal skje fra ett sted. Også dette vil være avklart for den enkelte kommune i forkant av beslutning om å utløse opsjon for egen kommune.
- **Betyr en underskrevet avtale at den enkelte kommune plikter å stille ansatte med relevant kompetanse til disposisjon i Helseplattformen ved behov?**
 - Avtalen gir partene en rett til å tilby/bli tilbudt å stille ressurser til rådighet i arbeidet med anskaffelsen/innføringen av Helseplattformen, men ingen plikt.
- **Midt-Norge er også utpekt til å være regional arena for utprøving av det nasjonale målbildet «Én innbygger – én journal» der Helseplattformen er startpunkt for en felles nasjonal løsning for kommunene. Betyr dette at a) kommunene kan forvente statlig finansiering/bidrag i innføringen av helseplattformen, og b) har kommunene i Midt-Norge et alternativ til å delta i Helseplattformen?**
 - A) Det er så langt ikke kommet noen lovnader om økonomisk kompensasjon/bidrag til dette arbeidet. Helseplattformen gjennomføres og finansieres av dagens aktører i helseregion Midt-Norge. Det er imidlertid dialog med departementene om dette forholdet. Mer informasjon vil komme senere og i god tid før den enkelte kommune kan utøve opsjon.
 - B) Signalene fra helse- og omsorgsdepartementet er at den nasjonale anskaffelsen som er i gang på en felles løsning for kommunehelsetjenesten i Norge omfatter alle kommunene utenfor Midt-Norge. Med andre ord ser det ut til at Helseplattformen er det nasjonale initiativet for kommunene i Midt-Norge, noe annet alternativ finnes ikke.
- **Hvordan kan de øvrige kommunene i Midt-Norge være sikre på at deres behov blir godt nok ivaretatt gjennom dette programmet og ende opp i en journalløsning som også er hensiktsmessig for små- og mellomstore kommuner?**
 - 3 av 12 kommunale heltidsansatte i Helseplattformen kommer fra små og mellomstore kommuner (Stjørdal, Fræna og Åffjord). Det har under utarbeidelsen av konkurransegrunnlaget blitt gjennomført over 100 workshops vinteren/våren 2016, med over 90 deltakere fra 20 kommuner i Midt-Norge som har gitt sine tilbakemeldinger og innspill til dagens og morgendagens oppgaver og

utfordringer som må søkes løst/forbedret gjennom ny felles løsning. Konkurranses grunnlaget er også gjennomgått av nasjonale representanter v/direktoratet for e-helse som har kommet med mange nyttige tilbakemeldinger. Trondheim kommune er svært opptatt av at Helseplattformen blir en løsning som øvrige kommuner i Midt-Norge kan nyttiggjøre seg, og vil aktivt bruke «Samarbeidsrådet for opsjonskommuner» i det videre arbeidet.

- ***I Avtalen, under pkt. 5.2 Programkostnader er det beskrevet at Helse Midt-Norge RHF dekker utgifter for inntil 10 mill. NOK, betyr dette at andre kommuner kan stille med ressurser kostnadsfritt?***
 - *Ved behov for ytterligere ressurser i programmet vil det komme bestillinger/ønsker fra programorganisasjonen. Det vil i forbindelse med slike bestillinger angis hvorvidt ønskede ressurser frikjøpes eller om den enkelte kommune må finansiere disse selv.»*

[Sjekkliste for kommuneplan, samfunnsdelen. Slett linken etter bruk.](#)

Helse og miljøkonsekvensar:

[Sjå sjekkliste, slett denne linken etter bruk.](#)

